


John Bjarne Jordal og Geir Gaarder

Biologiske undersøkingar i kulturlandskapet i Møre og Romsdal i 1995-96.



Rapport nr. 1 - 97



Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Landbruksavdelinga

John Bjarne Jordal og Geir Gaarder

**Biologiske undersøkingar
i kulturlandskapet
i Møre og Romsdal i 1995-96.**

Rapport nr. 1 - 97

**Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Landbruksavdelinga**

Adresse/telefon til forfattarane:

John Bjarne Jordal
6610 Øksendal
Telefon 71 69 54 45

Geir Gaarder
Miljøfaglig Utredning ans
6630 Tingvoll
Telefon 71 53 17 50

Rapporten kan tingast frå:
Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Landbruksavdelinga
Fylkeshuset, 6400 Molde
Telefon 71 25 80 00

Pris kr. 100

John Bjarne Jordal og Geir Gaarder:
Biologiske undersøkingar i kulturlandskapet i Møre og Romsdal i 1995-96. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Landbruksavdelinga, rapport nr. 1 - 97. 178 s.
ISSN 0806-0363. ISBN 82-91585-03-2.

Framsidefoto:

Øvst: Herdalssetra i Norddal har både eit intakt bygningsmiljø og eit intakt, artsrikt beite landskap rundt med kombinasjonsbeiting av fleire husdyrslag. Foto: John Bjarne Jordal.

Nedst: Åkerrikса er ein kulturmarksfugl som held på å forsvinna på grunn av moderne driftsmåtar. Berre nokre få observasjonar er gjort dei siste åra i fylket vårt. I denne rapporten blir det presentert ein gjennomgang av fugl i kulturlandskapet i fylket. Foto: Johannes Jensås.

Bileta i denne rapporten er tekne av John Bjarne Jordal dersom ikkje anna er oppgjeve.

FORORD

(Frå Fylkesmannen)

Denne rapporten er eit nytt bidrag i arbeidet med å få oversikt over dei biologiske verdiane i kulturlandskapet i fylket vårt. Miljøvernavdelinga har i 1995 bidratt med midlar til utfyllande undersøkingar i dei 10 kommunane Norddal, Sykkylven, Sula, Ålesund, Skodje, Ørskog, Averøy, Frei, Kristiansund og Tustna, sidan desse var därleg undersøkt i samband med den nasjonale registreringa i 1993/94. Landbruksavdelinga har finansiert arbeidet i 1996 og i dei øvrige områda i 1995.

Undersøkinga er eit viktig bidrag i arbeidet med «Bevaring og bruk av biologisk mangfald». Rapporten vil gje godt grunnlag for arbeidet med planlegging og gjennomføring av tiltak rundt i fylket. Grunneigarar og kommunar vil finne registreringar og døme på registreringar som klarlegg verdfulle biologiske element som ein skal vere merksame på.

Fylkesmannen ynskjer at rapporten skal brukast i planlegging av tiltak som påverkar miljø- og kulturlandskapsverdiane i fylket, og som insitament for tiltak som tar vare på og utviklar desse verdiane.

Vurderingar og synspunkt står for forfattarane si rekning.

Molde 7.4.1997



Olav Mork
Landbruksdirektør




Per Fredrik Brun
Fylkesmiljøvernssjef

(Frå forfattarane)

Denne rapporten omhandlar både naturtypar, planter, sopp og fugl i kulturlandskapet, og femner dermed om fleire artsgrupper enn dei tidlegare rapportane våre. Hovudvekta er som før lagt på ulike typar av grasmarker. Kontaktpersonar hos Fylkesmannen har vore Siv Aksdal ved Miljøvernadv. og Kari Wiggen ved Landbruksavd. Vi takkar Rolf Kollstrøm hos Fylkesmannen for produksjon av kart, Alv Ottar Folkestad, Eiksund, for kommentarar til kapitlet om fugl i kulturlandskapet, og Sigmund Sivertsen, Vitenskapsmuseet i Trondheim, Roy Kristiansen, Fredrikstad og Machiel Noordeloos, Rijksherbarium, Leiden, Nederland for bestemming av sopp. Vi takkar også grunneigarar, kommunalt tilsette og andre som har gjeve oss opplysningar, kommentert rapportutkast eller hjelpt oss på anna vis. Kven dette er, går stort sett fram under omtale av den einskilde kommunen eller lokaliteten.

Jordalsgrend/Tingvoll 7.4.1997



John Bjarne Jordal

Geir Gaarder

INNHOLD

Innhald.....	5
Samandrag.....	7
Innleiing.....	9
Materiale og metodar.....	11
Utval av lokalitetar, forarbeid	11
Feltarbeid	11
Litteraturstudiar	11
Herbarium	11
Andre kjelder	11
Namnsetting av artar, dokumentasjon	12
Områdeskildring	12
Verdsetting	13
Fuglar.....	19
Kulturmarksartar i Møre og Romsdal	19
Truga kulturmarksfuglar	25
Åkerriksa sin status i fylket	26
Planter, vegetasjon og sopp.....	29
Lokalitetar undersøkte i 1995-1996 (jfr. vedlegg 1).....	29
Resultatoversikt.....	29
Lokalitetar sortert kommunevis.....	40
Aukra.....	40
Aure.....	44
Averøy.....	46
Eide.....	48
Frei.....	48
Fræna.....	49
Giske.....	50
Gjemnes.....	51
Halsa.....	59
Hareid.....	62
Herøy.....	62
Kristiansund.....	66
Nesset.....	67
Norddal.....	70
Rauma.....	73
Sande.....	75
Sandøy.....	78
Skodje.....	81
Smøla.....	82
Stordal.....	88
Sula.....	91
Sunndal.....	92
Surnadal.....	104
Sykkylven.....	107
Tingvoll.....	110
Tustna.....	111

Ulstein.....	111
Vanylven.....	112
Ørskog.....	113
Ørsta.....	115
Ålesund.....	115
Diskusjon.....	125
Status for undersøkingane.....	125
Verdsetting.....	127
Prioriterte lokalitetar.....	129
Skjøtsel.....	130
Møre og Romsdal i internasjonal samanheng.....	133
Litteratur.....	135
Vedlegg.....	132
Vedlegg 1. Lokalitetar undersøkt 1995-96 med geografiske data.....	132
Vedlegg 2. Plantefunn på lokalitetar undersøkte 1995-96.....	138
Vedlegg 3. Ruteanalysar (100 m ²) 1995-1996.....	153
Vedlegg 4. Soppfunn på lokalitetar undersøkte 1995-96.....	161
Vedlegg 5. Latinsk-norsk namneliste for grasmarkssopp funne i Møre og Romsdal.....	174
Vedlegg 6. Sauetalet kommunevis 1976-1996.	176
Vedlegg 7. Tabell- og figuroversikt.....	177

SAMANDRAG

Formålet med undersøkingane som vart utført i 1995-96 var å skaffa meir biologisk kunnskap om dei områda i Møre og Romsdal som er prioriterte i den nasjonale registreringa av verdifulle kulturlandskap, og å finna fram til eventuelle andre område som også kan ha stor biologisk verdi. Rapporten er dels ei etterundersøking i 10 kommunar som vart därleg undersøkt i samband med den nasjonale registreringa i 1993/94, og dels ei undersøking av kjente og nye lokalitetar spreidd over store deler av fylket. I alt er 30 kommunar besøkt desse to åra. Det har vore viktig å peike tiltak for å ta vare på dei mest verdifulle lokalitetane. Vi har også hatt som formål å vidareutvikla metodar for verdsetting av område på grunnlag av dei biologiske registreringane vi har utført.

I denne rapporten har vi laga ei oversikt over fugleartar i Møre og Romsdal som i ulik grad er knytt til kulturlandskapet. Dei fleste av desse er i varierande grad knytt til eit ope eller halvope landskap, men ein stor del føretrekker ein mosaikk av ope landskap og skogholt, open lauvskog eller buskmark. Nokre artar trivst særleg i tidlege attgroingsstadium av fuktenger, med planter som mjødurt, hundekjeks og strandrøyr. Åkerrikse er omtala særskilt.

Naturbeitemarker og *naturenger* er gamle kulturmarkstypar som har få inngrep ut over beiting eller slått, i motsetnad til kulturbeite og kultureng der ein gjødslar og pløyer som ein del av drifta. Naturbeitemarker og naturenger har ei rekke spesielle artar av planter og sopp.

Engplanter er planter som er knytt til grasmarker i ope lende utan eller med liten tresetting, og dermed mykje lysinnstråling. *Naturengplanter* er engplanter som toler lite gjødsling og lite attgroing. *Seterplanter* er fjellplanter som også toler lite gjødsling og attgroing, og som synest å ha fordel av beiting eller slått i seterområda. Desse plantene har gjerne eit tyngdepunkt i seterlandschapet og i engsnøleie i lågfjellet, og kan seiast å vera "fjellets naturengartar". I fylket vårt har vi tidlegare definert 79 planteartar som naturengplanter og 43 som seterplanter.

Grasmarkssopp er soppartar som på ulikt vis er knytt til grasmarker. *Beitemarkssopp* er soppartar som tåler lite gjødsling og lite attgroing, og som derfor er sterkt knytt til naturbeitemarker og naturenger. Av rundt 140 slike artar som er kjent frå Noreg, er til no 95 artar funne i Møre og Romsdal. Fleire artar nye for Noreg vart funne i 1995-96. Vi har fokusert mykje på beitemarkssopp i feltarbeidet.

Det er i 1995 undersøkt ca. 105 lokalitetar her i fylket. I tillegg vart 16 besøkt i samband med andre oppdrag (Vaulen i Surnadal, lokalitetar på Smøla). I 1996 vart det undersøkt ca. 115 lokalitetar, og i tillegg vart Nesset prestegard undersøkt på oppdrag frå Nesset kommune. Til saman er vel 200 ulike lokalitetar besøkt på desse to åra. Begge sesongane var därlege for sopp i høgare strok, og i 1996 var både august og september därleg p. g. a. tørke. Men både i 1995 og 1996 var det på kysten muleg å finna beitemarkssopp heilt til månadsskiftet oktober/november, og siste del av oktober 1996 var retteleg bra for vokssopp.

For kvar lokalitet er det laga ei kort skildring av området og vegetasjonen, for dei meir interessante er det også laga ei oversikt over brukshistoria, vidare er funn på artsnivå kommentert, og til slutt er det gjort ei vurdering av den biologiske verdien og gjeve råd om framtidig bruk av lokaliteten. På 30 lokalitetar er det utført vegetasjonsanalyser i 10×10 meters ruter. Det er oppgjeve geografiske data m. m. om lokalitetane i vedlegg 1 (kartkoordinatar, dato

for besøk, landskapsregion, vegetasjonsregion, vegetasjonsseksjon), og oversikt over biologiske data i vedlegga 2-4 (plantelister, vegetasjonsanalyser og sopplister). Verdivurderinga er for det meste basert på førekommst av beitemarkssopp, naturengplanter og spesielle vegetasjonstypar. For beitemarkssopp er det brukt eit poengsystem som er omtala i tidlegare rapportar, og vidare er talet på naturengplanter vektlagt. Talet på seterartar er brukt i verdsettinga av høgtliggjande seterområde. For nokre lokalitetar har vi i tillegg brukt talet på naturengplanter og seterplanter i 10×10 meters ruter.

Dei lokalitetane av naturenger og naturbeitemarker som etter våre undersøkingar i 1992-1995 synest å vera mest verdifulle ut frå biologisk mangfald av planter og sopp, er følgjande:

Kysten og ytre fjordstrok: Mulevika i Herøy, Riste og nordaustre del av Sandsøya i Sande, Kvitenes i Hareid, Alnes på Godøya i Giske, nordaustsida av Skuløya og Haramsøya i Haram, Tautra i Midsund, Uksnøya og Seterøya i Sandøy, Skutholmen i Fræna, Litj-Lauvøya i Averøy, Hamna (Aakvik) i Halsa, Husfest i Aure, Kuli, Elvegarden/Skjølberg, Haverøya og Jøa på Smøla. Størst verdi, med mange truga artar, har Mulevika, Riste, Sandsøya, Skutholmen og sørlege deler av Smøla.

Midtre og indre låglandsstrok: Drotninghaug i Sykkylven, Ytste Skotet i Stordal, Nedreli på Fylling i Skodje, Remmem i Rauma, Gagnat i Gjemnes, Tingvoll Gard i Tingvoll, to lokalitetar i Jordalsgrenda i Sunndal.

Høgare dalstrok, seterområda: Herdalen og Botnen i Norddal, Syvergarden og Kabben i Brøstdalen i Rauma, fleire lokalitetar (særleg i Grøvdalen) i øvre Sunndal, Austergardssetra i Nordmarka i Surnadal.

For dei fleste av desse områda foreslår vi at dei blir hevd i samsvar med tradisjonell og dels noverande bruk, det betyr å halda fram med beiting og/eller slått, og gjødsla minst mogleg. Artsrike lokalitetar er artsrike nettopp på grunn av slik bruk fram til no. Åkerrikselokalitetar bør følgjast opp særskilt med nærmere undersøkingar og tiltak. Nokre av desse er i attgroing, og ein bør her vurdera om det er naudsynt med særskilte tiltak.

I 1995-96 vart den internasjonalt truga åkerriksa observert på følgjande lokalitetar (Folvik & Øien 1995, 1996):

Eide: Svanvika, Fræna: Gule, Giske: diverse lokalitetar, Gjemnes: Søvik (Storlandet), Kristiansund: Byskogen og Øygarden v/flyplassen, Smøla: Nerdvika ved Frostahelia, Ørsta: Bondalen. På desse lokalitetane er det viktig at arten får vera i fred, og i ein skilde tilfelle bør Fylkesmannen vurdera å gå inn med kompensasjon for utsett slått.

Det er eit stort behov for informasjon til grunneigarar og kommunar om dei biologiske verdiane som til no er registrerte i kulturlandskapet her i fylket. Det bør utarbeidast ein konkret plan for korleis arbeidet med informasjon, skjøtselsplanar og verkemiddel i samband med dette skal førast vidare.

INNLEIING

Det er føreligg no fleire rapportar om biologiske registreringar av kulturlandskap i Møre og Romsdal (Jordal & Sivertsen 1992, Jordal & Gaarder 1993, 1995a), og to rapportar som omtalar heilskaplege kulturlandskapsområde av størst verdi her i fylket, med vektlegging av landskapsmessige, kulturelle og biologiske verdiar (Aksdal 1994, Beyer & Jordal 1996). Det føreliggjande arbeidet er ei fortsetting av dei biologiske registreringane i 1995 og 1995, og inneheld bakgrunnsmaterialet til den biologiske delen av Beyer & Jordal (1996). Fylket vårt har eit allsidig kulturlandskap spreidd over eit stort område som det krev mykje arbeid å få oversikt over.

Naturbeitemarker og *naturenger* er gamle kulturmarkstypar som har få inngrep ut over beiting eller slått, i motsetnad til kulturbeite og kultureng der ein gjødslar og pløyar som ein del av drifta. Naturbeitemarker og naturenger har ei rekkje spesielle artar av planter og sopp.

Grasmarkssopp er soppartar som på ulikt vis er knytt til grasmarker, for det meste som nedbrytarar av organisk materiale. *Beitemarkssopp* er grasmarkssopp som tåler lite gjødsling og lite attgroing, og som derfor er sterkt knytt til naturbeitemarker og naturenger. Av rundt 140 slike artar som er kjent frå Noreg, er til no 95 artar funne i Møre og Romsdal. Fleire artar nye for Noreg vart funne i 1995-96. Vi har fokusert mykje på beitemarkssopp i feltarbeidet.

Engplanter er planter som er knytt til engsamfunn, dvs. gras- og urterike plantesamfunn i ope lende utan eller med liten tresetting, og dermed mykje lysinnstråling. *Naturengplanter* er engplanter som toler lite gjødsling og lite attgroing. *Seterplanter* er fjellplanter som også toler lite gjødsling og attgroing, og som synest å ha fordel av beiting eller slått i seterområda. Desse plantene har gjerne eit tyngdepunkt i engsnøleie i fjellet, og kan seiast å vera "fjellets naturengartar". I fylket vårt har vi tidlegare definert 79 planteartar som naturengplanter og 43 som seterplanter (Jordal & Gaarder 1995a).

Formålet med denne undersøkinga er å skaffa meir biologisk kunnskap om dei områda som er prioriterte i den nasjonale registreringa av verdifulle kulturlandskap, og å finna fram til eventuelle andre område som også kan ha stor biologisk verdi. Det er også viktig å peike på faktorar og tiltak som er viktige for å bevara kvalitetane i desse områda. Samtidig har vi prøvd å vidareutvikla metodar for verdsetting av område ut frå biologisk mangfold.

I den føreliggjande rapporten er resultata frå to ulike prosjekt presenterte. Det eine prosjektet er utfyllande undersøkingar i dei 10 kommunane Norddal, Sykkylven, Sula, Ålesund, Skodje, Ørskog, Averøy, Frei, Kristiansund og Tustna, sidan desse var därleg undersøkt i samband med den nasjonale registreringa i 1993/94. Dette har vore finansiert av Miljøvernnavdelinga. Det andre prosjektet har dels vore utfyllande undersøkingar i dei områda som tidlegare er plasserte i kategori 1, dels undersøkingar av nye område. Mellom anna har desse undersøkingane gjeve grunnlagsmateriale til forvaltningsplanen for småbruket Husfest i Aure.

I tillegg til desse prosjekta er det for heilskapen og samanlikninga si skuld teke med resultat frå to andre prosjekt i 1995 - biologiske undersøkingar i samband med forvaltningsplan for sørlege deler av Smøla (Gaarder & Jordal 1996a), og eit anna i samband med skjøtsel av Surnadal

kommune sin eigedom Vaulen på Nordmarka (Jordal 1996a). Dessutan er resultat frå undersøkingar av Nesset prestegard for Nesset kommune også tekne med (Jordal 1996b).

MATERIALE OG METODAR

Utval av lokalitatar, forarbeid

Utalet av lokalitatar som er undersøkt i 1995-96 er dels basert på opplysningar innsendt av kommunane i samband med den nasjonale registreringa vinteren 1992/93, dels forslag frå kulturlandskapsgruppa, og dels eit resultat av aktiv leiting i felt. Vi har i samråd med Fylkesmannen også prioritert utfyllande undersøkingar av kjente, prioriterte lokalitatar. Dette gjev betre kunnskapar om dei mest verdifulle lokalitetane, noko som er nyttig både med tanke på seinare arbeid med skjøtselsplanar, og med tanke på regional og nasjonal prioritering av innsatsen. For å få eit godt bilet av soppfloraen, da særleg dei mest sjeldne og eksklusive beitemarkssoppene, er det viktig å ha minst tre besøk, helst i ulike sesongar.

Feltarbeid

Det er i 1995 undersøkt ca. 120 lokalitetar i Møre og Romsdal, av desse 15 i samband med forvaltningsplanen for Sør-Smøla (Gaarder & Jordal 1996a). I 1996 er 115 lokalitetar besøkte. På lokalitetane er det notert hovudtrekk ved vegetasjonstypar, bruk, husdyrslag m.m. Det er leita etter beitemarkssopp, og notert karplantelister for dei lokalitetane der dette ikkje er gjort før. På nokre lokalitetar er det i tillegg lagt ut 10×10 m ruter for vegetasjonsanalyse. Her er det brukt metodikk med dekningsgrad av artane i prosent (1, 2, 3, 5, 10, 15, 20,...90, 95, 100%). Det er gjeve dekning for alle artar av karplanter, og vidare for feltskikt, botnskikt, mosar, lav, strø og evt. stein og jord. Soppartar er også tekne med. Desse analysane er gjort dels for å prøva ut ein ny verdettingsmetodikk som går ut på å telja naturengartar i 100 m² ruter. Dette er ein metode som no blir utprøvd og brukt i Danmark (Ejrnæs & Bruun 1995a, 1995b).

Litteraturstudiar

I denne rapporten presenterer vi ei oversikt over fugleartar med varierande tilknyting til kulturlandskapet i fylket vårt. Denne er basert i hovudsak på litteratur, men og i noko grad på eigne undersøkingar. Vidare er oversikta over lokalitetar for åkerrikse i Møre og Romsdal i 1995 og 1996 basert på rapportar frå Norsk Ornitologisk Forening. Brukshistoria til ulike lokalitetar er arbeidskrevande å få oversikt over, og dette er gjort berre for eit utval interessante lokalitetar. Elles er ein god del litteratur gjennomgått for å gje ei så oppdatert framstilling som råd.

Herbarium

Vi har gjennomgått karplanteherbariet i Oslo og Trondheim for å få oversikt over nokre planteartar som står på raudlista, og som er knytt til kulturlandskapet. Desse artane er kommenterte, men fullstendige funnlister er ikkje tekne med. Funn av interessante planter er sendt til Oslo eller Trondheim. Innsamla, tørka sopp er oppbevart i eige, privat herbarium.

Andre kjelder

Kommunane sine eigne registreringar og innsending av data om kulturlandskap i 1992/93 har vore ei viktig kjelde. Vidare har vi vore i kontakt med ei rekke grunneigarar og einskildpersonar som har gjeve mange og interessante opplysningar om historie, driftstilhøve m.m.

Namnsetting av artar, dokumentasjon

Her viser vi til Jordal & Gaarder (1995a). Nytt er at taksonomi og nomenklatur for vokssopp no hovudsakeleg følgjer Boertmann (1995), og at norske soppnamn følgjer Gulden m. fl. (1996).

Områdeskildring

Under kvar lokalitet er det laga ei områdeskildring som fortel viktige ting om lokaliteten som kvar han ligg, jordsmonn- og terrengforhold, vegetasjon, brukshistorie m.m. Ein del generelle geografiske og biogeografiske opplysningar er plasserte i tabell 28 i vedlegg 1. Dette gjeld følgjande lokalitetsdata: Kommune, lokalitetsnamn, dato for besøk, kartblad (1:50000), UTM-koordinatar, høgd over havet, vegetasjonsseksjon, vegetasjonsregion og landskapsregion. Innhaldet i noko av dette er forklart nedafor. Lokalitetane er ikkje avgrensa på økonomisk kart, og det er heller ikkje rekna areal. Vi reknar med å kunne bidra til dette for eit mindre tal lokalitetar når behovet melder seg, t. d. i samband med forvaltningsplanar.

Brukshistorie

Det er skildra viktige trekk frå brukshistoria berre for eit mindre utval interessante lokalitetar, basert på bygdebøker o. a. litteratur og samtalar med grunneigarar og andre lokalkjende folk. Grunnen til dette er at slikt arbeid er tidkrevande. Det er lagt vekt på å finna ut kor langt attende staden har vore i bruk, kva slag beitedyr, eventuell slått, jordarbeiding, gjødsling m.m. Opphald i bruk og tidspunkt for endringar i bruken er også viktige å få med. Alt dette vil kunne bidra til kunnskap om dei ulike artane og vegetasjonstypene sine krav til livsmiljø.

Geografiske opplysningar

For kvar lokalitet er det (i vedlegg 1) oppgjeve kartblad (M711-serien, 1:50 000) og UTM-koordinatar (alle koordinatar er no oppgjeve ifølgje nye kart med blått rutenett). Vidare er det oppgjeve landskapsregion etter NIJOS (1993). For kart og avgrensing av regionar viser vi til NIJOS sin rapport eller Aksdal (1994).

Følgjande landskapsregionar er representerte i Møre og Romsdal:

14. Sør-Norges fjellskog
15. Sør-Norges lågfjellsregion.
20. Vestlandets kystbygder.
21. Vestlandets ytre fjordbygder.
22. Vestlandets midtre fjordbygder.
23. Indre Vestlandsbygder.
25. Trøndelags og Nordmøres kystbygder.
26. Fjordbygder i Møre og Trøndelag.
28. Dal- og fjellbygder i Trøndelag.

Definisjonar og karakterisering av desse regionane er beskreve av NIJOS (1993).

Biogeografiske opplysningar

Biogeografi har å gjera med geografisk utbreiing av av artar og naturtypar. Det er store biologiske skilnader på kulturlandskapet frå ytterkysten til setrane i skogbandet i innlandet. Viktigaste einskildfaktor er klimaet som varierer både med avstand frå kysten og høgde over havet. Det er også visse skilnader frå sør til nord i fylket. For meir presist å beskriva kvar lokalitetane høyrer heime er det oppgjeve vegetasjonssone og vegetasjonsseksjon.

Vegetasjonssonar beskriv variasjonar i vegetasjonen frå sør til nord, og frå havnivå og opp mot fjellet. Oppdelinga og avgrensinga er knytt til utbreiing av plantesamfunn og planteartar, som igjen i stor grad avspeglar lokalklimaet. Omtalen av vegetasjonssonar følgjer Dahl m. fl. (1986) og Moen (1987).

Følgjande vegetasjonssonar finst i Møre og Romsdal:

Boreonemoral sone (nordleg edellauvskog- og barskogsone)
Sørboreal sone (sørleg barskogsone)
Mellomboreal sone (midtre barskogsone)
Nordboreal sone (fjellskogsone)
Lågalpin sone (lågfjellbeltet)
Mellom- og høgalpin sone (mellom- og høgfjellsbeltet)

Omgrepet **vegetasjonsseksjon** blir bruka for å beskriva variasjonar i plantelivet mellom kyst og innland. Omgrepet oseanisk blir bruka om vegetasjon og artar knytt til kysten, med milde vintrar, liten temperaturskilnad mellom vinter og sommar og fuktig, nedbørrikt klima, medan kontinental blir bruka tilsvarende om vegetasjon og artar knytt til innlandet, med kalde vintrar, stor temperaturskilnad mellom vinter og sommar og tørrare klima. Inndelinga baserer seg på Moen og Odland (1993), og er noko førebels.

Følgjande vegetasjonsseksjonar finst i Møre og Romsdal:

O3. Sterkt oseanisk seksjon: Her er det stort innslag av mosar, planter m.m. knytt til eit fuktig klima med milde vintrar. Nedbørsmengda er stor, over 1500 mm per år, og talet på dagar med nedbør er høgt (>200 dagar med minst 0,1 mm nedbør). Deler av seksjonen har ein middeltemperatur for januar over 0°C, derfor finst ein del frostomfintlege artar her. Seksjonen finst i ei stripe ytst på kysten som er smal på Nordmøre og brei på Søre Sunnmøre.

O2. Oseanisk seksjon: Område med ein årsnedbør på over 1200 mm, med noko lågare vinter temperaturar enn i O3-seksjonen. Artar og vegetasjon knytt til fuktig klima er også her svært utbreidd. Seksjonen dekkjer store område i ytre og midtre fjordstok.

O1. Svakt oseanisk sekjon: Årsnedbør 800-1200 mm. Ei rekke svakt vestlege artar finst, men dei mest kystbundne vantar eller finst spreidd (t. d. rome). Dekkjer eit relativt smalt område i indre fjordstrok og dalføra innafor, frå Geiranger til Trollheimen.

OC. Overgangsseksjon (til kontinentale seksjonar): Årsnedbør på 500-800 mm. Nokre svakt vestlege planter førekjem, innslag av ein del austlege planter og plantesamfunn, mellom anna tørrbakkesamfunn. Til denne seksjonen høye berre nokre mindre område i austlege deler av Sunndal, Nesset og Rauma.

Verdsetting

Storområde

Storområde av nasjonal verdi i fylket er tidlegare verdsett av Aksdal (1994) og Beyer & Jordal (1996) etter retningsliner frå den nasjonale registreringa. Den føreliggjande rapporten utfyller dette og kjem med ein god del nye data som kan leggjast til grunn ved prioritering mellom område i samband med tildeling av tilskott og utarbeiding av forvaltningsplanar. Vi kjem og med framlegg til nye område.

Smålokalitetar

Dei lokalitetane vi har undersøkt er oftast under 100 dekar, og svært mange er 2-20 dekar. Det er berre nokre få kystbeitemarker og større innlandsbeite som er større enn 100 dekar, og somme av desse er ved opplisting av funn delt i fleire dellokalitetar. Behovet for verdsetting av slike lokalitetar og problema knytt til dette er diskutert i tidlegare rapportar. Ein del av verdsettinga tar omsyn til talet på artar av naturengplanter og beitemarkssopp, og i slike tilfelle spelar storleiken

på lokaliteten ei rolle. Vi legg og vekt på førekomsten av sjeldne kulturmarks- og vegetasjonstypar, og artar oppførte på raudlistene. Di større areal, di større økologisk variasjon har lokaliteten. I forvaltingssamanheng er ein stor lokalitet ofte meir interessant enn ein liten, nettopp fordi han inneheld større mangfold. I tillegg har vi mange små lokalitetar som er svært artsrike. Vi har derfor ikkje lagt så stor vekt på å justera verdsettinga etter arealet på lokalitetane.

Smålokalitetane er delt i fire kategoriar etter kor verdifulle dei er vurdert til å vera som kulturlandskap:

kategori 1 - nasjonal verdi (svasar til klasse 1 for storområde, jfr. Aksdal 1994)

kategori 2 - regional verdi

kategori 3 - lokal verdi

kategori 4 - truleg liten verdi

For å plassera smålokalitetane i kategori er det vurdert: kulturmarkstypar/vegetasjon, tal naturengplanter, seterplanter og talet på artspoeng for beitemarkssopp, sjå nedanfor og tidlegare rapportar.

Kulturmarkstypar/vegetasjon

Ein lokalitet med mange ulike kulturmarkstypar er meir verdifull enn ein som er einsarta. Ein må derfor vurdera mangfaldet av både naturtypar og artar. Mange naturtypar i kulturlandskapet er truga av nye driftsmåtar eller opphøyrdrift, som t. d. (jfr. Skogen 1992 og Moen m. fl. 1993):

- naturenger (tørre, friske, fuktige; kalkfattige, kalkrike; hevda eller uhevda og attgroande)
- naturbeitemarker (kystgrashei, setervollar, einerbakkar m.m.)
- urterike kantar
- buskrike kantar
- hagemark (tresett beite)
- hasselskog som blir stelt på tradisjonelt vis (m. a. Eikesdalen)
- slåttemyr
- lyngheiar

Viktige faktorar for å forklara utvikling av bestemte vegetasjonstypar i jordbrukslandskapet er klimaet (jfr. vegetasjonsseksjon og vegetasjonsregion ovafor), vasstilgangen (om jorda er tørr, frisk, fuktig eller våt), jordsmonntypen (mineralinnhald, om ho er baserik eller basefattig m.m.), og brukshistoria (beite eller slått og evt. gjødsling eller jordarbeiding, og variasjonar i bruken over tid). Klassifisering av vegetasjonen i kulturlandskapet har vore därleg utgreidd for Midt-Norge. Vi har dels brukt Moen m. fl. (1993), dels Skogen (1992) og dels Fremstad & Elven (1987). Sistnemnte er under revisjon, og i påvente av den har vi tona ned klassifiseringa av vegetasjonstypar. I mange høve har vi berre nemnt opp dei artane som dominerer.

Moen m. fl. (1993) framhevar følgjande kulturmarkstypar som særleg verdifulle i vårt område:

- slåtteenger og slåttemyr
- kystengar med kalkpreg
- store strandengar til slått/beite
- kalkrik kystlynghei
- seterlandschap

Graden av attgroing påverkar verdien. Tidlege stadium i attgroingsprosessen er gjerne særleg artsrike, men dersom attgroinga får fortsetta, vil mange artar gradvis forsvinna. I eit kulturlandskap i hevd med slått og beiting vil det ofta finnast parti som er i svak attgroing i tillegg til dei som er i god hevd. For dei fleste organismegrupper er det slik at eit landskap med


ein mosaikk av mange ulike typar natur og hevdformer er det mest artsrike. Strømengda seier noko om graden av fjerning av feltsjiktet (slått/beiting) og gjev ein peikepinn på attgroingstendens. Dominans av visse høgvaksne gras og urter tyder også på attgroing. Det same gjer oppslag av buskar og kratt. Den beste studien av attgroing her i fylket er Bolette Bele si hovudfagsoppgåve om attgroing på eit utval setervollar i Surnadal, basert på ein kombinasjon av gamle og nye flyfoto, feltarbeid og moderne databehandling (GIS-metodar) (Bele 1993). Svært attgrodde lokalitetar der restaurering er lite realistisk er det naturleg å gje ein låg verdi som kulturlandskap.

Vi har analysert vegetasjonen (dekningsgrad i prosent, vedlegg 3) i 33 10###10 m ruter på 30 av lokalitetane dels for å beskriva vegetasjonen og dels for å prøva ut og samanlikna med ein dansk verdettingsmetode basert på talet av naturengplanter pr. 100 m² (Ejrnæs & Bruun 1995b).

Naturengplanter

Ved hjelp av litteratur og eigne erfaringar laga vi i fjar ei liste på 79 naturengplanter kjent frå Møre og Romsdal (Jordal & Gaarder 1995a). Denne lista liknar mykje på den lista over indikatorartar som var ein del av grunnlaget for verdsetting i den svenska "ängs- och hagmarksinventeringen" (Naturvårdsverket 1988). Di fleire naturengplanter som finst på ein lokalitet, di sterkeare er indikasjonen på at lokaliteten har preg av eit tradisjonelt kulturlandskap med god hevd (slått eller beiting) og lite jordarbeiding og gjødsling. Erfaringane hittil er at det som gjev størst utslag, er kontinuitet/hevd (brukshistorie) og kor kalkhaldig jordsmonnet er. Kyst-innlandgradienten ser ut til å ha lite å seia, dei beste lokalitetane på kysten har omlag like mange naturengartar som dei beste i innlandet. Opp mot og over skoggrensa går talet naturengplanter ned, og her er det naturleg å legga meir vekt på summen av naturengplanter og seterplanter. På kalkfattige lokalitetar er 16-20 naturengplanter eit godt resultat, medan kalkrike lokalitetar i nokre tilfelle kan ha opp mot 30 artar. Ein lokalitet med 20-25 naturengplanter vurderer vi gjerne opp mot nasjonal verdi, men det beste er om andre aspekt samstundes peikar i same lei.

Figur 1. Illustrasjon av begrepa engplanter og naturengplanter. Engplanter er typiske for engsamfunn (lysopen gras- og urterik vegetasjon), medan naturengplanter er engplanter som toler lite gjødsling, jordarbeiding og attgroing.



Tabell 1. Naturengplanter brukt til verdsetting av lokalitetar i Møre og Romsdal i 1995-96 (fullstendig liste for fylket: sjå Jordal & Gaarder 1995a). Følgjande endring er gjort i årets rapport: småsyre reknast ikkje lenger som naturengplante.

aurikkelsvæve	engstorr	heisiv	kystgrisøyre	smalkjempe
bakkesøte	finnskjegg	hårsvæve	kystmaure	småengkall
beitestorr	flekkmure	jonsokkoll	lopepestorr	storblåfjør
blåklokke	geitsvingel	jordnøtt	lækjeveronika	sumpmaure
blåstorr	gjeldkarve	jåblom	marinøkkel	svartknoppurt
brudespore	grov nattfiol	kattefot	markfrytle	sølvture
bråtestorr	gulaks	kjertelaugnetrøst	nattfiol	tepperot
dvergjamne	gulmaure	knegras	prestekrage	tiriltunge
dvergsmyle	harerug	kornstorr	rundskolm	vill-lauk
engfiol	haustmarinøkkel	kvitkurle	sandfiol	vill-lin
engfrytle	heiblåfjør	kvitmaure	sauesvingel	

Seterplanter

Seterplanter er fjellplanter som også toler lite gjødsling og attgroing, og som synest å ha fordel av beiting eller slått i seterområda (Olsson m. fl. 1995). Desse plantene har gjerne eit tyngdepunkt i seterlandskapet og i engsnøleie i lågfjellet, og kan seiast å vera "fjellets naturengartar". Som tidlegare nemnt blir talet naturengplanter lågare opp mot og over skoggrensa, og det er naturleg å legga meir vekt på summen av naturengplanter og seterplanter. Seterplanter og summen av naturengplanter og seterplanter er brukt til innbyrdes samanlikning av lokalitetar i høgareliggjande seterområde. Artsrike beitevollar i seterområde i kalkrike strok kan ha opp mot 40-50 artar i sum av naturengplanter og seterplanter, og ei grense for nasjonal verdi på ca. 40 artar for lokalitetar av vanleg storleik (5-50 dekar) synest førebels å vera rimeleg. Men etter ein gong er det best om også andre sider ved ein lokalitet peikar i same retning.

Tabell 2. Seterplanter brukt til verdsetting av seterlokalitetar i Møre og Romsdal i 1995-96 (basert på Olsson m. fl. 1995, fullstendig liste for fylket: sjå Jordal & Gaarder 1995a). Gullmyrklegg er fjerna frå lista sidan sist.

aksfrytle	fjellaugnetrøst	fjellnøkleblom	hårstorr	slirestorr
bergrublom	fjellbakkestjerne	fjellrapp	lodnerublom	småsøte
bergveronika	fjellfiol	fjellsmelle	rabbetust	snømure
blindurt	fjellfrøstjerne	fjellsnelle	reinmjelt	snøsøte
brearve	fjellkattefot	fjelltimotei	seterarve	stivstorr
dverggråurt	fjellkvein	fjelltistel	setergråurt	svarttopp
dvergsnelle	fjellmarikåpe	fjellveronika	setermjelt	trefingerurt
fjellarve	fjellmarinøkkel	grønkurle	seterstorr	tuvearve

Beitemarkssopp

Vi har tidlegare utarbeidd ei oversikt over beitemarkssopp i Møre og Romsdal, og gjeve kvar ein skild art eit poengtal (1, 2, 4 eller 8 poeng) knytt til kor god indikator arten er rekna for å vera. Systemet er ei vidareutvikling av eit svensk verdsettingssystem (Nitare 1988). Ved å summera poengtala for alle artane på ein lokalitet får ein eit mål på kvaliteten eller verdien av lokaliteten, for grenseverdiar sjå Jordal & Gaarder (1995a). Oversikt over beitemarkssopp finst i tabell 3 i neste avsnitt. På neste side tek vi med ein figur som illustrerer tilhøvet mellom grasmarkssopp og beitemarkssopp.

Figur 2. Illustrasjon av begrepa grasmarkssopp og beitemarkssopp. Grasmarkssopp er typiske for engsamfunn (lysopen gras- og urterik vegetasjon), men ein del av dei kan i tillegg veksa i skog, myr og fjell. Dette er (stor)sopp som for det meste lever som saprofytta (nedbrytarar) på humus, strø (daude mosar, planter og dyr) eller møkk. Beitemarkssopp toler lite gjødsling, jordarbeiding og attgroing, og har sine typiske veksestader i gamle moserike, velhevd engsamfunn.



Truga artar

Raudlister er publikasjonar som fortel kva artar i Norge som ein reknar med er i tilbakegang og truga av ulike former for menneskeleg verksemd eller endring i måten slik verksemd blir dreve på. Det kan vera endringar i driftsmåtar i skog- og jordbruk, det kan vera utbygging, langtransportert forurensing som nitrogennedfall og andre faktorar. For nokre år sidan kom ei raudliste som omfatta mange organismegrupper (Direktoratet for naturforvaltning 1992). Seinare er fleire grupper revidert, mellom anna sopp (Bendiksen m. fl. i trykk). Raudlisteartar i kulturlandskapet i Møre og Romsdal er opplista av Jordal & Gaarder (1995a). Status for somme soppartar har endra seg sidan da. Vi tek derfor oppatt kva artar dette gjeld i tabell 3 nedanfor. Talet på raudlisteartar på ein lokalitet, og særleg forekomsten av artar i kategoriane direkte truga og sårbar, er tillagt ein del vekt ved verdsetting av lokalitetane.

Artar som står i kategori E - direkte truga (akutt utryddingstruga) gjev alltid ein lokalitet høg forvaltningsmessig status. Vi har velt å føra dei fleste slike lokalitetar i kategori 1 eller 1/2 - kulturlandskap av nasjonal eller nasjonal/regional verdi. Artar med fleire artar i kategori V - sårbar, og eventuelt mange artar i dei lågare kategoriane V+ (hensynskrevande) og R (sjeldan) er og verdifulle, men verdien er sett meir i samanheng med øvrige data om vegetasjon, naturengplanter og poeng for beitemarkssopp.

Tabell 3. Beitemarkssopp i Møre og Romsdal med artspoeng og raudlistestatus. Det er nokre endringar i høve til Jordal & Gaarder (1995a). Følgjande artar reknar vi ikkje lenger som beitemarkssopp: eggrøyksopp (Bovista spp.), brunkanthette (Mycena olivaceomarginata) og sumpvokssopp (Hygrocybe substrangulata). Dei to første er meir gjødslingsstolerante enn vi tidlegare har rekna med, og den siste finst ein god del i myr.

¹ arten er funnen ny for fylket i 1995-/96, ² arten er funnen ny for Norge i 1995/96.

Forklaring på raudlistekategoriar: E - direkte truga (akutt utryddingstruga), V - sårbar, R - sjeldan, V+ - hensynskrevande

Latinsk navn	Arts-poeng	Kategori	Latinsk navn	Arts-poeng	Kategori
<i>Camarophyllopsis schulzeri</i>	4	V+	<i>Geoglossum starbaeckii</i>	2	
<i>Clavaria acuta</i>	2		<i>Geoglossum uliginosum</i>	8	E
<i>Clavaria amoenoides</i>	8	V	<i>Geoglossum umbratile</i>	2	V+
<i>Clavaria fumosa</i> ¹	4	V	<i>Hygrocybe aurantiosplendens</i> ¹²	8	V
<i>Clavaria straminea</i> ¹	8	V	<i>Hygrocybe canescens</i>	8	E
<i>Clavaria vermicularis</i>	2		<i>Hygrocybe cantharellus</i>	1	
<i>Clavaria zollingeri</i>	4	V	<i>Hygrocybe ceracea</i>	1	
<i>Clavulinopsis cineroides</i> ¹²	8	V	<i>Hygrocybe chlorophana</i>	1	
<i>Clavulinopsis corniculata</i>	2		<i>Hygrocybe coccinea</i>	1	
<i>Clavulinopsis fusiformis</i> ¹²	4	V	<i>Hygrocybe colemanniana</i>	4	V
<i>Clavulinopsis helvola</i>	1		<i>Hygrocybe conica</i>	1	
<i>Clavulinopsis luteoalba</i>	1		<i>Hygrocybe flavipes</i>	2	V+
<i>Clavulinopsis pulchra</i>	2		<i>Hygrocybe fornicate</i>	4	V+
<i>Entoloma asprellum</i>	1		<i>Hygrocybe glutinipes</i>	4	V
<i>Entoloma atrocoeruleum</i>	2	V+	<i>Hygrocybe helobia</i>	1	
<i>Entoloma bloxamii</i>	8	E	<i>Hygrocybe ingrata</i>	4	V
<i>Entoloma caeruleopolitum</i>	1	V+	<i>Hygrocybe insipida</i>	2	
<i>Entoloma caesiocinctum</i>	2	V+	<i>Hygrocybe intermedia</i>	8	V
<i>Entoloma chalybaeum</i>	2		<i>Hygrocybe lacmus</i>	2	V+
<i>Entoloma corvinum</i>	4	V+	<i>Hygrocybe laeta</i>	1	
<i>Entoloma dichroum</i>	8	V	<i>Hygrocybe laeta var. flava</i>	1	
<i>Entoloma exile</i>	2	V+	<i>Hygrocybe miniata</i>	1	
<i>Entoloma formosum</i>	2	R	<i>Hygrocybe nitrata</i>	2	
<i>Entoloma fuscotomentosum</i>	1		<i>Hygrocybe ovina</i>	8	E
<i>Entoloma griseocyaneum</i>	2	V+	<i>Hygrocybe persistens</i>	4	V+
<i>Entoloma infula</i>	1		<i>Hygrocybe phaeococcinea</i>	4	V+
<i>Entoloma jubatum</i>	1		<i>Hygrocybe pratensis</i>	1	
<i>Entoloma lividocyanulum</i>	2		<i>Hygrocybe pratensis var. pallida</i>	4	
<i>Entoloma longistriatum</i>	1		<i>Hygrocybe psittacina</i>	1	
<i>Entoloma mougeotii</i>	4	R	<i>Hygrocybe punicea</i>	1	
<i>Entoloma papillatum</i>	1		<i>Hygrocybe quieta</i>	2	V+
<i>Entoloma poliopus</i>	1		<i>Hygrocybe reidii</i>	1	
<i>Entoloma pratulense</i>	1		<i>Hygrocybe russocoriacea</i>	2	V+
<i>Entoloma prunuloides</i>	4	V+	<i>Hygrocybe splendidissima</i>	8	V
<i>Entoloma pseudoturci</i>	2		<i>Hygrocybe turunda</i>	2	V+
<i>Entoloma rhombisporum</i> ¹	2		<i>Hygrocybe unguinosa</i>	2	
<i>Entoloma sericellum</i>	1		<i>Hygrocybe virginea</i>	1	
<i>Entoloma sericeum</i>	1		<i>Hygrocybe vitellina</i>	8	V
<i>Entoloma serrulatum</i>	1		<i>Melanoleuca subalpina</i>	1	
<i>Entoloma sodale</i>	4	V+	<i>Microglossum fuscobubens</i>	8	V
<i>Entoloma velenovskyi</i>	2		<i>Mycena flavoalba</i>	1	
<i>Geoglossum atropurpureum</i>	4	V+	<i>Mycena pelliculosa</i>	1	V+
<i>Geoglossum cookeianum</i>	4	V+	<i>Porpoloma metapodium</i>	8	V
<i>Geoglossum difforme</i>	8	E	<i>Ramariopsis kunzei</i>	4	V+
<i>Geoglossum fallax</i>	2	V+	<i>Ramariopsis subtilis</i>	4	V+
<i>Geoglossum glutinosum</i>	2	V+	<i>Stropharia albocyannea</i>	1	
<i>Geoglossum hakelieri</i>	8	E	<i>Trichoglossum hirsutum</i>	2	
<i>Geoglossum simile</i>	4	V+	<i>Trichoglossum walteri</i>	8	E

FUGLAR

Kulturmarksartar i Møre og Romsdal

Ei rekkje fugleartar i fylket vårt har varierande grad av tilknytting til kulturlandskapet. Somme artar er meir eller mindre sterkt knytt til menneskeleg busetnad og jordbrukslandskap, som skjor, gråsporv, linerle, lävesvale, songlerke, storspove og grågås. Andre artar dreg fordelar av mattilgangen i kulturlandskapet i deler av året utan å vera avhengig av dette, slik som tjeld, fleire måseartar og trasteartar.

Somme av artane er tilpasningsdyktige eller lite kravfulle, og greier seg godt sjølv om landbruket har gjennomgått store forandringar i nyare tid. Eksempel på ein slik art er skjor. Andre er knytt til tradisjonelle driftsformer, slik som åkerriksa, som no er truga over heile utbreiingsområdet sitt, men som framleis førekjem her i fylket.

I tabell 4 nedanfor er 74 fugleartar med vesentleg førekommst i jordbruks- og tettstadslandskapet i fylket omtala. Det er teke med opplysningar om førekommst og utbreiing i fylket og landet, eventuell hekking, føde, biotopkrav og evt. bestandsendringar. Grunnlaget for utvalet av artar er i hovudsak "kulturmarkssamfunnet" av norske hekkefuglar slike det er framstilt av Bevanger (1977). I tillegg har vi teke med nokre fleire artar som vi meiner har vesentleg førekommst i kulturlandskapet, og mellom desse er det også nokre som Bevanger har rekna til "kystsamfunnet". Kysten vår er og i stor grad eit kulturlandskap med m. a. ein del lypneheiarar. Vi har utelett to av artane som Bevanger fører til kulturmarkssamfunnet, gransongar og gulsongar, fordi vi meiner desse i hovudsak høyrer til i skogen.

Tabell 4. Oversikt over fugleartar med vesentleg førekommst i kulturlandskapet i Møre og Romsdal, med oversikt over hekkestatus, førekommst, biotopkrav, føde m.m. Med i omtalen er artar ført til "kulturmarkssamfunnet" av Bevanger (1977) med tillegg av følgjande artar: grågås, kanadagås, kvitkinggås, åkerrikse, vaktel, heilo, småspove, brushane, raudstilk, fiskemåse, bydue, gulerle (særle), svartstrupe, blåstrupe, svarttrast, sivsongar, møllar, myrsongar, ramn, bergirisk, dompap og sivsporv. Følgjande av Bevanger sine artar er ikkje tekne med: gulsongar og gransongar. Kjelder: Gjershaug m. fl. (1994), Ålbu (1990), Haftorn (1971), AOF=Alv Ottar Folkestad. Nokre andre kjelder er referert undervegs.

H hekkar i fylket

O regelmessig førekommende i deler av året 1980-89

T tilfeldig førekommende, minst 20 funn 1980-89

S sjeldan, under 20 funn 1980-89

Norsk namn	Status	Kommentar
grågås	H	Hekkar langs heile kysten, men er sjeldan på Sør- og Austlandet og i Finnmark. Hekkar vanleg på kysten i fylket vårt, som saman med Trøndelag og Nordland har tyngdepunktet for bestanden. Grågåsa et gras og urter. Tidlegare beita ho mest på (gjerne sjøfuglgjødsla) holmar, øyar og taregjødsla strender. I seinare år har ho trekt meir inn på fulldyrka mark og lokalt vorte eit problem for jordbruket på kysten. Grågåsa føretrekker truleg grasmark som er noko gjødsla, truleg pga. høgare proteininnhald (AOF).
kanadagås	H	Innført art, finst spreidd nord til Nordland, spreier seg ut frå utsettingssentra. Mellom anna utsett i Sunndal midt på 1970-talet, finst no spreidd på heile midtre og indre Nordmøre. Bestanden her tel nokre hundre. Hekkar både langs fjordstrenger og i innlandet, oftast i nærleiken av dyrka mark, beitemark eller strandeng. Et mest gras og urter.
kvitkinngås	O	Hekkar m. a. på Svalbard, i nyare tid også i Oslofjord-området. I vårt fylke forekjem den på trekk, og kan også iblant overvintra. Beiter på dyrka mark og strandenger.

vepsevåk	S	Hekkar på Austlandet, helst i mosaikklandskap med skogholt og open buskmark, lever i hekketida av humle- og vepslarvar, sjeldan på streif her i fylket.
sporvehauk	H	Hekkar spreidd over heile fylket, mest alltid i skog. I vinterhalvåret trekker ein stor del ut av landet, attverande ind. held ofte til i tettbygde strok og jordbrukslandskap. Lever av småfugl, særleg trast, dessutan noko mus.
musvåk	S	Hekkar mest på Austlandet, sj. Vestlandet og Trøndelag, ofte i mindre skogholt omkransa av kulturlandskap, jaktar smågnagarar i ope landskap. Berre sett på streif her i fylket.
vaktel	H	Sjeldan og uregelmessig, hekkeindikasjonar i 10-12 10##10-km-ruter her i fylket, sterkt knytt til ope jordbrukslandskap med grasmarker og god tilgang på insekt. Flest hekkeindikasjonar i Rogaland, Møre og Romsdal, Oppland, Buskerud og Vestfold.
åkerrikse	H	Sjeldan og sterkt truga både i Norge og globalt. Møre og Romsdal og Rogaland er dei viktigaste hekkeområda i Norge. Sjå eige kapittel om denne arten.
tjeld	H	Vanleg og tallrik hekkekjel i eit breitt belte langs heile norskekysten, ofte i nær tilknytning til jordbrukslandskap, opptil 10 mil frå kysten. Somme individ spesialiserer seg på mat frå dyrka mark, t. d. meitemark.
heilo	H	Heiloen er mest ein fjellfugl, men frå Møre og Romsdal og nordover hekkar den og i låge kystfjell og i llynghieiane på kysten. Beitar på dyrka mark heile sesongen på kysten (AOF), lenger inne i landet særleg vår og haust.
vipe	H	Arten er opprinnelig knytt til strandenger med kortvaksen vegetasjon, men har funne nye område i kulturlandskap og myr. Finst over heile landet, men mest i Sør-Norge. Bestanden har auka i dette århundret, men har truleg gått tilbake dei seinaste tiåra pga. problem med hekkinga i intensivt dreve jordbrukslandskap.
brushane	H	Hekkar på myrer i fjellet og på myrer og strandenger ved kysten. I trekktidene rastar brusfuglane ofte i flokkar på grasmark i kulturlandskapet.
småspove	H	Ein nordleg art som er vanlegast nord for Dovre. Spreidd i myrer og av og til dyrka mark i innlandet, særleg i Surnadal der han hekkar i kornåkrar. Er meir knytt til myrlandskap enn storspoven. Lever av insekt, mark, snegl og andre smådyr, truleg og ein del bær.
storspove	H	Relativt vanleg langs heile norskekysten og på Austlandet. Knytt til opne flater, særleg i kulturlandskapet: åkrar, eng, beite, strandenger, llynghieiar m.m. Moderne jordbruksdrift er problematisk for hekkinga også for storspoven. Rugar ofte i llynghiei.
raudstilk	H	Hekkar over heile landet, også i vårt fylke. Knytt til flate, fuktige grasmarker som strandeng, fuktig eng og beitemark i kulturlandskapet, myr og våtmark heilt opp i snaufjellet (t. d. koloni 1240 m o.h. i Sunndalsfjella). Lever av smådyr som insekt, sneglar, mark, små krepsdyr m.m.
fiskemåse	H	Hekkar vanleg over heile landet, også i vårt fylke. Hekkar særleg på holmar langs kysten, men også i innlandet og langt opp på snaufjellet. Kan også hekka i kulturlandskapet og på hus i tettstader. Allsidig meny. Kan leita mat i store flokkar i kulturlandskapet, og finn særleg meitemark, mus, større insekt, sneglar og korn.
bydue	H	Stammar frå den ville klippedua som tidlegare har hekka i Norge. Hekkar i tettstader over heile landet, oftaast på bygningar. Høyrer mest heime i bylandskapet der den lever av m. a. avfall, men særleg om hausten er den hyppig i jordbrukslandskapet der den særleg er ute etter korn.
skogdue	(H) S	Arten hekkar først og fremst på Aust- og Sørlandet, med spreidde hekkefunn nord til Trondheimsfjorden. Eitt hekkefunn i fylket (Aure), elles spreidde observasjonar, særleg i indre dalstrokk. Hekkar i gamle tre oftaast i tilknytning til kulturlandskap, parkar og alléar, men og nær myrar, vatn og hogstflater. Et plantekost som frø og bær, da særleg korn.
ringdue	H	Vanleg i Sør-Norge, meir spreidd nordover, både i skog (gjerne tette granplantefelt), og i skogholt nær jordbrukslandskap. Finn ein del av føda i kornåkrar. Ein av få artar som profiterer på monokultur i jord- og skogbruk (korndyrking, granplanting), synest å vera i ekspansjon.
tyrkerdue	H	Har sidan første norske observasjon i 1949 ekspandert sterkt, finst mest i byer, tettstader, parkar, gravlundar og ved gardar. Hekkar lokalt her i fylket, har gått attende mange stader. Truleg rundt 1000 par i Norge, dei fleste i Rogaland. Et plantekost, særleg korn.
turteldue	S	Ikkje funne hekkande i Norge, berre på streif. Knytt til ope landskap med skogholt.
kattugle	H	Hekkar nord til Trøndelag, relativt talrik her i fylket. Knytt til lauvskog nær kulturlandskap og busetnad, jaktar i open skog og skogkantar. Synest å føretrekkja område med husdyrhald, truleg fordi grasmauka har meir mus enn det åkrane har.
hornugle	H	Hekkar spreidd i fylket i museår, lever av mus, og føretrekkjer ope kulturlandskap med skogholt av bartre. Hekkar frå kysten til opp i fjellbygdene.

tårnseglar	H	Hekkar spreidd og lokalt i fylket, er elles vanlegast på Sørlandet, Austlandet og i Trøndelag. Mest i byar, tettstader og på gardar, hekkar i hulrom på bygningar. Svært avhengig av flygande insekt og edderkoppdyr ("luftplankton").
hærfugl	T	Ikkje funne hekkande i Norge. Knytt til ope landskap der den finn m.a. meitemark, sneglar og insekt. Blir observert på streif i fylket omtrent kvart år.
vendehals	H	Hekkar spreidd over store deler av landet, mest i Sør-Norge, nokså sjeldan her i fylket, og i tilbakegang. Knytt til lauv- og blandingskog med opne parti, kulturlandskap, og i villastrok, men vil gjerne ha tilgang på relativt gammel lauvskog med innhole tre eller fuglekasser. Lever i hekketida av jordmaur i solvendt grasmark, åkerkantar og beitemark.
grønspett	H	Hekkar spreidd i Sør-Norge, spreidd også her i fylket. I lysopne skogar, skogkantar og beitemarker kan grønspetten finna maur og maurpupper, som den lever av heile året. Vil gjerne ha tilgang på grovvaksen osp til hekkinga.
dvergspett	H	Hekkar spreidd over store deler av landet, mest i Sør-Norge, spreidd også her i fylket. Knytt til gammel lauvskog med mange daude tre, åkerkantar, attgroande hagemark, kantskog langs vassdrag m.m. Også i parkar med gamle tre, t. d. i Molde. Insekttetar.
topplerke	S	Topplerka hekkar ikke lenger i Norge, og blir berre sett på streif. Ho er sett m. a. på Harøya, i Ålesund og i Molde. Ho var opprinneleg ein steppefugl, men forekjem no oftast på tørre, sand- og grusrike stader som hamneområde, flyplassar, industrifyllingar m.m.
songlerke	H	Hekkar på Austlandet og langs heile kysten, men mest i Sør-Norge. Her i fylket er ho vanlegast i ytre strok. Ho er knytt til store, opne kulturlandskap med kort vegetasjon, som åkrar, enger, beitemarker, llynghøie og strandenger, helst langt unna nærmeste skog. Kan også kolonisera hogstflater og skogbrannflater. Ho lever av insekt og frø, men insekt dominerer om sommaren.
låvesvale	H	Låvesvala er sterkt knytt til jordbruk og husdyrhald, og hekkar oftast i driftsbygningars, vanleg i Sør-Norge, meir spreidd nordover. Bestanden har gått attende dei siste 20 åra, truleg pga. omleggingar og giftbruk i jordbruket. Lever omtrent berre av flygande insekt. Bestanden blir no kartlagt av Norsk Ornitologisk Forening. På Sunnmøre vart det i 1995 registrert 3-10 par pr. 1000 da dyrka mark (rundt 1 par for kvar 4. driftsbygning). Dette kunne tyda på ca. 3000 par i heile fylket (Mork 1996).
taksvale	H	I hekketida sterkt knytt til jordbruk og hus. Vanleg i Sør-Norge, meir spreidd nordover. Vanleg også her i fylket, opp i fjellet, særleg ved setrar og hytter. Hekkar oftast på bygningar, og fangar insekt i lufta, ofte i ope kulturlandskap.
gulerle	H	Den mest utbreidde underarten, særle, har ei austleg utbreiing i Norge, og er sjeldan på Vestlandet. Det er gjort hekkefunn på Sunnmøre, elles finst arten spreidd i indre deler av Nordmøre, da helst i seterområde med ein mosaikk av open beitemark, buskas og fjellbjørkeskog. Den største og mest stabile bestanden er truleg ved setrane i Grøvuvassdraget i Sunndal. Arten lever av insekt.
linerle	H	Linerla er vanleg over heile landet, med tettast bestand i Sør-Norge. Arten er knytt til kulturlandskap, men kan finnast til dei ytste skjer, langs vassdrag og i våtmarksområde, opp i fjellet særleg ved setrane. Lever for det meste av insekt. Den britiske underarten svartryggerle hekkar sparsamt på Sunnmøre, da gjerne i blandingspar med linerle.
blåstrupe	H	Hekkar over det meste av landet, i Sør-Norge mest i fjellskogen. I Møre og Romsdal dels i open buskrik fjellbjørkeskog, myr- og vasskantar og vierkratt i høgare strøk, gjerne i buskmark ved setrane; dels i frodige vasskantar og attgroande, frodig fuktenger i låglandet og på kysten (AOF).
svart-raudstjert	S	Sjeldan hekkefugl på Austlandet, berre tilfeldige observasjonar her i fylket, oftast på forlenge vårtrekk. Opprinneleg knytt til landskap med stein og fjell, men er no vanlegast i byar og bebudde strok.
buskskvett	H	Vanleg i Sør-Norge, meir spreidd nordover, vanleg også her i fylket. Finst mest i ope kulturlandskap som beitemarker, vegskråningar og anna permanent grasmark, men også i hogstfelt, myrkantar og attgroande, frodig fukteng. Ønskjer utsiktspunkt å synga frå, som buskar, tre eller kraftledningars. Lever mest av insekt.
svartstrupe (lyng-skvett)	H	Hekkar spreidd og uregelmessig i ytre strok på Vestlandet, også nokre spreidde hekkefunn i ytre strok av fylket vårt nord til Averøy i periodar med milde vinstrar (1975-80 og etter 1989). Sterkt knytt til opne og lyngrike kystheiar i vintermildt klima, har om lag same utbreiing som purpurlyngen.
svarttrast	H	Vanleg i Sør-Norge, sjeldnare nordover, vanleg her i fylket, men er sjeldan i fjellbjørkeskogen. Trivst best i eit mosaikklandschap med skogkantar, buskas og open mark, er derfor vanleg i kulturlandskap og tettbygde strok. Arten lever av meitemark, sneglar og insekt, haust og vinter også bær og nedfallseple.

gråtrast	H	Vanleg over mest heile landet til opp i vierbeltet i fjellet. Trivst særleg i skogholt og skogkantar mot myr, vassdrag eller dyrka mark, også i byar og tettstader. Næring: meitemark, insekt og bær. Søkjer ofte næring på dyrka mark, særleg under trekket.
raudvengetrast	H	Vanleg over mest heile landet til opp i vierbeltet i fjellet. Trivst i skog med rikeleg lauvkratt, gjerne i skogkantar mot ope kulturlandskap og kulturlandskap i attveksing. Dersom det er rikeleg med buskar, kan han også gå inn i tettstader og byar. Næring: meitemark, insekt og bær. Søkjer ofte næring på dyrka mark, særleg under trekket.
grashoppe-songar	H	Sjeldan hekkefugl på Austlandet og langs kysten til Trøndelag, sjeldan også her i fylket. Knytt til frodig vegetasjon med buskar eller små tre, t. d. attgroande fuktenger i kulturlandskapet med høgvakse gras og mjødurt, eller takrørområde ved vatn og vassdrag. Føda er insekt og edderkoppdyr.
elvesongar	S	Sjeldan gjest på kysten, knytt til frodige fuktenger med tre, ein vegetasjon som ofte oppstår i eit attgroande jordbrukslandskap.
sivsongar	H	Spreidd i Nord-Norge (vierkratt, open skog) og langs kysten i Sør-Norge (takrør- og sivvegetasjon ved vatn og vassdrag, og frodige, attgroande fuktenger med høg undervegetasjon og buskar i kulturlandskapet). Spreidd også i vårt fylke, særleg langs kysten. Insektertar.
busksongar	H, S	Første norske hekkefunn i Aure i 1995, elles spreidde observasjonar. Arten er i ekspansjon vestover, t.d. 8000 par i Finland. Knytt til attgroande fuktengar med t. d. mjødurt, hundekjeks og bringebær, og i tillegg ønsker den buskar. Insektertar.
myrsongar	S	Sjeldan hekkefugl i Norge, mest på Søraustlandet og Sørlandet. Fåtalig på kysten av vårt fylke, kan ha hekka, men dette er ikkje påvist. Hekkar i takrørområde, grøfter, kanalar og frodige, attgroande fuktenger med høg undervegetasjon og buskar (t.d. brennesle, mjødurt og bringebær) i kulturlandskapet. Lever av insekt.
møllar	H	Hekkar spreidd i Sør-Norge, sjeldan på Vestlandet. Spreidd og fåtalig over det meste av fylket vårt, men er sjeldnast på Sunnmøre. Knytt til open, fattig barskog, lèbelte på kysten, opp i fjellbjørkeskogen i einerbuskmark ved setrane, t. d. i Grøvuvassdraget i Sunndal. Lever av insekt, om hausten også bær.
tornsongar	H	Relativt vanleg i låglandet i Sør-Norge, sjeldan i Nordland. Trivst i varme, tørre, opne gras- og lyngmarker med buskar av m. a. rose-arter, urterike og buskrike skogkantar, hogstflater m.m. Lever av insekt og edderkoppdyr, om hausten og bær.
hagesongar	H	Hekkar relativt vanleg over det meste av Sør-Norge, men lite vanleg på Vestlandet. I Møre og Romsdal også relativt vanleg, men meir spreidd på Sunnmøre. Hekkar i buskrik vegetasjon, skogkantar, hekkar og bærbuskar i hagar. Lever av insekt og edderkoppdyr, om hausten også bær.
munk	H	Hekkar vanleg over det meste av Sør-Norge, sjeldnare nordover. I Møre og Romsdal vanleg i lauvskog, skogkantar og buskrike beitemarker, vil gjerne ha frodig og høg undervegetasjon, opp i 1100 m o. h. i vierkratt nær bjørkeskoggrensa i Grøvudalen. Lever av insekt, om hausten også bær.
gråfluge-snappar	H	Finst over det meste av landet, vanleg i Sør-Norge, også vanleg i fylket vårt, men ikkje vanleg i fjellbjørkeskog. Han trivst i opne skogar av ulike slag, også i hagar, parkar og skogkantar, særleg i trektida. Føda er insekt som han fangar i lufta, om hausten også bær.
svartkvit fluge-snappar	H	Finst over det meste av landet, vanleg i Sør-Norge, også vanleg i fylket vårt, opp i fjellbjørkeskogen. Han trivst i opne skogar av ulike slag, også i hagar, parkar og skogkantar. Føda er insekt og edderkoppdyr, om hausten også bær.
lauvmeis	H	Hekkar i låglandet i Sør-Norge, vanleg også her i fylket. Trivst i lauvskog i mosaikk med ope kulturlandskap, hagar og parkar, går ikkje opp i fjellbjørkeskogen. Lever om sommaren av insekt, om vinteren av ulike frø som delvis er hamstra.
blåmeis	H	Hekkar i låglandet i Sør-Norge, sjeldan lengre nord, vanleg her i fylket. Trivst i storstamma, open lauvskog, gjerne i mosaikk med ope kulturlandskap, også i hagar og parkar, går sjeldan opp i fjellbjørkeskogen. Lever om sommaren av insekt og edderkoppdyr, om vinteren av bær og frø.
kjøtmeis	H	Hekkar over det meste av landet, sjeldan lengst nord, vanleg her i fylket. Trivst i open lauv- og blandingsskog, gjerne i mosaikk med ope kulturlandskap, også i hagar og parkar, går fåtalig opp i fjellbjørkeskogen. Lever om sommaren av insekt og edderkoppdyr, om vinteren av frø og knoppar.
spettmeis	H	Hekkar relativt vanleg i låglandet i Sør-Norge nord til Hitra og Ørlandet, vanleg også i fylket vårt, men har truleg kolonisert Nordmøre etter 1925. Føretrekker storstamma, gammel lauvskog, dessutan kulturlandskap, parkar og hagar med store lauvtre. Tettleiken er størst i edellauvskog med eik eller hassel. Går ikkje mange hundre meter over havet. Føda er mest insekt om sommaren, haust og vinter mest net og frø som dels er hamstra.

skjor	H	Hekkar ved dyrka mark og busetnad over heile landet. Er ein altetar som et både animalsk og vegetabilsk føde, inklusive fugleegg og -ungar.
kaie	O	Førekjem berre på trekk og overvintring i fylket vårt, hekkar rundt Trondheimsfjorden, kanskje også i Nordfjord. Knytt til dyrka mark, avfallspllassar, kan hekka i parkar, kyrkjegardar og tettstader. Et m. a. smådyr, avfall, åtsel og korn.
kornkråke	O	Svært vanleg i kulturlandskapet sørover i Europa, men hekkar i Norge berre i Mjøs-området, Rogaland og ved Trondheim. I vårt fylke berre på trekk og overvintring. Knytt til åker og eng, eller avfallspllassar. Krev i hekketida tilgang på treklynger. Altetar.
kråke	H	Hekkar vanleg over så godt som heile landet unntake store barskogområde og nakne fjellvidder, dette gjeld også i vårt fylke. Den føretrekker skogholte som grensar til dyrka mark, men har kolonisert også opne kystheiari og fjellbjørkeskog. Altetar som om sommaren et mykje insekt, fugleegg og -ungar, om vinteren mest avfall, åtsel og korn. Er derfor mest knytt til jordbruk og busetnad om vinteren. Den mellomeuropeiske underarten svartkråke blir observert av og til i fylket.
ramn	H	Hekkar over heile landet, vanleg her i fylket, særleg på kysten. Hekkar i fjellsider og bratteng, og i småskrentar i kystheiari. Produktive strandsoner og kulturlandskap kan vera viktige deler av matleitingsområdet (AOF). Avgjerande for val av hekkeområde er tilgangen på animalsk næring som åtsel, avfall, fugleegg og -ungar. Ofte på soppelpllassar.
stare	H	Hekkar vanleg i Sør-Norge, også i vårt fylke, meir spreidd i Nord-Norge. Knytt til kulturlandskap og busetnad med eng, beitemark, parkar, hagar og skogkantar, frå dei ytste skjer til opp i fjellbjørkeskogen. Har ekspandert kraftig sidan førre århundre, men har dei to siste tiåra igjen gått sterkt attende. Dette skuldast truleg dels etterstrebing og giftbruk i vinterkvartera, dels attgroing og tilplanting av beitelandskap i hekkeområda. Lever av smådyr som insekt, meitemark m.m., dessutan bær, korn o.a. vegetabilsk næring.
gråsporv	H	Hekkar i bebygde strok over heile landet, vanleg også her i fylket, opp til 700 m o. h. på Røymoen i Sunndal. Er sterkt knytt til busetnad, og finst særleg i tettbygde strok og gardsbruk. Et korn, ugrasfrø o.a. vegetabilsk næring, om sommaren dessutan mykje insekt.
pilfink	H	Hekkar mest på Austlandet og i Rogaland, men det er og gjort nokre hekkefunn i Nordfjord og på Sunnmøre. Hekkar som gråsporven i og ved hus, men også i innhole tre langs vegar og skogkantar som grensar til dyrka mark. Den et i mindre grad korn og i større grad ugrasfrø og insekt enn gråsporven.
grønfink	H	Hekkar først og fremst i kulturlandskapet i låglandet i Sør-Norge, i vårt fylke mest vanleg i ytre og midtre strok. Trivst i eit variert landskap med dyrka mark, skogholte, open blandingsskog, og gjerne mykje buskas og småtre. Har truleg auka i bystrok med hekkar, hagar og parkar. Et først og fremst plantekost som frø, bær og knoppar, men og litt insekt.
stillits	T	Hekkar spreidd på Austlandet, Sørlandet og ein ustabil bestand på Sørvestlandet. I vårt fylke berre på streif. Føretrekker open lauvskog og kulturlandskap, m.a. beitemarker med mykje tistel og andre store urter, men og tettbygde strok med hagar og parkar. Et mest frø, særleg av tistel, borre og ulike treslag, men og rognbær, knoppar og litt insekt.
tornirisk	H	Hekkar mest på Aust- og Sørlandet, men nokre hekkefunn også i vårt fylke, for det meste Ytre Sunnmøre og Romsdal, der m. a. Giske og Fræna har små faste bestandar. Knytt til skogkantar, granplantefelt og ope kulturlandskap med buskar, kratt og ugras. Lever mest av ugrasfrø, og har truleg gått attende dei siste 20 åra pga. ugrasbekjemping.
bergirisk	H	Hekkar over mest heile landet, manglar i låglandet på Austlandet, vanleg i vårt fylke. Hekkar mest i vegetasjonsfattige berghamarar frå kyst til fjell. Utanom hekketida ferdast den mykje langs strender og i kulturlandskapet på leiting etter frø av ulike planter.
dompap	H	Hekkar over heile landet, vanleg her i fylket. I hekketida tilhald i bar- og blandingsskog til over 700 m o.h. i øvre Sunndal. I vinterhalvåret streifar den ofte i kulturlandskapet og tettbygde strok på leiting etter frø, knoppar, frukt og bær.
kjernebitar	S, H	Hekkar på Aust- og Sørlandet, men hekkefunn også i Surnadal. Elles berre på streif i vårt fylke. Knytt til høgstamma lauvskog med sparsam undervegetasjon, og i parkar med store tre. Knuser steinane i kirsebær, moreller og plommer, et vidare diverse frø og litt insekt.
gulsporv	H	Hekkar relativt vanleg i kulturlandskapet i Sør-Norge, fåtalig lenger nord. Hekkar i heile Møre og Romsdal, men relativt sjeldan på Sunnmøre. Trivst best i kulturlandskap med mykje kantsonar, beitemark med spreidde tre, også i hogstfelt nær jordbrukslandskap. Har gått attende som følgje av attgroing og tilplanting av beitemark, færre kantsoner, mindre buskas, tettare driftbygningar og mindre spillkorn. Vart også ramma av kvikksølvbeising av såkorn på 1950- og 60-talet. Et haust og vinter mykje frø, særleg spillkorn, om sommaren også insekt.


hortulan	H	Hekkar på Austlandet, men har også tidlegare også hekka i Trøndelag, m. a. i Oppdal på 1950-talet, og i Nordland. I vårt fylke hekkefunn i Rindal i 1969 (Ålbu 1994), og hekkeindikasjon i Svidalen, Sunndal 1970-72 (Bevanger & Jordal 1981). Har gått sterkt attende som følgje av beisa såkorn og tilbakegang av biotopen som den er sterkt knytt til, nemleg tørre, soleksponerte beitemarker med spreidde tre. Den kan også etablira seg i brannflater etter skogbrann, og dette er no den viktigaste biotopen på Austlandet. Lever av m.a. korn, insekt og meitemark.
kornsporv	S	Hekka på Sørvestlandet før 1940, har gått sterkt attende i Europa, truleg som følgje av omleggingar i jordbrukslandskapet. I vårt fylke svært sjeldan på streif. Et særleg korn, men og insekt.
sivsporv	H	Hekkar over det meste av landet og stort sett heile Møre og Romsdal; i låglandet og på kysten i høg og frodig vegetasjon ved innsjøar og i attgroande, frodige fuktenger; i fjellskogen og på snaujellet i myr- og vasskantar, vierkratt m.m. Lever av insekt, edderkoppar og frø.

Tabell 4 innehold 74 artar, av desse er 61 funne hekkande her i fylket. Det er ein gradvis overgang frå openmarksartar til skogartar, fjellartar, strand-, sjø og våtmarksartar og det seier seg sjølv at utvalet er skjønsmessig og subjektivt. Det kunne t. d. vore teke med fleire artar som finst i llynghieane på kysten. Det er lagt vekt på å få med dei artane ein oftast treffer på i jordbrukslandskapet, også ein del av dei som ikkje hekkar her, men brukar det til næringssøk i deler av året. Artar med ein meir sporadisk bruk er utelett.

I tabell 5 nedanfor har vi prøvd å gruppera fugleartar som hekkar i kulturlandskapet i Møre og Romsdal etter biotopkrav.

Tabell 5. Biotopkrav til hekkande fugleartar i kulturlandskapet i Møre og Romsdal, grov og skjønsmessig oversikt. Somme artar er ført opp i fleire biotoptypar. Under llynghi er det ført opp nokre artar som ikkje er omtala i tabell 4. Desse artane er ført inn under "kystsamfunnet" av Bevanger (1977).

Habitat	Artar
Mosaikk skog/ope terregn, attgroande lauvkratt, skogkantar og open skog	ringdue, kattugle, hornugle, vendehals, grønspett, dvergspett, gulerle, svarttrast, gråtrast, raudvengetrast, tornsongar, hagesongar, munk, gråflugesnappar, svartkvit flugesnappar, lauvmeis, blåmeis, kjøtmeis, spettmeis, skjor, kråke, stare, pilfink, grønfink, gulsporv
Opne grasmarker med buskar/tre	buskskvett, møllar, tornsongar, hagesongar, munk, tornirisk, hortulan
Grasmarker, beite, åkerlandskap, helst ope/trefattig	grågås, kanadagås, åkerrikse, vaktel, vipe, storospove, raudstilk, songlerke, linerle
Høg gras/urterik vegetasjon, attgroande frodig fukteng	åkerrikse, vaktel, raudstilk, blåstrupe, buskskvett, grashoppesongar, myrsongar, sivsongar, busksongar, sivsongar
Llynghi	grågås, lirype, tjeld, heilo, storospove, fiskemåse, gråmåse, svartbak, songlerke, svartstrupe, heipiplerke, skjærpiplerke
Byar, tettstader, gardsanlegg, gjerne i/ved bygningar	bydue, tyrkerdue, tårnseglar, lavesvale, taksvale, linerle, gråsporv, pilfink



Figur 3. Talet på hekkande fuglearter i ulike typar kulturmark i Møre og Romsdal. Utvalet er skjønsmessig, og nokre artar er ført opp i fleire kulturmarkstypar (sjå tabell 5).

Som ein ser, er kantsoner og mosaikk mellom ulike naturtyper viktig for talet på fuglearter som trivst i eit landskap. Beitemarker og andre grasmarker som ikkje blir drive for intensivt, er og viktig for mange artar. Mest uheldig er tidleg slått. Attgroande, frodig fukteng og lauvkratttoppslag på attgroande mark kan ein periode også vera viktig for somme artar. I lyngheiane på kysten får ein også ein "kantsone", i dette tilfellet mot sjøen, noko som gjer at ein kunne teke med langt fleire artar som i størst grad er knytt til strand, sjø og våtmarker. Dette møtet mellom sjø og land innehold mykje næring på eit lite område, og er også artsrikt. I tillegg er lyngheiane i seg sjølv ein mosaikk med tørre, fuktige og våte parti, myr, veiter, bergskorter med buskar, strandberg osv.

Truga kulturmarksfuglar

Tabell 6. Fugleartar i kulturlandskapet i Møre og Romsdal som står på forslag til revidert norsk raudliste (Myklebust 1996), og som hekkar eller har (kan ha) hekka i fylket.

E	=	direkte truga (utryddingstruga)
V	=	sårbar
V+	=	hensynskrevande
K	=	utilstrekkeleg kjent

Norsk namn	Status	Kommentar
åkerrikse	E	Sjeldan, krev særlege tiltak, omtala i eige kapittel nedanfor
hortulan	E	Hekkar ikkje lenger
skogdue	V	Sjeldan på streif i fylket, t. d. Romsdalen, berre ei sannsynleg hekking (Aure)
vendehals	V	Sjeldan i fylket, har gått tilbake
dvergspett	V+	Relativt spreidd, men med noko perifer tilknyting til kulturlandskapet
vaktel	K	Sjeldan, i brakkengar i kulturlandskapet

Den mest truga arten i kulturlandskapet i fylket er åkerriksa. Vidare er hortulan truga, men denne arten hekkar ikkje i fylket lenger. Skogdue hekkar knapt i fylket vårt for tida, men blir av og til observert, t. d. i Romsdalen. Spettane vendehals og dvergspett er oppførte i ulike kategoriar. Vendehalsen er sjeldan, dvergspetten har framleis gode bestandar i fylket, dels opp i fjellbjørkeskogen. Vaktel er ein sjeldan gjest som truleg hekkar i brakkengar m.m. somme år. I

tillegg til artane i tabell 6 kan eit par artar til nemnast. Hubro er ein sårbar art som delvis nyttar kulturlandskapet til matleiting, men som hekkar på meir avsidesliggjande stader. Gråspetten (utilstrekkeleg kjent) er fåtalig og med svak tilknyting til kulturlandskapet.

Åkerrikса sin status i fylket

Åkerrikса er ein av tre globalt truga artar som førekjem i Norge. I 1994 vart åkerrikса utpeika til ein felles europeisk satsingsart.

I slutten av førre århundre skreiv fugleforskaren Robert Collett om åkerrikса: "Ruger almindelig i de fleste lavereliggende strøg op til søndre Helgeland. Langs vestkysten forekommer den overalt i stort antal fra Jæderen af op til Trondheimsfjorden." Frå da av fram til 1940 har bestanden vorte redusert til bortimot ingen ting.

Åkerrikса trivst og hekkar i høgt gras, og vart derfor eit offer for mekaniseringa i jordbruksområdet. Det var slåmaskina og seinare forhaustaren som vart banen for denne arten. Den tida ein slo med ljå, kunne ein unngå å øydeleggja eventuelle reir, og ofte slo ein så seint at ungane var store og trekte unna ved eiga hjelp. Rundt århundreskiftet byrja hesteslåmaskina å bli vanleg. Reira vart da lettare øydelagt, og eventuelle ungar fekk mindre høve til å koma seg unna. Seinare kom traktoren og traktorslåmaskina, og enda seinare forhaustaren. Samstundes vart det ei utvikling i retning av ensilering av graset og dermed tidlegare slått, slik at hekkesuksessen vart nærmest lik null. Vi fekk og kanaliseringsspolitikken, som fjerna mykje av husdyra og dermed grasproduksjonen frå store deler av Austlandet. Frå ca. 1910 og fram til 1940-50 forsvann åkerrikса frå dei fleste jordbruksområda i landet vårt. Tilbakegangen har fortsett på 1970- og 80-talet, og hekkebestanden i Norge er truleg på 50-100 par. I 1992 kom det inn melding om berre 20 ropande individ frå heile landet, medan talet etter meir systematisk innsamling av opplysningar i 1995 vart ca. 70 ropande individ (Folvik & Øien 1995). I 1996 var talet berre ca. 29 individ (Folvik & Øien 1996).

Åkerrikса er i stor grad knytt til frodig kulturmark med relativt høgt gras, både gjødsla eng til slått, fuktenger og starrområde ved sjø og ferskvatn, og brakkområde nær dyrka mark. Den førekjem av og til og i kornåkrar, og har i Sverige overlevd i bygder med mykje rugdyrkning.

I Norge er jordbruksområda i Rogaland og Møre og Romsdal mellom dei viktigaste attverrande hekkeområda for åkerrikса (tabell 7).

Tabell 7. Talet på registrerte åkerrikser i ulike fylke i 1995-96 (Folvik & Øien 1995, 1996; Alv Ottar Folkestad).

Fylke	1995	1996	Fylke	1995	1996
Østfold	8	0	Rogaland	36	20
Akershus	1	2	Hordaland	5	3
Hedmark	0	(1)	Sogn og Fjordane	1	0
Vestfold	3	1	Møre og Romsdal	8	4
Telemark	2	0	Sør-Trøndelag	1	1
Vest-Agder	4	(1)	Nordland	1	0
			Sum	70	ca. 30

Som ein ser av tabell 7 var Rogaland i begge dei to siste åra det viktigaste fylket for arten. Det har likevel vore ulik innsats i dei ulike fylka, og det kan tenkjast at bestanden er noko høgre i vårt fylke enn tabellen gjev inntrykk av. Jensås (1988) oppsummerer observasjonar av åkerrikse her i fylket frå 1957 til 1987. Oppsummeringa viser ein topp i talet på observasjonar i 1975, da det var eit opprop om åkerrikse i radio og aviser. Frå Møre og Romsdal kom det da inn melding om 26 ropande hanner. Seinare er det årleg hørt åkerrikse på ein del av desse lokalitetane pluss nokre nye lokalitetar, men situasjonen er likevel kritisk. Det ser ut til at den kan trivast i visse område med brakk dyrkamark og andre område med høgt gras som ikkje blir slått. Totalt vart åkerriksa observert på ca. 100 lokalitetar i perioden 1957-87, men mange av desse er høvelege for arten berre i ein kortvarig attgroingsperiode, og er dermed ikkje lenger aktuelle som hekkelokalitetar. Dersom hekkinga blir øydelagd på grunn av slått, kjem arten ofte ikkje att seinare (Jensås 1988).

Tabell 8. Lokalitetar med åkerrikse i ulike kommunar i Møre og Romsdal 1957-1987 etter Jensås (1988). Ikjelde Alv Ottar Folkestad.

Kommune	57	60	62	64	67	68	69	70	71	73	74	75	76	77	78	79	80	81	82	83	84	85	86	87					
Sande																			2	4	1	>1	>1	1					
Herøy	1								1	1	2	2	1					2	1	3	3	2	2	1					
Ulstein									1			1												1					
Hareid				1	1	1					1	1							1										
Volda		1																											
Ørsta												1																	
Ørskog												1																	
Sula											1																		
Ålesund						2	1				1		1																
Giske						3	4				3		1									>1	>1	3 ¹					
Haram											3							1	1		4								
Vestnes								1																	1				
Rauma			1							1	1																		
Nesset		1							1																				
Midsund												1																	
Sandøy												3																	
Aukra	1								1		1								1	1		1							
Fræna					1	1			1	2	3																		
Averøy	1								1	1	1				1											1			
Frei	1									2	1					1													
Kr. sund													1								2								
Tingvoll												1																	
Sunndal													1																
Surnadal			1					1	1	1	1										1								
Rindal		1											1														1		
Halsa													1																
Smøla																											1		
Sum	4	1	1	2	2	3	1	6	8	7	12	26	3	2	1	1	3	5	8	12	5	4	3	10					

I tillegg til dette finst nokre spreidde observasjonar for tida 1989-1994 som ikkje er systematiserte. T. d. i Surnadal vart ein fugl fanga og ringmerka 15.7.91. Året etter vart same fuglen fanga og kontrollert på Øyamoane 3.7.92, den hadde tilhald frå 4.6. til langt ut på ettersommaren, og den 20.6. vart det hørt to fuglar (Heggset 1993). I 1991 hadde ein fugl tilhald i Sunndal kommune (Rallus 3/91 s . 70).

Tabell 9. Registrerte lokalitetar for åkerrikse i Møre og Romsdal i 1995-96 (Folvik & Øien 1995, 1996; Rallus 3/95:119-120; AOF=Alv Ottar Folkestad).

Kommune	Lokalitet	Biotop	Tidsrom	Kommentar
Eide	Svanvika	graseng m. høymol	mai-juli 1995	enga vart ikkje slått
Fræna	ved Gule	graseng og brakkmark	frå 10.6.95	2 ropande ind. + 1 vaktel
Giske	Valderøy		1995	1-2 ind.
Giske	Rørvik, Vigra		25.5.95	1 syngande
Giske	Rørvikvågen-Roald, Vigra		25.5.-juli 1995	1 syngande
Giske	Vigra		juni 1996	1 ind. (AOF)
Giske	Giskeødegård		juni 1995	2 syngande (AOF)
Gjemnes	Søvik, Storlandet	artsrik graseng	ca. 3.-10.6.95	forsvann etter slått ca. 10.6.
Kristiansund	Øygarden v/flyplassen	brakkeng m. hundekjeks	25.6. til sist i juli 1995	enga har ikkje vore slått på 10 år, fuglen ringmerka 14.7.
Kristiansund	Byskogen	brakkeng	juni 1995	
Rauma	Eidsbygda	graseng	primo juni 1996	forsvann før slåtten
Smøla	"Nordaust- Smøla"		25.6.96	
Smøla	Frostadheia	grasmark m. mjødurt	frå 16.6.95	enga vart truleg ikkje slått
Ørsta	Bondalen	graseng	15.6.-primo aug. 1995	enga slått etappevis

Dei ulike lokalitetane i tabell 9 ovanfor er kommenterte under gjennomgang av dei ulike kommunane seinare i denne rapporten.

PLANTER, VEGETASJON OG SOPP

Lokalitetar undersøkte i 1995-1996 (jfr. vedlegg 1)

Figur 4 på neste side viser eit kart over Møre og Romsdal med oversikt over lokalitetar som er undersøkte i 1995 og 1996. Vedlegg 1 inneheld ei oversikt over ein del nøkkeldata for dei same lokalitetane: dato(ar) for besøk, kartblad (M711-serien, 1:50 000), UTM-koordinatar (WGS84 for alle lokalitetar), høgde over havet, vegetasjonsseksjon, vegetasjonssone og landskapsregion (sjå forklaring på dei tre siste i metodekapitlet).

Oversikt over lokalitetane med kommune, lokalitetsnamn og sidetal der dei er omtala finst elles i tabell 10 side 27.


Resultatoversikt

Resultata er presenterte slik: lister over planter på kvar lokalitet i vedlegg 2, ruteanalysar i vedlegg 3, lister over soppsopp i vedlegg 4. Vidare er ein del nøkkeldata som er viktige for verdsetting av lokalitetane presenterte på dei komande sidene. Dette gjeld følgjande tabellar: lokalitetane sorterte kommunavis med talet på plante- og soppartar (tabell 10), dei mest artsrike lokalitetane når det gjeld beitemarkssopp (tabell 11) og naturengplanter (tabell 12), og talet på planteartar i 100 m² analyseruter (tabell 13). Deretter kjem kommentarar til planteartar i kulturlandskapet i fylket som står på DN si raudliste, og ei oversikt over lokalitetar med direkte truga artar av beitemarkssopp, før omtalen av einskildlokalitetar startar.

Artslister (jfr. vedlegg 2 og 4)

Lister over planteartar og soppartar er samla lokalitetsvis i vedlegg 2 og 4 attast i rapporten.

Kartet på neste side viser plasseringa av dei 200 lokalitetane som er besøkt i Møre og Romsdal i 1995-96. →



Figur 4. Lokalitetar besøkt i 1995 og 1996.
(M=1:1000000)

Kartframstilling Fylkesmannen i More og Romsdal

Lokalitetsoversikt med sidetal og tal planteartar og soppartar

Lister over planteartar og soppartar er som nemnt samla lokalitetsvis i vedlegg 2 og 4 attast i rapporten. Kva artar som reknast som naturengplanter, seterplanter og beitemarkssopp går fram av tabell 1-3 i metodekapitlet. Nedanfor er det presentert ei oversikt over talet på artar i dei ulike kategoriane, maskinelt summert, og sortert alfabetisk etter kommune- og lokalitetsnamn.

Tabell 10. Oppsummering av ein del biologiske data for lokalitetar undersøkte i 1995 og 1996. Tabellen viser og til sidetal der lokaliteten er omtala. Lokalitetar utan sidetal er omtala i tidlegare rapportar, utan at det no er vesentleg nytt å tilføya. For lokalitetar som også er undersøkt tidlegare omfattar resultata alt som er kjent frå lokalitet, ikkje berre det som er funne i 1995-96. Lokalitetane er sorterte alfabetisk etter kommune og lokalitetsnamn.

Forklaring på forkortinger:

Sidetal	viser til sidetal i denne rapporten, lokalitetar utan sidetal er oftast omtala i andre rapportar
pl	talet på planteartar totalt
npl	talet på naturengplanter (sjå tabell 1)
spl	talet på seterplanter (sjå tabell 2)
pbms	talet på artspoeng for beitemarkssopp
gms	totaltalet på soppartar i grasmark
bms	talet på beitemarkssopp
vs	talet på vokssoppartar
Raudlista sopp:	talet på soppartar i ulike raudlistekategoriar (Bendiksen m. fl. i trykk)
E	direkte truga artar
V	sårbare artar
R	sjeldne artar
V+	hensynskrevande artar

Kommune	Lokalitetsnamn	Side-tal	Tal planteartar			Tal soppartar				Raudlista soppartar			
			pl	npl	spl	gms	bms	pbms	vs	E	V	R	V+
Aukra	Aukraholmen	36	58	10	0	16	6	7	4				
Aukra	Engholman	36	56	12	0	5	0	0	0				
Aukra	Horremsbukta	37	46	9	0	2	0	0	0				
Aukra	Lauvåsen (Julsundet)	37	91	18	1	16	7	8	4				1
Aukra	Løvika	37	36	7	0	10	3	3	1				
Aukra	Løvika: Landholmen	38	50	9	0	4	0	0	0				
Aukra	Løvika: Vedaholmen	38	39	9	0	12	7	14	5	1			
Aukra	Nerbøberget	38	-	-	-	3	3	3	0				
Aukra	Nerbøstrand	39	52	14	0	0	0	0	0				
Aukra	Røyrvika	39	47	15	0	22	13	21	7				2
Aukra	Småge: Nordre Helleøya	39	60	12	0	0	0	0	0				
Aukra	Småge: Vestre Risøya	40	58	9	0	7	3	3	3				
Aure	Husfest	40	66	16	0	28	12	22	11	1			1
Averøy	Kalvøya	42	34	6	0	3	0	0	0				
Averøy	Litj-Lauvøya	42	62	15	0	38	23	38	13	1			2
Averøy	Sør-Ramsøya	43	44	12	0	34	19	27	11				3
Averøy	Tøvik	43	45	11	1	8	3	3	1				
Averøy	Vågholmen	43	45	11	0	29	19	24	11				2
Eide	Einhagen	44	19	4	0	5	0	0	0				
Eide	Ugelstadsetra	44	15	1	0	0	0	0	0				
Frei	Nerbolga	45	-	-	-	2	1	1	1				
Fræna	Skutholmen	46	50	15	0	45	25	52	14	2	1		2
Giske	Godøya: Alnes, på fjellet	46	-	-	-	10	8	9	7				1
Giske	Godøya: Alnes, vestre del	46	59	16	1	36	24	47	18		2		5
Giske	Godøya: Alnes, austre del	46	-	-	-	30	23	48	16		2		5
Gjemnes	Bergsøya: Bergsholmen	48	90	12	0	3	0	0	0				
Gjemnes	Bergsøya: Høgholmen	48	46	7	0	0	0	0	0				
Gjemnes	Bergsøya: Isakholmen	48	54	9	0	0	0	0	0				
Gjemnes	Bergsøya: Jåholmen	49	62	7	0	0	0	0	0				
Gjemnes	Bergsøya: Storholmen	49	56	11	0	0	0	0	0				
Gjemnes	Brubæksetra	49	45	6	0	0	0	0	0				
Gjemnes	Duålia	49	55	15	0	1	1	2	1				1
Gjemnes	Flåberget	50	49	13	1	0	0	0	0				
Gjemnes	Gagnat og Sogna	50	117	15	0	48	25	37	14	1		1	3
Kommune	Lokalitetsnamn	Side-tal	Tal planteartar			Tal soppartar				Raudlista soppartar			
			pl	npl	spl	gms	bms	pbms	vs	E	V	R	V+

Gjemnes	Gagnatetrane	50	58	6	0	0	0	0					
Gjemnes	Hoem: Nylenna	51	47	6	0	3	1	1	1				
Gjemnes	Jutulen ved Gjemnes	52	60	16	0	5	0	0	0				
Gjemnes	Langdalen: Botnvatnet	52	75	6	1	0	0	0	0				
Gjemnes	Silsetfjellet: Gammelsetra	52	41	12	2	3	0	0	0				
Gjemnes	Silsetfjellet: Innergardssetra	53	52	10	2	1	0	0	0				
Gjemnes	Silsetfjellet: Stokkåsen	53	51	13	2	2	0	0	0				
Gjemnes	Skeidsdalen: Kvennrotdalen	53	74	12	13	1	0	0	0				
Gjemnes	Skeidsdalen: Sjømælingsetra	54	53	11	0	4	0	0	0				
Gjemnes	Svanavollen	54	49	8	0	18	6	6	3				
Gjemnes	Øverlandsetra	54	75	16	2	2	0	0	0				
Gjemnes	Åndal	55	53	15	0	4	2	2	2				
Gjemnes	Åndalssetrane	55	57	12	4	0	0	0	0				
Halsa	Engdalen: Gammelsetra	55	44	11	1	0	0	0	0				
Halsa	Kvalnesvik v/Kalsetlia	56	-	-	-	6	6	6	4				
Halsa	Rodalssetra	56	39	7	0	3	0	0	0				
Halsa	Valsøya: Lamholmen	56	67	8	0	0	0	0	0				
Halsa	Valsøya: slåtteeng	56	34	8	0	0	0	0	0				
Halsa	Aakvik: Innergarden: Hamna	57	68	20	0	22	14	20	9				1
Herøy	Kvitnes	58	32	11	1	49	35	54	15	1		6	
Herøy	Flusundet	58	48	15	2	17	9	17	7	1		1	
Herøy	Gurskøya: v. for Tarberg	59	36	11	1	31	19	35	14	1		2	
Herøy	Gurskøya: v. for Løset	59	39	11	1	22	14	23	12	1		1	
Herøy	Nerlandsøy: Mulevika	60	54	19	2	72	48	116	23	1	4	1	10
Herøy	Nerlandsøy: Myraneset	61	-	-	-	40	23	42	11	1		6	
Herøy	Rimøyvika	61	49	13	1	10	2	2	2				
Herøy	Runde: Goksøy	61	63	14	1	33	20	33	12	1		4	
Herøy	Runde: Måganestet	62	69	18	2	14	5	6	3			1	
Molde	Hjertøya	-	81	15	0	31	24	28	12				
Nesset	Eikesdal: Botnasetra	63	51	11	3	2	1	1	1				
Nesset	Gravdalen i Eikesdalsfjellet	63	102	14	21	1	1	1	1				
Nesset	Kanndalen: Storstølen	64	58	10	2	0	0	0	0				
Nesset	Kanndalen: Gaddhaugane	64	51	6	4	4	0	0	0				
Nesset	Meisal: Liasetra	64	75	14	1	11	2	2	2				
Nesset	Nesset prestegard	-	61	8	0	0	0	0	0				
Nesset	Rødsetrane: Dalasetra	65	38	8	1	1	0	0	0				
Nesset	Rødsetrane: Haugsetra	65	51	9	3	2	0	0	0				
Nesset	Åramsetra (Ranvik)	65	88	17	2	6	0	0	1				
Norddal	Herdalssetrane, ved husa	66	61	14	7	21	9	11	6			1	
Norddal	Herdalssetrane, Ø for elva	66	62	17	6	15	9	13	3			1	
Norddal	Herdalen: Botnen	67	69	19	2	43	33	58	16	3	1	6	
Norddal	Indreidssdalen	68	51	17	2	28	19	30	13	2		1	
Norddal	Valldal: Myklebustsetra	68	45	12	2	5	3	4	2			1	
Norddal	Valldal: Valldalssetra	68	54	15	3	19	15	26	10	1		3	
Norddal	Valldal: Nedstestølen	69	45	13	4	12	7	8	6			1	
Norddal	Valldal: Øvstestølen	69	29	4	2	4	0	0	0				
Norddal	Valldal: Slettvikane	69	-	-	-	1	0	0	0				
Rauma	Herje: Myrssetra	70	-	-	-	6	2	2	1				
Rauma	Ljosådalen: Ingridsetra	70	25	5	3	0	0	0	0				
Rauma	Ljosådalen: Haukebergsetra	70	-	-	-	1	1	1	1				
Rauma	Mittet: Skrokkensetra	70	45	10	1	12	6	6	5				
Sande	Gurskøya: Gjønes	71	26	8	1	22	16	28	10	1		1	
Sande	Gurskøya: Hidsnes	71	28	8	1	17	9	10	6				
Sande	Kvamsøya: Kletten	71	42	13	0	16	8	10	7			1	
Sande	Kvamsøya: Ristesundet	72	30	10	0	10	7	9	4			1	
Sande	Riste	72	110	29	1	48	33	73	23	1	4	3	
Sande	Sandsøy: Holstøa	73	-	-	-	14	11	18	7	1			
Sande	Sandsøy: N f. Sandshamm	73	50	19	2	36	29	75	17	1	4	3	
Sande	Sandsøy: Ulandsvika	73	-	-	-	39	28	57	15	2		5	
Sandøy	Easteinen ved Sandøy	75	72	10	0	30	18	27	10			3	
Sandøy	Kvaløya	75	56	10	0	15	9	17	5	1		1	
Sandøy	Seterøya	75	73	20	0	44	28	48	15	1		4	
Sandøy	Uksnøya	76	65	12	0	25	17	35	9	1	1	2	
Skodje	Fylling: Nedreli	77	40	16	0	46	28	71	18	2	4	1	2
Kommune	Lokalisetsnamn	Side-tal	Tal planterattar			Tal soppartar			Raudlista soppartar				
			pl	npl	spl	gms	bms	pbms	vs	E	V	R	V+
Skodje	Fylling: Solli	78	30	11	0	4	2	2	2				
Skodje	Steinsetsetra	78	-	-	-	4	2	3	1				1
Smøla	Arnøya	-	-	-	-	30	18	30	12			1	3
Smøla	Ellertholmen (Kuliøya)	78	37	11	0	4	2	2	2				

Smøla	Elvegarden	-	98	29	4	20	13	21	6				4
Smøla	Elvegarden, ovafor vegen	-	60	15	5	0	0	0	0				
Smøla	Ersnes: Nystua	-	-	-	-	3	3	3	2				
Smøla	Furøya v. Rosvoll	-	-	-	-	21	15	28	14	1			2
Smøla	Gjelberg	-	-	-	-	2	2	3	1				
Smøla	Glassøya	79	58	18	0	35	19	31	15	1			3
Smøla	Gullbøen-Rangnes	-	-	-	-	5	4	4	2				
Smøla	Haverøya	80	36	11	0	31	22	44	16	2			4
Smøla	Hestøya	81	43	10	0	28	16	23	10				2
Smøla	Hoøya	81	46	9	0	7	2	3	3				
Smøla	Jøa, NV for gardane	81	40	21	1	44	29	63	17	3			4
Smøla	Jøa: Steinnesberget	-	44	12	0	15	3	3	1				
Smøla	Jøstøløya	-	-	-	-	5	4	5	3				1
Smøla	Korsholmen	-	-	-	-	2	0	0	0				
Smøla	Kuli: Breidvik	-	25	7	0	21	12	19	11	1			
Smøla	Kuli: N. f. Ørnklakken	-	47	13	0	13	4	4	3				
Smøla	Kuli: Rønningen	-	59	15	0	23	15	32	11	2			1
Smøla	Kuli: v. Kulihaugen	-	79	27	1	40	25	43	16	1			6
Smøla	Lauvøya	82	44	11	0	30	16	20	13				2
Smøla	Litj-Svelunn	82	26	5	0	14	9	9	6				
Smøla	Odden	-	-	-	-	5	2	2	2				
Smøla	Olderøya	82	37	6	0	3	1	1	2				
Smøla	Rangnes	82	56	12	0	17	12	14	9				2
Smøla	Skjølberg	-	102	22	5	0	0	0	0				
Smøla	Store Svelunn	83	54	14	0	29	18	28	12	1			
Smøla	Svinøya	83	37	8	0	32	19	30	16	1			1
Smøla	Valen v. Gullbøen	-	31	10	0	14	5	6	1				
Stordal	Gjerdstølen (Dyrkorn)	83	54	12	2	11	3	3	1				
Stordal	Langsetrane: Kvitlen	83	63	14	5	7	2	2	2				
Stordal	Langsetrane: Pjusken	84	44	11	3	5	0	0	0				
Stordal	Inste-Skotet	84	54	12	1	1	1	1	0				
Stordal	Meskotet	84	56	13	1	1	0	0	0				
Stordal	Ytste-Skotet	85	102	23	1	34	22	34	8	2	1	1	
Sula	Nørtingset: Nymark	86	26	10	0	20	14	16	11				
Sula	Sulabakken	86	46	16	1	7	4	4	4				
Sunddal	Almskåra	-	96	15	1	0	0	0	0				
Sunddal	Fjellgardene: Hafsåsen	87	34	12	8	21	11	15	3				1
Sunddal	Grødalen: Gammelsetra N	88	43	10	5	3	2	2	1				
Sunddal	Grødalen: Gammelsetra S	88	39	13	5	2	2	2	2				
Sunddal	Grødalen: Vangan	-	32	12	6	35	22	29	9				3
Sunddal	Grøvdalen: Bukta	92	99	14	22	1	1	1	1				
Sunddal	Grøvdalen: Flysetra	93	105	16	26	8	3	3	2				
Sunddal	Grøvdalen: Fægran	94	66	12	21	0	0	0	0				
Sunddal	Grøvdalen: Gammelsetra	93	127	20	35	29	16	18	9	1	2		
Sunddal	Grøvdalen: Hallen	91	50	12	10	10	7	11	3				1
Sunddal	Grøvdalen: Myrasetra	91	73	16	12	1	1	1	0				
Sunddal	Grøvdalen: Nysetra	92	102	16	29	6	2	2	1				
Sunddal	Grøvdalen: Storvollen	94	66	15	20	4	0	0	0				
Sunddal	Grøvdalen: Styggmarkja	92	64	15	14	0	0	0	0				
Sunddal	Jordalsgrend: Jordalsvøttu	-	42	10	0	54	36	69	18	1	3	1	5
Sunddal	Jordalsgrend: Jordalsøra	-	54	17	1	70	45	88	19	1	2	1	10
Sunddal	Jordalsgrend: Liasetra	-	47	8	4	22	6	6	5				
Sunddal	Jordalsgrend: Skrødalssetra	-	38	7	1	27	11	14	4				1
Sunddal	Lindalen: Gammelsetra	95	69	19	10	21	10	12	6				1
Sunddal	Lindalen: Middagshjellen	96	35	10	3	20	12	13	4				1
Sunddal	Reppdal: Reppdalssetra	97	84	14	15	0	0	0	0				
Surnadal	Melhus: Holtan	99	29	15	0	9	8	9	8				
Surnadal	Melhus: Stenberg	100				4	4	7	4	1			
Surnadal	Nordmarka: Austergardssetra	100	68	16	5	10	8	19	4	1	1		1
Kommune	Lokalitetsnamn	Side-tal	Tal planterartar			Tal soppartar				Raudlista soppartar			
			pl	npl	spl	gms	bms	pbms	vs	E	V	R	V+
Surnadal	Nordmarka: Erkgarden	100	32	9	1	24	13	16	9				2
Surnadal	Nordmarka: Tellesbøsetra	100	36	12	1	15	8	9	6				1
Surnadal	Nordmarka: Vaulen	101	63	19	3	10	8	13	6	1			1
Surnadal	Solli, Settemsdalen	101	56	15	1	3	1	2	1				1
Sykylven	Dravlausstølen	102	31	10	1	6	2	3	1				1
Sykylven	Eidemstølen	103	38	13	3	13	6	7	5				
Sykylven	Furesetra	102	26	7	0	5	2	5	1	1			
Sykylven	Grepstadstølen	103	37	17	1	19	12	19	9	1			1
Sykylven	Myrdalssetra	104	34	6	1	8	6	7	5				1

Sykylven	Nysetra	-	19	6	0	1	0	0	0			
Sykylven	Sør for Åsetsetra	103	42	16	2	6	3	3	0			
Sykylven	Drotninghaug: Reiten	103	44	13	0	11	6	14	4	1		1
Sykylven	Åsetsetra	103	-	-	-	9	7	12	5			2
Tingvoll	Tingvoll sentrum	-	-	-	-	12	10	21	5		1	3
Tingvoll	Bergem: Hamran	105	-	-	-	24	14	23	11		1	2
Tingvoll	Koksvik	105	-	-	-	18	12	15	7			1
Tingvoll	Tingvoll Gard: Saltkjelen	105	31	15	0	54	40	61	19		2	6
Tingvoll	Tingvoll-lia	-	-	-	-	35	21	33	13		1	1
Tustna	Sålå-sundet	-	-	-	-	0	0	0	0			
Tustna	Tømmervåg: Leirvåg	106	44	10	0	16	7	15	4		1	
Ulstein	Dimnasund	106	43	16	1	7	5	13	5		1	
Vanylven	Bøstranda i Syltefjorden	107	50	15	1	21	12	21	8		1	
Vanylven	Eidså	107	42	11	1	18	10	10	8			
Vanylven	Syvde: Landsverk	108	34	14	1	6	2	9	2		1	
Vanylven	Åheim: Holmen	108	39	10	0	9	2	2	1			
Ørskog	Grytalisetra	108	19	7	1	1	0	0	0			
Ørskog	Kvanndalssetra	109	33	7	2	6	2	2	1			
Ørskog	Sjøholtsetrane	109	33	15	1	1	1	1	1			
Ørskog	Sollisetra	109	34	15	1	1	1	1	0			
Ørskog	Svartløken	109	26	8	0	7	4	4	4			
Ørskog	Vagsvika, elveutløpet	110	-	-	-	4	1	1	0			

Tabellen ovafor inneheld data frå 200 lokalitetar besøkte i 1995 og 1996.

Sidan vi legg ein god del vekt på talet av naturengplanter og artspoeng for beitemarkssopp, vil vi på dei neste sidene presentera lokalitetane etter avtakande tal artspoeng for beitemarkssopp og avtakande tal naturengplanter. Dette er gjort utan å ta omsyn til at arealet på lokalitetane er ulikt, og utan å ta omsyn til at lokalitetane ikkje er undersøkt like grundig. For oversikta si skuld er alle undersøkte lokalitetar i fylket frå 1992 til 1996 tekne med i oversiktene som følgjer. Vi har berre teke med lokalitetar med minst 15 artspoeng for beitemarkssopp, eller med minst 12 naturengplanter.

Tabell 11. Oversikt over lokalitetar undersøkte i Møre og Romsdal 1992-96 sorterte etter avtakande tal artspoeng for beitemarkssopp. Berre lokalitetar med meir enn 15 artspoeng er tekne med.

pbms talet på artspoeng for beitemarkssopp
bms talet på beitemarkssopp
gms talet på grasmarkssopp

Kommune	Lokalitetsnamn	pbms	bms	gms	Kommune	Lokalitetsnamn	pbms	bms	gms
Herøy	Nerlandsøy: Mulevika	116	48	72	Smøla	Furøya v. Rosvoll	28	15	21
Sunddal	Jordalsgrend: Jordalsøra	88	45	70	Smøla	Store Svelunn	28	18	29
Sande	Sandsøya: N f. Sandshamn	75	29	36	Sandøy	Easteinen ved Sandøy	27	18	30
Sande	Riste	73	33	48	Averøy	Sør-Ramsøya	27	19	34
Skodje	Fylling: Nedreli	71	28	46	Norddal	Valldal: Valldalssetra	26	15	19
Sunddal	Jordalsgrend: Jordalsvøttu	69	36	54	Averøy	Vågsholmen	24	19	29
Smøla	Jøa, NV for gardene	63	29	44	Smøla	Blåsvær	23	18	27
Tingvoll	Tingvoll Gard: Saltkjelen	61	40	54	Herøy	Gurskøya: v. for Løset	23	14	22
Norddal	Herdalen: Botnen	58	33	43	Smøla	Hestøya	23	16	28
Sande	Sandsøya: Ulandsvika	57	28	39	Tingvoll	Bergem: Hamran	23	14	24
Hareid	Kvitnes	54	35	49	Aure	Husfest	22	12	28
Fræna	Skutholmen	52	25	45	Haram	Haramsøya: Kvernholmsundet	22	15	17
Sandøy	Seterøya	48	28	44	Aukra	Røyrvik	21	13	22
Giske	Godøya: Alnes, austre del	48	23	30	Smøla	Elvegarden	21	13	20
Giske	Godøya: Alnes, vestre del	47	24	36	Vanylven	Bøstranda i Syltefjorden	21	12	21
Smøla	Haverøya	44	22	31	Tingvoll	Tingvoll sentrum	21	10	12
Smøla	Kuli: v. Kulihaugen	43	25	40	Sandøy	Sandøy: ved kyrkja	20	10	11
Herøy	Nerlandsøy: Myraneset	42	23	40	Halsa	Aakvik: Innergarden: Hamna	20	14	22
Haram	Skuløya: Helseberga	40	21	33	Midsund	Tautra: einerbakker	20	15	22
Averøy	Kårvåg: Litj-Lauvøya	38	23	38	Smøla	Lauvøya	20	16	30
Gjemnes	Gagnat	37	25	48	Surnadal	Nordmarka: Austergardssetra	19	8	10
Haram	Skuløya: Sandvika	35	17	31	Smøla	Kuli: Breidvik	19	12	21
Sandøy	Uksnøya	35	17	25	Syklyven	Grepstadstølen	19	12	19
Herøy	Gurskøya: Tarberg	35	19	31	Sande	Sandsøya: Skare	18	16	24
Stordal	Ytste-Skotet	34	22	34	Sunndal	Grøvdalen: Gammelsetra	18	16	29
Herøy	Runde: Goksøyr	33	20	33	Sande	Sandsøy: Holstøa	18	11	14
Rauma	Remmem	33	25	39	Herøy	Skorpa	18	10	18
Tingvoll	Tingvoll-lia	33	21	35	Sandøy	Kvaløya	17	9	15
Smøla	Kuli: Rønningen	32	15	23	Herøy	Flusundet	17	9	17
Smøla	Glassøya	31	19	35	Eide	Vevang: Mjølkstølen	16	12	17
Smøla	Arnøya	30	18	30	Sunndal	Gravem: Oppistu	16	11	11
Norddal	Indreidsdalen	30	19	28	Sula	Nøringset: Nymark	16	14	20
Smøla	Svinøya	30	19	32	Surnadal	Nordmarka: Erkgarden	16	13	24
Sunddal	Grødalens: Vangan	29	22	35	Sunndal	Fjellgardene: Hafsåsen	15	11	21
Sande	Gurskøya: Gjønes	28	16	22	Tustna	Tømmervåg: Leirvåg	15	7	16
Molde	Hjertøya	28	24	31	Tingvoll	Koksvik	15	12	18

Med i tabell 11 er 72 lokalitetar med minst 15 artspoeng for beitemarkssopp. Av desse har 12 lokalitetar meir enn 50 artspoeng, 7 lokalitetar har meir enn 30 artar av beitemarkssopp, og to av lokalitetane har 23 artar av vokssopp. Desse lokalitetane er topplokalitetar ikkje berre lokalt, men kan måla seg med dei mest artsrike som er rapporterte i Sverige, Danmark og Nederland.

Tabell 12. Oversikt over lokalitetar undersøkte i Møre og Romsdal 1992-96 sorterte etter avtakande tal naturengplanter. Berre lokalitetar med minst 12 artar av naturengplanter er tekne med.

pl talet på planteartar totalt

npl talet på naturengplanter (sjå tabell 1)

spl talet på seterplanter (sjå tabell 2)

Kommune	Lokalitetsnamn	pl	npl	spl	Kommune	Lokalitetsnamn	pl	npl	spl
Sande	Riste	110	29	1	Surnadal	Solli, Settemsdalen	56	15	1
Smøla	Elvegarden	98	29	4	Tingvoll	Tingvoll Gard: Saltkjelen	31	15	0
Smøla	Kuli: v. Kulihaugen	79	27	1	Vanylven	Bøstranda i Syltefjorden	50	15	1
Smøla	Skjølberg	102	22	5	Ørskog	Sjøholtsetrane	33	15	1
Smøla	Jøa, NV for gardane	40	21	1	Ørskog	Sollisetra	34	15	1
Halsa	Aakvik: Innergarden: Hamna	68	20	0	Aukra	Nerbøstrand	52	14	0
Sandøy	Seterøya	73	20	0	Herøy	Runde: Goksøy	63	14	1
Sunndal	Grøvudalen: Gammelsetra	127	20	35	Nesset	Gravdalen i Eikesdalsfjellet	102	14	21
Herøy	Nerlandsøy: Mulevika	54	19	2	Nesset	Meisal: Liasetra	75	14	1
Norddal	Herdalen: Botnen	69	19	2	Norddal	Herdalssetrane, ved husa	61	14	7
Sande	Sandsøya: N for Sandshamn	50	19	2	Smøla	Store Svelunn	54	14	0
Sunndal	Gjøra: Langbakksetra	67	19	4	Stordal	Langsetrane: Kviten	63	14	5
Sunndal	Lindalen: Gammelsetra	69	19	10	Sunndal	Gjøra: Vollansetra	56	14	4
Surnadal	Nordmarka: Vaulen	63	19	3	Sunndal	Grøvudalen: Bukta	99	14	22
Aukra	Lauvåsen (Julsundet)	91	18	1	Sunndal	Reppdalen: Reppdalsetra	84	14	15
Herøy	Runde: Måganeset	69	18	2	Syklyven	Drotninghaug: Reiten	44	14	0
Smøla	Glassøya	58	18	0	Vanylven	Syvde: Landsverk i Nordalen	34	14	1
Nesset	Åramsetra (Ranvik)	88	17	2	Gjemnes	Flåberget	49	13	1
Norddal	Herdalssetrane, aust for elva	62	17	6	Gjemnes	Silsetfjellet: Stokkåsen	51	13	2
Norddal	Indreidisdalen	51	17	2	Herøy	Rimøyvika	49	13	1
Sunndal	Jordalsgrend: Jordalsøra	54	17	1	Nesset	Eikesdal-Sandgrovbotn	49	13	1
Syklyven	Grepstadstølen	37	17	1	Norddal	Valldal: Nedstestølen	45	13	4
Aure	Husfest	66	16	0	Rauma	Rødvdalen: Vollstølen	46	13	2
Giske	Godøya: Alnes	59	16	1	Sande	Kvamsøya: Kletten	42	13	0
Gjemnes	Jutulen ved Gjemnes	60	16	0	Smøla	Kuli: N for Ørnklakken	47	13	0
Gjemnes	Øverlandsetra	75	16	2	Stordal	Meskotet	56	13	1
Skodje	Fylling: Nedreli	40	16	0	Stordal	Ytste-Skotet	52	13	1
Sula	Sulabakken	46	16	1	Sunndal	Geitådalen: Hafsåssetra	50	13	7
Sunndal	Grøvudalen: Flysetra	105	16	26	Sunndal	Grødal: Gammelsetra S	39	13	5
Sunndal	Grøvudalen: Myrasetra	73	16	12	Syklyven	Eidemstølen	38	13	3
Sunndal	Grøvudalen: Nysetra	102	16	29	Vanylven	Vanylvsfjorden: Sildevika	28	13	1
Surnadal	Nordmarka: Austergardssetra	68	16	5	Ørsta	Norangsdalen: Urdasetra	52	13	1
Syklyven	S for Årsetsetra	42	16	2	Aukra	Engholman	56	12	0
Ulstein	Dimnasund	43	16	1	Aukra	Nordre Helleøya	60	12	0
Aukra	Rørvika	47	15	0	Averøy	Sør-Ramsøya	44	12	0
Averøy	Kårvåg: Litj-Lauvøya	62	15	0	Gjemnes	Bergsholmen	90	12	0
Fræna	Skutholmen	50	15	0	Gjemnes	Silsetfjellet: Gammelsetra	41	12	2
Gjemnes	Duålisetra	55	15	0	Gjemnes	Skeidsdal: Kvennrotalen	74	12	13
Gjemnes	Gagnat	117	15	0	Gjemnes	Åndalssetrane	57	12	4
Gjemnes	Åndal	53	15	0	Norddal	Valldal: Myklebustsetra	45	12	2
Herøy	Flusundet	48	15	2	Sandøy	Uksnøya	65	12	0
Herøy	Skorpa	67	15	0	Smøla	Jøa: Steinnesberget	44	12	0
Molde	Hjertøya	81	15	0	Smøla	Rangnes	56	12	0
Norddal	Valldal: Valldalssetra	54	15	3	Stordal	Gjerdstølen (Dyrkorn)	54	12	2
Smøla	Elvegarden, ovafor vegen	60	15	5	Stordal	Inste-Skotet	54	12	1
Smøla	Kuli: Rønningen	59	15	0	Sunndal	Fjellgardene: Hafsåsen	34	12	8
Sunndal	Almskåra	96	15	1	Sunndal	Grødal: Vangan	32	12	6
Sunndal	Gravem: Oppistu	47	15	3	Sunndal	Grøvudalen: Fægran	66	12	21
Sunndal	Grøvudalen: Storvollen	66	15	20	Sunndal	Grøvudalen: Hallen	50	12	10
Sunndal	Grøvudalen: Styggmarkja	64	15	14	Surnadal	Nordmarka: Tellesbøsetra	36	12	1
Surnadal	Melhus: Holtan	29	15	0	Ørsta	Raudøya	90	12	0

Med i tabell 12 er 102 lokalitetar med minst 12 naturengplanter. Av desse har 8 lokalitetar minst 20 naturengplanter, som vi brukar som ei førebels grense for å gje ein lokalitet nasjonal verdi her i fylket.

Vegetasjon og ruteanalyasar (jfr. vedlegg 3)

Vegetasjonen er kort beskrevet under kvar lokalitet, og i tillegg er det utført 33 ruteanalyasar à 100 m² på 30 lokalitetar (sjå vedlegg 3).

Tabell 13. Talet på planteartar, naturengplanter og seterplanter i 33 100 m²-ruter i Møre og Romsdal 1995-96.

Rutenummeret tilsvrar nummereringa i vedlegg 3.

pl talet på planteartar totalt

npl talet på naturengplanter (sjå tabell 1)

spl talet på seterplanter (sjå tabell 2)

Rutenum.	Kommune	Lokalitet	pl	npl	spl	npl+spl
K1	Vanylven	Bøstranda	37	14	1	15
K2	Sande	Hidsneset	21	8	1	9
K3	Herøy	V. f. Løset	23	6	1	7
K4	Herøy	Flusund	22	7	0	7
K5	Herøy	Mulevika	21	14	0	14
K6	Herøy	Mulevika	26	13	0	13
K7	Giske	Alnes V	20	5	1	6
K8	Aure	Husfest	31	9	0	9
D1	Norddal	Botnen	26	8	0	8
D2	Norddal	Botnen	29	11	0	11
D3	Norddal	Herdalssetrane v. husa	36	10	2	13
D4	Norddal	Herdalssetr. aust for elva	54	16	6	22
D5	Gjemnes	Duålisetra	25	10	0	10
D6	Gjemnes	Silsetfjellet: Stokkåsen	35	11	2	13
D7	Gjemnes	Kvennrotdalen	44	7	9	16
D8	Gjemnes	Gagnat	31	8	0	9
D9	Nesset	Eikesdal: Gravdalen	32	9	6	15
D10	Sunndal	Jordalsvøttu	35	13	0	13
D11	Sunndal	Kalvhusvøttu	29	11	0	11
D12	Sunndal	Kalvhusvøttu	26	11	0	11
D13	Halsa	Aakvik: Hamna	40	19	0	19
D14	Surnadal	Tellesbøsetra	27	10	0	10
D15	Surnadal	Erkgarden	23	8	0	8
F1	Sunndal	Grøvudalen: Hallen	42	12	8	21
F2	Sunndal	Grøvudalen: Myrasetra	47	12	9	21
F3	Sunndal	Grøvudalen: Styggmarkja	39	13	9	22
F4	Sunndal	Grøvudalen: Bukta	34	9	12	21
F5	Sunndal	Grøvudalen: Nysetra	47	12	15	26
F6	Sunndal	Grøvudalen: Flysetra	42	13	14	26
F7	Sunndal	Grøvudalen: Gammelsetra	29	8	9	17
F8	Sunndal	Grøvudalen: Storvollen	22	7	7	14
F9	Sunndal	Grøvudalen: Fægran	31	8	11	19
F10	Sunndal	Reppdalassetra	48	9	11	20

Talet på planteartar i rutene varierer frå 20 til 54. Den mest artsrike ruta ligg ved Herdalssetrene i Norddal. Talet på naturengplanter varierer frå 5 til 19, men viser liten forskjell mellom kyst og innland. Ruta med 19 artar ligg i ei fin, tidlegare slått natureng med mykje storblåfjør ved Aakvik i Halsa. Talet på seterplanter varierer frå 0 til 15, og er naturleg nok størst i seterlandskapet i Grøvuvassdraget. Summen av naturengplanter og seterplanter synest å kunne brukast til å samanlikna seterlokalitetar. Ejrnæs & Bruun (1995b) bruker i sine 100 m² ruter eit poengsystem med -1 poeng for enkelte artar, +1 eller + 2 for andre artar og bruker poengsummen til å seia noko om lokaliteten. Vi planlegg å sjå nærmare på dette.

Kommentarar til raudlista planteartar

Fire planteartar på den norske raudlista (Direktoratet for naturforvaltning 1992) som finst i Møre og Romsdal kan seiast å vera nært knytt til grasmarker i kulturlandskapet (Jordal & Gaarder 1995a). Desse er omtala nedanfor. I tillegg foreslår Høiland (1996) m. a. solblom (observasjonstrengande) og purpurmarihand (hensynskrevande). Desse artane har vi førebels ikkje nok oversikt over, og dei er derfor ikkje kommentert nedanfor.

Kvitkurle (*Leucorchis albida* ssp. *albida*)

(sårbar, flytta til observasjonstrengande av Høiland 1996)

I fjellet finst fjellkvitkurle som veks i kalkrike heiars, og som ikkje er truga. Det som blir kalla berre kvitkurle finst mest i låglandet, men møter den andre i seterregionen. Ifølgje eit svensk doktergradsarbeid er dette truleg ein eigen art. Kviturle er knytt til baserike slatte- og beiteenger og open, urterik skog, og har gått sterkt attende, særleg i låglandet sørpå (Elven m. fl. 1994). I Møre og Romsdal er det kjent minst 60 lokalitetar spreidd over heile fylket, men berre på 4-5 av lokalitetane er arten funnen etter 1980 (kjelder: Sigmund Sivertsen, Gaarder & Jordal 1996a). Dette er dermed nokså sikkert ein art som er svært utsett for attgroingsprosessane også i vårt fylke. Undersøkingar i Trøndelag viser likevel at arten kan halda stand etter fleire tiår med moderat attgroing (kjelde: Gunilla A. Olsson, NTNU)

Handmarinøkkel (*Botrychium lanceolatum*) (hensynskrevande)

Arten er sjeldsynt i Norge, og mest kjent frå enger og beitemarker på baserik grunn i fjellet. I Møre og Romsdal er han kjent frå ein kortvaksen engbakke ved Roksvåg på Smøla 03.07.1969 (herbariet i Oslo, Toppe 1981). Den eine av oss (G. Gaarder) har besøkt området på nytt utan å finna korkje arten eller høvelege veksestader, men det er vanskeleg å lokalisera funnstadens nøyaktig.

Haustmarinøkkel (*Botrychium multifidum*) (hensynskrevande)

Arten er nokså sjeldsynt i Norge, og finst ofte i basefattig grasmark. Han er kjent frå heile landet (Elven m. fl. 1994). I Møre og Romsdal er han så vidt vi veit berre funnen av oss, på to lokalitetar i Sunndal og ein i Rauma, alle stader fåtalig. I Sunndal fanst arten på Middagshjellan ved Jenstad 05.08.1993, og ca. 1 km lenger nord ved kvernhuset ved Lindøla, begge stader i basefattig grasmark (Jordal & Gaarder 1993, belegg i Trondheim). I Rauma vart arten funnen i beita grasmark ved Kabbensetrane 16.09.94 (Jordal & Gaarder 1995a, belegget gjekk tapt p. g. a. kraftig vind).

Kystblåstjerne (*Scilla verna*) (hensynskrevande)

Dette er ein sjeldan art som er kjent frå eit fåtal veksestader på Vestlandet nord til Haram. Han veks på grasbakkar og grunt jorddekte berg, ofte nær stranda. Arten høyrer truleg naturleg heime i norsk flora, sjølv om somme meiner han kan vera innført (Elven m. fl. 1994). I Møre og Romsdal er kystblåstjerne berre sikkert kjent frå Haram, nærmere bestemt på strandnære enger på strekninga Hildre-Alvestad-Synnaland, og dessutan er han funnen ved Baraldsnes ytst i Vatnefjorden (kjelde: brev frå Arnfinn Skogen til Fylkesmannen 1987). I området på Hildrestranda er han attfunnen av botanikarar også i seinare år, men bestanden går attende. Arten er også oppgjeve frå ei øy utafor Kristiansund (truleg Grip) av A. Blytt i førre århundre, men funnet er ikkje belagt (kjelde: Klaus Høiland).

Kjende lokalitetar med direkte truga soppartar

Av tabell 11 går det fram kva lokalitetar som har raudlista artar av beitemarkssopp, og kor mange artar som er kjent i kvar av dei fire raudlistekategoriane. Kva artar dette gjeld kan ein finna anten ved å lesa kommentarar til funn under kvar einskild lokalitet, eller ved å samanhælda artslistene for sopp i vedlegg 4 med oversikta over beitemarkssopp med raudlistekategoriar i tabell 3. I tabellen nedanfor listar vi berre opp lokalitetar med funn av beitemarkssopp i kategori E - direkte truga (utryddingstruga) artar. Blant lokalitetar med raudlista soppartar er det desse som skal prioritertast høgast.

Tabell 14. Oversikt over lokalitetar i Møre og Romsdal med førekomst av direkte (utryddings)truga artar av beitemarkssopp. Slike førekomstar plasserer lokalitetane automatisk i kategori 1 (nasjonal verdi).

Kommune, lokalitet	Direkte utryddingstruga art
Aukra: Vedaholmen	vranglodnetunge (<i>Trichoglossum walteri</i>), 5 norske lok. etter 1980
Aure: Husfest	tinnvokssopp (<i>Hygrocybe canescens</i>), 2 norske lok.
Averøy: Litj-Lauvøya	slimjordtunge (<i>Geoglossum difforme</i>), 3 norske lok.
Fræna: Skutholmen	slimjordtunge (<i>Geoglossum difforme</i>), 3 norske lok., sumpjordtunge (<i>Geoglossum uliginosum</i>), 4 norske lok.
Gjemnes: Gagnat	røykbrun jordtunge (<i>Geoglossum hakelieri</i>), 3 norske lok.
Herøy: Mulevika	praktraudskivesopp (<i>Entoloma bloxamii</i>), 4 norske lok. etter 1980
Herøy: Skorpa	tinnvokssopp (<i>Hygrocybe canescens</i>), 2 norske lok.
Sande: N. f. Sandshamn	sauenvokssopp (<i>Hygrocybe ovina</i>), 5 norske lok. etter 1980
Sande: Riste	sauenvokssopp (<i>Hygrocybe ovina</i>), 5 norske lok. etter 1980 (sjå foto)
Sandøy: Uksnøya	slimjordtunge (<i>Geoglossum difforme</i>), 3 norske lok.
Skodje: Fylling: Nedreli	sumpjordtunge (<i>Geoglossum uliginosum</i>), 4 norske lok., vranglodnetunge (<i>Trichoglossum walteri</i>), 5 lok. etter 1980 (foto)
Sunndal: Jordalsgr.: Jordalsvøttu	vranglodnetunge (<i>Trichoglossum walteri</i>), 5 norske lok. etter 1980
Sunndal: Jordalsgr.: Jordalsøra	vranglodnetunge (<i>Trichoglossum walteri</i>), 5 norske lok. etter 1980
Surnadal: Austergardssetra	sauenvokssopp (<i>Hygrocybe ovina</i>), 5 norske lok. etter 1980
Syklyven: Drotninghaug	sumpjordtunge (<i>Geoglossum uliginosum</i>), 4 norske lok. (sjå foto)

Ein kommentar til tabell 14 går på status til vranglodnetunge. Denne arten vart under tvil ført til kategorien direkte truga våren 1996, men det kunne også forsvarast å plassera arten i kategori sårbar. Eit nytt funn i 1996 (Aukra: Vedaholmen) styrkjer denne tvilen. Vranglodnetunge er svært lite rapportert i Europa utanom Norge og Sverige, og dette talar for å prioritera lokalitetar med denne arten høgt uansett.

LOKALITETAR SORTERT KOMMUNEVIS

Kommunane er sorterte alfabetisk, og lokalitetane er sorterte alfabetisk etter lokalitetesnamn.

Aukra

Aukra har ein rikhaldig skjergard med ei rekke holmar som har vore tradisjonelle beiteområde for husdyr. Gamle beiteområde som har vore i bruk heile tida, og som har vore nokså lite gjødsla, er særleg interessante. I dei siste 20 åra har det likevel vore ein svært liten sauebestand i kommunen, varierande mellom 70 og 130 vinterfôra dyr. I denne undersøkinga har det berre vore tid til å oppsøkja åtte av dei gamle beiteholmane. I samband med dette vil vi takka Sund lensmannskontor for lån av gummibåt. Vidare har vi oppsøkt eit utval lokalitetar på sjølve Gossen. Her er det ofta storfe eller hest som beiter. Vi takkar landbrukskontoret og Kirsti Moe Oterhals for hjelp med å finna fram til potensielt interessante lokalitetar, og for kommentarar til manuskriptet.

Aukraholmen

Kategori: 3 - lokal verdi

Områdeskildring, vegetasjon: Aukraholmen ligg på innsida av Gossen. Dette er ein gammal beiteholme som truleg har vore i bruk minst så langt tilbake som 1700-talet (kjelde: landbrukskontoret). Han har i dag ein god del einer, men relativt lite tre (rogn, gråor). Dei siste åra har det beita geit her, men beitetrykket er därleg. Dette gjev seg uttrykk i attgroing med einer og lyng, og ein god del strø etter planter som har visna ned. Vegetasjonen er stadvis grasrik, med smyle, engkvein og finnskjegg. Det finst elles noko tørr lynghei, fukthei og ein god del grunnlendt berg med usamanhangande vegetasjon.

Kommentarar til funn: Det vart funne 58 planteartar, av desse 10 naturengplanter. Det vart funne 6 artar av beitemarkssopp, men det finst truleg fleire. Alt i alt var lokaliteten ikkje spesielt rik på beiteavhengige artar ved dette besøket.

Råd om framtidig bruk: Det er ønskjeleg med sterkare beitetrykk. Generelt er beiteholmar ein forsvinnande landskapstype som ofte huser eit stort biologisk mangfald, og som slik sett er verdt å ta vare på. Det som vart funne her ved dette besøket tilseier kategori 3, men dette kan endra seg ved grundigare undersøkingar.

Engholmane

Kategori: 3 - lokal verdi

Områdeskildring, vegetasjon: Engholmane ligg mellom Gossen og Bjørnsund. Dei består av fleire holmar som er skilde ved flo, men som heng saman ved fjøre slik at det er muleg for sauar å bruka alle holmane som eitt beiteområde, eit areal på omlag 80 dekar. Holmane har tidlegare vore beita fram til på 1960-talet. Frå 1995 har det beita utegangarsau på øyane i samband med eit museums- og kulturlandskapsprosjekt på Løvikremma (Romsdalsmuseet). Vinteren 1996/97 var det 9 sauar på øyane (kjelde: Kirsti Moe Oterhals). På grunn av tidlegare beiteopphold har holmane ein vegetasjon dominert av tørr og fuktig lynghei. Eit forsøk på lyngbrenning på ein av holmane førte til skadar på humuslaget og därleg gjenvekst. Av tre og buskar finst einer, rogn, øyrevier og rukkerose. Det er elles noko steinfjøre med tangvollar og litt strandeng. Ved fjøre sjø blir det blottlagt sand- og leirstrand med ein del salttolande strandplanter som t. d. saltbendel. På bergvegger vart det funne vanleg blåfiltlav (*Degelia plumbea*) og kystfiltlav (*Pannaria rubiginosa*).

Kommentarar til funn: Det vart funne 56 planteartar, av desse 12 naturengplanter. Dette var stort sett vanlege artar som ein kan venta å finna her ute. Det vart funne 8 soppartar, men ikkje beitemarkssopp.

Råd om framtidig bruk: Generelt er beiteholmar verdt å ta vare på, og vi ser det som svært positivt at ein her har teke opp att beitinga. Beitetrykket er framleis noko lågt, og beitekvaliteten er ikkje den beste med ein del grov røsslyng. Lyngen kan sviast, men ein må vera nøyne med ikkje å skada jordsmonnet. Framhald i beitinga vil kunne føra til at fleire beiteavhengige artar dukkar opp.

Horremsbukta

Kategori: 2/3 - regional/lokal verdi

Områdeskildring, vegetasjon: Det som vart undersøkt, var enger i Horremsbukta, og kantsamfunn ved nausta i bukta. Dette er dels dyrka, dels udyrka friske enger som no gror att. Vegetasjonen var dels prega av høgt gras som sølvbunke og strandrøyr, dels av meir lågvaksne gras/urterike samfunn med engkvein, raudsvingel, gulaks, finnskjegg og jordnøtt.

Kommentarar til funn: Det vart funne 46 planteartar, av desse 9 naturengplanter. Det vart ikkje funne beitemarkssopp. Av særleg interesse på lokaliteten er store førekommstar av svartknoppurt. Denne arten nærmar seg her nordgrensa for det samanhengande utbreiingsområdet, og i Romsdal kan Horremsbukta visa seg å vera ein av dei mest individrike førekommstane. Dette er grunnen til at lokaliteten er på grensa til regional verdi.

Råd om framtidig bruk: Desse engene bør brukast til slått eller beiting, elles vil dei fortsetta å gro att.

Lauvåsen (Julsundet)

Kategori: 2/3 - regional/lokal verdi

Områdeskildring, vegetasjon: Lauvåsen ligg på eit høgdedrag litt aust for riksvegen gjennom Julsundet, og består av tre fråflytta gardar. Jorda er utleidt, og blir dels beita av storfe.

Landskapet er kupert og vegetasjonen er variert med dyrka enger, kuperte opne beitemarker, einerbakkar, kantsamfunn og open lauv- og blandingskog. Ein del av innmarka er gjødsla sølvbunkeeng. Eit mindre beite er tilplanta med gran. Området blir beita av storfe. I kantområde ovafor gardane og ned mot Matberget finst lågvaksen, urterik natureng med m. a. finnskjegg, gulaks og engkvein, og innslag av aurikkelsvæve, hårvæve, , gjeldkarve og smalkjempe

Kommentarar til funn: Det vart funne 91 planteartar, av desse 18 naturengplanter. I tillegg til dei artane som er nemnt ovafor vart det funne m. a. kusymre, prestekrage og svartknoppurt. Det vart funne 7 artar av beitemarkssopp.

Råd om framtidig bruk: Det er positivt av området blir brukt til beiting, på denne måten blir attgroinga bremsa. Det kan likevel vera naudsynt med noko rydding av skog og kratt somme stader.

Løvika

Kategori: 3 - lokal verdi

Områdeskildring, vegetasjon: Det undersøkte området er ein rygg mot stranda aust for vegen ved Løvikhaugen. Denne ryggen vart bygd av tyskarane under 2. verdskrigen, og blir i dag nytta til beite, dels for storfe, og dels for sau og geit. Området er dominert av gras/urterik, relativt mager vegetasjon med engkvein, kvitkløver, ryllik, sølvbunke, smyle og lyng. Det står noko spreidd skog av bjørk og rogn. Innafor ryggen ligg ei tjønn med vassvegetasjon som er ein interessant fuglebiotop. Fleire vanlege våtmarksfugl er sett her.

Kommentarar til funn: Det vart funne 36 planteartar, av desse 7 naturengplanter. Det vart funne 3 vanlege artar av beitemarkssopp. Etter 50 år har altså tre av dei vanlegaste beitemarkssoppane dukka opp. Dette stemmer med observasjonar av innvandring av beitemarkssopp i andre "nyskapte" beiteområde.

Råd om framtidig bruk: Framhald i beitinga er positivt og vil kunne føra til at fleire beiteavhengige artar vandrar inn.

Løvika: Landholmen

Kategori: 3 - lokal verdi

Områdeskildring, vegetasjon: Landholmen ligg i Løvika rett aust for Vicenco og sikkerhetssenteret. Holmen har truleg har vore i bruk til beiting minst så langt tilbake som 1700-talet (kjelde: landbrukskontoret), og har vore beita av sau til først på 1970-talet, men det har dei seinare åra ikkje vore dyr her (kjelde: Per Løvik). Elles hekkar det ein del måse, og vegetasjonen er dels temmeleg nitrofil. Vi fann og gåseskit. Vegetasjonen er dominert av gras og urter, elles finst rogn, einer, rukkerose og kjøtttype.

Kommentarar til funn: Det vart funne 50 planteartar, av desse 9 naturengplanter. Det vart ikkje funne beitemarkssopp. Det var ein god del nitrofile artar som dreg nytte av gjødsling frå sjøfugl, t. d. engsoleie, hundekjeks, høy mole, krypsoleie, mjødurt, raud jonsokblom og vassarve.

Råd om framtidig bruk: Generelt er beiteholmar verdt å ta vare på, og også på Landholmen er det ønskjeleg å ta opp att beitinga.

Løvika: Vedaholmen

Kategori: 2 - regional verdi

Områdeskildring, vegetasjon: Vedaholmen ligg aust for Landholmen i Løvika. Holmen har truleg har vore i bruk til beiting minst så langt tilbake som 1700-talet (kjelde: landbrukskontoret), og har vore beita av sau til først på 1970-talet. Deretter har det vore eit opphold, og dei siste 5-6 åra har holmen vore beita av geit (kjelde: Per Løvik). Vegetasjonen er gras- og urtedominert, og beitetrykket er tilfredsstillande. Vegetasjonen har mykje engkvein, geitsvingel, smyle og finnskjegg, elles finst meir nitrofile parti med englodnegras, vassarve og hundekjeks. Av buskar og tre vart det sett rogn og litt daud einer.

Kommentarar til funn: Det vart funne 39 planteartar, av desse 9 vanlege naturengplanter. Det mest spesielle plantefunnet var sandstorr som sto i sandrik beitemark litt innpå øya. Dette er truleg den nest nordlegaste lokaliteten i Norge, nordgrensa er på Farstad i Fræna (Elven m. fl. 1994, Holten m. fl. 1986: kart s. 67). Belegg er sendt Vitenskapsmuseet i Trondheim. Det vart funne 7 artar av beitemarkssopp, som gav 14 artspoeng. Det var mest seig vokssopp (*Hygrocybe laeta*), liten mønjevokssopp (*Hygrocybe miniata*) og honningvokssopp (*Hygrocybe reidii*). Det mest spesielle soppfunnet var likevel vranglodnetunge (*Trichoglossum walteri*), som står som direkte truga på den norske raudlista for sopp. Dette funnet gjev lokaliteten ein spesiell verdi, men vi tykkjer det er litt søkt å setta han i kategori 1 eller 1/2 ut frå det som elles vart funne. Vi har derfor inntil vidare velt kategori 2.

Råd om framtidig bruk: På grunn av dei interessante funna som er gjort, er det sterkt ønskjeleg at beitinga held fram, og at holmen ikkje blir gjødsla.

Nerbøberget

Kategori: 3 - lokal verdi

Områdeskildring, vegetasjon: Dette er ein gard med dyrka enger og gamle beitemarker og kantar som truleg ikkje er så mykje gjødsla. Kantane var moserike og høver truleg godt for beitemarkssopp.

Kommentarar til funn: Det vart ikkje teke planteliste. Det vart funne 3 artar av beitemarkssopp.
Råd om framtidig bruk: Framhaldande beiting kombinert med lite gjødsling av kantar er positivt og kan føra til at fleire beiteavhengige artar vandrar inn.

Nerbøstrand

Kategori: 3 - lokal verdi

Områdeskildring, vegetasjon: Området består av open dyrka mark som no blir beita av hest, vidare attgroande einerbakkar, fattig myr og strandenger. Det finst noko open skog av bjørk, rogn, osp og selje, og i tillegg ein del planta bergfuru og sitkagran.

Kommentarar til funn: Det vart funne 52 planteartar, av desse 14 naturengplanter. Mellom desse var kornstorr og kystgrisøyre. I dei attgroande einerbakkane finst m. a. fagerperikum og vivendel. Det vart ikkje funne beitemarkssopp.

Råd om framtidig bruk: Det mest interessante ville her truleg vera å prøva å restaurera einerbakkane ved hjelp av rydding og beiting. Med ryddesag kunne ein tynna einer, fjerna andre buskar og lyng, og med trakk og beiting av hest ville ein etter kvart kunne få eit meir gras- og urterikt beite.

Røyrvika

Kategori: 2 - regional verdi

Områdeskildring, vegetasjon: Dette er eit større område på fleire hundre dekar som blir beita av ammekyr nord og aust for garden Rishaug. Området har fleire forsvarsanlegg frå 2. verdskrig. I Røyrvika finst tørr og fuktig lysthei i mosaikk med gras- og urterike engflekker, sanddynner, beita strandenger på skjelsand og små skogholt.

Kommentarar til funn: Det vart funne 47 planteartar, av desse 15 naturengplanter. Mellom desse var kornstorr, heiblåfjør og jonsokkoll. Av andre artar kan nemnast dvergbjørk. Det vart funne 13 artar av beitemarkssopp, som gav 21 artspoeng. Mellom desse var 7 vokssoppartar og 2 jordtungeartar. Dei minst vanlege var russelærvokssopp (*Hygrocybe russocoriacea*) og dynetunge (*Geoglossum cookeianum*) i strandenga. Elles vart det funne torvkøllesopp (*Clavaria argillacea*) som ikkje reknast som beitemarkssopp.

Råd om framtidig bruk: Beitinga opprettheld her eit tradisjonelt ope kystlandskap med beiteavhengige vegetasjonstypar og mange beiteavhengige artar av både planter og sopp. Det er ønskjeleg at beitinga held fram som i dag.

Småge: Austre Risøya

Kategori: 4 - truleg liten verdi

Områdeskildring, vegetasjon: Dette er ein gammal beiteholme i skjergarden sørvest for Småge. Vi fann gammal saueskit, men holmen blir ikkje beita no. Landskapet gror att med grov lysthei, buskar og tre. Artsmangfald knytt til beitinga synest å vera i stor grad forsvunne, og på grunn av dette vart undersøkingane raskt avslutta.

Kommentarar til funn: Før undersøkingane vart avslutta, vart det funne 29 planteartar, av desse 2 naturengplanter. Det vart ikkje funne beitemarkssopp.

Råd om framtidig bruk: Generelt er beiteholmar verdt å ta vare på, og også på Austre Risøya er det ønskjeleg å ta opp att beitinga.

Småge: Nordre Helleøya

Kategori: 3 - lokal verdi

Områdeskildring, vegetasjon: Dette er ein gammal beiteholme i skjergarden sørvest for Småge. Øya blir ikkje beita lenger og gror att, men det er framleis ein del gras- og urterik vegetasjon. Av tre og buskar vart det observert bjørk, kjøttnype og einer. Elles finst ein del røsslynghei, fukthei med m. a. knappsviv, strandenger, tangvollar med ein del nitrofile planter, og bergknausar med usamanhengande vegetasjon.

Kommentarar til funn: Det vart funne 60 planteartar, av desse 12 naturengplanter. I ein av bergknausane vart det funne blankburkne og ein del brunrot. På strandeng vart det funne havstorr. Det vart også funne kusymre. Det vart ikkje funne beitemarkssopp.

Råd om framtidig bruk: Generelt er beiteholmar verdå ta vare på, og også på Nordre Helleøya er det ønskjeleg å ta opp att beitinga.

Småge: Vestre Risøya

Kategori: 3 - lokal verdi

Områdeskildring, vegetasjon: Dette er ei av dei vestlegaste øyane i skjergarden sørvest for Småge. Her har vore beita av sau tidlegare, men ikkje i 1996. Vegetasjonen har preg av attgroing, med noko røsslynghei og fukthei med knappsviv, vidare finst strandbergsamfunn og tangvollsamfunn. Elles er det framleis ein del gras- og urterik vegetasjon etter tidlegare beitebruk. Dei blir i dag truleg noko gjødsla av sjøfugl. Desse grasmarkene har tjukke mosematter og mykje strø, som er teikn på svak hevd i seinare tid.

Kommentarar til funn: Det vart funne 58 planteartar, av desse 9 vanlege naturengplanter. Det vart funne 3 vanlege vokssoppartar. Vi fann vidare spor etter oter.

Råd om framtidig bruk: Generelt er det ønskjeleg å ta opp att beitinga på tradisjonelle beiteholmar. Beiteavhengige artar vil dermed kunne få betra vilkår, og nye artar vil kunne vandra inn.

Aure

I Aure er berre Husfest undersøkt, som eit ledd i utarbeiding av forslag til forvalningsplan for bruket ved Landbruksavdelinga hos Fylkesmannen (Tønnesen under arbeid). Vi takkar Johannes Ruøy for båttransport og informasjon.

Husfest

Kategori: 1 - nasjonal verdi

Områdeskildring, vegetasjon: Husfest er eit fråflytta småbruk i strandkanten på nordsida av Ertvågøya med utsikt mot Grisvågøya. Staden er veglaus og det er vel 2 km å gå frå riksveg 680 ved Ånes. Mest effektive transportmiddel er båt. Berggrunnen består for det meste av harde og sure bergartar som gjev grunnlag for ein relativt triviell vegetasjon. På berget ligg det stort sett eit ganske tynt lag med lausmassar, og i myrlendte område ein del torv. Området er karakterisert av eit lågt, småkupert landskap med ein mosaikk av fattige myrar, røsslynghei og glissen kystfuruskog. Like ved ligg Hisåsen, ein 180 meter høg ås omgjeve av eit furuskogsområde som er beskrevet som typeområde for fjordstrøka frå Romsdal til Nordmøre og foreslått vernat i samband med verneplan for barskog (Moe m. fl. 1992). Dette er ein kysttype av røsslyng-blokkebærfuruskog med eit visst innslag av lauvtre som rogn, bjørk og osp. Elles er vegetasjonen artsfattig med fattige og intermediære, dels tuete fastmattemyrar med innslag av nedbørsmyr og røsslynghei. Grensene for det foreslegne verneområdet strekkjer seg nesten ned til sjøen og bort

mot innmarka på Husfest. I tillegg er det utarbeidd utkast til skjøtselsplan for kulturlandskapet ved Landbruksavd. hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal (Tønnesen under arbeid). Her er det også gjort greie for brukshistorie og bygningar. Noverande brukar var ved det siste besøket i ferd med å gjerda inn området til sauebeite.

Kommentarar til vegetasjon og planter: Det vart funne 66 planteartar på innmarka, av desse 17 naturengartar. Innmarka på Husfest er dels tidlegare dyrka mark, dels udyrka beitemark. Begge deler sto ved begge besøka med høgt gras, bortsett frå eit mindre område som var slått ved husa. Den tidlegare fulldyrka marka er somme stader ganske fuktig med knappsv, trådsiv og sølvbunke i feltsjiktet og storbjørnemose og somme stader torvemosar i botnsjiktet. Vestover frå husa langs sjøen er det ein del grunnlendte, kuperte, udyrka område som iallefall tidlegare har vore brukt som beitemark, og som har lite preg av å ha vore gjødsla. Desse beitemarkene er biologisk sett dei mest interessante delene av bruket i tillegg til ein del udyrka kantområda rundt den fulldyrka marka. Det vart her lagt ut ei 10###10 meters analyserute med senter ca. 20 meter nord for fjøset. I ruta vart det funne 31 planteartar, av desse 9 naturengplanter og 1 seterplante. Dominerande planter var engkvein, smyle, geitsvingel, gulaks og slåttestorr. Strømengda utgjorde heile 40%, noko som skuldast manglande beiting gjennom fleire år. Ved husa finst litt einer i kantområda. Oppafor husa er det ein bergskrent med noko lauvskog. Elles finn ein strandberg og steinstrand med einskilde strandplanter.

Kommentarar til soppflora: Trass i därlege tilhøve ved begge besøk vart det funne 12 artar av beitemarkssopp, av desse 11 vokssoppartar, noko som ga 22 artspoeng. Dette skulle under normale tilhøve tilseia regional verdi, men ein av artane var tinnvokssopp (*Hygrocybe canescens*), som berre er kjent frå ein annan lokalitet i Norge, og oppført som direkte truga på den nye norske raudlista for sopp. Denne arten er også internasjonalt sett svært sjeldan eller lite kjent i Europa, med eitt funn i Skottland og fire i Sverige. Dette funnet er derfor såpass spesielt at det i seg sjølv tilseier særleg merksemrd i forvaltninga av staden. På veksestaden for tinnvokssopp fanst også den hensynskrevande arten skifervokssopp (*Hygrocybe lacmus*).

Råd om framtidig bruk: På ein stad som Husfest har ein høve til å bevare eit kulturlandskap som har vore i kontinuerleg drift fram til no med liten påverknad av moderne driftsmåtar. Mange artar av planter og sopp toler lite kunstgjødsel. På Husfest finst dei rikeleg i dei udyrka beita og i kantområda rundt dyrkamarka. Mange av desse artane toler også lite forstyrring av jorda slik som jordpakking og køyreskader som følgje av tunge maskiner. Ein bør ta opp att beitet, rydda og slå deler av arealet. Ein bør gjødsla mest muleg likt den tidlegare driftsmåten, og der det har vore lite eller ikkje gjødsla, bør ein heretter helst ikkje gjødsla. Det er også ønskjeleg at ein unngår bruk av tunge maskiner på visse deler av arealet. Tinnvokssoppen synest å falla inntil eller innafor dei foreslårte grensene til Hisåsen naturreservat (kystbarskog), noko som truleg vil gjera kratttrydding og anna skjøtsel av kulturlandskapet umogeleg. Det er naudsynt at grensene her blir justerte, slik at denne beiteavhengige arten kan bli teken vare på innafor det området som blir omfatta av skjøtselsplanen for kulturlandskapet på Husfest.

- Overflatedyrka eller udyrka, kupert beitemark bør beitast, men ikkje gjødslast. Det same gjeld kantområda rundt den tidlegare fulldyrka marka.
- Kantområda rundt dyrkamarka kan med fordel ryddast for noko buskar og tre.
- På tidlegare udyrka, kupert beitemark bør ein ikkje nytta tunge maskiner. Det same gjeld kantområda rundt den tidlegare fulldyrka marka. Eventuell traktorkjøring bør avgrensast mest muleg, og helst til den fulldyrka marka. På grunn av det nedbørrike klimaet er det fare for køyreskader i dei fleste vegetasjonstypene.

Averøy

Averøy var ein av dei ti kommunane der det vart gjort supplerande undersøkingar på oppdrag av Miljøvernnavdelinga i 1995. I tillegg til lokalitetane nedanfor er to lokalitatar omtala av Jordal & Gaarder (1993). På innersida av øya synest det å vera lite att av naturenger og naturbeitemark. Det meste av det vi har sett, har anten vore gjødsla eller under attgroing. Attgroinga må sjåast i samanheng med at sauetalet i kommunen var svært lågt på 1970-talet, heilt nede i 160 vinterfôra dyr, medan talet dei siste åra har ligge på 600-700.

Kalvøya

Kategori: 4 - truleg liten verdi

Områdeskildring, vegetasjon: Dette er ein låg holme med vel 40 dekar dyrka mark. Her var kyr til 1958, seinare har det vore hestebete i ca. 30 år, og er det framleis. Området er gjødsla. Graset var nokså kortbeita ved besøket, og det var noko trakkskader.

Kommentarar til funn: Av 37 planteartar i beitemarka var det berre 7 vanlege naturengplanter, som vaks mest rundt kantane i dei lite gjødsla partia. Det vart funne 4 vanlege artar av grasmarkssopp, men ingen beitemarkssopp.

Råd om framtidig bruk: Dersom ein også i framtida gjødslar, er det ønskjeleg å unngå å gjødsla kantane.

Litj-Lauvøya

Kategori: 1/2 - nasjonal/regional verdi

Områdebeskriving, vegetasjon: Lokaliteten er omtala av Jordal & Gaarder (1993, 1995a).

Dette er ei øy langs Atlanterhavsvegen. Det finst ein del dyrkemark som tidlegare har vore gjødsla. Det er også nokre u gjødsla til svakt gjødsla parti. Ein del lynghei finst også. Det går ein del sau på beite på øya tilhøyrande brukaren på Vågholmen. Beitemerket var i 1995 noko svakt, og i 1996 vart her ikkje beita. Brukaren har hausten 1995 sluttat med sau. Vegetasjonen er for ein del grasdominert, men somme stader lyngdominert. Det fanst ingen teikn på kalkhaldig jordsmonn.

Kommentarar til funn: Av 62 planteartar i grasmarkene var det 15 stort sett vanlege naturengplanter, mest i dei udyrka partia. Det er etter fire sesongar kjent 24 artar av beitemarkssopp (39 artspoeng). Den direkte utryddingstruga jordtungearten slimjordtunge (*Geoglossum difforme*) vart funnen i 1993, 1994 og 1996. Dette er ein art som vi i Norge har eit internasjonalt ansvar for. Den er kjent frå to lokalitetar i Norge, ein i Danmark og to attverande, intakte lokalitetar av ialt ca. 10 kjente i Sverige. Elles i Europa er han stort sett sett på som utrydda eller svært sjeldan, og i mange land er han aldri funnen. Etter vårt syn burde han framleis kunne finnast fleire stader på Vestlandet. Denne arten er eit viktig grunnlag for å setta Litj-Lauvøya i kategori 1/2. Av andre funn kan vi nemna dei hensynskrevande artane skifervokssopp (*Hygrocybe lacmus*) og brunsvart jordtunge (*Geoglossum umbratile*). Vidare fann vi den lite kjente vokssopp-arten sumpvokssopp (*Hygrocybe substrangulata*), som synest å vera knytta til fuktige beitemarker, myr og fuktige, stabile sanddyner.

Råd om framtidig bruk: Landskap med beita kystgrashei og lynghei blir stadig sjeldnare. Det er derfor sterkt ønskjeleg at styresmaktene stimulerer til bruk av slike område også i framtida. I dette tilfellet planlegg noverande brukar å sluttat med sau, og dette illustrerer problemet. Ein bør i så fall motverka attgroing ved å stimulera til framtidig utelege til sauebeite.

Sør-Ramsøya

Kategori: 2 - regional verdi

Områdeskildring, vegetasjon: Sør-Ramsøya har mykje lyngdominert vegetasjon, men næraast garden er det ein del beita kultureng og udyrka, grasdominerte beitemarker og knausar som dels blir noko gjødsla med fullgjødsel. Grunnlendte strandberg og knausar er grasdominerte. Sauene (10-12 lamsauer) går ute det meste av året, og beiter om vinteren mest på lyng. Det er brent lyng for 9-10 år sidan (kjelde: Einar Ramsøy).

Kommentarar til funn: Vi fann 19 artar av beitemarkssopp (27 poeng) og 44 planteartar, av desse 12 naturengplanter. Det hadde vore frost før besøket i 1995, men besøket i 1996 ga ein god del fleire artar. Nokre låge, vegetasjonskledde holmar vest for Sør-Ramsøya som også er tilgjengelege for sauene, hadde parti med grunnlendt grasmark der vi fann fleire uvanlege soppartar, blant anna dei hensynskrevande artane russelærvokssopp (*Camarophyllum russocoriaceus*), sleip jordtunge (*Geoglossum glutinosum*) og dynetunge (*Geoglossum cookeianum* - ny norsk nordgrense). På sjølve øya fann vi ein sparsam forekomst av dvergsmyle (*Aira praecox*) i kortbeita grasmark. Dette ørvesle, kystbundne graset er vanlegast i område med relativt hard beiting og er sjeldan å finna så langt nord.

Råd om framtidig bruk: Landskap i tradisjonell bruk med ein mosaikk av beita kystgrashei og lynghei blir stadig sjeldnare. Sør-Ramsøya er til no den mest velhevdta lokaliteten med tradisjonelt preg som vi har funne i Averøy kommune, og ein av dei få fine kystlokalitetane mellom Sunnmøre og Smøla. Det er derfor sterkt ønskjeleg at ein stimulerer til bruk av slike område også i framtida. I Møre og Romsdal er det forholdsvis få område der sauene går ute det meste av året og dermed sørger for eit kontinuerleg beitetrykk. Det er ønskjeleg at denne driftsmåten blir halde ved lag. Ramsøya er også interessant fordi det er brent lyng for berre 9-10 år sidan. Denne skikken er no så sjeldan i bruk at det ville vera verdifullt om han vert halden i hevd i framtida her på Ramsøya i dei delene av øya der lyngen dominerer.

Tøvik

Kategori: 3 - lokal verdi

Områdeskildring, vegetasjon: Vi undersøkte noko gammal eng og beitemark mellom det gamle ferjeleiet og riksvegen. Ein del av det var gjødselpåverka, men det fanst og magrare, moserike parti som truleg har fått mindre gjødsel. Her finst i tillegg ein del lauvskog med m. a. hasselkratt.

Kommentarar til funn: Av 45 planteartar var det 11 naturengplanter, m. a. aurikkelsvæve og hårvæve. Elles fanst ein del kusymre i lauvskogen og beitekantane. Det vart funne 8 soppartar, av desse berre 3 vanlege beitemarkssopp. Ut frå dei funna som vart gjort, er lokaliteten plassert i kategori 3.

Råd om framtidig bruk: Det er ønskjeleg med framhaldande beiting, og krattrydding i den grad det er nødvendig for å halda landskapet ope.

Vågsholmen

Kategori: 2 - regional verdi

Områdeskildring, vegetasjon: Lokaliteten er omtala av Jordal & Gaarder (1995a). Vågsholmen ligg ved Atlanterhavsvegen nær Litj-Lauvøya. Det ligg ein bebudd gard på øya, der sauehaldet nyleg er nedlagt (etter at vi undersøkte her). Sauene gjekk dels her og dels på Litj-Lauvøya. Jorda er dels fulldyrka, men noko overflatedyrka beite og kantområde synest å vera gode område for beitemarkssopp. Vegetasjonen er triviell, med ein mosaikk mellom gras- og urtedominert, grunnlendt beitemark og meir ekstensivt beita lynghei.

Kommentarar til funn: Det vart funne 19 artar av beitemarkssopp (24 poeng) og 45 planteartar, av desse 12 naturengplanter. Totalt vart det funne 29 soppartar og 42 planteartar i beitemarkene.

Fleire av beitemarkssoppene er mindre vanlege, og brunsvart jordtunge (*Geoglossum umbratile*) er hensynskrevande på raudlista. Vegetasjon, artssamansetting m.m. tilseier kategori 2.

Råd om framtidig bruk: Landskap med beita kystgrashei og llynghei blir stadig sjeldnare. Det er derfor sterkt ønskjeleg at styresmaktene stimulerer til bruk av slike område også i framtida. I dette tilfellet planlegg noverande brukar å slutta med sau, og dette illustrerer problemet.

Eide

Eide var ein av dei ti kommunane der det vart gjort supplerande undersøkingar på oppdrag av Miljøvernnavdelinga i 1995. Dei fleste lokalitetar som er foreslått av kommunen er anten oppsøkt eller eliminert som aktuelle for biologiske undersøkingar etter skriftlege eller muntlege opplysningar frå folk i kommunen. I tillegg til lokalitetane nedanfor er tre lokalitetar omtala av Jordal & Sivertsen (1992) og Jordal & Gaarder (1993). Det synest å vera relativt lite att av tradisjonell natureng og naturbeitemark i kommunen. Det meste av det vi har sett, har anten vore gjødsla eller under attgroing. Attgroinga må sjåast i samanheng med eit relativt lågt sauetal på 1970-talet, rundt 400 vinterfôra dyr, medan talet no er oppe i rundt 1000.

Åkerrikse i Svanvika i 1995

I 1995 vart det høyrt ei åkerrikse i ei graseng med høymol m.m. tilhøyrande Svanvika frå slutten av mai til ut i juli. Åkerriksa er ein direkte utryddingstruga art, og krev derfor særskilt merksemd. Her i fylket var det i 1995 berre 7 kommunar som hadde den ære å husa lokalitetar for denne sjeldne arten, som er meir eller mindre forsvunnen i heile Europa etter dei store omleggingane i jordbruksdrift i dette hundreåret. Aktuelle åkerrikselokalitetar bør t. d. sikrast mot tekniske inngrep, og eng i aktiv jordbruksdrift bør absolutt ikkje slåast før ein er sikker på at ungane har forlate staden, som regel i august. Eit samarbeid mellom Norsk Ornitologisk Forening, Norges Bondelag og miljøvernstyresmaktene prøver å få til ei erstatningsordning for bønder som får denne eksklusive gjesten på markene sine. I 1996 fekk to bønder i Hordaland kompensasjon for utsett slått frå Landbruksavdelinga hos fylkesmannen.

Einhaugen

Kategori: 4 - truleg liten verdi

Områdeskildring, vegetasjon: Dette er eit småbruk med tradisjonelt preg, fleire gamle uthus og ei udyrka beitemark mellom riksvegen og naustet. Denne blir framleis beita, men er gjødsla. Nokre naturengplanter fanst i kantområde og på tuvene.

Kommentarar til funn: Det vart funne 19 planteartar i grasmarka, av desse berre 4 vanlege naturengplanter. Det vart ikkje funne beitemarkssopp. Lokaliteten blir plassert i kategori 4.

Ugelstadsetra

Kategori: 4 - truleg liten verdi

Områdeskildring, vegetasjon: Seterområdet ligg sørvendt i eit dalføre som er dominert av den store Ugelstadmyra. Det meste av dei tidlegare setervollane er dyrka opp og gjødsla, og areal med naturbeitemark er avgrensa til små kantområde som også er i attgroing.

Kommentarar til funn: Det vart funne 15 planteartar i grasmarkene, av desse berre 1 naturengart, men undersøkingane vart raskt avslutta. Det vart ikkje funne beitemarkssopp. Lokaliteten kjem i kategori 4.

Frei

Frei var ein av dei ti kommunane der det vart gjort supplerande undersøkingar på oppdrag av Miljøvernnavdelinga i 1995. Dei fleste lokalitetane som er foreslått av kommunen er anten oppsøkt eller eliminert som aktuelle for biologiske undersøkingar etter opplysningar frå kommunen. Det synest å vera relativt lite att av tradisjonell natureng og naturbeitemark i kommunen. Det meste av det vi har sett, har anten vore gjødsla eller under attgroat. Attgroatene kan mellom anna sjåast i samanheng med eit svært lågt sauetal på 1970-talet, rundt 100 vinterfôra dyr, medan talet no er litt høgre, rundt 160-170. Elles har det også vore lite storfebeiting i utmark. Vi har befart Bolgvågen (attgroat), Nerbolga (attgroat, men omtala nedafor), Vadsteinvik (attgroat, llynghesi), Møstvågen - Møst (mest fulldyrka mark), Amundøy - Brattøy (noko llynghesi, attgroande beitemark), Vika ved Dragset (attgroande enger på tidlegare dyrka mark og Flatsetøya (små areal udyrka beite, men verka gjødsla). Dei fleste lokalitetane verka lite aktuelle med omsyn på inngående biologiske undersøkingar, og vart stort sett vurdert frå avstand. Nedafor er den mest interessante lokaliteten, Ner-Bolga, omtala.

Nerbolga

Kategori: 3 - lokal verdi

Områdeskildring, vegetasjon: Garden ligg austvendt ned mot sjøen vest for Husøya ved Bolgvågen. Her finst eit større område med naturbeitemark som gror att med høgt gras og buskar. Det har beita hest i området, men beitetrykket er alt for lågt.

Kommentarar til funn: Attgroatene er dominert av sølvbunke, krattlodnegras, bjørk og rogn. Det finst framleis ein del naturengplanter som smalkjempe, harerug, tepperot og geitsvingel, men det vart ikkje nedteikna fullstendig planteliste. Det vart funne ein beitemarkssopp (honningvokssopp, *Hygrocybe reidii*). Lokaliteten blir plassert i kategori 3.

Råd om framtidig bruk: Dersom ikkje beita skal gro att er det nødvendig med krattrydding og eit heilt anna beitetrykk enn i dag. Fleire hestar kan kanskje vera eit alternativ.

Fræna

I Fræna har vi i 1995 berre besøkt Skutholmen, som både biologisk og kulturelt er eit unikt og intakt tradisjonelt kystkulturlandskap. I tillegg har vi omtala observasjonar av åkerrikse og vaktel ved Gule.

Åkerrikse og vaktel ved Gule i 1995

I 1995 vart det høyrt to ropande åkerrikser og ein vaktel i graseng og brakmark ved Gule frå 10. juni. Åkerriksa er ein direkte utspringstruga art, og krev derfor særskilt merksemde. Vaktelen er også ein sjeldan gjest i kulturlandskapet. Her i fylket var det i 1995 berre 7 kommunar som hadde den ære å husa lokalitetar for denne sjeldne arten, som er meir eller mindre forsvunnen i heile Europa etter dei store omleggingane i jordbruksmarkedet i dette hundreåret. Aktuelle åkerrikselokalitetar bør t. d. sikrast mot tekniske inngrep, og eng i aktiv jordbruksdrift bør absolutt ikkje slåast før ein er sikker på at ungane har forlate staden, som regel i august. Eit samarbeid mellom Norsk Ornitoligisk Forening, Norges Bondelag og miljøvernstyresmaktene prøver å få til ei erstatningsordning for bønder som får denne eksklusive gjesten på markene sine. I 1996 fekk to bønder i Hordaland kompensasjon for utsett slått frå Landbruksavdelinga hos fylkesmannen.

Skutholmen

Kategori: 1 - nasjonal verdi

Områdeskildring, vegetasjon: Sjå tidlegare rapportar (Jordal & Sivertsen 1992, Jordal & Gaarder 1993, 1995a). Lokaliteten er også i 1995 slått med ljå.

Kommentarar til funn: Det er etter fire besøk i fire sesongar kjent 27 beitemarkssopp (54 poeng). Også i 1995 vart den utryddingstruga slimjordtunga (*Geoglossum difforme*) attfunnen i god bestand. Den andre utryddingstruga arten som er kjent herifrå, sumpjordtunge (*Geoglossum uliginosum*) vart ikkje attfunnen. Det hadde vore frost i månadsskiftet september/oktober, og det var lite sopp å finna. I 1995 vart det oppteke planteliste. Det vart funne 50 planteartar i grasmarkene, og av desse var det 15 naturengartar. Mellom desse var harerug, hårvæve, kjertelaugnetrøst, knegras og småengkall. Det er særleg dei to utryddingstruga jordtungeartane, den sårbare gul slimvokssopp, og det høge talet beitemarkssopp som plasserer denne lokaliteten i kategori 1. Talet på naturengplanter er også relativt høgt til å vera ein ytterkystlokalitet med mager, kalkfattig vegetasjon. Som tradisjonelt kystkulturlandskap med intakte kulturelle og biologiske verdiar er Skutholmen heilt unik, og lokaliteten er plassert i kategori 1.

Råd om framtidig bruk: Det er sterkt ønskjeleg med framhald av ljåslåtten. Dersom det ein gong ikkje blir anna råd, er utleige til beite (sau, ungdyr) truleg eit akseptabelt alternativ.

Giske

I Giske har vi i 1995 besøkt på nytt dei store og artsrike beitemarkene ved Alnes. I tillegg omtalar vi observasjonar av åkerrikse i kommunen. Sauetalet i Giske går ned. Frå vel 200 vinterfôra dyr i 1976 auka det til nesten 400 i 1984, men er no nede i 120-130. Dette medfører lågare beitetrykk og sjanse for attgroing dersom ikkje andre husdyrslag held beitebruken ved lag. Vi har ønskje om vidare undersøkingar i kommunen, særleg av strandenger på stader som Roaldsanden og Blindheimsanden der det tidlegare er gjort mange interessante funn av sjeldne naturengplanter.

Åkerrikse i Giske i 1995

I 1995 vart det høyrt 1-2 ropande åkerrikser på Valderøya, ei i området Rørvikvågen-Roald på Vigra frå 25. mai til ut i juli, og ei ved Giskeødegård i Giske 30. juni (Folvik & Øien 1995). I 1996 vart det også høyrt 1-2 individ på Vigra (kjelde: A. O. Folkestad). Giske har i fleire tiår vore ein av dei viktigaste kommunane i fylket for denne svært sjeldne fuglearten. Åkerriksa er ein direkte utryddingstruga art, og krev derfor særskilt merksem. Her i fylket var det i 1995 berre 7 kommunar som hadde den ære å husa lokalitetar for denne sjeldne arten, som er i sterkt tilbakegang i heile Europa etter dei store omleggingane i jordbruket i dette hundreåret. Aktuelle åkerrikselokalitetar bør t. d. sikrast mot tekniske inngrep, og eng i aktiv jordbruksdrift bør absolutt ikkje slåast før ein er sikker på at ungane har forlate staden, som regel i august. Eit samarbeid mellom Norsk Ornitoligisk Forening, Norges Bondelag og miljøvernstyresmaktene prøver å få til ei erstatningsordning for bønder som får denne eksklusive gjesten på markene sine. I 1996 fekk to bønder i Hordaland kompensasjon for utsett slått frå Landbruksavdelinga hos fylkesmannen.

Godøya: Alnes

Kategori: 1 - nasjonal verdi

Områdeskildring, vegetasjon: Dette er eit stort, brattlendt, grasdominert beiteområde beita av sau, sjå Jordal & Gaarder (1993). Det vart lagt ut ei 10###10 meters analyserute rundt 30 m o. h. ovafor eit sommarfjøs i vestre del av området. Vegetasjonen verka litt gjødsla. I ruta vart det funne 20 planteartar, av desse 5 naturengplanter og 1 seterplante. Dominerande planter var engkvein, raudsvingel, engrapp og geitsvingel. 10% dekning av engrapp og få naturengplanter

stemmer med opplysninga om at staden blir gjødsla. Gjødslinga er likevel såpass svak at feltsjiktdekninga er berre 50% og mosedekninga 80%. Det var ubetydeleg strø, noko som tyder på godt beitetrykk.

Kommentarar til funn: Ved opplisting av plante- og soppfunn er lokaliteten på grunn av storleiken delt i tre: vestre del, austre del og øvre del mot fjellet. Vestre del har 24 beitemarkssopp (47 artspoeng), austre del 23 (49 poeng), og øvre del mot fjellet 8 beitemarkssopp (9 poeng). Sistnemte er berre besøkt i 1995, og er ikkje godt undersøkt. For området som heilskap blir talet på beitemarkssopp 31, noko som gjev heile 70 artspoeng. I vestre del er det særleg verdt å nemna dei sårbare artane flammevokssopp (*Hygrocybe intermedia*) og raud honningvokssopp (*Hygrocybe splendidissima*). I austre del er den sårbare grå narremusserong (*Porpoloma metapodium*) funnen, og vidare det første av to funn i fylket av den hensynskrevande jordtungearten vrangtunge (*Geoglossum atropurpureum*). I Alnesområdet er det totalt funne 3 sårbare og 8 hensynskrevande artar av beitemarkssopp. Det bør også nemnast at vi i 1995 fann ein svært sjeldan skivesopp, *Squamanita paradoxa*, i austre del av Alnesområdet. Funnet er publisert; arten er tidlegare kjent frå berre eitt anna funn i Norge og ca. 15 funn elles i Europa (Jordal & Gaarder 1996a). Arten er truleg parasitt på okergul grynhatt, som er ein vanleg sopp i grasmarker.

Det er laga planteliste berre for vestre del. Det er her funne 54 planteartar, av desse 16 naturengartar. Mellom desse var det nokre fuktengartar som indikerer baserik jord: dvergjamne, jáblom, kornstorr og loppestorr. Det er likevel den rike soppfloraen som er mest verdifull og som klart plasserer lokaliteten i kategori 1.

Råd om framtidig bruk: Bruken av beita på Alnes bør halda fram som før. Største trugsmålet er at folk sluttar med sau. Dette er eit av dei områda der ein bør kunne gje tilskott til kostnader i samband med beitebruken, som vedlikehald av gjerder og ferister.

Gjemnes

I Gjemnes kommune arbeider ein med ei kommunal kulturlandskapsplan. Etter ønskje frå kommunen og godkjenning frå Landbruksavdelinga, har den eine av rapportforfattarane i september 1996 brukt 4½ dag på registreringar i kommunen. Arbeidsgruppa for kulturlandskap i kommunen har valt ut lokalitetane. Fagkonsulent Ole Anders Gagnat har kontakta grunneigarar og delteke ved alle befaringar. Dette har vore nyttig for begge partar. Det har gitt rapportforfattarane ein del lokalkunnskap, og det har gitt kommunen kjennskap til faglege forhold og vurderingar omkring kvar einskild lokalitet som det elles ville teke lang tid å formidla. Sauetalet i Gjemnes har variert mellom 1200 og 1800 vinterfôra dyr dei siste 20 åra. Elles tek vi med opplysningar frå andre om åkerrikseobservasjonar i kommunen.

Åkerrikse på Storlandet i 1995

I 1995 vart det høyrt ropande åkerrikse i graseng på Søvik ca. 3.- 10. juni. Fuglen forsvann etter slått ca. 10. juni. Åkerriksa er ein direkte utsynningstruga art, og krev derfor særskilt merksemd. Her i fylket var det i 1995 berre 7 kommunar som hadde den ære å husa lokalitetar for denne sjeldne arten, som er i sterkt tilbakegang i heile Europa etter dei store omleggingane i jordbruksdrift i dette hundreåret. Aktuelle åkerrikselokalitetar bør t. d. sikrast mot tekniske inngrep, og eng i aktiv jordbruksdrift bør absolutt ikkje slåast før ein er sikker på at ungane har forlate staden, som regel i august. Eit samarbeid mellom Norsk Ornitologisk Forening, Norges Bondelag og miljøvernstyresmaktene prøver å få til ei erstatningsordning for bønder som får denne eksklusive

gjesten på markene sine. I 1996 fekk to bønder i Hordaland kompensasjon for utsett slått frå Landbruksavdelinga hos fylkesmannen.

Bergsøya: Bergsholmen

Kategori: 3 - lokal verdi

Områdeskildring, vegetasjon: Bergsholmen ligg på innsida av Bergsøya noko sør for flytebrua. Holmen er i dag landfast med ein molo. Ein del av holmen er kledd med lauvskog som dels kan klassifiserast som blåbærbjørkeskog. Elles finst opne beitemarker, strandberg, strandeng og svartorstrandskog. Registrerte tre- og buskslag var bjørk, svartor, einer, gråor, kjøttnype, osp, rogn, selje, furu, øyrevier og platanlønn. Beitemarkene er gjødsla og sølvbunkedominerte med noko englodnegras og myrtistel.

Kommentarar til funn: Det vart funne 90 planteartar, av desse 12 vanlege naturengplanter. Det høge talet på planteartar må sjåast på bakgrunn av at her finst mange vegetasjonstypar med skog og strand som dei viktigaste i tillegg til beitemarkene. Det vart ikkje funne beitemarkssopp.

Råd om framtidig bruk: Bergsholmen har i noverande tilstand relativt lita biologisk interesse som kulturlandskap, men framhaldande beiting kombinert med lite gjødsling kan leggja tilhøva til rette for innvandring av fleire beiteavhengige artar.

Bergsøya: Høgholmen

Kategori: 4 - truleg liten verdi

Områdeskildring, vegetasjon: Høgholmen er den vestlegaste og høgste (34 m) av holmane på nordsida av Bergsøya. Her har ikkje vore beita på lenge, og holmen har mykje lynghei med grov og høgvaksen røsslyng. Elles finst noko storfrytledominert vegetasjon, fukthei, strandberg og knausar med usamanhengande vegetasjon. Av tre- og buskslag fanst kjøttnype, furu, platanlønn og selje.

Kommentarar til funn: Det vart funne 46 planteartar, av desse 7 vanlege naturengplanter. Det vart ikkje funne beitemarkssopp.

Råd om framtidig bruk: I dagens tilstand har Høgholmen liten biologisk verdi som kulturlandskap, men oppattaking av beitet kan gje ein del artar sjansen til å dukka opp att.

Bergsøya: Isakholmen

Kategori: 4 - truleg liten verdi

Områdeskildring, vegetasjon: Isakholmen er den midtre av dei tre større holmane på nordvestsida av Bergsøya, omlag midt over Freifjordtunellen. Her finst både røsslynghei og meir fuktig hei, men og ein del attveksande grasmark med mykje smyle, raudsvingel, gulaks og englodnegras. På grunnlendt berg går attveksinga seint, og her veks ein del engplanter som lækjeveronika og smalkjempe. Ved stranda fanst både tangvoll- og strandbergplanter. Av tre- og buskvekstar fann vi einer, kjøttnype og rogn.

Kommentarar til funn: Det vart funne 54 planteartar, av desse 9 vanlege naturengplanter. Av spesielle artar kan nemnast sverdlilje. Det vart ikkje funne beitemarkssopp. Grønfink vart observert under befaringsa.

Råd om framtidig bruk: Isakholmen har i dag inga stor biologisk interesse som kulturlandskap. Om nokon vil sleppa dyr her er det berre positivt, og kan leggja tilhøva til rette for innvandring av beiteavhengige artar.

Bergsøya: Jåholmen

Kategori: 4 - truleg liten verdi som kulturlandskap, men andre interessante funn

Områdeskildring, vegetasjon: Jåholmen er den nordlegaste av dei fire holmane som vart undersøkt på utsida av Bergsøya. Det finst noko røsslynghei her, og elles fukthei med m. a. knappsiv. Vidare finst tangvoll- og strandbergvegetasjon. Av tre- og buskvekstar fann vi bjørk, einer, furu, kjøttnype og rogn.

Kommentarar til funn: Det vart funne 62 planteartar, av desse 7 vanlege naturengplanter. Eit heilt spesielt funn som ikkje har noko med kulturpåverknad å gjera, var **knortestorr** (*Carex otrubae*). Denne arten er tidlegare funnen berre ein handfull gonger her i fylket nord til Bud i Fræna (Naustdal 1945, Malme 1971, Holten m. fl. 1986, Elven m. fl. 1994). Funnet på Jåholmen er dermed faktisk ny norsk nordgrense. Knortestorr er eit høgt, stift storr som vaks i ei tuve med ca. 10 strå like over flomålet i ei bergsprekk, ein typisk veksestad for denne arten. Det vart ikkje funne beitemarkssopp på Jåholmen.

Råd om framtidig bruk: Som kulturlandskap har heller ikkje Jåholmen noko stor biologisk interesse i dag. Derimot er det interessant at lokaliteten har den nordlegaste norske bestanden av knortestorr.

Bergsøya: Storholmen

Kategori: 4 - truleg liten verdi

Områdeskildring, vegetasjon: Dette er den største av holmane som vart undersøkt på utsida av Bergsøya. Her finst ein del røsslynghei, og på sørsida er det ein god del einer. Elles finst parti med smyledominerte grasheiar og fukthei med m. a. knappsiv. Langs stranda finst strandberg- og tangvollvegetasjon. På grunnlendt berg finst ein del engplanter i usamanhengande vegetasjon, t. d. hårvæve, lækjeveronika, smalkjempe og geitsvingel. Av tre- og buskslag fanst bjørk, einer, furu, gråor, kjøttnype og rogn.

Kommentarar til funn: Det vart funne 56 planteartar, av desse 11 naturengplanter. Det vart ikkje funne beitemarkssopp.

Råd om framtidig bruk: Som kulturlandskap er heller ikkje Storholmen særleg interessant biologisk sett, men som elles på kysten er det positivt dersom hevden blir teken opp att på tradisjonelle beiteholmar.

Brubæksetra

Kategori: 4 - truleg liten verdi

Områdeskildring, vegetasjon: Brubæksetra finst i dag berre som tufter, og det som ein gong truleg har vore setervoll, er i dag forsumpa til fattig myr med duskull og bjønnskjegg. Rundt sjølve tuftene er det framleis noko fastmark med ein del vanlege kulturlandskapstilknytta artar som engfrytle, finnskjegg, gulaks, harerug, engkvein, engsoleie, krypsoleie og sølvbunke.

Kommentarar til funn: Det vart funne 45 planteartar, av desse 6 vanlege naturengplanter. Det vart ikkje funne beitemarkssopp.

Råd om framtidig bruk: Brubæksetra har i dag lita biologisk interesse som kulturlandskap.

Duålia

Kategori: 2 - regional verdi

Områdeskildring, vegetasjon: Setra ligg fritt til i ein solvendt bakke med dels tørr og dels frisk fastmark. Beitetrykket er lågt, og graset veks nokså høgt. Mykje av vollen er sølvbunkeeng, men det er også litt blåbærhei, og i øvre og nedre deler ein del gras- og urterik natureng. Setervoll vart rydda og seterhus oppsett av John Neergaard i 2. halvdel av 1800-talet. Matrikkelen frå 1863 fortel om berre fjellslått (avling 70 lass) og beiting, inga setring. Rundt århundreskiftet vart det

setra med rundt 30 kyr og 50 geit. Geitehaldet tok slutt i 1928, setringa i 1945. Fjellslåtten tok også slutt i 1940-åra (kjelde: Gards- og ættesoge for Gjemnes, bind 1). Etter den tid har her berre vore streifbeiting. Det vart teke ei ruteanalyse på 10###10 meter i nedre del av vollen, og her dominerte sølvbunke, engkvein, gulaks og tepperot. Ruta inneheldt 25 planteartar, av desse 10 naturengplanter. Dette er eit vanleg resultat på kalkfattige setervollar.

Kommentarar til funn: Det vart funne 55 planteartar, av desse 15 naturengplanter. I dei gras- og urterike naturengene vaks m. a. heiblåfjør, marinøkkel, aurikkelsvæve, hårsvæve og mykje smalkjempe. Funn av marinøkkel var noko uventa, denne arten er uvanleg i lågare strok og ut mot kysten i dag. Talet på naturengplanter var også relativt høgt. Det vart funne ein beitemarkssopp, nemleg den hensynskrevande arten skifervokssopp (*Hygrocybe lacmus*). Truleg vil ein god del fleire artar av beitemarkssopp kunne finnast her.

Råd om framtidig bruk: Duålia kan vera ein aktuell stad for etablering av ein tradisjon med slåttardag på ettersommaren (sist i juli eller først i august), der t. d. bygdeungdomslag eller bondelag slår heile eller deler av vollen med ljå, slik som på Vaulen (Nordmarka) i Surnadal. Det er i så fall viktig at graset blir raka bort. Eit lag som tek på seg slått bør kunne få tilskot til laget sidan lokaliteten har registrerte biologiske verdiar, og elles har kulturhistorisk interesse. Ein slik dag kan og innehalda mykje anna som har med lokal kultur og identitet å gjera.

Flåberget

Kategori: 3 - lokal verdi

Områdeskildring, vegetasjon: Flåberget er ein gammal buplass i skogen 270 m o. h. aust for Furset. Den tidlegare dyrkamarka er i dag dels open voll med sølvbunkeeng og meir lågvaksen, gras/urterik natureng, dels ung, einsaldrat bjørkeskog med ein undervegetasjon av einstape og sølvbunke. Attgroinga går altså sin gang i retning bjørkeskog. Området var i 1996 beita litt av hest, og det var slått litt rundt huset.

Kommentarar til funn: Det vart funne 49 stort sett vanlege planteartar, av desse 13 naturengplanter. Her kan nemnast t. d. heiblåfjør, fjellmarikåpe, kornstorr og kjertelaugnetrøst. Det vart ikkje funne beitemarkssopp.

Råd om framtidig bruk: Dersom ein vil hindra at vollen gror til, bør ein rydda noko skog og buskar, og anten slå eller sørga for eit visst beitetrykk.

Gagnat og Sogna

Kategori: 1/2 - nasjonal/regional verdi

Områdeskildring, vegetasjon: Tidlegare er beitemarker med einer ved Gagnatneset og Postvikneset undersøkt og omtala (Jordal & Sivertsen 1992, Jordal & Gaarder 1993, 1995a, Aksdal 1994). Det er sidan laga ei skjøtsels- og tiltaksplan for kulturlandskapet på Gagnat (Gagnat 1996). Dette er ei god kjelde til kulturhistoria og generell skildring av området, og det meste treng ikkje gjentakast her. Typisk for Gagnatgardane er fleire særprega einerbakkar som i seinare tid er beita berre av storfe. Ifølgje Gagnat (1996) vart det slutt på småfehaldet før 1970, og rundt 1980 forsvann den siste hesten. Beiting av storfe åleine viser seg å ikkje vera tilstrekkeleg til å motverka attgroing av beitemarkene med einer og andre tre og buskar. Bilete frå 1950-talet viser eit mykje opnare landskap. Av vegetasjonstypar finst einerbakkar sør for Oppistua (gjødsla for hand, grunnlendt og noko trakkpåverka), utover mot Gagnatneset (tett einer som saman med lauvtre og klunger gjev eit nokså attgrodd preg) og på Postvikneset (mest artsrike lokalitet for beitemarkssopp). Elles finst sølvbunkeeng ved Postvikneset, lauvskog med m. a. hassel ved Gagnatneset, sør vendte tørrberg inn mot bukta, og ei tresett tidlegare slåttemark på Kobbskjeret. Ovafor vegen ved Sogna ligg ei attgroande, lite gjødselpåverka slåtteeng med engkvein, raudsvingel og gulaks, liljekonvall og grov nattfiol, og oppslag av bjørk, osp, ormetelg,

skogburkne og bringebær. Det vart i 1996 utlagt ei 10###10 meters analyserute for vegetasjon i einerbakken på Postvikneset. Forutan einer dominerte engkvein, gulaks, tytebær, lækjeveronika og blåknapp. Ruta inneholdt 31 planteartar, av desse 8 naturengplanter. Dette er eit vanleg resultat i naturbeitemark på kalkfattig grunn. Utan at vi hadde studert soppfloraen ville ikkje denne einerbakken blitt vurdert som særleg interessant.

Kommentarar til funn: I 1996 vart det laga planteliste for Gagnat og Sogna med hovudvekt på opne landskapstypar, som også inkluderer slåtteenga på øversida av vegen ved Sogna. Det vart i 1996 funne 117 planteartar, av desse 15 naturengplanter. Det høge artstalet må sjåast på bakgrunn av stor variasjon i vegetasjonstypar. Kulturlandskapet på Gagnat er artsrikt når det gjeld floraen. Noko av det mest interessante er førekomensten av grov nattfiol ved Sogna, og dei artsrike tørrberga ved sjøen nedafor Oppistua med m. a. sølvture, småsmelle, hårvæve, olavsskjegg og småbergknapp. Det er tidlegare funne 26 artar av beitemarkssopp (38 poeng). Dette er kommentert i tidlegare rapportar, men det er grunn til å minna om at fleire av artane er sjeldne, og at røykbrun jordtunge (*Geoglossum hakelieri*) er utryddingstruga i heile det kjende utbreiingsområdet.

Råd om framtidig bruk: I beitemarkene, og i heilt skogkledd, tidlegare kulturmark, tilrår tiltaksplana fjerning av dei fleste trea, rydding av lauvkratt, tynning av einer, gjerding, forsiktig grøfting, auka beitetrykk og bruk av fleire dyreslag (småfe/hest). Dei delene av beitet der det er påvist mange artar av beitemarkssopp bør ikkje gjødslast korkje med handelsgjødsel eller husdyrgjødsel. Vi har ikkje mykje å tilføya til dette. Platanlønn bør fjernast heilt. Vidare bør slåtten takast opp att på den attgroande slåtteenga ved Sogna, og enga bør helst ikkje gjødslast. Slåtten bør skje seint, gjerne ved olsokleite, ein bør bruka lette maskiner (helst tohjula slåmaskin) og graset må fjernast. Rundt dei sørvestlige tørrberga i bukta nedafor Oppistua bør ein kanskje fjerna tre og buskar, da vegetasjonen på desse berga er lyskrevande. Som tiltaksplana seier, bør detaljar i arbeidet drøftast med fagfolk ute i marka før det blir sett i verk.

Gagnatetrane

Kategori: 4 - truleg liten verdi

Områdeskildring, vegetasjon: Gagnatetrane ligg i dag i eit landskap som har kome langt i attgroinga, og er nærmast for skog å rekna. Rundt setrane veks lauvskog og blandingsskog med bjørk, furu, osp, rogn, einer og øyrevier. I botnen er det mykje blåbærlyng. Elles finst fuktmark med mykje blåtopp, fattige og intermediære myrar (ein flekk med breiull vart observert), og inntil setrane noko høgvaksen, fuktig og frodig sølvbunkeeng med skogsnelle, bringebær, knappsviv og mjødurt. Somme artar, som geitsvingel, vart berre observert på torvtaket.

Kommentarar til funn: Det vart funne 58 planteartar, av desse berre 6 vanlege naturengplanter. Det mest uventa var kanskje ein krull med turt nedanfor setrane. Det vart ikkje funne beitemarkssopp.

Råd om framtidig bruk: Som kulturlandskap har lokaliteten i dag liten biologisk verdi. Landskapsmessig kan det likevel vera verdt å fjerna noko av skogen rundt husa.

Hoem: Nylenna

Kategori: 3 - lokal verdi

Områdeskildring, vegetasjon: Dette er eit steinet, for det meste udyrka, noko gjødsla beite langs Hoemselva oppover frå der den renn ut i sjøen. I kantane finst tre- og buskslag som alm, lerk, bjørk, bustnype, einer, gråor, hassel, hegg og rogn. Sjølve beitemarka er relativt artsfattig, med m. a. ein del sølvbunke, raudsvingel og engrapp. Eit stykke oppe i elva står eit kvernhus.

Kommentarar til funn: Det vart funne 47 planteartar, av desse 6 naturengplanter. Det mest interessante var funn av grov nattfiol. Det vart berre funne ein art av beitemarkssopp (grøn vokssopp, *Hygrocybe psittacina*). I tilknyting til lerk vart det funne lerkesopp og lerkesleipsopp.

Råd om framtidig bruk: Det er ønskjeleg at staden blir beita også i framtida. Dersom ein ikkje gjødslar for mykje, kan fleire beiteavhengige, gjødslingsfølsame artar dukka opp.

Jutulen (plass ved Gjemnes)

Kategori: 3 - lokal verdi

Områdeskildring, vegetasjon: Jutulen er ein gammal husmannsplass som i dag berre finst som tufter og beitemark eit stykke ovafor vegen eit par kilometer innover frå Gjemnes. Her finst opne beitemarker omkransa av skog. I øvre deler er det sterkt oppslag av platanlønn og gråor, som snart vil verta vanskeleg å halda unna. Av andre tre- og buskslag finst bjørk, bustnype, einer, hassel, hegg, rogn og svartor. I beitemarkene er det m. a. ein god del engkvein og sølvbunke. Ved besøket gjekk det hestar på beite i området.

Kommentarar til funn: Det vart funne 60 planteartar, av desse 16 naturengplanter. Dette er eit relativt høgt tal, men det var likevel for det meste vanlege artar som blåklokke, geitsvingel, gulaks, harerug, jonsokkoll, kjertelaugnetrøst, knegras, smalkjempe og småengkall. Elles vart det funne nyresoleie, skoggråurt og fagerperikum. Det vart ikkje funne beitemarkssopp.

Råd om framtidig bruk: Det er positivt at området blir beita. Dersom ein vil ta vare på landskapet, bør ein likevel gå inn med massiv rydding av gråor og platanlønn. Platanlønna bør ein prøva å fjerna heilt. Dette er ein innført art som er svært konkurransesterk i kyst- og fjordstrok, og som trugar med å utkonkurrera dei tresлага vi har frå før i solrike lier.

Langdalen: Botnvatnet (høyløetøfter, gammal utslått)

Kategori: 3 - lokal verdi

Områdeskildring, vegetasjon: Dette er eit utmarksområde 270-320 meter over havet vest for Botnvatnet (nær kommunegrensa mot Molde) der det finst tufter av høyløer, og der det har vore dreve utmarksslått, men der kulturpåverknaden ikkje er så lett synleg i dag. Området har fattig- og intermediaermyr og tørr og fuktig hei. Dessutan fann vi eit mindre område med frodig, lysopen gras/urterik bjørkeskog med ryddingsrøyser. Her dominerte sølvbunke, engkvein, gulaks, tepperot, skogstorkenebb og fleire bregneartar. Dette har truleg vore open, produktiv slåttemark for ganske lang tid attende. I dag er den einaste kulturpåverknaden streifbeiting av sau. Av tre- og buskslag fann vi bjørk, dvergbjørk, einer, gråor, furu, hegg, rogn, svartvier og øyrevier.

Kommentarar til funn: Det vart funne 75 planteartar i området, av desse berre 6 naturengplanter. Artar som kan nemnast er dvergjamne, jáblom og kornstorr. Det vart ikkje funne beitemarkssopp.

Råd om framtidig bruk: Det har vore planar om å setta opp att ei høyløe på gamle tufter, og dette vil vera ei fin fokusering på tidlegare tiders strev med å skaffa vinterfôr frå utmarka. Litt ljåslått rundt denne eventuelle høyløa vil kunne gjenskapa den vegetasjonen som var i desse utslåttane. Dagens streifbeiting har neppe særleg innverknad på vegetasjonen.

Silsetfjellet: Gammelsetra

Kategori: 3 - lokal verdi

Områdeskildring, vegetasjon: Setrane ligg fritt til i sørhellingsa på ei høgd aust for Silsetvatnet, 370-390 meter over havet. Det er fleire hytter i området. Vollen har ein del sølvbunkeeng, finnskjeggdominerte parti og litt blåbærhei.

Kommentarar til funn: Det vart funne 41 planteartar, av desse 12 naturengplanter. Heiblåfjør, aurikkelsvæve, harerug og smalkjempe var mellom desse. Det vart funne 4 vanlege artar av grasmarkssopp, men ikkje beitemarkssopp.

Råd om framtidig bruk: Det er ønskjeleg at landskapet og vegetasjonen blir teke vare på ved beiting også i framtida. Det kan også vera aktuelt med fjerning av buskar og småtre i kantane.

Silsetfjellet: Innergardssetra

Kategori: 3 - lokal verdi

Områdeskildring, vegetasjon: Innergardssetra ligg i ei slak sørvestli aust for Gammelsetra, og noko lenger frå Silsetvatnet. Det er nokre hytter i området. Det synest å vera godt beitetrykk, og det er mykje engkransmose i botnen og lite strø. Vegetasjonen er nokså ueinsarta med litt sølvbunkeeng, noko grasmark med engkvein og kvitkløver, litt fukteng med trådsiv og stjernestorr, fattigmyr med bjønnskjegg og duskull, vidare steinutgardar med skogburkne rundt, noko finnskjeggdominert grashei, og noko blåbærlyng.

Kommentarar til funn: Det vart funne 52 planteartar, av desse 10 naturengplanter. Blant desse var heiblåfjør, harerug og småengkall. Det vart ikkje funne beitemarkssopp, men tilhøva synest likevel å vera brukbare for ein del artar av beitemarkssopp.

Råd om framtidig bruk: Beitinga bør halda fram, og buskas og treoppslag bør ryddast etter kvart.

Silsetfjellet: Stokkåsen

Kategori: 2/3 - regional/lokal verdi

Områdeskildring, vegetasjon: Stokkåsen er ein gammal buplass som ligg i ei sørhellings aust for sørrenden av Silsetvatnet, ca. 360 meter over havet. Her finst noko sølvbunkeeng, ein del gulaks- eller finnskjeggdominert grasmark og litt blåbærlyng. Aust for plassen finst eit gammelt granplantefelt, og elles er staden omkransa av lauvskog med m. a. bjørk, hegg og rogn. Det vart lagt ut ei 10##10 meters analyserute. Her dominerte engkvein, gulaks, kvitkløver, tepperot, smalkjempe, engsoleie, blåbær, myrfiol og sølvbunke. I ruta vart det funne 35 planteartar, av desse 11 naturengplanter og to seterplanter (fjellaugnetrøst og fjellmarikåpe), noko som er eit vanleg resultat på kalkfattige setervollar.

Kommentarar til funn: Det vart funne 51 planteartar, av desse 13 naturengplanter og 2 seterplanter. Her kan nemnast heiblåfjør (mykje), jonsokkoll, smalkjempe, småengkall og hårvæve. Det vart ikkje funne beitemarkssopp, men staden synest å ha gode vilkår for slike artar.

Råd om framtidig bruk: Streifbeiting fjernar ein del av produksjonen, men det er attgroingstendensar. Dersom det er råd å få til, kunne det vera positivt med ljåslått og fjerning av graset med visse års mellomrom.

Skeidsdalen: Kvennrotdalen (beita snøraseng)

Kategori: 2/3 - regional/lokal verdi

Områdeskildring, vegetasjon: Kvennrotdalen er spesiell i denne rapporten, da det er den einaste som kan beskrivast som intensivt sauebeita snøraseng. Denne enga ligg i tillegg i ytre fjordstrok og ikkje særleg høgt (undersøkt område ligg 430-480 meter over havet). Raspåverknad og sein snøsmelting (bratt austhelling) gjer at lokaliteten er trelaus med eit lågalpint preg, trass i at områda rundt i same høgd er kledde med skog. Ifølgje lokalkjende folk er lokaliteten svært attraktiv for sauene, og det var også mange sauher på undersøkingstidspunktet (20.09.1996). Vegetasjonen kan beskrivast som beita engsnøleie og bregnedominerte snøleie (fjellburkne, hestespreng). Det vart lagt ut ei 10##10 meters rute for vegetasjonsanalyse. Her dominerte

sølvbunke (nokså kortbeita), og vidare var det ein god del myrfiol, marikåpe, trefingerurt, engkvein, engsoleie, følblom, musøyre og hestespreng. Ruta inneheldt 44 artar, av desse 7 naturengplanter og 9 seterplanter. Talet på artar i ruta var relativt høgt.

Kommentarar til funn: Det vart funne 74 planteartar, av desse 12 naturengplanter og 13 seterplanter. Dette er dermed ein ganske artsrik lokalitet med eit betydeleg innslag av fjellplanter som trivst i beita engsamfunn (seterplanter). Fleire artar tyder på ein viss kalkpåverknad i jordsmonnet, slik som dvergjamne, fjellfrøstjerne, hårstorr og gulsildre. Det vart ikkje funne beitemarkssopp.

Råd om framtidig bruk: Denne lokaliteten vil halda seg omlag som no så lenge her blir sleppt ei tilstrekkeleg mengd sauер.

Skeisdalen: Sjømælingsetra

Kategori: 3 - lokal verdi

Områdeskildring, vegetasjon: Sjømælingsetra ligg på ein rygg vest for Skeisdalen.

Vegetasjonen er dels sølvbunkeeng, dels meir finnskjeggdominert grashei. Ved husa fanst noko nitrofil vegetasjon med krypsoleie, høy mole, stormesle og bringebær. På vollen finst ein del einer som gjev landskapet preg av einerbakke. I omgjevnadene finst elles bjørk, rogn og lerk. Vollen er moserik og med relativt lite strø, noko som tyder på eit brukbart beitetrykk.

Kommentarar til funn: Det vart funne 53 planteartar, av desse 11 naturengplanter. Mellom desse var heiblåfjør, aurikkelsvæve, knegras og kornstorr. Det vart ikkje funne beitemarkssopp.

Råd om framtidig bruk: Det er ønskjeleg at beitinga held fram som no. Etter kvart kan ein vurdera å tynna litt i eineren og fjerna andre buskar og småtre.

Svanavollen

Kategori: 2/3 - regional/lokal verdi

Områdeskildring, vegetasjon: Svanavollen ligg på austsida av Reinsfjellet, på ei lita høgd inst i dalføret langs Hoemselva, med Kinna som nærmeste nabo. Staden er nemnt som gard alt på slutten av 1500-talet, men vart aude frå 1699. I 1645 fødde dei 2 hestar, 12 vaksne kyr, 3 kviger, 12 sauere og 12 geiter. Etter 1701 har Svanavollen vore seter for 5-6 gardar. Derfor er det også mange hus her i dag. Setringa tok slutt i 1945 (kjelde: Gards- og ættesoge for Tingvoll, band 1). På det som i dag er open setervoll er det ein god del einer og lyngmark i nedre del. På vollen elles er det mykje engkvein- og gulaks-dominert vegetasjon, og noko sølvbunkeeng. Det blir slått rundt nokre av seterhusa, elles er vollen beita av streifande sauere. I omgjevnadene finst planta gran, elles ein del fattigmyr og lauvskog.

Kommentarar til funn: Det vart funne 49 planteartar på vollen, av desse 8 vanlege naturengplanter. Det vart seinhaustes funne 6 vanlege artar av beitemarkssopp.

Råd om framtidig bruk: Det er ønskjeleg å halda vegetasjonen ved like. Den enklaste måten å oppnå dette på er ved framhaldande beiting, tynning av einer og litt rydding av buskar og tre i kantane.

Øverlandsetra

Kategori: 2/3 - regional/lokal verdi

Områdeskildring, vegetasjon: Øverlandsetra ligg sør for Øverland i nordvestre del av kommunen, i dalføret mellom Harstadfjellet og Storfjellet vel 200 meter over havet. Området er prega av bjørkeskog og fattigmyrar. Ved setertuftene finst mindre areal med kulturpåverka engvegetasjon med engkvein, sølvbunke, engrapp, kvitkløver m.m. Litt ovafor setrane finst myrsig med ein del basekrevande artar. I området finst einsaldra, ung bjørkeskog som kan tyda på at landskapet har vore meir ope tidlegare.

Kommentarar til funn: Det vart funne 75 planteartar, av desse 16 naturengplanter og 2 seterplanter. Dette er ganske høge artstal, men skuldast dels variert vegetasjon med myr, skog og kulturmark, og dels eit riksigt ca. 100 meter innafor setrane med m. a. dvergjamne, kornstorr, loppestorr, gulsildre og sær bustorr. Andre artar som kan nemnast er aurikkelsvæve, heiblåfjør, heisiv, knegras, smalkjempe og småengkall. Det vart ikkje funne beitemarkssopp.

Råd om framtidig bruk: Området er middels interessant frå ein biologisk synsstad, og det er ønskjeleg at beitinga i framtida blir minst like sterkt som i dag.

Åndal

Kategori: 3 - lokal verdi

Områdeskildring, vegetasjon: Vi oppsøkte eit beite frampå kanten mot Batnfjordelva på garden til Nils M. Sæther. Beitet er dels gjødsla, men somme parti har truleg fått lite gjødsel.

Vegetasjonen består dels av sølvbunkeeng, men det finst også magrare, gras/urterik naturengvegetasjon. Vidare finst det i skråningane ned mot elva bjørk, einer, hassel og gråor.

Kommentarar til funn: Det vart funne 53 planteartar, av desse 15 naturengplanter. Her kan nemnast harerug, jonsokkoll, kjertelaugnetrøst, kystmaure, aurikkelsvæve og smalkjempe. Eit mindre område hadde mykje kystmaure, og dette er eit av dei nordlegaste funna i fylket. Arten er kjent nord til Smøla, og har isolerte funn i Agdenes og Namdalseid (Fægri 1960, Elven m. fl. 1994). Det vart funne 2 vanlege artar av beitemarkssopp.

Råd om framtidig bruk: Dei små magre partia er mest interessante, og det er ønskjeleg at desse blir beita og lite gjødsla.

Åndalsetrane

Kategori: 3 - lokal verdi

Områdeskildring, vegetasjon: Åndalsetrane består av fleire setrar og hytter. I omgjevnadene dominerer bjørkeskog og fattigmyr. Også i seterlandskapet er det noko tre og skogkrullar.

Vegetasjonen er ueinsarta med noko lyngmark, noko sølvbunkeeng, noko fukteng med trådsiv, slåtestorr og stjernestorr, og mindre parti med gras/urterik natureng med engkvein, gulaks, jonsokkoll, småengkall, hårvæve og aurikkelsvæve. Sauer streifar i området, og beiter særleg på føresommaren før dei dreg høgre opp.

Kommentarar til funn: Det vart funne 57 planteartar, av desse 12 naturengplanter og 4 seterplanter, alle meir eller mindre vanlege artar. Det vart ikkje funne beitemarkssopp.

Råd om framtidig bruk: Det er ønskjeleg å halda landskapet og vegetasjonen ved like gjennom beiting, og skog- og krattrydding etter behov.

Halsa

Halsa er framleis ein därleg undersøkt kommune. I 1996 brukte vi ein dag på å oppsøkje lokalitetar foreslått av landbrukskontoret. Sauetalet i Halsa har auka frå rundt 1300 vinterfôra dyr i 1976 til 2900 i 1984 og sidan gått noko ned til rundt 2300 dyr. Det er dermed ein god del utnytting av utmarka i kommunen. Truleg finst ein del lokalitetar det kunne vera verdt å besøkja ved eit seinare høve. Vi takkar landbrukskontoret for kommentarar til manusskriptet.

Engdalen: Gammelsetra

Kategori: 3 - lokal verdi

Områdeskildring, vegetasjon: På Gammelsetra øvst i Engdalen finst både setrar og fleire hytter. Beitemarkene har mykje engkvein og gulaks, og eit bra mosedekke i botnen av engkransmose og

litt storbjørnemose. Det er likevel eit relativt dårleg beitetrykk, noko som gjev ein god del strø i botnen og stadvis utskygging av engkransmosen.

Kommentarar til funn: Det vart funne 44 planteartar, av desse 11 naturengplanter. Mellom desse var harerug, heisiv, kjertelaugnetrøst, kornstorr og småengkall. Det vart ikkje funne beitemarkssopp.

Råd om framtidig bruk: Det er ønskjeleg med noko hardare beiting, men dette er ofte ikkje så enkelt å få til.

Kvalnesvik v/Kalsetlia

Kategori: 3 - lokal verdi

Områdeskildring, vegetasjon: Dette er eit veglaust gardsbruk inn mot grensa til Surnadal kommune. Området har eit kalkfattig preg og er omgjeve av lauv- og furuskog. Det beiter sau i området. Berre indre del på austsida av bekken er undersøkt. Det finst parti med naturengpreg i kantsoner mot skogen, elles er grasmarka gjødselpregat.

Kommentarar til funn: Det vart funne 6 vanlege beitemarkssopp (6 poeng). Vegetasjonen hadde m. a. ein god del finnskjegg. Det vart ikkje teke karplanteliste. Lokaliteten er plassert i kategori 3.

Rodalssetra

Kategori: 3 - lokal verdi

Områdeskildring, vegetasjon: Rodalssetra ligg i ei nordaustvendt helling ca. 3 kilometer oppover Rodalen. Seterdrifta starta for ca. 150 år sidan og opphørde for 30-40 år sidan (landbrukskontoret). Dei fire setrane ligg omkransa av lauvskog med m. a. bjørk og gråor. Elles finst noko einer, og planta gran. Vollen er moserik og synest å vera nokså godt beita av sau. Vegetasjonen er frisk til fuktig grasmark, for det meste artsfattig sølvbunkeeng. Elles finst noko blåbærhei, og ung einsaldra bjørkeskog i nedre del av vollen synest å vera eit teikn på attgroing. Det finst også litt finnskjegghei. Eit seterfjøs med låvebru er restaurert, og det er oppført ei ny bu. Det er teke noko torv i grasmarkene.

Kommentarar til funn: Det vart funne 39 planteartar, av desse 7 naturengplanter. Dette er relativt låge tal, og det vart ikkje gjort særleg interessante funn. Det vart ikkje funne beitemarkssopp. Lokaliteten har likevel eit godt mosedekke og kan ha ein del slike artar likevel.

Råd om framtidig bruk: Det er ønskjeleg at beitinga held fram.

Valsøya: Lamholmen

Kategori: 4 - truleg liten verdi

Områdeskildring, vegetasjon: Denne holmen er landfast med Valsøya på fjøre sjø. Her har vore beita tidlegare. Deler av tidlegare dyrka eng er no grøfta og planta med gran. Det finst noko sølvbunkeenger med mykje myrtistel. Elles finst noko lauvskog, grunnlendte strandberg og strandenger. Undersøkingane var ikkje grundige, sidan vi tykte lokaliteten verka biologisk sett lite interessant. For friluftslivet kan det ha verdi å bevarya det opne kulturlandskapet. Grøfter og planta gran gjer terrenget på austre delen vanskeleg å ferdast i.

Kommentarar til funn: Det vart funne 67 planteartar, av desse 8 naturengplanter. Det vart ikkje funne beitemarkssopp.

Valsøya: slåtteeng

Kategori: 3 - lokal verdi

Områdeskildring, vegetasjon: Lokaliteten er eit mindre areal med lite gjødsla natureng (blomstereng med m. a. prestekrage) ned mot stranda på sørsida av Valsøya, nordaust for

Lamholmen. Elles veks ein del einer i øverkant på relativt grunnlendt berg. Slåtteenga er middels artsrik med mykje smalkjempe. Fordi det var slått, var det ikkje så lett å få eit godt inntrykk av vegetasjonen. Området vart ved besøket beita av storfe.

Kommentarar til funn: Det vart funne 34 planteartar, av desse 8 naturengplanter. Det vart ikkje funne beitemarkssopp.

Råd om framtidig bruk: Det er ønskjeleg at enga blir slått og beita som før, og at det blir gjødsla lite eller ingen ting.

Aakvik: Innergarden, Hamna

Kategori: 1/2 - nasjonal/regional verdi

Områdeskildring, vegetasjon: Hamna er ein gammal plass som ligg i lia ned mot fjorden ca. 3 kilometer nordvest for Halsanaustan. Det som vart undersøkt ved Hamna er ei gammal slåttemark søraustover mellom vegen og stranda. Her finst og spor etter gammal busetnad. Staden var husmannsplass frå 1836. I 1875 fødde plassen 1 ku, 1 ungnaut og 7 sauher, og det vart dyrka bygg, havre og poteter. Vidare dreiv folket her med fiske, fangst og handverk. Slåtten pågjekk til ca. 1965-70, sidan er det brukt til beiting (kjelde: Asbjørn Heggem). Mesteparten av lokaliteten er gjødsla for hand, men brukaren peika ut ei mindre natureng i øvre del som ikkje skal ha vore gjødsla. Her vart det lagt ut ei 10###10 meters analyserute. I ruta vart det funne 40 planteartar, av desse heile 19 naturengplanter. Dette er eit uvanleg høgt tal naturengplanter i kalkfattig grasmark i fjordstroka. Av dei 33 analyserte beitemarksrutene her i fylket til no, har denne det høgaste talet naturengplanter av alle. Dominerande artar i ruta var engkvein, smalkjempe, finnskjegg, gulaks, knegras, tepperot og ryllik. Elles i beitemarkene var det noko meir sølvbunke, men overalt godt innslag av artar som t. d. smalkjempe. Ovafor og austafra beitemarka var det lauvskog med ein del hassel, og ved stranda veks svartorstrandskog. Til å vera såpass langt nord i fylket var svartorskogen godt utvikla.

Kommentarar til funn: Det vart funne 68 planteartar, av desse 20 naturengplanter. 19 av dei 20 naturengplantene fanst i ruta, mellom desse var aurikkelsvæve, harerug, hårsvæve, jonsokkoll, kjertelaugnetrøst, kornstorr, prestekrage, storblåfjør og tiriltunge. Storblåfjør var talrik og fekk 2% dekning. Utanom ruta vart det funne kvitmaure. Det vart funne 13 artar av beitemarkssopp (21 artspoeng). Mellom desse var kvit køllesopp (*Clavaria acuta*), gulfotvokssopp (*Hygrocybe flavipes*) og musserongvokssopp (*Hygrocybe fornicata*). Eit heilt spesielt funn var *Entoloma cf. sacchariolens* inne i analyseruta, truleg første funn i Norge. Dette er ein svært sjeldan sopp i gamle beite- og slåttemarker som er kjent berre frå eit fåtal funn i Vest-Europa (Noordeloos 1992). Den kan kjennast på m. a. ei karakteristisk lukt i kombinasjon med mikroskopiske karakterar og utsjånad, men funnet er sendt til Nederland for endeleg artsbestemming.

Råd om framtidig bruk: Dette er som heilskap ei variert beitemark med kantområde mot strand og mot hasselskog. Det ugjødsbla partiet var ikkje stort i utstrekning, men likevel ei av dei finaste og mest artsrike intakte naturengene vi har sett i låglandet her i fylket med m. a. stort innslag av storblåfjør. Verdien blir sjølv sagt ikkje mindre av dei soppfunna som er gjort, og sjølv om *Entoloma sacchariolens* er ein lite kjent art, er det truleg at han er utryddingstruga i heile utbreiingsområdet. Vi rår til at området rundt naturenga blir rydda for buskar, og at dei nærmeste trea blir fjerna for å auka lystilgangen og minka konkurransen frå skogsoppar. Naturenga bør helst slåast, og da på ettersommaren (sist i juli). Resten av området kan beitast vår og haust og gjerne slåast om sommaren. Det beste for artsrikdomen er om området ikkje blir gjødsla. Brukaren er motivert for å ta vare på området som eit tradisjonelt kulturlandskap, og vi vil tilrå at det blir gjeve tilskot til dette.

Hareid

I Hareid har vi i 1995 besøkt det artsrike utmarksbeitet rundt krigsminnesmerka på Kvitneset.

Kvitnes

Kategori: 1/2 - nasjonal/regional verdi

Områdeskildring, vegetasjon: Sjå Jordal & Gaarder (1993, 1995a). Det er no tilrettelagt ein del for utfart og sosialt samvere i samband med krigsminnesmerka på staden. I samband med dette er det også diskutert i Brandal Velforening å gjerda ut sauene frå dei mest brukte delene av området. Det er berre 3-4 gardbrukarar att på Brandal, og dei har ikkje sauene sine på Kvitneset (kjelde: Grethe Johnsen, Søre Sunnmøre Landbrukskontor). Det er no svært få sauер på Kvitneset, og attgroingstendensane er tydelege.

Kommentarar til funn: Det er funne 30 planteartar i beitemarka, av desse 11 naturengartar. Det kan nemnast dvergjamne og dvergsmyle. Etter 3 besøk i tre ulike sesongar er det kjent 35 beitemarkssopp (54 poeng). Det er i alt funne 49 grasmarkssopp-artar på lokaliteten. Dette er høge tal. Av raudlisteartar er det funne ein sårbar art, raud honningvokssopp (*Hygrocybe splendidissima*), og 6 hensynskrevande beitemarkssoppar.

Råd om framtidig bruk: Dersom Brandal Velforening ønskjer å gjerda ute sauene frå dei mest intensivt brukte områda ved krigsminnesmerka, vil vi sterkt rá frå at nemneverdige areal av grasmarka blir med i dei inngjerda områda. Det er sterkt ønskjeleg med auke i beitetrykket, og vi støttar idéen frå tidlegare leiar i Brandal Velforening, Håkon Eliassen, om å invitera saueigarar på Hareid til å ha sauene sine på Kvitneset (kjelde: Grethe Johnsen).

Herøy

Når det gjeld artsrike utmarksbeite på kysten er Herøy ein av dei viktigaste kommunane i fylket, og kanskje i heile landet. Andre viktige kommunar her i fylket er Sande og Smøla. I Herøy finst Mulevika, som er det biologisk sett mest verdifulle kystbeiteområdet vi kjenner her i fylket. Vidare er beitemarkene på Runde, Skorpa, i Flusundet og nordvestsida av Gurskøya interessante. Skorpa er likevel truga av attgroing i området rundt den tidlegare busetnaden (sjå Jordal & Gaarder 1995a). Sauetalet i Herøy har variert relativt lite dei siste 20 åra, frå 2300 vinterföra dyr i 1976 til 2700 i 1986 og noko ned att til rundt 2100 dyr dei siste åra. Det er likevel grunn til uro med tanke på kystkulturlandskapet dersom sauetalet fortsett å gå nedover. Vi takkar landbrukskontoret for informasjon og kommentarar til manuskriptet.

Flusundet (Bergsøya)

Kategori: 2 - regional verdi

Områdeskildring, vegetasjon: Lokaliteten ligg i ei nordvendt, relativt bratt fjellskråning på nordsida av Bergsøya, aust for Fosnavåg og vest for busetnaden i Flusundet. Vegetasjonen nedst i lia opp til 50-100 meter over havet er ein mosaikk av grasdominert beitemark og røsslynghei. Elles er det noko steinur. I 1959 vart det føreteke overflaterydding av eit område nærmast busetnaden. Buskapen vart da omtala som 1 ku, ungdyr og nokre sauere, og området vart omtala som bra, grasrik beitemark. Brenning har vore gjort med jamne mellomrom opp gjennom tidene. I 1996 var det att to bruk med tilsaman 86 sauere og lam på beite (kjelde: Grethe Johnsen, Søre Sunnmøre Landbrukskontor). Nokre hundre meter vest for enden av vegen i Flusundet vart det lagt ut ei 10##10 meters analyserute i gras- og mosedominert naturbeitemark. I ruta var det 22 planteartar, av desse 7 naturengplanter. Dominerande artar var finnskjegg, geitsvingel, engkvein,

tepperot og gulaks. Mosedekninga var 85-90% og feltsjiktet 50%. Strø utgjorde berre 5%, noko som viser at det meste graset blir hausta av beitande dyr og lite visnar ned på staden.

Kommentarar til funn: Det vart funne 48 planteartar, av desse 15 naturengplanter. Her kan nemnast dvergjamne, fjellsmelle, gulsildre, kornstorr, kusymre, loppestorr og raudsildre. Fleire av desse er kalkkrevande artar som fanst i nokre baserike sig ute i beitemarka. Det vart funne 9 artar av beitemarkssopp (17 artspoeng). Av desse kan nemnast raudskivevokssopp (*Hygrocybe quieta*) og raud honningvokssopp (*Hygrocybe splendidissima*), den første er hensynskrevande og den siste står som sårbar på raudlista.

Råd om framtidig bruk: Denne lokaliteten er ein av dei mange fine, biologisk interessante utmarksbeita i kommunen, og det er sterkt ønskjeleg at beitinga held fram. Mindre beitetrykk vil føra til at arealet grasmark minkar og går over til lynghei. Det mest interessante på staden er nettopp grasmarkene.

Gurskøya: vest for Tarberg

Kategori: 2 - regional verdi

Områdeskildring, vegetasjon: Sjå Jordal & Gaarder (1993). Området ligg vest for busetnaden på Moltustranda, og er starten på store, trelause utmarksbeite der vi berre har teke nokre stikkprøvar. Vest for Tarberg ligg nokre inngjerda beite som ikkje er undersøkte. Ovafor og vest for desse er det steinete utmarksbeite med noko einer, lyng og grasvegetasjon som stadvis går over i storfrytledominans.

Kommentarar til funn: Det vart funne 36 planteartar, av desse 11 naturengplanter, alle vanlege artar. Av beitemarkssopp er det til saman funne 19 artar (35 poeng), og fleire av desse er sjeldne. Det fanst god bestand av raud honningvokssopp (*Hygrocybe splendidissima*) som står som sårbar på raudlista. Vidare vart det funne fleire hensynskrevande artar, m. a. gulbrun narrevokssopp (*Camarophyllopsis schulzeri*) og musserongvokssopp (*Hygrocybe fornicata*).

Råd om framtidig bruk: Heile nordvestre del av Gurskøya er eit biologisk interessant beiteområde, der betinga bør halda fram som før.

Gurskøya: vest for Løset

Kategori: 2 - regional verdi

Områdeskildring, vegetasjon: Området ligg vest for busetnaden på Moltustranda, vest for den førre lokaliteten, og er ein del av dei store, trelause utmarksbeita på ytre del av Gurskøya.

Området er steinet med noko einer, lyng og grasvegetasjon som stadvis går over i storfrytledominans. Det finst også meir fuktige til myrlendte parti innimellom. Det vart lagt ut ei 10##10 meters analyserute i gras- og mosedominert beitemark i nordvendt helling ca. 30 m o. h.. I ruta vart det funne 23 planteartar, av desse 6 naturengplanter og 1 seterplante. Dominerande planter var engkvein, finnskjegg, rylik og tepperot. Det var lite strø og høg mosedekning (90%).

Kommentarar til funn: Det vart funne 57 planteartar, av desse 13 naturengplanter, alle vanlege artar. Det må her leggast til at den sjeldne og sårbare naturengplanten kvitkurle (*Leucorchis albida*) vart funnet ved Løset av botanikaren Ove Dahl 2.8.1894, og same art er funne fleire gonger i nærliggjande område (Moltubakkane, og Moltuskrån mot Hisegga) av H. Goksøy i 1930 (herbariet i Oslo). Det er ikkje umuleg at kvitkurle kan finnast i området framleis. Av beitemarkssopp vart det funne 14 artar (23 poeng). Det fanst m. a. raud honningvokssopp (*Hygrocybe splendidissima*) som står som sårbar på raudlista. Dei funn vi har gjort, plasserer lokaliteten i kategori 2.

Råd om framtidig bruk: Heile nordvestre del av Gurskøya er eit biologisk interessant beiteområde, der betinga bør halda fram som før.

Nerlandsøy: Mulevika

Kategori: 1 - nasjonal verdi

Brukshistorie: Området har aldri vore bebodd såvidt ein kjenner til, men har vore beite i lang tid. I deler av området finst merke etter torvtukt. Elles har det grøne området i Vollefjøra vore brukt til tørking av tare som sidan vart brent og selt som oske. Taretørkinga førte til gjødsling av grasmarka i Vollefjøra, som i tillegg var mykje brukt til liggeplass for dyra. Dette førte til ytterlegare gjødsling frå dyra. Kleofas Kvalsvik (bestefar til nolevande brukar med same namn) gjerda inn beiteområdet først i dette århundret. Han hadde 12-15 storfe og rundt 100 vinterfôra sau, og heilårsbeiting med sau var vanleg. No går det rundt 100 sauver om sommaren. Det meste ovafor Vollabakken blir brent kvart år. I perioden 1990-92 vart det påhatt ein god del fullgjødsel B i område ovafor Vollabakken som ein kjem til med traktor, og det vart også spreidd ein god del kalk. Gjødslinga førte ikkje til at finnskjegget forsvann. Kjelde: Kleofas Kvalsvik.

Vegetasjon: Sjå Jordal & Gaarder (1993, 1995a). Som beita kystgrashei er dette det største og mest verdifulle området i fylket, og kan truleg tena som type- og referanseområde for ein større del av Nordvestlandet. Det vart lagt ut ei 10##10 meters analyserute på eit magert, kortbeita grusparti på Vollen, med m. a. uvanleg mykje dvergsmyle (5-10%). I ruta vart det funne 21 planteartar, av desse 14 naturengplanter. Dominerande planter var geitsvingel (30%), engkvein, finnskjegg, gulaks, engrapp, knegras, tepperot og tiriltunge forutan dvergsmyle som nemnt. Stor dekning av den konkurransesvake dvergsmyla tyder på ein langvarig tilstand med kort vegetasjon pga. beiting og magre tilhøve på veksestaden. Store mengder dvergsmyle som breier seg i beitemark har vi sett berre her og på Sandsøya. Vidare vart det lagt ut ei 10##10 meters analyserute rundt 40 m o. h. i steinet, grasrikt beite nær parkeringsplassen. I ruta vart det funne 26 planteartar, av desse 13 naturengplanter. Dominerande planter var engkvein (30%), geitsvingel (15%), finnskjegg, heisiv og tepperot (alle 10%). Også her fanst dvergsmyle, men i små mengder.

Kommentarar til funn: Det er til no funne 54 planteartar, av desse 19 naturengplanter, og 2 seterplanter. Talet på naturengplanter er relativt høgt, men så er det også eit relativt stort område som er undersøkt. Fleire kalkrevande artar er funne i skjelsandområda ved stranda, m. a. fjellplanten fjellsmelle. Det er no kjent 49 artar av beitemarkssopp som gjev heile 117 poeng for beitemarkssopp. Dette er dermed den klart mest artrike og verdifulle lokaliteten for beitemarkssopp som er kjent i fylket og truleg i heile landet til no. Av dei nye artane i 1995-96 er det særleg grunn til å nemna praktraudskivesopp (*Entoloma bloxamii*), ein stor og vakkert blåaktig art som står som direkte truga på den nye raudlista. Dette er fjerde funnet i landet etter 1980 for denne arten, som er sjeldan i heile Europa og rekna som ein særleg god indikator på artsrike og verdifulle grasmarker. Andre sjeldne nyfunn var kvit småfingersopp (*Ramariopsis kunzei*), gulbrun narrevokssopp (*Camarophyllopsis schulzeri*) og raud honningvokssopp (*Hygrocybe splendidissima*). På den kortbeita kalkrike skjelsanden ved stranda fann vi brunaugevokssopp (*Hygrocybe virginea* var. *fuscescens*) og dynetunge (*Geoglossum cookeianum*) som nye for Mulevika, i tillegg til fleire gjenfunn av kopartunge (*Microglossum fuscorubens*) som er svært sjeldan over heile Europa. Totalt kjenner vi no 71 soppartar frå grasmarkene i Mulevika. Av desse er det heile 16 artar av beitemarkssopp som står på den norske raudlista. Alt i alt er dette biologisk sett ein av dei mest verdifulle lokalitetene på kulturmark i Møre og Romsdal så langt vi kjenner til i dag.

Råd om framtidig bruk: Det er svært viktig at bruken som har vore fram til i dag held fram, og at dei områda som har lang kontinuitet i beiting framleis blir beita med omlag same beitetrykk og utan gjødsling. Det er ønskjeleg med 12-15 storfe i tillegg til sau. Eit nydyrkingsfelt som ikkje er inngjerda har skapt problem for sauehaldet. Dette feltet bør inngjerda. Det bør utarbeidast ein forvaltningsplan for området. Siktemålet med ein slik plan må vera å sikra at den tradisjonelle bruken held fram, og at dei biologiske verdiane derigjennom blir bevart.

Nerlandsøy: Myraneiset

Kategori: 2 - regional verdi

Områdeskildring, vegetasjon: Sjå Jordal & Gaarder (1993). Området grunnlendt, for det meste grasdominert, men med ein del myrlendte parti og litt lyngområde. Sørover langs vegen går terrenget over i raspåverka fjellskråningar som også blir beita, men som ikkje er undersøkte.

Kommentarar til funn: I høve til tidlegare vart det funne eit par nye beitemarkssoppar (*Hygrocybe quieta* og *Porpoloma metapodium*). Lokaliteten har dermed 23 beitemarkssopp (42 poeng), noko som er relativt mykje og understrekar dei store biologiske verdiane som ligg i utmarksbeita på Nerlandsøya. Utvalet av planteartar var trivielt.

Råd om framtidig bruk: Det er også her ønskjeleg at beitebruken held fram som før.

Rimøyvika

Kategori: 3 - lokal verdi

Områdeskildring, vegetasjon: Det er i denne vika vegen til Runde kjem ut av tunellen gjennom Rimøya og fortsett til Rundebrua. Området er nord- og austvendt og beita av sauher, men beitetrykket verkar noko lågt. Vegetasjonen består av mykje røsslynghei i mosaikk med beita kystgrashei og fuktheiar. Det er ganske mykje etasjehusmose i botnen, ofte med låg feltsjiktdekning. Det finst også noko einer. Beiteområdet strekkjer seg austover mykje lenger enn vi var. På Remøya har det gått sterkt attende med jordbruket dei siste åra. Av totalt 40 bruksmapper på Landbrukskontoret er no berre 6 bruk med einsidig sauehald att, med til saman 145 vinterfôra sauher i januar 1997. Sommaren 1996 hadde dei ca. 250 sauher og lam på beite, men ikkje alle gjekk i Rimøyvika (kjelde: Grethe Johnsen, Søre Sunnmøre Landbrukskontor).

Kommentarar til funn: Det vart funne 49 planteartar, av desse 13 naturengplanter. Her kan nemnast gulisdre, kornstorr, kystmaure, rosenrot og småengkall. Det vart berre funne 2 artar av beitemarkssopp, gul vokssopp (*Hygrocybe chlorophana*) og skarlagenvokssopp (*Hygrocybe punicea*).

Råd om framtidig bruk: Dette er ikkje av dei mest interessante beitemarkene i kommunen, men likevel verd å ta vare på. Beitinga bør halda fram.

Runde: Goksøyri

Kategori: 2 - regional verdi

Områdeskildring, vegetasjon: Sjå Aksdal (1994) og Jordal & Gaarder (1993). Det er gjort ei større undersøking av floraen på Runde i 1928 av Goksøyri (1938), og Ingmar Pareliussen ved Universitetet i Trondheim har nett avslutta ei undersøking som særleg tek for seg endringar i grasmarkene sidan 1928 (Pareliussen 1997). Den vanlegaste endringa er at ugjødsela beitemark har gått over til meir gjødsela beite. Andre område har gått frå ugjødsela beite til kysthei. Nokre område som i 1928 var overbeita, er i dag meir artsrik beitemark. Minke i beitetrykket og gjødsling med kunstgjødsel blir oppgjeve som viktige årsaker til dei observerte endringane. På Runde har det ikkje vore tradisjon med lyngbrenning, og dette er truleg fordi beitetrykket har vore så stort at lyngen ikkje har fått utvikla seg. I dag har deler av fjellområda lyng som er så gammel og grov at den gjev dårleg beite. (kjelde: Ingmar Pareliussen). På Goksøyri var det 14-15 bruk med sau rundt 1960, no er talet nede i 4 (kjelde: Grethe Johnsen).

Kommentarar til funn: Som tidlegare er dei fleste funna av naturengplanter og beitemarkssopp gjort i tuver, bratte grasskråningar eller på beita grasflekker inne på fjellet på stader der gjødselpåverknaden må ha vore liten. I. Pareliussen har funne 63 planteartar i sine ruter i Goksøyri-området, av desse er det 14 naturengplanter. Etter to besøk er det kjent 20 artar av beitemarkssopp (33 poeng). Av nye artar i år er det særleg grunn til å framheva gul slimvokssopp

(*Hygrocybe vitellina*), som vart funnen i eit beita område med lyng, mose og litt gras ved Rundebranden. Dette var på det tidspunktet den 6. kjende veksestaden i Norge for denne arten, som står som sårbar på raudlista. Det må elles nemnast at H. Goksøyr i 1928 fann den sårbare og sjeldne orkidéarten kvitkurle i Kaldeklova, Urene og på Tinden ved Goksøyr (Goksøyr 1938, herbariet i Oslo). Dette er ein art som er nært knytt til lite gjødselpåverka slåtteeng. Goksøyr har også funne bakkesøte, grønkurle og storblåfjør på Runde. Den siste vart også funne av I. Pareliussen på Måganeset på sørvestspissen av øya.

Råd om framtidig bruk: Det er ønskjeleg at beitebruken held fram som før. Når det gjeld gjødsling av beita i brattene og på fjellet, bør denne heller minskast enn å aukast.

Runde: Måganeset

Kategori: 2/3 - regional/lokal verdi

Områdeskildring, vegetasjon: På sørvestspissen av Runde underøkte vi området frå parkeringsplassen ved vegenden, langs stien forbi Storevika til Måganeset, så opp på fjellet (Søre Handfangen 168 m o. h.) ned i skaret nedafor og så ned til vegenden att. Området er også besøkt av hovedfagsstudent Ingar Pareliussen, og vi har vore så heldige å få tilgang på notatar han har gjort i 1994 herifrå. Området er beita av sauер. Vegetasjonen består dels av grasmarker med mykje engkvein og geitsvingel, dels av meir heiprega mark med storfrytle og heistorr. Somme stader finst røsslyngdominert vegetasjon. På veg ned frå Søre Handfangen mot parkeringsplassen er det mykje røsslynghei med einer og purpurlyng. Her finst og meir gras/urterike flekker med smalkjempe, blåkoll, loppestorr og kornstorr. I bygda Runde er det att 9 bruk med sauere, 3 av dei er relativt store (kjelde: Grethe Johnsen).

Kommentarar til funn: Det vart funne 68 planteartar, av desse 17 naturengplanter og 2 seterplanter. Forutan dei artane som er nemnt ovafor finst dikesvineblom, fjellsmelle, heiblåfjør, storblåfjør (I. Pareliussen), hårvæve, kusymre og rosenrot. Det vart berre funne 4 artar av beitemarkssopp, ein av desse var raudskivevokssopp (*Hygrocybe quieta*), men tilhøva var ikkje dei beste for å finna sopp.

Råd om framtidig bruk: Dette er eit fint og ganske artsrikt beitemarksområde der det er sterkt ønskjeleg at beitinga held fram.

Kristiansund

Kristiansund var ein av dei ti kommunane der det vart gjort supplerande undersøkingar på oppdrag av Miljøvernavdelinga i 1995. Dei fleste lokalitetar som er foreslått av kommunen er oppsøkt eller eliminert som aktuelle for biologiske undersøkingar ut frå opplysningane som er gjeve på registreringsskjema. Det synest å vera relativt lite att av tradisjonell natureng og naturbeitemark i kommunen. Det har ikkje vore registrert sauere i kommunen dei siste 20 åra, og det mest aktuelle beitedyret er truleg hest til fritids- og hobbybruk. Det meste av det vi har sett av beitemarker, har anten vore gjødsla eller under attgroing. Vi har befart Breivika, Byskogen, Omsa, Gløsvågen, Kolvika, Ørnberget og Dale. Mindre område av attgroande beitemark vart observert i Breivika, ved Løkkemyra og Omsa. Elles finst nokre gjødsla beitemarker med lite interessant vegetasjon i dei nemnde områda. På Ørnberget finst attgroande lypnghei, og ved Gløsvågen er tidlegare jordbruksmark lagt ut til golfbane. Vi fann ingen lokalitetar som vurdert som aktuelle å undersøke biologisk. Derimot finn vi grunn til å ta med ein omtale av åkerrikseobservasjonar i kommunen i 1995.

Attgroande enger og åkerrikse

Attgroande engar med hundekjeks, mjødurt og andre høgvaksne planter kan likevel vera interessante biotopar før dei går heilt over til skog. I Kristiansund er det såleis registrert åkerrikse i to lokalitetar med brakkeng i 1995, sjå tabell 9. I ei brakkeng på Byskogen vart ei åkerrikse hørt i juni, og i ei eng med hundekjeks på Øygarden ved flyplassen vart ein fugl hørt frå 25. juni til sist i juli. Denne fuglen vart fanga og ringmerka 14. juli. Åkerriksa er ein direkte utryddingstruga art, og krev derfor særskilt merksemd. Det var ikkje mange norske kommunar som i 1995 hadde den ære å husa heile to lokalitetar for denne sjeldne arten, som er i sterk tilbakegang i heile Europa etter dei store omleggingane i jordbruksystemet i dette hundreåret. Aktuelle åkerrikselokalitetar bør t. d. sikrast mot tekniske inngrep, og det kunne vera ein tanke å bremsa attgroinga til skog av ein del slike lokalitetar, t.d. gjennom slått og rydding enkelte år på stader som åkerriksa ikkje nyttar. Kommunen bør søkja kontakt med lokalavdelinga av Norsk ornitologisk forening, som har oversikt over aktuelle stader, og grunneigarane er også naturlege samarbeidspartar sjølv om marka ikkje er i bruk lenger.

Nesset

Nesset kommune strekkjer seg frå nedbørrikt kystklima til eit nokså innlandsprega klima frå Eikesdalen og austover. Vi har besøkt nokre lågtliggjande setrar i ytre del og nokre meir høgtliggjande setrar og beiteområde lenger inn. Kommunen er likevel å betrakta som dårleg undersøkt til no. Sauetalet i Nesset har auka frå rundt 2700 i 1976 til bortimot 3900 i 1986, og har sidan gått litt ned til rundt 3500 vinterföra dyr. Nesset er derfor ein av dei større sauekommunane i fylket, og dette gjer det interessant å undersøkja meir av kommunen seinare.

Botnasetra i Eikesdalen

Kategori: 3 - lokal verdi

Områdeskildring, vegetasjon: Botnasetra ligg ved vegen frå Eikesdalen til Aursjøen, på ca. 580 meters høgd etter oppstigninga frå Finnset. Staden har som namnet seier preg av ein litt flatare botn i eit stort sett bratt terreng. Rundt setra er det framleis gras/urterik grasmark beita av sau, dels finnskjeggdominert, men blåbærlyngen er truleg på frammarsj. I området rundt er det blåbærbjørkeskog.

Kommentarar til funn: Det vart funne 51 planteartar, av desse 11 naturengplanter og 3 seterplanter. Mellom desse var dvergjamne, harerug og kjertelaugnetrost. Det vart berre funne ein art av beitemarkssopp (liten mønjevokssopp, *Hygrocybe miniata*).

Råd om framtidig bruk: Det er ønskjeleg at området blir beita, men det er vel truleg at tilfeldig streifbeiting av sau ikkje er nok til å motverka attgroing på lengre sikt.

Gravdalen i Eikesdalsfjellet

Kategori: 2/3 - regional/lokal verdi

Områdeskildring, vegetasjon: Gravdalen ligg i snaufjellet sør-sørvest for Finnset i Eikesdalen, i eit område som er omfatta av planar om vern etter naturvernlova (landskapsvern). Dalen er befart etter ønskje frå Miljøvernnavdelinga. Elva frå dalen (Breidmegåa) renn ned til Finnset. Det området som vart undersøkt, var området frå enden av vegen til nordenden av Gravdalsvatnet, ei strekning på fem kilometer langs dalbotnen, i høgdeområdet 910-970 meter over havet. Begge sidene av elva vart undersøkt. I dalbotnen renn elva, som vider seg ut til mindre småvatn og rolege parti somme stader. Langs elva finst vierkratt, grusøyrer med spreidd vegetasjon og litt sumpsamfunn. I dalbotnen elles er det mykje dvergbjørkhei og blåbær-blålynghei, rabbar med rabbesiv og grepelyng, spreidde vierkratt, og einskilde fattige snøleie med musøyre (musøyresnøleie). Nokre av snøleia hadde engpreg med mange gras og urter (fattig engsnøleie). I

dalsidene er det litt bjørkekratt somme stader, men ikkje eigentleg skog. Dalsidene har mange skreddalar. Mellom Litlevatnet og Gravdalsvatnet har dalen eit visst kontinentalt preg med lavrike sauesvingelheiar, mjølbærhei og små engflekker med gulaks, engkvein, sølvbunke og finnskjegg. Ved Gravdalsvatnet er det mykje vierkratt på austsida. Tydeleg kulturpåverka vegetasjon finst berre mellom Litlevatnet og Gravdalsvatnet, og består av dei nemnde sauesvingelheiane og engflekkene som blir beita av sau, og som eigentleg utgjer beskjedne areal. Vegetasjonen minner om sauesvingelheiane i Grøvuvassdraget, men er meir artsfattige. Det vart utlagt ei 10###10 meters rute i denne vegetasjonen. I ruta vart det funne 32 planteartar, av desse 9 naturengplanter og 6 seterplanter. Dominerande artar var sauesvingel, gulaks, engkvein, smyle og kattefot. Artar elles var m. a. dvergjamne, blåklokke, flekkmure, harerug, stivstorr, slirestorr, trefingerurt, følblom og sølvbunke. I botnen var det ei lavdekning på heile 30%, med dominans av saltlav og lys reinlav. Så høg lavdekning vart ikkje påvist i nokon av rutene i sauesvingelhei i Grøvudalen. Ein annan type kulturpåverknad vart konstatert ved nordenden av Gravdalsvatnet. Her er det grave kanal, eit stykke veg og ei lita demning.

Kommentarar til funn: Det vart funne 102 planteartar på heile turen, av desse 14 naturengplanter og 21 seterplanter, dette over ei befart strekning på ca. 5 kilometer av dalbotnen som beskrive ovafor. Talet på artar kan dermed ikkje direkte samanliknast med einskilde setervollar med mykje mindre areal andre stader. Innslaget av fjellplanter var ganske stort, og det vart til og med funne issoleie i dalbotnen. Elles kan nemnast fjellfiol, fjellfrøstjerne, fjelltjæreblom, setermjelt, sær bustorr, tranestorr og trillingsiv. Det vart berre funne ein beitemarkssopp, den vaks i eit av dei få engsnøleia (engvokssopp, *Hygrocybe pratensis*). Ved Gravdalsvatnet vart det observert blåstrupe.

Råd om framtidig bruk: Sauesvingelheiane og andre grasrike samfunn mellom Litlevatnet og Gravdalsvatnet er tydeleg beitebetinga. Det er ønskjeleg at desse blir beita også i framtida. I artsrikdom er det likevel stor skilnad på Gravdalen og t.d. beitemarkene i Grøvuvassdraget.

Kanndalen: Storstølen

Kategori: 3 - lokal verdi

Områdeskildring, vegetasjon: Dette er den nedre setergrenda i Kanndalen. Den opne beitemarka ved setrane består dels av finnskjegg- og gulaks-dominert vegetasjon og dels av blåbærhei. Elles finst fukthei, og noko bjørkeskog ovafor setrane. Området er beita av sau.

Kommentarar til funn: Det vart funne 58 planteartar, av desse 10 naturengplanter og 2 seterplanter. Det vart ikkje funne beitemarkssopp.

Råd om framtidig bruk: Det er ønskjeleg at beitinga held fram.

Kanndalen: Gaddhaugane

Kategori: 3 - lokal verdi

Områdeskildring, vegetasjon: Dette er den øvste setergrenda i Kanndalen. Vegetasjonen er dominert av finnskjegghei, dels med mykje gulaks, vidare er det ein del blåbærhei og dvergbjørk-kreklinghei. Det finst og noko fjellbjørkeskog i omgjevnadene. Området er beita av sau.

Botnvegetasjonen er moserik, og det kan tenkjast å vera ein bra stad for beitemarkssopp, men desse var ikkje framme på undersøkingstidspunktet.

Kommentarar til funn: Det vart funne 51 planteartar, av desse 6 naturengplanter og 4 seterplanter. Det vart ikkje funne beitemarkssopp.

Råd om framtidig bruk: Det er ønskjeleg at beitinga held fram.

Liasetra, Meisalstranda

Kategori: 2/3 - regional/lokal verdi

Områdeskildring, vegetasjon: Setrane ligg berre 160-180 meter over havet ovafor grustaket i Fredsvika. Det er to setrar og ei høyløe. Området ved høyløa er finnskjeggdominert med mykje etasjemose og noko storbjørnemose. Vollen ved Vikasetra har ein del sølvbunkeeng, men denne er nokså mager med godt mosedekke i botnen og med ein god del finnskjegg og andre gras og urter. Her vart dei få funna av beitemarkssopp gjort. Ved Talsetsetra er mykje av arealet inngjerda og ikkje beita, dette består av sølvbunkeeng med mykje daudt gras i botnen.

Kommentarar til funn: Det vart funne 75 planteartar, av desse 14 naturengplanter og 1 seterplante. Dette er nokså høge tal til å vera eit kalkfattig område. Vi kan nemna aurikkelsvæve, harerug, kjertelaugnestrøst, prestekrage, smalkjempe og småengkall. Det vart berre funne 2 artar av beitemarkssopp.

Råd om framtidig bruk: Vikasetra og området ved høyløa er godt beita, og kan truleg vera levestad for fleire artar av beitemarkssopp enn dei vi påviste. Det er ønskjeleg at beitinga held fram. Talsetsetra burde også ha vore beita.

Rødsetrane: Dalasetra

Kategori: 3 - lokal verdi

Områdeskildring, vegetasjon: Setrane ligg litt beskytta til ved eit lite dalsøkk med ei lita elv. Det går bilveg fram. Jordsmonnet ser ut til å vera basefattig ut frå vegetasjonen. Det finst både tørre, friske og fuktige parti. Området er beita av sau og beitetrykket på vollen er ganske bra.

Kommentarar til funn: Det vart funne 9 naturengartar av ialt 38 planteartar på vollen, og lokaliteten må vel seiast å vera nokså triviell ut frå vegetasjonen. Det vart ikkje funne beitemarkssopp.

Rødsetrane: Haugsetra

Kategori: 3 - lokal verdi

Områdeskildring, vegetasjon: Som namnet seier ligg setrane på ein haug i terrenget. Det går bilveg mest heilt fram. På ei av setrane blir det servert seterkost om sommaren, eit tiltak som er godt motteke lokalt. Jordsmonnet ser ut til å vera basefattig ut frå vegetasjonen. Det finst både tørre, friske og fuktige parti. Området er beita av sau og beitetrykket på vollen er ganske bra.

Kommentarar til funn: Det vart funne 9 naturengartar og 3 seterplanter av ialt 51 planteartar på vollen, og lokaliteten må vel i likskap med den nærliggjande Dalasetra seiast å vera nokså triviell ut frå vegetasjonen. Det er ikkje funne beitemarkssopp.

Åramsetra (Ranvik)

Kategori: 2/3 - regional/lokal verdi

Områdeskildring, vegetasjon: Åramsetra ligg 250-270 meter over havet i eit dalføre rett opp frå Ranvik ved Langfjorden. Det er lenge sidan det har vore drift her, og terrenget veks att med skog. Setervollane er anten forbuska, forsumpa eller står med høgt gras og tjukt strølag i botnen. Det er oppslag av bjørk, grær, øyrevier og litt einer, og i tillegg breier skogburkna seg på tidlegare kulturmark. Den øvste setra har litt baseri fuktenger med breiull, blåknapp, enghumleblom og loppestorr. På tørrare parti veks engkvein og finnskjegg. Områda rundt er dominert av fattige til intermediære myrar, litt nedbørsmyr og fuktig bjørkeskog.

Kommentarar til funn: Det vart funne 88 planteartar, av desse 17 naturengplanter og 2 seterplanter. Det høge artstalet totalt må sjåast på bakgrunn av varierte vegetasjonstypar med skog, myr og kulturmark med noko baserikt jordsmonn. Talet på naturengplanter er også noko høgt, og har delvis å gjera med baseri fuktenger ved den øvste setra. Artar som ikkje er nemnt ovanfor: dvergjamne, kornstorr, småengkall, aurikkelsvæve, heiblåfjør og særbusstorr. Det vart

ikkje funne beitemarkssopp, men den lite vanlege sumpvokssopp (*Hygrocybe substrangulata*) vart funnen blant torvmosar i fattig myr.

Råd om framtidig bruk: Utan tiltak vil attgroinga gå sin gang i retning skog. Om ein vil gjera noko for å bevara landskapet og arts mangfaldet kjem ein ikkje utanom å rydda buskvegetasjon og slå og raka vekk graset. Beitetrykket i området er lågt.

Norddal

Norddal var ein av dei ti kommunane der det vart gjort supplerande undersøkingar på oppdrag av Miljøvernnavdelinga i 1995. Mange av lokalitetane som er foreslått av kommunen er oppsøkt eller eliminert som aktuelle for biologiske undersøkingar ut frå opplysningar som er gjeve på registreringsskjema, men det er også nokre potensielt interessante som står att. Norddal synest å vera ein kommune med mykje attverande, intakt natureng og naturbeitemark, først og fremst knytt til utmark og seterområde, men truleg også på einskilde veglause hyllegardar som ikkje er komne for langt i attgroinga. Vi har ikkje hatt høve til å oppsøkja nokon av desse førebels, sjølv om det hadde vore ønskjeleg. Sauetalet i Norddal har vore i auke frå knapt 1400 vinterfôra dyr i 1976 til 2720 dyr i 1992, og i 1996 var det 2681. I tillegg er Norddal ein av dei største geitekommunane i fylket, med 1402 dyr i 1995 og 1310 i 1996.

Herdalssetrane

Kategori: 1 - nasjonal verdi

Områdeskildring, vegetasjon: Dette er ved sida av fjelldalane i Grøvvassdraget ein av de mest særprega seterdalane i fylket. Her er det framleis er eit godt beitetrykk og lite attgroing, og det vert dreve aktiv seterdrift og utmarksutnytting med tradisjonelt preg. Innanfor Herdalsvatnet har Herdalen ein open dalbotn som rommar dyrka kultureng, naturbeitemark, og ei stor setergrend. Elva deler beitet i to. På vestsida ligg setergrenda. På denne sida er det ein del fulldyrka kultureng, beitemarkene er også dels gjødselpåverka, men det finst og ein del naturbeitemark. På austsida er terrenget dominert av naturbeitemark og beiteprega, dels skogkledde dalsider. I dalsidene finst og rasmeker med ein vegetasjon som varierer frå open, gras- og urterik vegetasjon (hyppige ras og/eller godt beitetrykk), via meir slakke, heiprega lyngområde (lesidevegetasjon, middels snødekke), til meir eller mindre slutta bjørkeskog (sjeldnare raspåverka, mindre beitetrykk). I dalbotnen finst også noko myr og fukteng. Ved Herdalsvatnet finst ulike typer vasskantvegetasjon som truleg også blir beita. I heile området beiter heile 400 geiter og nokre hester. Denne kombinasjonen av beitedyr gjev eit godt og variert beitetrykk over store område.

Eit av særprega ved Herdalen, som framleis er intakt, er ein open trelaus dalbotn over eit areal på meir enn 1 km². Dette har Herdalen felles med eit fåtal tradisjonsrike seterdalar i Norge, som Grøvdalen og Geitådalen i Sunndal, Innerdalen i Kvikne (no neddemt) og Grimsdalen i Dovre kommune. Dei store areala med beitebetinga vegetasjon med lang kontinuitet gjev Herdalen eit stort potensiale som leveområde for artar som er avhengige av eller har fordel av beiting.

Det vart lagt ut to 10##10 meters analyseruter, ei mellom seterhusa og elva på kortbeita voll, og ei i steinet gras/urterikt beite på austsida av elva. I ruta ved husa vart det funne 36 planteartar, av desse 10 naturengplanter og 2 seterplanter. Dominerande planter var sølvbunke, kvitkløver, gulaks, engkvein, finnskjegg og trefingerurt. I ruta aust for elva vart det funne heile 54 planteartar, av desse 16 naturengplanter og 6 seterplanter. Dominerande planter var finnskjegg, gulaks, kvitkløver, engkvein, sølvbunke og marikåper. Med det høge dyretalet i området var det

litt overraskande å finna rundt 40% strø i denne ruta. Dette kan tyda på at desse flatene i dalbotnen toler fleire dyr, og at kanskje geitene heller beiter andre stader. Vi fann i alle høve ingen teikn til overbeiting på denne staden. Av dei 33 10###10 meters rutene vi har analysert i beitemark frå kyst til fjell her i fylket til no er dette hittil den mest artsrike. Når det gjeld talet på naturengplanter er det den nest artsrikaste.

Kommentarar til funn: I resultatoversynet er lokaliteten delt i to, vest for elva med setrane, og aust for elva. Det vart ved det eine besøket i 1995 funne 19 naturengplanter (15 på vestsida og 18 på austsida) og 8 seterplanter (7 på vestsida og 5 på austsida). Dette er eit relativt høgt tal av slike planter, og kan takast som ein indikasjon på langvarig og tradisjonell kulturpåverknad. Vanleg marinøkkel var mellom desse artane. Det vart vidare funne 15 artar av beitemarkssopp (10 på vestsida og 9 på austsida). Av desse synest m. a. lutvokssopp og særleg mørkskjela vokssopp å ha sine viktigaste leveområde i nettopp slike seterdalar. Den sjeldnaste arten var ramneraudskivesopp (*Entoloma corvinum*), som vart funnen på austsida av elva og som står som hensynskrevande på raudlista. Talet på artspoeng for beitemarkssopp var 13 både for aust- og vestsida, og 21 for området som heilskap. Det er grunn til å venta at grundigare undersøkingar vil avdekkja eit høgare tal artar av beitemarkssopp.

Råd om framtidig bruk: Ein bør prioritera høgt å ta vare på det opne terrenget og å halda oppe beitetrykket i denne særprega dalen. Større terrenginngrep i naturbeitemarkene bør unngåast, og dei bør ikkje gjødslast. Etter ei samla vurdering har vi funne det rett å plassera Herdalen i kategori 1.

Norddal: Botnen

Kategori: 1 - nasjonal verdi

Brukshistorie: Botnen ligg ved elvekanten ved vegen frå Norddal til Herdalen, omkransa av skog. Ein tidlegare rapport (Beyer & Jordal 1996) har fleire feil om brukshistoria til Botnen, vi tek derfor med noko om dette her. Eldste omtale av denne buplassen er frå 1875, da var her ein buskap på 1 hest, 6 kyr, 2 kalvar, og 16 sauar og 2 grisar. Det er truleg at staden har vore rydda tidlegare. Den siste fastbuande flytta frå staden i 1906 (Kaste-Karl-Elias), dels på grunn av fonnewaren. Sidan vart enga slått av gardbrukarar frå bygda til først på 1930-talet. Seinare har Botnen vore beita, kyr beita til først på 1960-talet, deretter har det hovudsakeleg vore beita av sau til 1994. I 1995 vart det berre beita av hestar som hadde kome over elva, og i 1996 vart det ikkje beita i det heile. Dei siste 30 åra har det ikkje vore gjødsla, men det har truleg vore bruka noko kunstgjødsel før den tid. Kjelder: Norddal Bygdebok, Jostein Sande, Magda Engeset.

Vegetasjon: Botnen har 17-18 dekar innmark, dyrka eller overflatedyrka grasmark. Skogen er dominert av bjørk og gråor, og er på vandring inn på enga. Vegetasjonen verkar kalkfattig. Det går ei bru over elva frå vegen. Det vart lagt ut to 10###10 meters analyseruter, den eine ca. 20 meter ovafor huset, den andre ca. 30 meter oppover dalen frå huset. I rutene vart det funne 26 og 29 planteartar, av desse 8 og 11 naturengplanter. Dominerande planter i begge rutene var engkvein, gulaks, engsoleie, kvitkløver, ryllik og tepperot. Mosedekninga var i begge rutene 80% og strømengda 10-20%, som viser at beitetrykket har vore brukbart. Enga var ikkje beita i 1996, og strømengda vil auka til neste år.

Kommentarar til funn: Lokaliteten var ein av de artsrikaste som vart funne i heile 1995-sesongen. Etter eit par nye artar i 1996 er det kjent heile 32 artar av beitemarkssopp (58 artspoeng). Av desse strår 10 på raudlista: 3 sårbare (fiolett greinköllesopp (*Clavaria zollingeri*), raudnande lutvokssopp (*Hygrocybe ingrata*) og grå narremusserong (*Porpoloma metapodium*), dessutan 1 sjeldsynt og 6 hensynskrevande artar. Dette er for ein såpass liten lokalitet eit heilt uvanleg resultat. Det var 13 raudskivesoppartar og 15 vokssoppartar. Videre vart det funne 67 planteartar, av desse 19 naturengplanter og 2 seterplanter. Det er ikke noko påfallande med

vegetasjonen på staden. I magre, gamle naturbeitemarker på kalkfattig grunn viser det seg gong på gong at beitemarkssopp er uvurderlege indikatorar på biologiske kvalitetar. Alle dei sårbare beitemarkssopp-artane er sjeldne i europeisk sammenheng, og Norge synest å ha eit særleg forvaltaransvar for desse artane. Særleg interessant var det at grå narremusserong (*Porpoloma metapodium*) og gulbrun narrevokssopp (*Camarophyllopsis schulzeri*) fanst i mengder som vi ikkje har sett nokon annan stad. Floraen av beitemarkssopp gjev nasjonal verdi etter tre ulike verdsettingssystem: Rald (1985) (basert på tal artar av vokssopp på danske lokalitetar), Nitare (1988) (basert på talet artar av beitemarkssopp på svenske lokalitetar) og Jordal & Gaarder (1993) (basert på eige poengsystem). Denne lokaliteten er dermed eit nytt eksempel på ein typisk "hot spot", små lokalitetar med eit svært høgt artsmangfald.

Råd om framtidig bruk: For å ta vare på dette artsrike kulturlandskapet bør ein få igang att beitinga, og enga bør ikkje gjødslast. Terrenginngrep bør unngåast, og køyring med traktor på dei mest artsrike partia ovafor og sørafor huset er truleg også uheldig dersom marka ikkje er frosen (jordpakking). Kratt og skog gror inn langs kantane og bør fjernast for å gjera innmarka meir open slik som ho var tidlegare.

Indreidsdalen

Kategori: 2 - regional verdi

Områdeskildring, vegetasjon: Langs vegen frå Eidsvatnet mot Geiranger ligg betydelege areal med utmarksbeite sør for Indreeide. Desse er dels opne og trelause, dels med spreidde tre og dels med noko meir bjørkedominert skog. Somme stader veks ein del einer, slik at enkelte deler kan reknast som einerbakkar. Enkelte andre parti er meir heiprega. Ein del av areala blir haldne opne av snøras i tillegg til beiting.

Kommentarar til funn: I løpet av dei to besøka 15.9.94 og 5.9.95 vart det funne 20 beitemarkssoppartar (32 poeng). Av desse var det to sjeldne som står som sårbar på den nye norske raudlista. Den eine var raudnande lutvokssopp (*Hygrocybe ingrata*). Den andre var første av hittil tre kjente funn i Norge av fingersoppen *Clavulinopsis cinereoides*, som berre er kjent med få funn i Sverige, Danmark, Storbritannia og Nord-Amerika (Jordal & Gaarder 1996a, 1997 i trykk). Det vart videre funne 51 planteartar, av desse 17 naturengplanter og 2 seterplanter, mellom desse var gulmaure og setermjelt.

Råd om framtidig bruk: Naturbeitemarkene bør ikkje gjødslast, beitetrykket bør haldast oppe og terrenginngrep begrensast mest muleg. Det er ingen ting i vegen for hogging av bjørk og forsiktig rydding av einer.

Valldal: Myklebustsetra

Kategori: 3 - lokal verdi

Områdeskildring, vegetasjon: Open setervoll med relativt mykje lyng, middels beitetrykk av sau og storfe. Det var nokre intakte seterhus og eit par hytter.

Kommentarar til funn: Berre tre beitemarkssopp vart funne, vidare 45 planteartar, av desse 12 naturengplanter og 2 seterplanter. Dette er eit nokså typisk og vanleg resultat for eit seterlandschap med noko intakt natureng/naturbeitemark.

Valldal: Valldalssetra

Kategori: 2 - regional verdi

Områdeskildring, vegetasjon: Området ligg ved, og grenser til Myklebustsetra. Open, stadvis nokså fuktig setervoll med nokre intakte seterhus. Beitetrykket er middels.

Kommentarar til funn: Det er ein del sølvbunke i beitemarka. 15 beitemarkssopp vart funne (26 poeng), av desse er ein art oppført som sårbar (raudnande lutvokssopp) og tre artar oppført

som hensynskrevande på den reviderte norske raudlista. Videre vart det funne 54 planteartar, av desse 15 naturengplanter og 3 seterplanter, mellom andre aurikkelsvæve, dvergjamne og hårvæve. Dette viser at området har biologiske verdiar knytt til intakt natureng/naturbeitemark. Lokaliteten er plassert i kategori 2 ut frå vegetasjon, talet på naturengplanter og poeng for beitemarkssopp.

Råd om framtidig bruk: I Valldalen var dette den mest artsrike og verdifulle seterlokaliteten, som derfor også av biologiske grunnar bør oppretthaldast som beitelandskap.

Valldal: Nedstestølen

Kategori: 3 - lokal verdi

Områdeskildring, vegetasjon: Dette er ei setergrend som ligg på ei elveslette sør for elva Valldøla. Setergrenda har eit tradisjonelt preg, og er nokså bra vedlikehalden. Husa ligg tett saman. Nord for elva ligg ein støl utan hus, med nokre gamle husmurar og steingjerde. Berre området på nordsida av elva vart undersøkt.

Kommentarar til funn: Området nord for elva var gras- og urtedominert, somme stader noko nitrofilt etter tidlegare tiders gjødsling, og litt prega av dårlig beitetrykk. I kantane var vegetasjonen prega av magrare forhold og med større innslag av naturengartar og beitemarkssopp. Her fann vi 8 relativt vanlege beitemarkssopp og 45 planteartar, av desse 14 naturengplanter og 4 seterartar. Dette er eit nokså typisk og vanleg resultat for eit seterlandschap med noko intakt natureng/naturbeitemark.

Valldal: Øvstestølen

Kategori: 4 - truleg liten verdi

Områdeskildring, vegetasjon: Dette er ei setergrend med ein del hytter ved riksvegen. Det er lite opne grasareal igjen, det meste kring husa.

Kommentarar til funn: Det var lite interessant å finna ved dette besøket. Det vart konstatert berre 5 naturengplanter og ingen beitemarkssopp. Undersøkingane vart avbrotne etter kort tid.

Valldal: Slettvikane

Kategori: 4 - truleg liten verdi

Områdeskildring, kommentarar til funn: Dette er ei flat, beita slette øvst i Meiadalen ved vegen frå Trollstigen til Valldal. Vegetasjonen var nokså triviell, og av sopp vart det berre funne gjødselringssopp, ein art som finst på møkk. Undersøkingane vart derfor avslutta etter kort tid.

Rauma

I Rauma er det i 1995 berre besøkt nokre tilfeldige setervollar i samband med undersøkingar i nordvestlege deler av det føreslegne landskapsvernombjørtet i kommunen, saman med Jarle Holten frå NINA. Tidlegare er nokre lokalitetar i Brøstdalen, Romsdalen og ved Åfarnes besøkt (Jordal & Gaarder 1993, 1995a). Rauma er den største sauekommunen i fylket med 6-7000 vinterfôra dyr dei siste åra. Det er derfor ein kommune som truleg har mange biologisk interessante område som ikkje er undersøkt.

Åkerrikse i Eidsbygda i 1996

I 1996 vart det høyrt ropande åkerrikse i ei graseng 3-4 dagar først i juni. Fuglen forsvann før slåtten. Også tidlegare kjende observasjonar frå Rauma er frå dette området. Åkerrikse er ein direkte utryddingstruga art, og krev derfor særskilt merksemd. Her i fylket var det i 1995 berre 7

kommunar som hadde den ære å husa lokalitetar for denne sjeldne arten, som er meir eller mindre forsvunnen i heile Europa etter dei store omleggingane i jordbruksdrift i dette hundreåret. Aktuelle åkerrikselokalitetar bør t. d. sikrast mot tekniske inngrep, og eng i aktiv jordbruksdrift bør absolutt ikkje slåast før ein er sikker på at ungane har forlate staden, som regel i august. Eit samarbeid mellom Norsk Ornitoligisk Forening, Norges Bondelag og miljøvernstyresmaktene prøver å få til ei erstatningsordning for bønder som får denne eksklusive gjesten på markene sine. I 1996 fekk to bønder i Hordaland kompensasjon for utsett slått frå Landbruksavdelinga hos fylkesmannen.

Herje: Myrsetsetra

Kategori: 3 - lokal verdi

Områdeskildring, vegetasjon: Dette er ei setergrend på eit lågt fjellplatå ved Åfarnes ved Romsdalsfjorden, eit område som er tydeleg kystpåverka i vegetasjonen. Det gjekk sau i området og beitemarkssopp var middels.

Kommentarar til funn: Vegetasjonen var relativt artsattig og triviell, og det vart berre funne to beitemarkssopp. Området vart ikkje grundig undersøkt.

Ljøsådalen: Ingridsetra

Kategori: 3 - lokal verdi

Områdeskildring, vegetasjon: Ingridsetra ligg i eit nokså ope landskap ved skoggrensa i Ljøsådalen nord for Isfjorden. Marka er kalkfattig og dels frisk, dels fuktig med innslag av sumpplanter.

Kommentarar til funn: Vegetasjonen var relativt artsattig og triviell, og det vart ikkje funne beitemarkssopp. Det vart funne 6 naturengplanter og tre "seterartar" - trefingerurt, fjellaugnegrøst og fjelltimotei. Lokaliteten er ut frå dette plassert i kategori 3.

Ljøsådalen: Haukebergsetra

Kategori: 3 - lokal verdi

Områdeskildring, vegetasjon: Haukebergsetra ligg nær elva i eit område med lauvskog og opne myrer. Marka er dels frisk, dels fuktig og basefattig.

Kommentarar til funn: Vegetasjonen var relativt artsattig og triviell, og det vart funne berre ein beitemarkssopp. Lokaliteten er ut frå dette plassert i kategori 3.

Mittet: Skrokkensetra

Kategori: 3 - lokal verdi

Områdeskildring, vegetasjon: Skrokkensetra ligg omkransa av bjørkeskog under Skrokkenfjellet øvst i Mittedalen. Det går bilveg omtrent heilt fram, og staden er eit av utgangspunkta for turar til turisthytta Måsvassbu. Marka er basefattig og dels frisk, med både tørre og fuktige parti, med eit godt mosedekke i botnen. Det gjekk ein del sauer i området.

Kommentarar til funn: Vegetasjonen var relativt artsattig og triviell med 45 planteartar, av desse 10 naturengplanter, og det vart funne seks beitemarkssopp (6 poeng). Mellom desse var brunfnokka vokssopp (*Hygrocybe helobia*). Det gode mosedekket gjer det truleg at setervollen kan romma fleire beitemarkssopp enn det vi fann til no.

Sande

Når det gjeld artsrike utmarksbeite på kysten er Sande ein av dei viktigaste kommunane i fylket, saman med Herøy og Smøla. Viktigast er Riste og nordaustre del av Sandsøya, som har av dei mest artsrike naturbeitemarkene vi har registrert til no i fylket. Riste er det som her i fylket minner mest om Færøyane. Viktige område finst også på nordvestre del av Gurskøya. Det er viktig at beitet på desse stadene blir halde oppe som før. Sauetalet i kommunen har auka frå rundt 1400 i 1977 til bortimot 2300 i 1992, men er no på veg nedover att. Det er bekymringsfullt for kystkulturlandskapet dersom sauetalet held fram med å gå nedover.

Gurskøya: Gjønes

Kategori: 2 - regional verdi

Områdeskildring, vegetasjon: Sjå Jordal & Gaarder (1993). Som elles på nordvestsida av Gurskøya er det også her trelause skråningar med ein god del knausar. Marka er frisk eller fuktig og truleg basefattig. Vegetasjonen er prega av gras og urter, ein god del storfrytle og noko lyng. Området blir beita av sau og beitetrykket er bra.

Kommentarar til funn: Av 26 registrerte planteartar var det 8 naturengartane kan nemnast aurikkelsvæve og smalkjempe, av andre artar var det m. a. ein del kusymre. Det er funne 16 artar av beitemarkssopp (28 artspoeng), av desse er det særleg grunn til å framheva den sårbare arten flammevokssopp (*Hygrocybe intermedia*), som det er gjort berre 6 andre funn av i Norge. Den er kjent nord til Sunnmøre der 4 av funna er gjort.

Råd om framtidig bruk: Heile nordvestre del av Gurskøya er eit biologisk interessant beiteområde, der betinga bør halda fram som før.

Gurskøya: Hidsnes

Kategori: 3 - lokal verdi

Områdeskildring, vegetasjon: Sjå Jordal & Gaarder (1993). Som elles på nordvestsida av Gurskøya er det også her trelause skråningar med ein god del stein. Marka er frisk eller fuktig og truleg basefattig. Vegetasjonen er prega av gras og urter, ein god del storfrytle og litt lyng. Området blir beita av sau men beitetrykket er i lägaste laget. Det vart lagt ut ei 10###10 meters analyserute. I ruta vart det funne 21 planteartar, av desse 8 naturengplanter og 1 seterplante. Dominerande planter var finnskjegg (50%), engkvein, storfrytle og gulaks. Strømengda var stor (50%), noko som understrekar attgroingstendensen.

Kommentarar til funn: Av 28 registrerte planteartar var det 8 naturengartane kan nemnast aurikkelsvæve og smalkjempe, av andre artar var det m. a. ein del kusymre. Det vart vidare funne 9 beitemarkssopp (10 poeng).

Råd om framtidig bruk: Heile nordvestre del av Gurskøya er eit biologisk interessant beiteområde, der betinga bør halda fram som før.

Kvamsøya: Kletten

Kategori: 2/3 - regional/lokal verdi

Områdeskildring, vegetasjon: Staden ligg vest for busetnaden i Ristesundet, og blir beita av storfe. Jordsmonnet er for det meste basefattig, men med innslag av rikare sig. Vegetasjonen er trefattig og nokså typisk for beitemarker på kysten, med magre grasmarker med både friske og fuktige parti, litt lyngmark og grunnlendte knausar.

Kommentarar til funn: Det vart funne 42 planteartar, av desse 13 naturengplanter, mellom desse var engstorr, kornstorr og småengkall. Av andre artar kan nemnast at det vaks ein del

kusymre. Det vart vidare funne 16 soppartar, av desse 8 beitemarkssopp (10 poeng), med russelærvokssopp (*Hygrocybe russocoriacea*) og grå vokssopp (*Hygrocybe unguinosa*) som dei mest spesielle.

Råd om framtidig bruk: Det er ønskjeleg at beitet held fram.

Kvamsøya: Ristesundet

Kategori: 2/3 - regional/lokal verdi

Områdeskildring, vegetasjon: Det undersøkte området ligg i dei nordvest- til nordaust-vendte bakkane og høgdedraga ved Instegardneset. Det meste av området var dominert av gras- og urterike beitemarker. Vegetasjonen var dels prega av lite beiting, med ein del høgt gras.

Kommentarar til funn: Det vart funne 30 planteartar, av desse 10 naturengartar. Mellom desse var kystmaure og kystgrisøyre. Av andre planter er det verdt å nemna kusymre, musøyre og purpurlyng. Det vart vidare funne 7 beitemarkssopp (9 poeng), mellom desse var skarlagenvokssopp (*Hygrocybe punicea*) og den hensynskrevande arten raudskivevokssopp (*Hygrocybe quieta*).

Råd om framtidig bruk: Det er ønskjeleg at beitet held fram.

Riste

Kategori: 1 - nasjonal verdi (del av storområde i klasse 1- kulturlandskap av svært stor verdi jfr. Aksdal 1994)

Brukshistorie: Kjelde til det meste av det som står nedanfor er Rabben (1976) og Jostein Korsnes (pers. medd.). Riste var busett i 1520. Seinare er det kjent at øya låg audie i perioden 1683 til 1740. Frå 1750 til 1964 har det vore samanhengande busetnad, og det har dels vore to bruk i drift. Presten Hans Strøm (1762) skriv følgjande om Riste: "Begge [delene av Riste] er overalt meget græsige og grønne, så at der på hele landet er næppe lyng at se". På denne tida var det to brukarar. Det er rimeleg å tru at Riste kan ha vore nytte til beite alt i vikingetida. Det er også dei som meiner at slaget på "Rastarkalv" mellom Håkon den gode og Eirikssønene, som er skildra i Snorre, eigentleg gjekk føre seg på den søraustlege, lågaste delen av Riste. Rastarkalv er i Snorre omtala som ei øy med "store slette voller". I 1866 hadde Riste 18 dekar dyrkaland og 102 dekar berglendt mark. I nyare tid har det vore rekna 180 dekar innmark, men det meste av dette er udyrka eller lett overflatedyrka.

Tabell 15. Dyretal på Riste til ulike tider.

	1666	1803	1866
småfe (sau, geit)		20	45
storfe	16	16	13
hest	1	1	1

Det er kjent at dyr frå både Herøy og Sande har vore transportert til Riste for sommarbeite. Beitet har nok vore attraktivt, men ytre del av øya var rekna som farleg for storfe, og det var nødvendig med gjeting. Det har også vore meieri på Riste, men det vart bismak på mjølka så snart dyra hadde nappa berre ein liten bit av ramslauken som veks på sørssida. Forutan husdyrbruk har folk her vore losar, dreve fiske og tarebrenning. Etter fråflyttinga i 1964 har Riste vore beita av sau. Det har vore sau på øya kvart år, men i 1980-åra var sauetalet såpass lågt at røsslyngen breidde seg på nordaustsida, tidlegare har det vore røsslyngberre på nordvestenden. I 1990-åra har det vore 120-140 sau på sommarbeite, unntake 1996, da eigaren ikkje tillet beiting. I 1996 auka mengda av røsslyng på nordaustsida i betydeleg grad. I tillegg vart det i 1991 sett ut 12

utegangarsauer, og desse har no auka til 64 vinteren 1996/97. Frå 1972 kom det til 10-15 geiter, og det har aldri lakkast å fanga inn alle, slik at det framleis i 1997 er 5 geiter.

Områdeskildring, vegetasjon: Riste skil seg ut på lang avstand som ei grøn øy, med eit preg som minner om Færøyane. Den er skoglaus og store deler er graskledd. Forutan dei 180 dekar innmark er det rundt 450 dekar utmark. Tidlegare var dette ein av dei største gardane i Sande. På grunn av aukande kuling og bølgjer fekk vi i 1995 svært kort tid på oss, medan vi i 1996 fekk nærrare tre timer i godt ver. Det vart ikkje utført vegetasjonsanalyse bortsett frå på veksestaden for sauevokssopp. Her dominerte engkvein og geitsvingel, og vidare var det ein del smalkjempe, ryllik, smyle og tiriltunge. I botnen var det mest engkransmose, men og noko etasjehusmose. Dette er nok representativt for store deler av den søraustlege delen av øya. Vegetasjonen på heile øya er hovudsakeleg naturbeitemark/kystgrashei. Det finst små areal med røsslynghei. På nordvest-enden finst litt fukthei med bjønnskjegg, bjønnkam, røsslyng, finnuskjegg og tepperot. Førekomsten av purpurlyng i nordausthellingane er truleg ein av dei største i Møre og Romsdal, ved sida av bestanden på Sandsøya rett nordafor (Alv Ottar Folkestad pers. medd.). Elles finst strandbergvegetasjon og grunnlendte berg elles. Vegetasjonen er dels baserik og rommar mange kalkrevende planteartar.

Kommentarar til funn: Det er til no funne 110 planteartar på øya medrekna slike som er funne tidlegare av Alv Ottar Folkestad og Jostein Korsnes, av desse var det 29 naturengplanter og 1 seterplante. Trass i arealet (vel 600 dekar) er dette ganske høge tal. På beita strandberg nord for huset vart det funne bakkesøte, som er sjeldan på kysten i dag. På berg elles veks noko blankburkne, og A. O. Folkestad har funne havburkne på sørvestsida. På grunnlendte berg veks aurikkelsvæve, hårvæve, lækjeveronika, dvergsmyle og gjeldkarve. I kalkrike fuktenger på nordaustsida er det mykje vill-lin, forutan blåstorr, engstorr og loppestorr. I same området veks også kusymre og purpurlyng i meir heiprega vegetasjon. Rundt høgaste punktet på Riste er det ein god del kystmaure i grasmrkene. På sørsida vest for garden er det eit felt på rundt 100 m² med ramslauk (J. Korsnes pers. medd.). Beitemarkene hadde jamt over god mosedekning, og synest å ha eit stort potensiale for beitemarkssopp. Vi fann 33 artar av beitemarkssopp (73 poeng), av desse 23 vokssopp-artar, som er Norges-rekord ved eitt besøk. Fingersoppen *Clavulinopsis fusiformis* vart i 1996 funnen som ny for Norge (Jordal & Gaarder 1997 i trykk). Av beitemarkssoppane var det ein direkte truga art, sauevokssopp (*Hygrocybe ovina*, eitt av 5 norske funn etter 1980) Vidare er det funne 4 sårbare og 5 hensynskrevande artar, alt ifølgje den nye reviderte raudlista. Dei sårbare artane var raudnande lutvokssopp (*Hygrocybe ingrata*), raud honningvokssopp (*Hygrocybe splendidissima*) og brun engvokssopp (*Hygrocybe colemanniana*), forutan fingersoppen *Clavulinopsis fusiformis*, som vart teken inn i raudlista etter dette eine funnet. Elles vart det funne rombespora raudskivesopp (*Entoloma rhombisporum*) som synest å vera ein sjeldan art. Summen av alt det som er nemnt ovafor plasserer Riste heilt i toppen når det gjeld artsrike og biologisk verdifulle kulturlandskap her i fylket.

Råd om framtidig bruk: Det er sterkt ønskjeleg at beitinga held fram, utan dette vil øya totalt endra karakter. Den grøne øya bør bevarast ved beiting. Til dette er ho også svært godt egna, her er ikkje rovdyrta, praktisk tala ikkje rome, godt beite på eit ganske stort areal, og dyra kan ikkje stikka av. Brenning har ingen tradisjon på staden, det er omtrent aldri tele, og brenning i 1986 har vist seg å forårsaka erosjon i den sårbare mineraljorda. Vi er glade for at organisasjonen Ristes venner interesserer seg sterkt for å ta vare på dette heilt spesielle landskapet med tilhøyrande biologiske verdiar. I 1996 fekk dei også som einaste i fylket tildelt midlar frå potten til miljøvernnavdelingane/DN øyremerka verdifulle kulturlandskap. Lokaliteten har truleg eit stort potensiale for sjeldne og kravfulle artar knytt til beitinga, og det er sterkt ønskjeleg å undersøkja Riste mykje grundigare.

Sandsøy: Sandhamn-Ulandsvika-Våge

Kategori: 1 - nasjonal verdi (del av storområde i klasse 1- kulturlandskap av svært stor verdi jfr. Aksdal 1994)

Områdeskildring, vegetasjon: Sjå Aksdal (1994) og Jordal & Gaarder (1993, 1995a). Det har vore dreve noko drift på kalkstein ved Våge. Ein del funn understrekar kalkrikt jordsmonn. Hornet er avmerka som eit interessant lystheimråde av Fremstad m. fl. (1991). Både dette området og andre utmarksbeite på Sandsøya er i god hevd og har stor biologisk interesse. Området er ein del av den gamle garden Sande som er nemnt første gong tidleg på 1300-talet, og som har vore ettertrakta og høgt verdsett, først som adelsgods, seinare som kloster-, kyrkje- og krongods før han gjekk over i bondeeiige oppdelt i mange gardar (kjelde: Soga om Sande og Rovde, bind 1, 1935). Truleg har desse beitemarkene vore i bruk sidan vikingetida og kanskje enda lenger attende. Det er gjort ei rekke steinalderfunn på Sandsøya. Hamnegangen er i 1866 omtala som "mager, men lagleg" for fleire deler av området. Dyretalet har vore betydeleg. Berre på Noresande var det til ulike tider i tidsrommet 1666-1907 30-40 storfe, 2-4 hestar og 39-88 småfe (kjelde: Soga om Sande og Rovde bind II, 1976).

Kommentarar til funn: Dette er ved sida av Mulevika i Herøy, Riste i Sande og deler av Smøla av dei mest artsrike kystlokalitetane vi kjenner i fylket. Her finst fleire artar av planter og sopp som indikerer at jordsmonnet somme stader er kalkrikt, og som nemnt finst kalkstein ved Våge. I artsoversiktene er området delt i tre: 1. nord for Sandhamn (frå Sandhamn til Kleiveneset, og dels opp mot Hornet); 2. Ulandsvika (frå Kleiveneset til Langedrogneset) og 3. Holstøa (frå Kvitebergholmen til Tangane). Det siste området er berre overfladisk undersøkt. Det er likevel grunn til å sjå området som ein heilskap. I heile området er det funne 50 planteartar, av desse 20 naturengplanter. Det er vidare funne 40 beitemarkssopp (101 poeng). I delområda er det funne 30 beitemarkssopp nord for Sandhamn (76 poeng) og 28 i Ulandsvika (56 poeng). Det er i området som heilskap funne ein direkte uthydingstruga soppart, 7 sårbare og 9 hensynskrevande. Dette er uvanleg mykje. Den direkte truga arten sauevokssopp (*Hygrocybe ovina*) veks her fleire stader, han er berre kjent frå 5 lokalitetar i Norge etter 1980, av desse ligg tre her i fylket. Av nye funn i 1995 kan nemnast: gul slimvokssopp (*Hygrocybe vitellina*) ved Holstøa; brunaugevokssopp (*Hygrocybe virginea* var. *fuscescens*) ved Sandhamn; kvit småfingersopp (*Ramariopsis kunzei*) og svartdogga vokssopp (*Hygrocybe phaeococcinea*) i Ulandsvika. Samanhald med dei store areala med intakt beitevegetasjon gjev alle dei spesielle artsfunna området ein klar nasjonal verdi (kategori 1).

Råd om framtidig bruk: Det er sterkt ønskjeleg at den tradisjonelle beitinga held fram, og at det ikkje blir gjort større fysiske inngrep. Det er ønskjeleg med ein forvaltningsplan for dette kystkulturlandskapet som har så store biologiske verdiar knytt til langvarig utnytting.

Sandøy

Sandøy er ein øykommune med der det tidlegare var vanleg med kombinasjonsbruk jordbruk-fiske. Busetnadshistoria strekkjer seg heilt tilbake til steinalderen. Sauetalet i kommunen har dei siste 20 åra vore på nedtur frå 150-160 vinterfôra dyr på slutten av 1970-talet til berre rundt 40 dyr dei siste åra (bruk >10 dekar). Hausten 1996 vart det slutt på sauehaldet på Sandøya, og fleire gamle beiteholmar som framleis er fine og med intakt beitevegetasjon står no i fare for å gro att.

I Sandøy har det i seinare år vore problem med grågås som beiter og skit på dyrka mark. Eit prosjekt er sett i verk for å redusera skadene. Ein av årsakene til aukande plager er openert attgroinga av tidlegare beiteholmar og annan beitemark. På Uksnøya prøvar ein no å halda

beitelandskapet i hevd for grågåsa med beiting av m. a. utegangarsau, og i 1997 blir det truleg også nytta islandsponniar. Vi har eit sterkt ønskje om at erfaringane med utegangarsau frå Uksnøya kan nyttast av fleire, og at det blir vurdert å setta ut slik sau iallfall på Seterøya, men helst på fleire stader. Ein bestand av utegangarsau som er balansert mot arealet vil kunne berga dei siste perlene i kystkulturlandskapet mot attgroing og berga dei artane som er avhengige av dette landskapet.

Easteinen

Kategori: 2 - regional verdi

Områdeskildring, vegetasjon: Easteinen er ei øy som ligg på austsida av Sandøya, skilt frå Sandøya med eit grunt sund med sandbotn. Midt på øya ligg ei låg, flat engslette som truleg har vore rydda. På stranda på sørvestsida ligg eit par låge, runde steinhaugar som kan vera graver eller ryddingsrøyser. Dette er ein verdifull beiteholme som kan ha vore i bruk til beiting så lenge det har vore husdyr på kysten her (kjelde: landbrukskontoret). Øya har vore beita av sauar til og med 1995, men i 1996 grodde graset høgt. Vegetasjonen er svært grasrik med lite røsslyng. Av grasartane dominerer engkvein, smyle, englodnegras, geitsvingel og gulaks. På høgdene finst mager grashei med finnskjegg, smyle og skrubbær, elles finst fukthei, såvidt litt røsslynghei ved nordenden, strandberg og anna grunnlendt berg, tangvollar og tendens til litt sanddyner med m. a. strandreddik på vestsida.

Kommentarar til funn: Det vart funne 72 planteartar, av desse 10 naturengplanter. Det mest interessante funnet var dvergsmyle på grunnlendt berg på sørrenden (sparsam). Det vart funne 17 artar av beitemarkssopp (26 poeng). Av desse kan nemnast kvit køllesopp (*Clavaria acuta*), dynetunge (*Geoglossum cookeianum*), sleip jordtunge (*Geoglossum glutinosum*), skifervokssopp (*Hygrocybe lacmus*) og skarlagenvokssopp (*Hygrocybe punicea*). Ved besøket den 2. august 1996 vart det også observert 10 grågås, 3 tjuvjo, fleire svartbak, tjeld, fiskemåse, sandlo, skjærpiplerke og småspove. Holmen er truleg ein viktig fuglelokalitet året rundt.

Råd om framtidig bruk: Det er synd om denne fine gamle beiteholmen no skal gro att. Blant alternativa er utegangarsau kanskje det mest aktuelle. Eit anna alternativ kunne vera hest eller ungdyr om ein fann ein høveleg transportmåte.

Kvaløya

Kategori: 2 - regional verdi

Områdeskildring, vegetasjon: Dette er ei lita øy som ligg om lag ein kilometer vest for Seterøya, og som har vore bruka til beiting. 1996 er siste året det vart beita, brukaren har no slutta med sau. Det er også brent her, og vegetasjonen er grasrik med mykje smyle, engkvein og geitsvingel. Elles finst fukthei med slåttestorr og knappsviv, strandenger og tarevollar, strandberg og grunnlendte berg elles.

Kommentarar til funn: Det vart funne 56 planteartar, av desse 10 naturengplanter. Det vart funne 9 artar av beitemarkssopp (17 poeng). Mest interessant var funnet av den sjeldne gul slimvokssopp (*Hygrocybe vitellina*) i moserik grasmark. Typisk i dei brente områda var store mengder seig vokssopp (*Hygrocybe laeta*).

Råd om framtidig bruk: Ettersom sauehaldet på Sandøya opphøyrte hausten 1996, står også denne holmen i fare for å gro att. Det hadde vore ønskjeleg med fortsatt beiting, og eit alternativ kan kanskje vera utegangarsau.

Seterøya

Kategori: 1/2 - nasjonal/regional verdi

Områdeskildring, vegetasjon: Seterøya er ei flat øy på bortimot 300 dekar (grovtt anslått ut frå kart) med fleire fråflytta gardar og bustadhus. Eit eldre namn på øya er Purka. Før 1864 var øya felles utmark for Sandøy-gardane og hadde vore nytta til sommarbeite og seterbruk. Øya vart busett i 1864 i samband med ei utskifting. Det var registrert 16 fastbuande i 1865 og 36 i år 1900. I 1976 flytta den siste fastbuande frå Seterøya. Jorda ved gardane er dyrka, men det meste av øya er udyrka og i seinare tid berre bruka til beitemark. 1996 var det siste året det gjekk sauher her, og no har sauehaldet på Sandøya opphørt. Også i 1996 var det dårlig beitettrykk her og mykje høgt gras.

Kommentarar til funn: Det vart funne 73 planteartar, av desse 20 naturengplanter. Dette er ganske høge tal. Av desse kan nemnast dvergsmyle, grøftesoleie, havstorr, kornstorr og kystmaure. Det vart funne 28 artar av beitemarkssopp (48 poeng). Dette var uventa mykje. På beita strandeng vart det funne gul småfingersopp (*Clavulinopsis corniculata*), tre jordtungeartar, og russelærsvokssopp (*Hygrocybe russocoriacea*). Elles vart det funne mjølraudskivesopp (*Entoloma prunuloides*), rombespora raudskivesopp (*Entoloma rhombisporum*), lutvokssopp (*Hygrocybe nitrata*) og gul slimvokssopp (*Hygrocybe vitellina*). Den siste er sårbar på raudlista, og fleire av dei andre er hensynskrevande. Lutvokssopp er sjeldan på kysten.

Råd om framtidig bruk: Det er sterkt ønskjeleg at beitinga blir teke opp att, gjerne ved at det blir sett ut utegangarsau.

Uksnøya (Harøya)

Kategori: 1/2 - nasjonal/regional verdi

Områdeskildring, vegetasjon: Dette er ei låg øy på om lag 990 dekar vest for Harøya, med to fråflytta bruk. Første vitnemål om busetnad her er frå Snorre. I april 1206 overnatta baglarkongen Erling Steinvegg her på veg til Trondheim. På 1500-talet var brukarane sjølveigande og velståande. Frå ca. 1600 har det vore to bruk. Dyretalet i 1714 var 16 kyr og ein hest, i 1773 på den eine garden 1 hest, 10 storfe, 5 sauher og 2 grisar. Det var registrert 16-20 fastbuande her i ulike folketeljingar på 1800-talet. Øya vart fråflytta i 1958. (Kjelde: Huse 1996). Etter eit beiteopphold på ein del år, vart det 4.10.1993 sett ut 13 søyer og 3 varar av utegangarsau av Uksnøy Villsaulag som eit forsøk på å betra beitet for grågåsa så den ikkje skal gjera så stor skade på innmarka på Harøya. Hausten 1996 var det 81 sauher, medan ein reknar at stammen bør veksa til rundt 200 dyr. Sauen beiter ikkje på den tidlegare gjødsla innmarka det det i dag er mykje sølvbunke, men går mest på mager grashei og llynghesi. For å hindra vidare attgroing av innmarka er det i 1997 planar om å ha utpå nokre islandshestar. NINA og Nordre Nordmøre forsøksring følgjer med grågåsa og verknadene av sauebeitinga. Kjelder: gardbrukar Oddvar Røsok og ringleiar Olav Synes, Nordre Sunnmøre forsøksring.

Kommentarar til funn: Det vart funne 65 planteartar, av desse 12 naturengplanter. Artsutvalet var typisk for ein kystlokalitet som denne. Det vart funne 17 artar av beitemarkssopp (35 poeng). Det mest spesielle funnet var slimjordtunge (*Geoglossum difforme*) i moserik vegetasjon på Kattholmen på sørsida, det tredje funnet i Norge, og truleg ein av fem intakte lokalitetar i Skandinavia. Arten er oppført som direkte truga, og er sterkt beiteavhengig. Det vart også funne tre andre meir vanlege jordtungeartar. Elles vart den sårbare gul slimvokssopp (*Hygrocybe vitellina*) funnen fleire stader.

Råd om framtidig bruk: Siktemålet med noverande skjøtsel av øya er å skapa eit godt beite for grågåsa slik at skadeomfanget på Harøya blir mindre. Vi ser utegangarsauen som ein god skjøtta av landskapet, og den vil truleg sørge for å bevara det biologiske mangfaldet vi har registrert. Aller viktigast ut frå vår ståstad er å bevara den utsydningstruga jordtungearten. Forsøket med ponniar i 1997 ser vi og som eit interessant tiltak. Det er ønskjeleg å undersøkja øya betre og å følgja med korleis vegetasjonen utviklar seg.

Skodje

Skodje var ein av dei ti kommunane der det vart gjort supplerande undersøkingar på oppdrag av Miljøvernnavdelinga i 1995. Dei fleste lokalitetar som er foreslått av kommunen er oppsøkt eller eliminert som aktuelle for biologiske undersøkingar ut frå opplysningars som er gjeve på registreringsskjema. Utan samanlikning mest verdifull av dei vi har undersøkt til no er småbruket Nedreli på Fylling. Dette er ei av dei mest verdifulle naturbeitemarkene i fylket ut frå biologiske kriteriar. Sauetalet i kommunen er på nedtur, frå 500-800 på slutten av 1970-talet og byrjinga av 1980-talet til 400-500 dei siste åra.

Fylling: Nedreli

Kategori: 1 - nasjonal verdi

Områdeskildring, vegetasjon: Lokaliteten er også omtala av Beyer & Jordal (1996). Dette er eit lite småbruk med eit titalls dekar open innmark omkransa av skog og myr. Det ligg noko ovafor busetnaden på Fylling. Husa er gamle, men bustadhuset blir no pusset opp. Fjøset er til nedfalls. Skogen inneheld m. a. ein del hassel, og er artsrik og variert med omsyn på planteliv og soppflora. Av andre kulturlandskapslement finst m. a. steingjerde og rydningsrøyser. Bruket har vore dreve med sau og storfe til ca. 1960, men har sidan vore fråflytta. Innmarka har seinere vore bruka til hestebete i ein periode av noverande eigars. I denne perioden vart det bruka noko kunstgjødsel, og beita hardt. Området blir no beita av sau, og enkelte gonger storfe. Dette er dyr som tilhører nabobar i bygda. Beitetrykket er godt, men dette hindrar ikkje ei viss innvandring av skog på innmarka. Vegetasjonen består av kalkfattig, beitepåverka grasmark typisk for regionen, med både tørre og fuktige parti. Sjå elles Jordal & Sivertsen (1992).

Kommentarar til funn: Det vart notert 40 planteartar i grasmarkene, av desse 16 naturengplanter. I fuktengpartia finst m. a. ein god del trådsiv og stjernestorr. Dei tørrare partia er gras- og urterike med m. a. aurikkelsvæve og hårvæve. Kystpreget blir understreka av artar som heiblåfjør, heisiv og kystmaure. Lokaliteten er undersøkt med omsyn på soppfloraen mange gonger, m. a. i samband med kurs arrangert av Nyttevekstforeningen i Ålesund.

Det er totalt funne 28 artar av beitemarkssopp (av desse 19 artar av vokssopp), noko som gir nasjonal verdi etter tre ulike verdsettingssystem: Rald (1985) (basert på talet vokssoppartar på danske lokalitetar), Nitare (1988) (basert på tal artar av beitemarkssopp på svenske lokalitetar) og Jordal & Gaarder (1993) (71 poeng etter eit eige poengsystem, 60 poeng grense for nasjonal verdi ved mange besök).

9 av beitemarkssoppane er oppført på den reviderte norske raudlista. Av desse er følgende oppført som direkte truga: sumpjordtunge (*Geoglossum uliginosum*, 1-2 attverande intakte lokalitetar i Sverige av totalt 9 kjente, 4 i Norge, elles berre kjent frå Storbritannia) og vranglodnetunge (*Trichoglossum walteri*) (4 lokalitetar i Norge etter 1980; Norge og Sverige synest å ha eit europeisk forvaltaransvar også for denne arten). Følgjande artar er oppført som sårbar på raudlista: fiolett greinkøllesopp (*Clavaria zollingeri*, 10 norske funn etter 1980, meir sjeldan utanfor Norge og Sverige), raudnande lutvokssopp (*Hygrocybe ingrata*, 14 norske funn etter 1980, sjeldan i heile Europa), flammevokssopp (*Hygrocybe intermedia*, 4 norske funn etter 1980, alle i Møre og Romsdal, svært sjeldan til "ikkje uvanleg" i resten av Europa, truleg sørleg art), grå narremusserong (*Porpoloma metapodium*, 7 norske lokalitetar etter 1980, 6 av desse i

Møre og Romsdal, Norge har truleg dei viktigaste leveområda for arten i Europa). Videre er det funne 4 hensynskrevande artar på lokaliteten.

Råd om framtidig bruk: Beitet bør fortsetta som før, ein bør vurdera å rydda skog i kantane, terrenginngrep bør unngåast, og innmarka bør ikke gjødslast. Ved eventuell eigedomsoverdraging bør dette takast omsyn til m. a. ved vurdering av bo- og driveplikt.

Fylling: Solli

Kategori: 3 - lokal verdi

Områdeskildring, vegetasjon: Det undersøkte området er ein liten haug ved eit sommarfjøs med beitemark rundt på sørsida av vegen. Beitemarka hadde delvis eit noko gjødsla preg, men med magrare parti i ytterkantane. Det gjekk sau på beite.

Kommentarar til funn: Det vart funne 11 naturengplanter, mest i dei magre ytterkantane. Av desse kan nemnast aurikkelsvæve, hårvæve, heiblåfjør og jordnøtt. Det vart berre funne 2 vanlege beitemarkssopp. Utvalet av planteartar er typisk for kulturmark i ytre fjordstrok, og funna saman med preget av gjødsling tilseier ei plassering i kategori 3.

Steinsetsetra

Kategori: 3 - lokal verdi

Områdeskildring, vegetasjon: Setrane ligg omkransa av skog og myr i nærleiken av Fyllingselva og Mevatnet. Marka er dels ganske fuktig og myrlendt.

Kommentarar til funn: Utvalet av planteartar var trivielt, og det vart berre funne to beitemarkssopp. Den eine av desse var *Entoloma caesiocinctum*, ein uvanleg art. Undersøkingane vart avslutta utan å ta fullstendig planteliste. Det vart mellom anna notert aurikkelsvæve og kornstorr. Lokaliteten blir plassert i kategori 3.

Smøla

I kjølvatnet av den nasjonale registreringa av verdifulle kulturlandskap er det plukka ut fem modellområde frå heile landet der det skal utprøvast utarbeiding og iverksetting av forvaltningsplan for kulturlandskap. Eit av desse fem områda er sørlege deler av Smøla kommune. I samband med utarbeiding av forvaltningsplanen (Melby 1997) er det utført undersøkingar av både kulturelle og biologiske tilhøve. I rapporten frå kulturminne-registreringane (Hansen & Juhl 1996 s. 4-5) er det gjeve eit historisk oversyn over Smøla med vekt på Sør-Smøla. Vi er freista til å gje att eit av avsnitta her: "På øyane sør for Smøla levde det i 1865 172 personar fordelt på 37 hushald. Dei avla ei halv tønne korn og cirka ei halv tønne potet pr. hushald. Dei hadde og 1 ku, 3-4 sauvar og halvdelen av dei hadde ein gris. Dette var ikkje eit jordbruk ein kunne fø seg og sin familie med, men det var eit supplement til fisket. Dette har også vore med på å skapa det kulturlandskapet vi ser i dag. Beiting på holmane og slått var ein viktig del av det å skaffe nok næring til alle husdyra. Sjølv om vintrane er milde på Smøla, og dyra kan opphalde seg ute det meste av året, må alle holmar utnyttast for å ikkje overbeite."

I 1995 vart det utført biologiske undersøkingar på ein del lokalitetar på Smøla, og vi vil her visa til den aktuelle rapporten (Gaarder & Jordal 1996a). I 1996 vart nokre fleire lokalitetar undersøkte som ikkje er komne med i forvaltningsplanen (Melby 1997). Plante- og sopplister frå undersøkingane i 1995-96 er presenterte i vedlegg 2 og 4. Nedanfor beskriv vi berre lokalitetar

som i 1996 vart undersøkt for første gong, eller der det er gjort vesentlege nye funn. I tillegg tar vi med ein omtale av eit par åkerrikseobservasjonar frå Smøla i 1995-96. Smøla, Herøy og Sande er dei mest interessante kystkommunane i fylket når det gjeld biologisk mangfald i kulturlandskapet. Ei rekkje område på Smøla har vore meir eller mindre kontinuerleg i bruk opp til vår tid. Elles kan det nemnast at sauetalet på Smøla har halde seg nokonlunde stabilt dei siste tjue åra, med variasjon mellom 1100 og 1600 vinterfora dyr (sjå tabell 32 i vedlegg 6).

På Smøla har det i seinare år vore store problem med grågås som beiter og skit på dyrka mark. Eit større prosjekt er sett i verk for å redusera skadene. Ei av årsakene til aukande plager er openbert attgroinga av tidlegare beiteholmar og annan beitemark. Landbrukskontoret på Smøla arbeider derfor m. a. med å kartleggja tidlegare beitemarker der det kan vera aktuelt å skapa nyttebeite for gåsa gjennom t. d. husdyrbeitning, for å prøva å få henne vekk frå dyrkamarka.

Åkerrikse på Smøla

I 1995 vart det høyrt ropande åkerrikse i frodig grasmark med mykje mjødurt ved Nerdvika på Frostadheia frå 16. juni. Enga vart truleg ikkje slått. I 1996 er det meldt om åkerrikse "nordaust på Smøla" den 25. juni. Åkerriksa er ein direkte utryddingstruga art, og krev derfor særskilt merksemd. Her i fylket var det i 1995 berre 7 kommunar som hadde den ære å husa lokalitetar for denne sjeldne arten, som er meir eller mindre forsvunnen i heile Europa etter dei store omleggingane i jordbruket i dette hundreåret. Aktuelle åkerrikselokalitetar bør t. d. sikrast mot tekniske inngrep, og eng i aktiv jordbruksdrift bør absolutt ikkje slåast før ein er sikker på at ungane har forlate staden, som regel i august. Eit samarbeid mellom Norsk Ornitoligisk Forening, Norges Bondelag og miljøvernstyresmaktene prøver å få til ei erstatningsordning for bønder som får denne eksklusive gjesten på markene sine. I 1996 fekk to bønder i Hordaland kompensasjon for utsett slått frå Landbruksavdelinga hos fylkesmannen.

Ellerholmen (Kuliøya)

Kategori: 3 - lokal verdi

Områdeskildring, vegetasjon: Dette er ein lite holme vest for Store Svelunn ved Kuli, og sør for Rosvoll prestegard. Holmen er i attgroing, og undersøkingane vart avslutta etter kort tid.

Kommentarar til funn: Det vart funne 37 planteartar, av desse 11 naturengplanter. Det vart berre funne tre vanlege artar av beitemarkssopp.

Råd om framtidig bruk: Som for andre beiteholmar er det ønskjeleg at også denne blir teken i bruk att.

Glasøya

Kategori: 2 - regional verdi

Områdeskildring, vegetasjon: Dette er ei øy aust for Nerdvika med tre nedlagte gardar, noko dyrkamark, og ein god del udyrka, grasrik beitemark. Fram til sist på 1960-talet var det storfe på øya, men siste tida før fråflyttinga på 1970-talet var det berre sau. Etter den tid budde ein svensk kunstmålar her til ca. 1983. Sygarden er gjerdt frå, og her går 40-50 sau og lam om sommaren. Resten av øya blir beita av sau heile året. Det går vel 30 vintersau som har livd i eit av fjøsa, og som blir føra vinters tid av får som er hausta på innmarka. Det har ikkje vore opphold i beitinga etter at gardsdrifta opphørde (kjelde: Kjell Karstensen). Lengst aust er det noko bjørkeskog, og lenger vest veks det skog av planta bergfuru. Elles finst noko røsslynghei med einerdominerte parti innimellan, litt fukthei, og ein del grunnlendte, beita berg med gras- og urterik vegetasjon. Langs stranda finst for det meste strandberg med usamanhengande vegetasjon.

Kommentarar til funn: Det vart funne 58 planteartar, av desse 18 naturengplanter. Dette er eit middels høgt tal for naturengplanter. På grunnlendte, beita berg vart det funne gjeldkarve og hårvæve. Ved nausta vart det funne skogbjønnbær, som er ny norsk nordgrense. Det vart funne 19 artar av beitemarkssopp (31 poeng), av desse 15 artar vokssopp. Dette er relativt mykje, og fleire av artane var interessante. Skifervokssopp (*Hygrocybe lacmus*), raudskivevokssopp (*Hygrocybe quieta*) og raud honningvokssopp (*Hygrocybe splendidissima*) står alle på den norske raudlista. For sistnemte er dette det hittil nordlegaste funnet. Elles vart det funne brunsvart jordtunge (*Geoglossum umbratile*) og sumpraudskivesopp (*Entoloma turbidum*). Glassøya blir vurdert å vera ei artsrik og interessant øy.

Råd om framtidig bruk: Vi har ingen forslag til endringar i bruken av øya. Det krev ein betydeleg innsats å driva heilårsdrift med sau på ein såpass avsides stad som dette.

Haverøya

Kategori: 1/2 - nasjonal/regional verdi

Områdeskildring, vegetasjon: Haverøya er ei låg øy på knapt 600 dekar mellom Edøya og Straumen. Øya har truleg vore nytta til beiting meir eller mindre samanhengande i lang tid, men beitetrykket kan ha vore noko varierande. Statens Sauavlsgard hadde Edøygarden, som Haverøya tilhøyrer, frå 1908 til 1972. Ein kan vel rekna med at øya vart brukt til beite i heile denne perioden. Etter at Sauavlsgarden flytta i 1972 vart øya bruka til sauebeite om somrane av Nikolai Steinnes fram til 1979. Øya vart brent ein gong midt på 1970-talet, og dette gjorde noko skade på jordsmonnet. I 1980 vart det sett ut 10 utegangarsau her, og bestanden vaks etter kvart til rundt 100 dyr. Stor etterspurnad etter livdyr har medført ein reduksjon til rundt 60 vinterdyr, og det ser ut som øya har god kapasitet for dette dyretalet (kjelde: Per Halse). Vegetasjonen i dag består av ein god del godt beita røsslynghei, noko grasrike naturbeitemarker, mest langs strandene, og ein del myr og fukthei. Vidare finst beita strandberg og grunnlendte berg elles. Vi besøkte berre den nordaustre fjerdedelen av øya. Vårt inntrykk av utegangarsauen er at den ved såpass beitetrykk som her skjøttar landskapet på ein god måte med tanke på bevaring av beiteavhengige artar. Røsslyngen er godt beita, og grasdominerte vegetasjonstypar blir også godt beita. Korvidt den grasrike vegetasjonen har auka i areal sidan 1980 er noko uvisst, men det er synest som at grasbeltet langs stranda har utvida seg, og da særleg der ein har mineraljord under (Per Halse). Sauen har her bevart ein sjeldan artsrikdom. Her kan elles nemnast at Krongelholman like nord for Haverøya ser svært spennande ut, men vi fekk dessverre ikkje tid til å oppsøkja dei i 1996. Her er grasrik vegetasjon som framleis blir beita og det har vore tidlegare busetnad.

Kommentarar til funn: Det vart funne 36 planteartar, av desse 11 naturengplanter. Artslista er ikkje fullstendig, og basert på ei rask befaring på ca. ein fjerdedel av øya. Det vart funne 23 artar av beitemarkssopp (45 poeng), av desse 16 vokssoppartar. Dette er uvanleg mykje. I tillegg var fleire av artane svært sjeldne og interessante. Fingersoppen *Clavulinopsis cineroides* fann vi her som tredje funn i Norge, gyllen vokssopp (*Hygrocybe aurantiosplendens*) er også tredje funn i Norge, begge på beita strandeng. Her vart det elles funne tre jordtungeartar: skjeljordtunge (*Geoglossum fallax*), sleip jordtunge (*Geoglossum glutinosum*) og svartlodnetunge (*Trichoglossum hirsutum*), vidare russelærsvokssopp (*Hygrocybe russocoriacea*), sumpvokssopp (*Hygrocybe substrangulata*), raudskivevokssopp (*Hygrocybe quieta*) og gul småfingersopp (*Clavulinopsis corniculata*).

Råd om framtidig bruk: Lokaliteten blir ut frå funna av mange og dels sjeldne og truga artar av beitemarkssopp vurdert som svært interessant. Vi har ingen forslag til endringar av dagens bruk av øya. Bruken av utegangarsau med eit dyretal som står i høve til arealet (grovtt ca. 10 dekar pr. sau) synest å vera godt eigna til å bevara artsmangfald, vegetasjon og landskap der det ikkje har vore for langt opphold i beitebruken.

Hestøya

Kategori: 2 - regional verdi

Områdeskildring, vegetasjon: Hestøya er ein låg holme nord for Kuli, som no er knytt til Fast-Smøla med vegen frå Edøya til Rosvolløya. På Hestøya ligg ein gard som framleis er bebudd. Marka blir beita av sau. Det er noko dyrka mark og noko overflatedyrka og udyrka beite. Vi undersøkte eit mindre område rett på sørssida av riksvegen, og øya er derfor ikkje godt undersøkt.

Kommentarar til funn: Det vart funne 43 planteartar, av desse 10 naturengplanter. Det vart funne 16 artar av beitemarkssopp (23 poeng). Av desse kan nemnast dei hensynskrevande artane spissvokssopp (*Hygrocybe persistens*) og russelærvokssopp (*Hygrocybe russocoriacea*). Begge desse er kalkkrevande og særleg den første er sjeldan i fylket. Vidare vart det funne kvit køllesopp (*Clavaria acuta*) og gul småfingersopp (*Calvinopsis corniculata*).

Råd om framtidig bruk: Det er ønskjeleg at øya blir beita også i framtida.

Hoøya

Kategori: 3 - lokal verdi

Områdeskildring, vegetasjon: Hoøya er ei lyngdominert øy vest for Kuli. På Hoøya og nabøya Olderøya går det nokre utegangarsauer som kan gå mellom øyane på fjøre sjø. Det er likevel så få sauher i forhold til arealet at dei har relativt liten innverknad på vegetasjonen. Berre på den smale stripa med strandenger har truleg sauene ein nemneverdig påverknad. Dei beita strandengene er den einaste staden der vi fann nemnande mengder av beitemarkssopp.

Kommentarar til funn: Det vart funne 46 planteartar, av desse 9 naturengplanter. Det vart funne 5 artar av beitemarkssopp (6 poeng). Dei mest interessante var lutvokssopp (*Hygrocybe nitrata*) og sumpvokssopp (*Hygrocybe substrangulata*), sistnemnde reknast ikkje som beitemarkssopp.

Råd om framtidig bruk: Dersom ein ønskjer å motverka attgroinga er det nødvendig å ha langt fleire utegangarsauer.

Jøa, nordvest for gardane

Kategori: 1 - nasjonal verdi

Områdeskildring, vegetasjon: Lokaliteten er omtala av Gaarder & Jordal (1996a). I 1996 vart det gjort ein del nye funn som styrkjer verdien til området, som frå før var plassert i kategori 1. Ei viktig årsak til dette er at deler av området har eit kalkrikt jordsmonn.

Kommentarar til funn: Det vart funne 20 naturengplanter, noko som er eit ganske høgt tal i fylkessamanheng. Mellom desse var gjeldkarve, kjertelaugnetrøst, loppestorr, småengkall og villin. Det vart elles funne rundskolm og sylarve. Det er til no funne 29 artar av beitemarkssopp (63 poeng). Dette er også høge tal. Nye funn i 1996 var m. a. røykkøllesopp (*Clavaria fumosa*) og gul slimvokssopp (*Hygrocybe vitellina*) som begge er oppført som sårbar på raudlista, vidare musserongvokssopp (*Hygrocybe fornicate*), bleik engvokssopp (*Hygrocybe pratensis* var. *pallida*), og rombespora raudskivesopp (*Entoloma rhombisporum*). Gyllen vokssopp (*Hygrocybe aurantiosplendens*) vart funnen her som ny for Norge i 1995 og atfunnen i 1996. Røykkøllesopp er ikkje funne tidlegare i Møre og Romsdal, den er kalkkrevande og kjent frå ialt 7 lokalitetar i Norge.

Råd om framtidig bruk: Sjå Gaarder & Jordal (1996a).

Lauvøya

Kategori: 2 - regional verdi

Områdeskildring, vegetasjon: Lauvøya er ei langstrekt øy som ligg sør for Glassøya, aust for Nerdvika og nord for Edøya. Her har det tidlegare vore krøtterbeite. Øya har restar etter to sommarfjøs. Det har vore brent her på 1950-talet (kjelde: Kjell Karstensen). Øya er dominert av røsslyng i mosaikk med gras- og urterik vegetasjon. Det går vinteren 1996/97 rundt 20 utegangarsauer på øya, men førebels er desse noko for få til å få eit godt beitetrykk. Flekkar med grasdominert vegetasjon ved sørenden og midt på øya er likevel tydeleg beita, og her vart dei fleste funn av beitemarkssopp gjort. Elles finst strandberg og andre grunnlendte berg, tangvollvegetasjon og noko einerdominert mark.

Kommentarar til funn: Det vart funne 44 planteartar, av desse 11 naturengplanter. Det vart funne 17 artar av beitemarkssopp (21 poeng). Av desse kan nemnast raudskivevokssopp (*Hygrocybe quieta*), russelærvokssopp (*Hygrocybe russocoriacea*) og gul småfingersopp (*Clavulinopsis corniculata*). Det vart elles funne sumpraudskivesopp (*Entoloma turbidum*) og sumpvokssopp (*Hygrocybe substrangulata*), som ikkje reknast som beitemarkssopp. Øya har ein del interessante trekk både på vegetasjons- og artsnivå, og blir plassert i kategori 2.

Råd om framtidig bruk: Beiting av utegangarsau er positivt, og med noko større sauebestand vil beitetrykket bli stort nok til å skapa meir grasmark og halda røsslyngheia ved like.

Litj-Svelunn

Kategori: 3 - lokal verdi

Områdeskildring, vegetasjon: Litj-Svelunn er ein liten holme som ligg på austsida av Store Svelunn. Det er steingjerde her, og har tydeleg vore rydda ein gong. Heile øya er gras- og moserik beitemark med litt einer. Grasmarkene har ein del engkvein, gulaks, engrapp og kvitkløver, og har truleg vore gjødsla.

Kommentarar til funn: Det vart funne 26 planteartar, av desse 5 naturengplanter. Dette er låge tal. Det vart vidare funne 9 vanlege artar av beitemarkssopp (9 poeng).

Råd om framtidig bruk: Som andre beiteholmar er det ønskjeleg at også denne blir halden i hevd i framtida, særleg fordi her ikkje er noko særleg attgrodde enda.

Olderøya

Kategori: 3 - lokal verdi

Områdeskildring, vegetasjon: Olderøya er ei kupert, lyngdominert øy vest for Kuli. På Hoøya og Olderøya går det som ovafor nemnt nokre utegangarsauer som kan gå mellom øyane på fjøre sjø. Det er likevel så få sauar i forhold til arealet at dei har relativt liten innverknad på vegetasjonen. Det er derfor røsslynghei, myr og fukthei som dominerer, og naturbeitemark var fråverande på dei partia vi undersøkte på nordaustdelen av øya.

Kommentarar til funn: Det vart funne 37 planteartar, av desse 6 naturengplanter. Dette er låge tal. Det vart funne berre ein beitemarkssopp. I tillegg vart sumpvokssopp (*Hygrocybe substrangulata*) funnen blant torvmose i myr.

Råd om framtidig bruk: Dersom ein ønskjer å motverka attgroinga er det som nemnt under Hoøya nødvendig å ha langt fleire utegangarsauer. Truleg vil det også vera ein fordel å svi noko av lyngen.

Rangnes

Kategori: 2 - regional verdi

Områdeskildring, vegetasjon: Lokaliteten er nemnt av Gaarder og Jordal (1996a), men var i 1995 nokså overfladisk undersøkt. Området er beita av sau og storfe. Vi har gått i området ved

gardane, noko søraustover og noko vestover. Vegetasjonen er naturbeitemark med innslag av røsslynghei, fukthei, sumpar, strandenger, myrflekker og grunnlendt berg.

Kommentarar til funn: Det vart funne 56 planteartar, av desse 12 naturengplanter. Blant desse var hårvæve og rypebær. Det vart funne 12 artar av beitemarkssopp (14 poeng). Av desse kan nemnast skifervokssopp (*Hygrocybe lacmus*) og russelærvokssopp (*Hygrocybe russocoriaceus*) som begge er hensynskrevande.

Råd om framtidig bruk: Det er ønskjeleg at beitinga held fram.

Store Svelunn

Kategori: 2 - regional verdi

Områdeskildring, vegetasjon: Store Svelunn er ei øy i sundet mellom Kuli og Rosvolløya, middels stor og noko kupert. Eit parti på norddelen har vore brent for ikkje lenge sidan, og her dominerte smyle, engkvein, kortvaksen røsslyng, tepperot og bjønnskjegg. I tillegg observerte vi ein del seig vokssopp (*Hygrocybe laeta*) i det brente området (jfr. Kvaløya under Sandøy).

Kommentarar til funn: Det vart funne 54 planteartar, av desse 14 naturengplanter. Dette er middels høge tal. Mellom desse var heiblåfjør, knegras og kornstorr. Det vart funne 18 artar av beitemarkssopp (28 poeng), mellom desse var 12 vokssopp-artar. Den mest spesielle var raud honningvokssopp (*Hygrocybe splendidissima*) på sørsida; arten er sårbar på raudlista.

Råd om framtidig bruk: Det er ønskjeleg med beiting også i framtida.

Svinøya

Kategori: 2 - regional verdi

Områdeskildring, vegetasjon: Svinøya er ei låg øy som ligg like vest for Olderøya og sørvest for Rosvolløya. På Svinøya ligg ein fråflytta gard, og holmen blir beita av sau. Beitetrykket er ganske godt. Vegetasjonen er dels grasrik, dels meir lyngdominert og med innslag av fukthei.

Kommentarar til funn: Det vart funne 37 planteartar, av desse 8 naturengplanter. Det vart funne 19 artar av beitemarkssopp (30 poeng), av desse 16 vokssopp-artar. Dette er ganske høgt. Av interessante artar kan nemnast gul småfingersopp (*Clavulinopsis corniculata*), russelærvokssopp (*Hygrocybe russocoriaceus*) og den sårbare arten gul slimvokssopp (*Hygrocybe vitellina*).

Råd om framtidig bruk: Dette var ein fint beita holme som det er sterkt ønskjeleg blir beita også i framtida.

Stordal

I Stordal kommune har vi undersøkt nokre setrar og hyllegardane på Skotet. Trass i at Stordal er ein liten kommune er det registrert over 1100 vinterfôra sauver dei siste åra. Dette tyder på at det kan finnast fleire interessante beitemarksområde å undersøkja i kommunen, i tillegg til at det finst fleire veglause fjordgardar som hadde vore interessant å besøkja.

Gjerdstølen (Dyrkorn)

Kategori: 3 - lokal verdi

Områdeskildring, vegetasjon: Dette er ein setervoll 280 meter over havet om lag 3 kilometer aust for Dyrkorn. Vollen består for det meste av artsfattig sølvbunkeeng, men i austlege delen er det utmagrande parti med finnskjegg. Eit mindre område er inngjerda og veks att. Området blir beita av storfe og sau. Området rundt har bjørkeskog og myrer.

Kommentarar til funn: Det vart funne 54 stort sett vanlege planteartar, av desse 12 naturengplanter og 2 seterplanter. Mellom desse var aurikkelsvæve, gulsildre og trefingerurt. Det

vart funne 3 artar av beitemarkssopp og 9 andre soppartar. På grunn av frost i tida før besøket var det heller ikkje venta å finna meir sopp.

Råd om framtidig bruk: Det er ønskjeleg at vollen blir beita også i framtida.

Langsetrane: Kvitlen

Kategori: 2 - regional verdi

Områdeskildring, vegetasjon: Dette er eit stort, ope område 370-400 meter over havet med mange setrar og hytter. Beitelandskapet utgjer eit par hundre dekar i ei slakk skråning ned mot Storelva. Her er det mykje røsslyng i mosaikk med kortbeita grasmark med ein del finnskjegg. Innafor steingjerda er det noko sølvbunkeeng. Ovafor setrane er det bjørkeskog, og langs elva er det kantskog av gråor. Det finst og furu og planta gran. Elles finst innslag av fuktenger med stjernestorr, slåttestorr og duskull.

Kommentarar til funn: Det vart funne 63 planteartar, av desse 14 naturengplanter og 5 seterplanter. Mellom desse var bekkestjerneblom, fjelltimotei, harerug, jonsokkoll, kattefot, musøyre og trefingerurt. Det vart funne berre ein beitemarkssopp. Vollen er bra beita med eit godt mosedekke i botnen, og ein kan derfor rekna med at dette er ein bra lokalitet for beitemarkssopp.

Råd om framtidig bruk: Det er ønskjeleg at dette særprega seterlandschapet blir beita som før. Om beitetrykket blir dårlegare vil truleg lyngen og seinare skogen ta overhand.

Langsetrane: Pjusken

Kategori: 2/3 - regional/lokal verdi

Områdeskildring, vegetasjon: Dette er også eit stort seterlandschap med mange hytter som ligg berre nokre hundre meter nord for førre lokaliteten (Kvitlen). Her er det elles eit stort nydyrkingsfelt, men vegetasjonen ved setrane er som han har vore, med kupert, tidlegare overflatedyrka mark. Det er mange steingjerde som deler inn teigane. Vegetasjonen består av kalkfattig røsslynghei, finnskjegghei, sølvbunkeeng og fukteng/fattigmyr. Heile området er ganske fuktig, og blir beita av sau og storfe. Her finst og planta gran, noko bjørkeskog ovafor setrane, og kantskog med gråor ved elva. Lokaliteten verkar noko meir artsfattig enn Kvitlen, har mindre areal intakt naturbeitemark og er truleg ikkje så høveleg for beitemarkssopp. Dette er markert med å setta verdien litt lågare.

Kommentarar til funn: Det vart funne 44 planteartar, av desse 11 naturengplanter og 3 seterplanter. Det vart ikkje funne beitemarkssopp.

Råd om framtidig bruk: Det er også her ønskjeleg at beitinga held fram som før.

Inste-Skotet

Kategori: 2 - regional verdi

Områdeskildring, vegetasjon: På Inste-Skotet har det ikkje vore slått gras dei seinare år. Vegetasjonen er derfor dominert av høgvaksne gras og urter, med eit tjukt strølag i botnen. Naturengplanter har overlevd på magre stader med meir kortvaksen vegetasjon. Om hevden blir teken opp att er dette framleis ein biologisk sett interessant lokalitet, som også har kulturhistorisk verdi.

Kommentarar til funn: Det vart funne 54 planteartar, av desse 12 naturengplanter. Mellom desse var kvitmaure, småengkall og storblåfjør. Det vart ikkje funne beitemarkssopp.

Råd om framtidig bruk: Om ein kunne ønskja noko her, så var det at slåtten blir teken opp att.

Meskotet

Kategori: 2 - regional verdi

Områdeskildring, vegetasjon: Meskotet har vore kontinuerleg slått også etter at drifta vart nedlagt i 1981. Som nabogardane på begge sider er også dette ein verdifull stad både biologisk og kulturelt.

Kommentarar til funn: Det vart funne 56 planteartar, av desse 13 naturengplanter. Det vart ikkje funne beitemarkssopp, men tilhøva kan vera gode for desse artane somme stader.

Råd om framtidig bruk: Det er svært positivt om slåtten og ryddinga som er utført til no held fram også i framtida. Vi vil sjølv sjå det som interessant å leita etter beitemarkssopp på Meskotet eit anna år.

Ytste-Skotet

Kategori: 1 - nasjonal verdi

Områdeskildring, vegetasjon: Vi vil her visa til ei fyldig kandidatoppgåve (Bruaas & Hatløy 1991) frå distriktshøgskulen i Sogndal (no Høgskulen i Sogn og Fjordane). Denne oppgåva har ein gjennomgang av brukshistorie, skildring av kulturlandskap og attgroing, vegetasjon med enkelt vegetasjonskart og nokre ruteanalyser, og skjøtselsplan. Vi tek likevel eit kort referat av brukshistoria, som er viktig for tolking av det vi fann. Busetnaden strekkjer seg truleg meir enn 1000 år attende. Etter Svartedauen er garden første gong nemnt i 1606. I 1863 var buskapen 9 storfe, 40 småfe og ein hest. Innmarka er ca. 45 dekar, av dette vel 30 dekar dyrka. Det har vore brukt 500-600 kg kunstgjødsel årleg frå mellomkrigstida til fråflyttinga, transportert opp med taubane. Bruket vart fråflytta i 1954. Deretter har garden vore slått av naboen fram til 1980, og kyr og sauer har også beita på innmarka i denne perioden. Etter 1980 har det berre vore streifbeiting av sau og hjort, og betydeleg attgroing. Storfjordens Venner overtok i 1989, stiftinga som syter for drifta vart skipa i 1990, og dette året tok dei til å slå innmarka på nytt. I 1989/90 vart det utført heile 67 månadsverk restaureringsarbeid innafor "arbeid for trygd". Dei siste åra har dei også hatt beitedyr på garden. Vegetasjonen på innmarka er for det meste friskeng.

Området har mest gneisbergartar, men det er kjent ei kalksteinsåre i området som truleg kan gjera seg gjeldande somme stader på Ytste-Skotet. Vår oppgåve har særleg vore å studera beitemarkssopp-floraen. Vi har i tillegg komplettert krysslista for karplanter.

Kommentarar til funn: Det er funne 102 planteartar på open kulturmark, tidlege attgroingsstadium og tidlegare slåttemyr (Gjerå), av desse 23 naturengplanter. Seine attgroingsstadium med skogpreg er utelatne. Dette er høge tal. Det er stadvis uvanleg mykje orkidéar, m.a. grov nattfiol, brudespore og stortviblad. Det vart funne 22 artar av beitemarkssopp (35 poeng). Dette er også ganske høgt, særleg når ein tek i betraktning den därlege soppesongen elles i distriktet. Av dei artane som vart funne i 1996 er det særleg grunn til å nemna 2. funn i Norge av halmgul køllesopp (*Clavaria straminea*) som internasjonalt sett er ein svært sjeldan, beite- eller slåttavhengig art. Denne vart funne i Hagen, som no blir slått av Stiftinga Ytste-Skotet. I same frukthage vart det vidare funne fiolett greinkøllesopp (*Clavaria zollingeri*) som også står som sårbar på raudlista, fleire mindre vanlege raudskivesoppar, og 8 vokssopp-artar. I nokre magre parti på innmarka ved frukthagen (Nesa), og på Haugane ovafor husa er det truleg også gode tilhøve for beitemarkssopp. Når det vart funne lite på Nesa, kan det ha å gjera med at dette har vore kornåker, og dermed ikkje har så lang kontinuitet som grasmark.

Råd om framtidig bruk: Storfjordens venner, stiftinga Ytste-Skotet og Ingvild Hansen fortener stor ros for energisk innsats med å ta vare på Ytste-Skotet og for kunnskapsformidling overfor eit stort tal besøkjande. Frå ein biologisk synsstad er slåtten og beitinga som no blir organisert på denne tungt tilgjengelege hyllegarden særleg verdifull for å ta vare på det biologiske mangfaldet som er knytt til kulturpåverknad i mange hundre år. Dette gjeld særleg nokre mindre vanlege

naturengplanter, orkidéar og sjeldne beitemarkssopp. Vi har derfor ingen forslag til endringar i dagens skjøtsel. Vi vil likevel understreka at Hagen og Haugane ikkje bør gjødslast, ettersom desse stadene er dei mest artsrike når det gjeld soppar som er knytt til lite gjødsla grasmark. Den slåtten som i seinare tid er utført i Hagen har i det minste berga to sjeldne artar av beitemarkssopp, og det er derfor viktig at slåtten held fram. Det er frå vår side særleg interessant å få høve til å undersøkja soppfloraen i grasmarkene grundigare eit anna år.

Sula

Sula var ein av dei ti kommunane der det vart gjort supplerande undersøkingar på oppdrag av Miljøvernavdelinga i 1995. Fleire lokalitetar som er foreslått av kommunen er oppsøkt eller eliminert som aktuelle for biologiske undersøkingar ut frå opplysningars som er gjeve på registreringsskjema. Sauehaldet er ikkje ei viktig næring i Sula. Frå 160-190 sauer på slutten av 1970-talet og framover til 1990 har talet no minka til 60-70 vinterfôra dyr. Det er derfor lite utmarksbeite å finna som ikkje er i attgroing.

Sulabakken

Kategori: 2 - regional verdi

Områdeskildring, vegetasjon: Dette er ein brattlendt gard med visse flatare parti som ligg oppe i den solvendte lia vest for Sulesund i Sula. Tidlegare var det ein dårlig traktorveg til gards, men etter eit landlaup i oktober 1994 er garden heilt veglaus. Nødvendig transport skjer dels til fots, dels med løypestreng. Mykje av vegetasjonen har preg av urterik gammal natureng som har fått relativt lite gjødsel. Noverande brukar har dreve sia 1970, først med mjølkegeit og sau, seinare med oksar. Garden er ikkje slått i 1995 etter at brukaren slutta med dyr som følgje av helseproblem i 1994. Helsa er no såpass at han kunne vera interessert i skjøtselsslått for å hindra attgroing.

Kommentarar til funn: Det vart funne 16 naturengartar og 1 seterart. Av desse kan ein nemna ein nattfiol-art, kystgrisøyre og hårvæve. På grunn av det seine tidspunktet for besøket er det truleg at det finst fleire naturengartar enn dei vi påviste. Ein del kusymre finst også. Det vart berre funne 3 beitemarkssopp, men det hadde vore tørke, så truleg finst det langt fleire slike artar. Dei fine naturengene og artsutvalet av planter tilseier kategori 2.

Råd om framtidig bruk: Det er få "hyllegardar" som har hatt kontinuerleg drift med større areal av relativt lite gjødsla, urterik natureng fram til no. Opphøyd bruk vil kunne forringa verdiane raskt. Det er derfor ønskjeleg at hevden held fram med slått, lite gjødsling og rydding av kantområde. Brukaren er interessert i dette. Alternativt kan ein sleppa beitedyr her.

Nørtingset: Nymark

Kategori: 3 - lokal verdi

Områdeskildring, vegetasjon: Sjå Jordal & Sivertsen (1992). Området ligg i ei solvendt li med godt lokalklima. Dette er eit fråflytta småbruk som blir ekstensivt beita. Beitetrykket er lågt, så markene veks att.

Kommentarar til funn: Det vart funne 10 naturengartar, mellom desse var hårvæve og knegras. Det er funne 14 artar av beitemarkssopp (16 poeng), men det vart i 1995 ikkje funne nye artar i høve til 1992-rapporten. Lokaliteten er plassert i kategori 3.

Sunndal

I Sunndal kommune er det i 1995 og 1996 undersøkt hovudsakeleg lokalitetar i Grøvuvassdraget, der det m. a. er planar om vern etter naturvernlova. Undersøkingar er utført fordi dei biologiske verdiane knytt til kulturlandskapet i desse dalane ikkje har vore systematisk undersøkte tidlegare, trass i ein nokså stor botanisk aktivitet. Det er ein del konflikt mellom sau og jerv i dette området. I samband med dette blir det frå ulike hald signalisert at eit alternativt tiltak kan vera å flytta sauene bort til andre beiteområde. Sentralt i ei slik avveging bør stå kor vidt konfliktområdet har biologiske verdiar knytt til beiting og kulturpåverknad eller ikkje, og kor store desse verdiane eventuelt er.

Grøvuvassdraget er delt inn i Geitådalen, Grødalen, Grøvudalen, Lindalen og Reppdalen som dels blir omtala separat, og dels drøfta saman i ei avsluttande oppsummering. Elles har vi besøkt nokre andre lokalitetar i kommunen som berre er med i artslister og lokalitetsoversikter. Desse lokalitetane er anten omtala i tidlegare rapportar, eller dei har tilsynelatande lita forvaltningsmessig interesse.

Sauetalet i Sunndal kommune har dei siste 20 åra auka frå 2900 til 3600 og ned att til rundt 3000 vinterfôra dyr. Dette tilseier ein god del utnytting av utmarka, og eit godt beitetrykk somme stader. Men dersom nedgangen i sauetalet dei siste åra er starten på ein langvarig tendens, er dette bekymringsfullt for det biologiske mangfaldet i utmarksbeiteområda.

Geitådalen generelt

(feilaktig utelaten frå storområdet Grøvuvassdraget av Aksdal 1994)

Brukshistorie:

Gunnar Hanson i Hafsåsen bygde i 1774 veg inn i Geitådalen, og for dette storarbeidet fekk han 24 riksdalar i premie frå prins Fredrik. I premiesøknaden skriv han at dalen var så isolert at "hverken storfe ei heller heste med kløv eller slede kunde komme udi". Dette var nok overdrive, for alt i 1744 hadde ein av brukarane i Hafsåsen fredlyst nordsida av dalen fordi bønder frå "bygda" (Sunndalen) hadde gjort skade på beita der og løypt never. Truleg hadde det vore setra i Geitådalen også før 1770 (Sande 1981: s. 238). I åra frå og med 1774 vart det bygd fleire setrar her inne. I premiesøknaden sin frå 1774 skriv Gunnar Hanson Hafsås også at dei dette året setra "med 70 storfekreaturer, som ble meget fete og så skjønne til at melke i 9 uker". Det har vore drift på fem setrar i Geitådalen. I 1945 var berre Løykjetra (24 storfe) og Falesetra (18 storfe) i bruk (Mogstad 1964). I dag går det ein del sau og nokre ungdyr på beite her. Mogstad (1964) meiner at Geitådalen har plass til 100 storfe og 800 sauer, alternativt 1500 sauer.

Biologiske undersøkingar:

Fleire av dei botanikarane som har besøkt Grøvudalen, har også vore i Geitådalen. Det viktigaste arbeidet er hovudfagsoppgåva til Mikael Hagen (1976b). To av setrane i Geitådalen er tidlegare beskrivne av Jordal & Gaarder (1995a). I 1995 og 1996 vart det dessverre ikkje tid til å undersøkja meir i Geitådalen. Dalen er kalkrik som Grøvudalen, og har ein svært interessant flora. Setervollane har også ein del kalkrevande artar, men burde vore undersøkt betre. Sopp fanst ikkje i Geitådalen under undersøkingane i 1994, og beitemarkssopp er det behov for å undersøkja ved eit seinare høve. Nedste del av dalen har for det meste bjørkeskog med dels blåbær, dels grasvegetasjon i botnen. I dalbotnen innover frå Hafsåssetra er det dels lystheiar, dels grasrik vegetasjon, og små areal intermediær- og rikmyr. Langs elva finst baserike og artsrike elveflater og i dalsidene veks bjørkeskog, dels blåbærdominert, dels med meir

gras/urterik vegetasjon. Lia rett opp frå Hafsåssetra er det mykje engvegetasjon både i skogen og i meir opne, snøraspåverka parti. Ved Falesetra (960 m o. h.) er landskapet skoglaust, og lenger oppover går vegetasjonen over i lågalpine heiar og snøleie. Det har nok skjedd ei forbusking i somme deler av Geitådalen dei seinare åra.

Grødalen generelt

(del av storområde i klasse 1- kulturlandskap av svært stor verdi jfr. Aksdal 1994)

Grødalen er den lettast tilgjengelege av seterdalane i Grøvuvassdraget, likevel er det vanskeleg å finna skriftlege kjelder til brukshistoria. Austre del av Grødalen ligg i kort avstand frå Svisdal, og dei vestlegaste delene (Ner Grødalen) ligg i overkommeleg avstand frå Grøa. I austre Grødalen har det vore både fleire buplassar, 5 setrar (Vangan og Gammelsetra) og store slåttelier. Heile den solvendte lia mellom Svisdalen og Storvatnet er i gamle skrifter omtala som "Svisdals engslætter", og her har vore dreve mykje slått. Det vitnar mellom anna alle namna som endar på "-slettet" om. Slåtten opphørde på 1950-talet. I dag er mykje av slåttemarkene grodd att med einsaldra bjørkeskog, men i skogbotnen kan vi finna spor av slåtten i form av ein framleis gras- og urterik vegetasjon der skogen ikkje har vorte for tett. Sauene har og hjelpt til med å halda denne vegetasjonen ved like. Eit kilometerbreitt belte av kambrosilurbergartar går tvers over dalen ved Vangan og Gjerdvangen, og gjev ein frodig og artsrik vegetasjon. Setervollen på Vangan er omtala av Jordal & Gaarder (1993 og 1995a), som også inkluderer data frå eit NINA-prosjekt i området i 1993-94. Drifta her opphørde ca. 1967 (kjelde: Oddbjørn Svisdal), men fleire av dei siste åra har vollen vore bra beita av hest. Hovensemsetra og Mælesetra er omtala av Jordal & Gaarder (1995a). I Ner Grødalen er beitevollane ved Dalasetra, Dalavatnet, Storsetra og Prestsetra omtala av Aune & Holten (1980) i samband med planar om kraftutbygging. Dei reknar ca. 200 dekar beitevollar i dette området. Ruteanalyser frå nordvestenden av Dalavatnet ga som resultat til saman 43 planteartar i 5 kvadratmeterruter, blant desse 18 naturengplanter og 4 seterplanter, noko som er ganske artsrikt. Blant desse artane var det også marinøkkel.

Grødalen: Gammelsetra (sør for vegen)

Kategori: 3 - lokal verdi

Områdeskildring, vegetasjon: Setrane ligg like nord for Alfheim, på sørsida av vegen til Stortæla. Vollen er relativt stor, men vegetasjonen blir lite beita, så attgroinga er i gang. Vegetasjonen i grasmarkene tyder på eit basefattig jordsmonn, og er middels artsfattig.

Kommentarar til funn: Det vart funne 38 planteartar i grasmarkene, av desse 13 naturengplanter og 5 seterplanter. Dette er vanlege tal på kalkfattige setervollar. Det er vidare funne berre 2 beitemarkssopp.

Råd om framtidig bruk: Det er ønskjeleg med eit sterkare beitetetrykk for å motverka attgroing.

Grødalen: Gammelsetra (nord for vegen)

Kategori: 3 - lokal verdi

Områdeskildring, vegetasjon: Denne setra ligg på nordsida av vegen til Stortæla, og har berre eit par dekar med intakt grasmark rundt husa. Elles finst vierkratt på tidlegare open beitemark, myrområde og bjørkeskog. Vegetasjonen i grasmarkene har mykje gulaks, finnskjegg, fjelltimotei, stivstorr, følblom og harerug. Jordsmonnet synest å vera basefattig.

Kommentarar til funn: Det vart funne 43 planteartar i grasmarkene, av desse 10 naturengplanter og 5 seterplanter. Dette er vanlege tal på kalkfattige setervollar. Det er vidare funne 3 beitemarkssopp. Vollane på Gammelsetra er ikkje særleg artsrike, og er plassert i kategori 3.

Råd om framtidig bruk: Det blir no slått litt rundt husa, medan resten gror sakte att. Det er positivt om slåtten rundt husa held fram. Med det låge dyretalet i området er det vanskeleg å bremsa attgroinga generelt.

Grøvudalen generelt

(del av storområde i klasse 1- kulturlandskap av svært stor verdi jfr. Aksdal 1994)

Brukshistorie:

Bortsett frå jakt og fangst, som har pågått sidan steinalderen, har det vore både busetnad og intensiv setring og beitebruk i Grøvudalen i mange hundre år. Den mest detaljerte kjelda til dette er ei sær oppgåve i historie skreve av Jostein Sande (1972). Her er det viktig å vera klar over at ein eldgammal ferdsselsveg mellom Lesja og Sunndalen gjekk gjennom Grøvudalen. Langs slike vegar oppstår lettare busetnad enn andre stader. Ein buplass ved Gammelsetra (Gammelseterlassen) kan vera frå før Svartedauden. På Haualykka sør for Gammelsetra har det vore fleire hus og fast busetnad fram til rundt år 1600, da husa etter segna vart tekne av snøras. Framleis er vegetasjonen rundt tuftene mykje frodigare og grønare enn i området rundt. Opprinneleg oppgjødsling har truleg ført til kontinuerleg beiting og dermed gjødsling frå beitande dyr, noko som har halde vedlike ein frodig grasrik vegetasjon (på ei elles lyng- og sauesvingeldominert slette) gjennom heile 400 år! I matrikkelen av 1723 vart garden Grøvudal omtala. Årleg formengd var 30 sommarlass. Utover 1700-talet var det fleire brukarar på ulike stader i kortare eller lengre periodar. I første halvdel av 1700-talet vart det truleg rydda og dyrka ein del av det vi i dag ser som opne grasmarker ved Storvollen og Gammelsetra. Nysetra kan ha vorte rydda i 1780-åra. Frå 1780-åra vart Grøvudalen kjøpt opp av gardar i Sunndalen som skaffa seg seter der. Dessutan vart det etter kvart ei rekke husmenn i dalen, som delvis budde på setrane om vinteren og ofte flytta ut i skrale buer i utmarka når gardfolket kom på setra. Fenomenet seterhusmenn er lite kjent frå andre område. Mange dreiv handverk, malmkøyring eller arbeidde i gruver, i tillegg var jakt og fangst ein del av næringsgrunnlaget. Tabellen nedanfor viser dyretal (vinterfôra) tilhøyrande brukarane eller seterhusmennene i Grøvudalen til ulike tider.

Tabell 16. Dyretal (vinterfôra) til fastbuande brukarar/seterhusmenn i Grøvudalen i følge Sande (1972). Buskapar frå bygda sommars tid er ikke rekna med.

	hest	storfe	sauer	geit
1723	1	8	20	
1835	1	2	6	
1845	1	2	6	4
1865	2	20	35	7
1875	0	21	38	7

Beitetrykket i Grøvudalen har truleg vore ganske godt både på 1800-talet og det meste av 1900-talet. Høgdepunktet for seterdrifta var siste halvparten av 1800-talet da 9-10 gardar setra her. Setringa vart slutt i 1953 på Storvollen, i 1973 på Myra, medan det framleis blir halde liv i seterdrifta på Gammelsetra. Dette er ei av ytterst få setrar i fylket med fullseterbruk, der all mjølk blir teken hand om og bearbeidd på staden. Seterdrifta blir no utført av Sunndal seterdriftslag, som leiger både seter og buskap og held seterkurs. Seterdrifta blir støtta av kulturmidlar, og er omfatta av stor interesse.

Ifølgje Mogstad (1964), som har laga eit oversyn over fjellbeite i Møre og Romsdal, står Grøvudalen i ei særstilling i fylket når det gjeld beitetid (kyrne kunne vera på setra 3 månader) og beitekvalitet, noko som blir vidare utdjupa i ei hovudoppgåve ved Landbrukshøgskulen på Ås

(Rekdal 1980). Tilvoksteren på dyra er høgare enn i dei fleste andre beiteområde. Dette har mange gardar i Sunndalen visst å gjera seg nytte av, sjølv om vegen var lang. I sjølve Sunndalen er det vanskeleg og bratt å koma til andre fjellbeite. I tillegg har det vore slått mykje gras til høy og køyrt heim på vinterføre, til og med mest heilt til Sunndalsøra, ei strekning på 5-6 mil ein veg. Det har vore slått heilt opp på Kongsvoll, om lag 1200 meter over havet. I mellomkrigstida kan det ha vore hausta rundt 40 tonn høy årleg i dalen (kjelde Trond L. Gravem). Slåtten tok slutt på 1950-talet. Lauving har ikkje vore drive etter at den faste busetnaden tok slutt, men det har vore teke ut mykje ved til setrane. I tillegg til husdyra, beiter reinen på groen i dalbotnen på våren. Aukande ferdsel kan ha ført til at det har vore mindre av dette dei seinare åra.

Tabell 17. Dyretal sleppt på beite i Grøvudalen til ulike tider (Rekdal 1980).

*talet omfattar berre vinterføra sau

årstal	hest	storfe	sau	geit
1835	10	70	50*	50
1875	10	170	110*	10
1920	15	100	130	30
1944	10	90	130	
1979		70	435	

Det er ut frå tabell 17 vanskeleg å seia noko om korleis beitetrykket har variert i dalen. Talet på storfe har gått ned, medan sauetalet har gått opp. Tidlegare beita sauene mykje på fjellet, medan hest og storfe gjekk i dalbotnen og dalsidene. I dag beitar sauene i større grad enn før i dalbotnen. Dagens beitebruk er i alle høve ikkje tilstrekkeleg til å hindra forbusking og attgroing ein del stader. Lia ovafor Gammelsetra gror att med einer, området mellom Haualykja og Storvollen gror til med bjørk, og det skjer ei forbusking av liene fleire stader. Mogstad (1964) reknar at heile dalføret vil kunne romma 120 storfe og 1500 sau, alternativt 2500 sau. Rekdal (1980) reduserer dette til 120 storfe og 900 sau, alternativt 1600 sau.

På 1970-talet og første halvdel av 1980-talet arbeidde vernegruppa "Aksjon varig vern av Grøvu" mot kraftutbyggingsplanane. I 1985 vart Grøvuvassdraget varig verna. Gruppa vart da omgjort til "Grøvus venner" som no no arbeider med både natur- og kulturvern i området. Grøvus venner fungerer på liknande måte som Storfjordens venner og Ristes venner, og vil kunne vera ein ressurs i framtidig forvaltning av området.

Biologiske registreringar:

Grøvudalen er eit klassisk botanisk område med svært rik flora og vegetasjon. Området er besøkt av Christen Smith i 1813, Ove Dahl i 1890, 1892 og 1893 og Rolf Nordhagen i 1922 og 1924. Trøndelagsavdelinga av Norsk Botanisk Forening har hatt ekskursjonar hit i 1951 og 1973. Mange andre botanikarar har vore her seinare, og dalen har vore ekskursjonsområde for m. a. biologistudentar ved Universiteta i Trondheim og Oslo. Det mest omfattande arbeidet er hovudfagsoppgåva til Mikael Hagen (1976b). Vidare har Rekdal (1980) utført botaniske undersøkingar i samband med hovudoppgåva ved Landbrukskolen om beitetilhøva i dalen. I alle desse undersøkingane finst det likevel berre spreidde data om setervollane og dei mest kulturpåverka utmarksbeita. Vi har derfor velt å bruka vår eigen metodikk med krysslister for kvar seter for planter og sopp, og 100 m² ruteanalyser, for dermed å kunne samanlikna med andre område. Det står framleis ein god del att før ein har bra oversikt over den uvanleg artsrike vegetasjonen i dei beiteavhengige engsamfunna i Grøvudalen.

På følgjande plassar/setrar er det ikkje gjort registreringar i samband med denne rapporten: Nåsa, Kvanngrovinn, Kåsa, Flekkjen, Hagasetra og Haulykkja. På Kongsvoll ovafor Gammelsetra har det vore drive slått i engsnøleie opp til 1200 meters høgd og beiting enda høgare, men dette har vi heller ikkje hatt tid til å undersøka.

Fuglefaunaen er beskrive av Bevanger & Jordal (1981). Ein av dei mest særmerkte fugleartane i seterlandskapet i Grøvudalen er gulerla, som her har eit av sine vestlegaste hekkeområde. Vidare hekkar t. d. linerle og taksvale ved setrane.

Vi har enda ikkje treft på ein god soppesong i Grøvudalen, så kva artar av beitemarkssopp som finst her er framleis lite kjent.

Grøvudalen: Hallen

Kategori: 2 - regional verdi (del av større område i kategori 1)

Områdeskildring, vegetasjon: Hallen er ein tidlegare buplass som ligg fremst i Grøvudalen, ved det som no er parkeringsplass og enden på bilvegen. Den kjende busetnaden i Hallen strekkjer seg frå 1838 til 1914, etter den tid har staden vore seter og slåttamark for Utistu på Røymoen. Plassen kan likevel vera svært gammal, her er både ly for vinden og frodig og produktiv mark. Til lokaliteten reknast det opne området på og ved innmarka. Vegetasjonen på innmarka varierer ein god del, men mange stader teikn på eit basert jordsmonn. Noko er gjødsla, medan kantar, knausar og tørrbakkar truleg har motteke lite gjødsel. Det er lagt ut ei 10###10 meters rute for vegetasjonsanalyse i ein udyrka bakke med innslag av knausar mellom husa og veggen. Dominerande artar var dunhavre, gulaks, kvitkløver, engkvein, sauesvingel, flekkmure, kvitmaure og ryllik. Det mest påfallande var at dekninga av strø var 50%, noko som tyder på attgroing. Det vart i ruta funne 42 planteartar, av desse 12 naturengplanter og 8 seterplanter. Dette er middels høge tal.

Kommentarar til funn: Det vart funne 50 planteartar i grasmarkene, av desse 12 naturengplanter og 10 seterplanter. Mellom desse var bakkesøte, fjellbakkestjerne, fjellfrøstjerne, fjellrapp, gjeldkarve, harerug, jáblom, marinøkkel, snømure og snøsøte. Det vart elles funne blårapp, dvergmispel, enghumleblom, fjellstorr og markjordbær. Det er vidare funne 7 beitemarkssopp (12 poeng). Ein kan her nemna den hensynskrevande arten spissvokssopp (*Hygrocybe persistens*) og eit par uvanlege raudskivesopp-artar. Rosafagerhatt (*Calocybe carneae*) reknast ikkje som beitemarkssopp, men er heller ingen vanleg grasmarksart.

Råd om framtidig bruk: Vi har få forslag til endringar i bruken, men det er ønskjeleg med sterkare arbeiting for å hindra attgroing i dei artsrike samfunna. Det samlar seg eit lag med daudgras som etter kvart kan få somme artar til å forsvinna.

Grøvudalen: Myrasetra

Kategori: 2 - regional verdi (del av større område i kategori 1)

Områdeskildring, vegetasjon: Myra er ein gammal buplass, og Sande (1972) reknar med at her budde folk alt rundt 1750. Som namnet seier, er det her ganske myrlendt med fuktenger og våte sig. Utmarka i nærleiken og nordover mot Nåsa er fin og slett, produktiv slåttemark der det er kjent minst 5 gamle høyløer. Det var fastbuande i Myra til 1904. Ein kan elles nemna eit bygningshistorisk særtrekk, for litt heimafor Myra står ei løe som er tømra av fjellbjørk! Denne er no i god stand. Det er lagt ut ei 10###10 meters rute for vegetasjonsanalyse i ein frisk til fuktig, baserk austvendt bakke i øvre del av setervollen. Dominerande art var engkvein med eit betydeleg innslag av jáblom, krekling, røsslyng og sauesvingel. Det vart i ruta funne 47 planteartar, av desse 12 naturengplanter og 9 seterplanter. Dette er middels høge tal.

Kommentarar til funn: På setervollen vart det funne 73 planteartar, av desse 16 naturengplanter og 12 seterplanter. Dette er middels høgt. Interessante artar var bakkesøte, marinøkkel og snøsøte. Det vart funne berre ein beitemarkssopp.

Råd om framtidig bruk: Den beitinga som skjer synest å halda vegetasjonen i det opne landskapet nokonlunde ved like. Det kan likevel vera nødvendig å rydda litt i kantane. Korleis det går med dei grasrike skogliene har vi ikkje undersøkt.

Grøvudalen: Styggmarkja

Kategori: 2 - regional verdi (del av større område i kategori 1)

Områdeskildring, vegetasjon: Styggmarkja kan vera ein av dei eldste buplassane i Grøvudalen, men ein kjänner berre til busettnad frå 1833 til ca. 1876. Plassen ligg lunt til i bjørkeskogen, og er den einaste staden i Grøvudalen (bortsett frå Hallen) der ein veit at det har vore dyrka korn (1860-talet). Vegetasjonen er frodig gras/urterik eng. Det er lagt ut ei 10##10 meters rute for vegetasjonsanalyse i øverkant av stien litt nord for steinmurane. Dominerande artar var engkvein og kvitkløver, med eit betydeleg innslag av raudsvingel, sauesvingel og setermjelt. Det vart i ruta funne 39 planteartar, av desse 13 naturengplanter og 9 seterplanter. Dette er middels høge tal.

Kommentarar til funn: Det vart funne 64 planteartar, av desse 15 naturengplanter og 14 seterplanter. Interessante artar var bakkesøte, reinmjelt og snøsøte. Det vart ikkje funne beitemarkssopp.

Råd om framtidig bruk: Det er ønskjeleg med framhaldande beiting, og det kan vera naudsynt å rydda noko skog i kantane.

Grøvudalen: Bukta

Kategori: 1/2 - nasjonal/regional verdi (del av større område i kategori 1)

Områdeskildring, vegetasjon: Bukta er ein stilleflytande elvesving med sandbotn i elva eit stykke nord for Nysetra, i gangtid om lag midtvegs mellom parkeringsplassen og Gammelsetra. Her er utmarksbeite med kortbeita gras/urterik vegetasjon på baserik grunn i eit belte mellom elva og skogen. Det er lagt ut ei 10##10 meters rute for vegetasjonsanalyse mellom stien og elva ca. 50 meter sør for Bukta. Dominerande artar var sauesvingel og rabbetust, med betydeleg innslag av følblom og reinmjelt. Sauesvingelhei med mykje rabbetust er ingen vanleg vegetasjonstype. Det vart i ruta funne 34 planteartar, av desse 9 naturengplanter og 12 seterplanter, mellom desse var også bakkesøte og småsøte. Dette er middels høge tal.

Kommentarar til funn: Det vart funne 99 planteartar, av desse 14 naturengplanter og 22 seterplanter. Dette er høge tal. Interessante artar i det opne landskapet var elles agnorstorr, bergstorr, blåmjelt, finnmarkssiv (sendt til herbariet i Trondheim, 2. funn i dalen), fjellkurle, norsk malurt, rabbetust, snøsøte og sotstorr. Staden har ein talrik og god bestand av småsøte. Av beitemarkssopp er det berre funne seig vokssopp, gul form (*Hygrocybe laeta var. flava*) noko nord for Bukta.

Råd om framtidig bruk: Vegetasjonen er nokså kortbeita med det beitetrykket ein har no, og plantesamsetninga er tilpassa dette. Det viktigaste er at beitinga held fram.

Grøvudalen: Nysetra

Kategori: 1/2 - nasjonal/regional verdi (del av større område i kategori 1)

Områdeskildring, vegetasjon: Nysetra vart truleg rydda i 1780-åra, og har fungert som seter fram til byrjinga av 1920-talet. Da vart husa flytta til Myra. Det er usikkert om nokon har budd fast på Nysetra. Eit problem her skal ha vore sandfoket som la seg i mjølka, rømmen og smøret. Området som her blir rekna med til Nysetra strekkjer seg frå bekken ca. 100 m nord for setra og sørover til Klebersteinsberget. Ved Nysetertjønna og elvabreidden ligg store sandhaugar som dels

ikkje er vegetasjonskledde, og som vinden arbeider med. Her ligg også ein grusrygg med fjellvalmue, norsk malurt og aurskrinneblom. Nedafor setertuftene mot sandhaugane er ei stor fukteng med smårøyrkvein og slåttestorr der jorda består av sand. Elles er det her ein god del kortbeita, kalkrike gras/urterike engsamfunn. Det er lagt ut ei 10###10 meters rute for vegetasjonsanalyse ca. 20 meter nordaust for setertuftene, i ei noko steinet sørvest-helling. Dominerande artar var sauesvingel og fjellfrøstjerne. Det vart i ruta funne 47 planteartar, av desse 12 naturengplanter og 15 seterplanter. Dette er høge tal.

Kommentarar til funn: Det vart funne 102 planteartar i beitelandskapet, av desse 16 naturengplanter og 29 seterplanter. Alt dette er høge tal. Interessante artar i analyseruta var bakkestjerne, bakkesøte, dvergsnelle, marinøkkel, reinmjelt, sandfiol og snømure. I nærlieken fanst også småsøte og snøsøte. Elles er det funne bergrublom, bergstorr, blindurt, brudespore, fjellnøkleblom, fjellvalmue, hårstorr, lodnerublom, marinøkkel, myrtust, polarvier, rabbetust, rukkevier og sotstorr. Det er vidare funne 2 beitemarkssopp.

Råd om framtidig bruk: Området blir beita av både sau, storfe og år om anna hest. Beitetrykket er bra, og vi har ingen forslag til endringar i bruken.

Grøvudalen: Flysetra

Kategori: 1/2 - nasjonal/regional verdi (del av større område i kategori 1)

Områdeskildring, vegetasjon: Det er kjent fastbuande folk på Flysetra frå omkring 1820 til 1874. Etter den tid har staden berre fungert som seter. I 1944 var setra framleis i drift med 25 storfe (Mogstad 1964). Setervollen er stor, omkransa av beita sauesvingelheiar med rabbetust, fuktenger, vierkratt, bjørkeskog, rasmarker og litt riksigt/rikmyr. Det er lagt ut ei 10###10 meters rute for vegetasjonsanalyse i ei slakk vestskråning i utmarksbeite ca. 100 meter nord for setra. Dominerande artar var sauesvingel, engkvein, stivstorr og reinmjelt. Også her var det innslag av rabbetust. Det vart i ruta funne 42 planteartar, av desse 13 naturengplanter og 14 seterplanter. Dei to siste tala er ganske høge.

Kommentarar til funn: Det vart funne 105 planteartar i det opne landskapet, av desse 16 naturengplanter og 26 seterplanter. Dette er høge tal. Av interessante artar kan nemnast bakkesøte, marinøkkel, sandfiol, fjellnøkleblom, småsøte, snøsøte og dvergsnelle. I riksiga fanst sotstorr, kastanjesiv, myrtust og myrtevier. Mikael Hagen har funne setersoleie nedafor seterfjøset. Det er vidare funne berre 3 beitemarkssopp.

Råd om framtidig bruk: Saman med Nysetra og Gammelsetra er dette eit av dei mest artsrike og varierte seterlandskapa vi kjenner til i områda rundt Dovre. Det er sterkt ønskjeleg at beitinga kan halda fram med minst same styrke som no, for mange av artane er avhengige av beitebruken .

Grøvudalen: Gammelsetra

Kategori: 1 - nasjonal verdi (del av større område i kategori 1)

Områdeskildring, vegetasjon: Setrane ligg i eit morenelandskap der Inner Tverråa i tillegg har sett av store grusmassar. Dette kan vera den delen av Grøvudalen der kulturpåverknaden strekkjer seg lengst bakover i tid. Gammelseterplassen kan vera frå tida før Svartedauden. Innmarka (bl. a. Slåvollen nord for setrane og Lykkja mellom setrane og turisthytta) har truleg vorte rydda i første halvdel av 1700-talet (Sande 1972). Vegetasjonen på seterlykkjene er framleis ganske rik på sølvbunke. I utmarka rundt finst sauesvingelheiar, mjølbærhei, einerbakkar, engsnøleie, vierkratt, litt rikmyr, og mykje beita engbjørkeskog. Det er lagt ut ei 10###10 meters rute for vegetasjonsanalyse i utmarksbeite rett ovafor Oppigardssetra. Dominerande artar var sauesvingel, engkvein, følblom og kvitkløver. Det vart i ruta funne 29 planteartar, av desse 8 naturengplanter og 9 seterplanter. Dette er ikkje særleg høge tal, men det

var fleire spesielt interessante artar som sandfiol, snømure, snøsøte, reinmjelt og bakkesøte. Sausesvingelhei på baserik grunn kan ha fleire interessante artar, men er ofte ikkje særleg artsrik.

Kommentarar til funn: Det vart funne 128 planteartar i grasmarkene, av desse 20 naturengplanter og 35 seterplanter. Dette er svært høge tal samanlikna med andre område vi har undersøkt. Gammelsetra er eit svært artsrikt og variert område, og dersom vi hadde teke med fleire andre vegetasjonstypar som også finst her, ville talet på planteartar bli enda ein god del høgare. Interessante artar var m. a. bakkestjerne, bergrublom, dvergsnelle, fjellmarinøkkel, fjellnøkleblom, fjellvalmue, marinøkkel, mogop og rabbetust. Det er vidare funne 16 beitemarkssopp (18 poeng), men kunnskapen om denne gruppa bør bli betre.

Råd om framtidig bruk: Den mest gras- og urterike vegetasjonen har eit tilfredsstillande beitetrykk, med kombinasjonsbeiting av sau og storfe. Det er sterkt ønskjeleg at seterdrifta held fram, biologisk sett fordi vegetasjonen opprinnleig er forma av slått og kombinasjonsbeiting. Elles finst sjølvsgått ei rekkje andre grunnar. Det er også ønskjeleg at sauebeitinga held fram som før. Vidare skjer ei forbusking med einer ovafor setrane, og småbjørk og vierkratt er truleg på frammarsj somme stader. Det kan derfor vera behov for rydding.

Grøvudalen: Storvollen

Kategori: 1/2 - nasjonal/regional verdi (del av større område i kategori 1)

Områdeskildring, vegetasjon: Storvollen vart truleg rydda på same tid som Gammelsetra, av ein Hans Gundersen i første halvdel av 1700-talet, men tradisjonen fortel at noko kan ha vore rydda tidlegare (Sande 1972). Fastbuande folk er kjent fram til rundt 1780. Etter 1786 har Storvollen tilhørt ein gard i Sunndalen og vore seter til drifta vart nedlagt i 1953. I dag er her vidstrekta grasmarker beita av sau, storfe og somme år hestar. Innmarka kan delvis beskrivast som sølvbunkeeng. I omkringliggjande område er det ein del beita grashei med mykje sauesvingel og rabbetust, lyng- og lavhei stadvis med mykje mjølbær, einerbakkar, engbjørkeskog, lyngrike elveflater og open rasmark. Det er lagt ut ei 10###10 meters rute for vegetasjonsanalyse i sørenden av vollen, ved enden av steinutgarden. Dominerande artar var sauesvingel, engkvein, følblom og fjellfrøstjerne. Det vart i ruta funne 22 planteartar, av desse 7 naturengplanter og 7 seterplanter. Dette er relativt låge tal. Interessante artar i ruta var bakkesøte, sandfiol, reinmjelt og småsøte.

Kommentarar til funn: Det vart funne 66 planteartar i grasmarkene, av desse 15 naturengplanter og 20 seterplanter. I tillegg til dei interessante artane som er nemnt frå analyseruta, kan nemnast marinøkkel, fjellnøkleblom, lodnerublom, dunhavre, mogop og bergstorr. Det er ikkje funne beitemarkssopp.

Råd om framtidig bruk: Som for beitelandskapet elles i dalen er det også her sterkt ønskjeleg med beiting for å halda ved like artsrikdomen. Kombinasjonsbeiting av sau, storfe og hest slik som dei seinare åra synest å vera positivt.

Grøvudalen: Fægran

Kategori: 1/2 - nasjonal/regional verdi (del av større område i kategori 1)

Områdeskildring, vegetasjon: Bortsett frå einebuaren Endre Gunnaso som budde her eit par vintrar i siste del av 1800-talet er det ikkje kjent korkje busetnad eller setring. Området har vore avstengt med gjerde noko heimafor Fægran, og vore bruka som eit isolert beiteområde. Namnet kjem av fager, - når ein har gått langt gjennom bjørkeskogen kjem ein til ei stor, open slette ved ei stilleflytande elv. Denne sletta er truleg halde open gjennom beiting i lang tid. Vegetasjonen er tørr grasmark med mykje sauesvingel, andre grasartar og litt lyng, det er mindre parti med mjølbærhei og einer, somme stader er det mykje rabbesiv, og langs elvekanten er det meir fuktrevende vegetasjon. På mudderflater langs elvebredden veks m. a. fjellbunke og evjesoleie.

Det er lagt ut ei 10###10 meters rute for vegetasjonsanalyse i sauesvingelhei i austre del av sletta. Dominerande artar var sauesvingel, stivstorr, mjølbær, flekkmure og fjellfrøstjerne. Det vart i ruta funne 31 planteartar, av desse 8 naturengplanter og 11 seterplanter. Dette er vanlege tal i sauesvingelhei.

I skogen eit stykke innafor den opne sletta er det eit ope bjørkeskogslandskap som har heilt kortbeita grasvegetasjon i botnen. Dette kulturbetinga "parklandskapet" kallast på folkemunne for "Eppelhagan". Slik skog er ikkje vanleg å finna i dag.

Kommentarar til funn: Det vart funne 66 planteartar, av desse 12 naturengplanter og 21 seterplanter. I analyseruta vart det funne bakkesøte, sandfiol, fjellmarinøkkel, reinmjelt, rabbetust, mogop og norsk malurt, elles på lokaliteten vart det funne marinøkkel. Det vart ikkje funne beitemarkssopp.

Råd om framtidig bruk: Flora og vegetasjon på Fægran liknar mykje på seterlandskapet lenger nede i dalen, og som elles er det ønskjeleg for bevaring av vegetasjon og arts mangfald at beitinga held fram.

Lindalen generelt

(del av storområde i klasse 1- kulturlandskap av svært stor verdi jfr. Aksdal 1994)

Lindalen er ein dal i aust-vest-retning som i aust går over i Dindalen i Oppdal. På Sunndalssida finst 3 seterområde: Nysetra, Gammelsetra og Middagshjellan. Nysetra er botanisk sett den minst interessante, og det er her ikkje gjort fullstendige registreringar. Den mest interessante er Gammelsetra, men og på Middagshjellan er det gjort interessante funn. Seljedal (1965: s. 210) nemner at det vart rydda nye setrar og inngjerda engmark i Lindalen i 1777 og 1778, det vil seia på same tid som det vart rydda setervollar i Geitådalen, og like før gardane i Sunndalen tok til å setra i Grøvudalen (1780-åra). I 1945 var det ifølgje Mogstad (1964) to setrar i drift med om lag 30 storfe på Gammelsetra, to setrar i drift med same dyretal på Nysetra og tre setrar på Middagshjellan med om lag 36 storfe. Langt inne i dalen, på Oppdalssida, ligg Veggasetra som framleis er i drift, og som i tillegg er eit artsrikt seterområde (Jordal & Gaarder 1996b).

Lindalen: Gammelsetra

Kategori: 2 - regional verdi

Områdeskildring, vegetasjon: Lokaliteten er omtala av Jordal & Gaarder (1995a). Landskapet er prega av moreneryggjar og -haugar frå istida. Vegetasjonen er dominert av tørr, frisk og fuktig beitemark omkransa av bjørkeskog. Dei tørraste partia har mykje sauesvingel, medan dei friskare har ein meir allsidig samansett vegetasjon av gras og urter. Kristiansund og Nordmøre Turistforening har teke over og restaurert fleire bygningar til bruk som sjølvbetjent turisthytte. Nærørådet rundt husa er inngjerda, og dette vil no gro att. Utafor gjerdet er beitetrykket godt og grasmakene er interessante og artsrike.

Kommentarar til funn: På setervollen er det funne 69 planteartar, av desse 19 naturengplanter og 10 seterplanter. Dette er relativt høgt, og plasserer Gammelsetra blant dei meir artsrike setervollane her i fylket. Særleg er det grunn til å framheva ein stor bestand av bakkesøte, og førekomst av marinøkkel, fjellmarinøkkel og snøsøte. Vidare finst bergskrinneblom, bakkestjerne, bergveronika, dvergjamne, flekkmure, småengkall og sumpmaure. Det er vidare funne 11 beitemarkssopp (13 poeng). Av desse er det i 1995 m. a. funne 6 nye vokssoppartar. Mellom desse var lutvokssopp (*Hygrocybe nitrata*) og mørkskjela vokssopp (*Hygrocybe turunda*), som begge synest å vera hyppigast i seterområda i høgare strok. Verdt å nemna er også kvit fjellmunkehatt (*Melanoleuca subalpina*) og rosafagerhatt (*Calocybe carneae*), sjølv om den siste ikkje er beitemarkssopp. Det synest å vera vanskeleg å få oversikt over beitemarkssopp i

seterområda over 7-800 meter, da sesongen er kort, og soppene er utsett for frost og tørke. Det kan derfor vera langt mellom dei gode sesongane, og vi har i verdsettinga lagt mest vekt på vegetasjon og talet på naturengplanter, som tilseier kategori 2.

Råd om framtidig bruk: Det kan sikkert diskuterast om dei granene som er planta har ein naturleg plass i dette gamle kulturlandskapet. Elles kan det også diskuterast om det området som turistforeninga har gjerda inn rundt husa bør få gro att, slik at turistane slepp å få skit på skorne, eller om det kan vera muleg å opna opp ein periode på sommaren slik at vegetasjonen kan bli beita som før. For artsrikdomen vil sikkert det siste vera ein fordel, men det er rett nok ikkje noko stort areal det dreier seg om. Det er å håpa at beitinga kan halda fram i ein slik grad at dette fine seterlandskapet blir halde ved like.

Lindalen: Middagshjellan

Kategori: 2 - regional verdi

Områdeskildring, vegetasjon: Middagshjellan er dominert av ei stor flate med dyrka mark, som i lang tid har vore eit viktig tilskot til fôrgrunnlaget på Jenstad. Denne flata med mektige grusmassar under er skapt av elveavsetningar i ein bredemt sjø på slutten av siste istid. I kanten av denne flata ligg fleire setrar. Landlaupsetra er den som var i bruk lengst, her vart drifta nedlagt på 1980-talet. Arealet av naturbeitemark er relativt lite, og avgrensar seg til terrenget ved seterhusa og i kantane mot skogen.

Kommentarar til funn: Det vart funne 35 planteartar rundt setrane, av desse 10 naturengplanter og 3 seterplanter. Av desse er det særleg grunn til å framheva funnet i 1993 av den sjeldne plantearten haustmarinøkkel. Dette var første funn i fylket, og eit av tre kjende til no. Det andre ligg ved kvernhuset ved Lindøla ein kilometer unna, det tredje i Brøstdalen i Rauma.

Haustmarinøkkel er oppført som hensynskrevande på raudlista for planter. Den finst ofte på kalkfattig mark, og synest å trivast best i lite gjødsla beite som har vore bruka i lang tid. Det er vidare funne 13 beitemarkssopp (14 poeng). Mellom desse var det 5 relativt vanlege raudskivesoppartar og 4 vokssoppartar. Ein av desse var den hensynskrevande mørkskjela vokssopp (*Hygrocybe turunda*).

Råd om framtidig bruk: Det er ønskjeleg at beitinga held fram som tidlegare slik at den beitepåverka vegetasjonen kan haldast i hevd.

Reppdalen generelt

(feilaktig utelaten frå storområdet Grøvvassdraget av Aksdal 1994)

Reppdalen har naturleg stengsel mot Middagshjellbeitet. På vestsida stenger veldige steinurer og på austsida stenger Skiråa. Etter at setringa opphøyrd på 1920-talet (kjelde: Erik Jenstad) har Reppdalen vorte ein hanndyrdal, med hamn for hingstar, oksar og bekrar. Etter ei befaring 7. eller 8. september 1945 skriv Mogstad (1964) om dalbotnen i Reppdalen at grasvoksteren er rik, men at det innover dalen aukar på med sølvbunkerikt vierkratt av storkenebbtypen; .."i dalbotnen vidare innover dominerer lyngsamfunna, som ofte er grasrike". I dag er store deler av den opne dalbotnen dekt av til dels frodige vierkratt. Innover mot Kvitàdalen blir det meir lyngdominert vegetasjon. Ei samanlikning med Grøvudalen er nærliggjande. Denne er dominert av gras- og urterike engsamfunn i botnen, medan Reppdalen er dominert av vier og lyng. Dalbotnen er i begge dalane open, og jordsmonnet dels baserikt. I Reppdalen har kulturpåverknaden vore svakare, setringa opphøyrd tidleg, og bruken til hanndyrbeite har i lengre tid, særleg sidan 1970-talet, medført eit nokså därleg beitetetrykk. Den som lurar på korleis Grøvudalen kan bli sjåande ut om nokre tiår dersom beitinga opphører, kan derfor ta seg ein tur inn i Reppdalen. Dei to dalane er nokså like i utgangspunktet, men har svært ulik brukshistorie. Skilnaden i brukshistorie kan truleg eit stykke på veg forklara forskjellane som vi ser i vegetasjonen i dag. Mogstad (1964)

meiner at Reppdalen kan fø 20 oksar og 40-50 hingstar. I 1945 gjekk her 20 oksar og 7-8 hingstar. I 1996 var det berre 4-5 hingstar her i tillegg til at det var sleppt ca. 40 bekarar (kjelde: Erik Jenstad). Dette monnar ikkje stort mot den naturlege suksesjonen i retning vierkratt og bjørkeskog.

Reppdalen: Reppdalssetra

Kategori: 2 - regional verdi

Områdeskildring, vegetasjon: Reppdalssetra ligg på vestsida av elva, i ei slakk helling mellom elva og den brattare lia ovafor. Drifta opphøyrd som nemnt ovafor tidleg i mellomkrigstida, og setra har lenge vore til nedfalls. Vegetasjonen ber preg av lågt beitetrykk. Det er mykje daudgras i botnen og vegetasjonen er dominert av høgvaksne gras og urter, og svært fattig på småvaksne engplanter som bakkesøte, marinøkkel, fjellaugnetrost og snøsøte. Det skjer vidare ei forbusking og skogen er på frammarsj. Det er lagt ut ei 10##10 meters rute for vegetasjonsanalyse ca. 150 meter nord for setra, i relativt tørr gras- og urterik vegetasjon. Dominerande artar var engkvein, gulaks, kvitmaure, fjellfrøstjerne, dunhavre og tytebær. Det vart i ruta funne 48 planteartar, av desse 9 naturengplanter og 11 seterplanter. Dette er eit relativt høgt tal for planteartar totalt, og middels for dei to andre kategoriane.

Kommentarar til funn: Det vart funne 84 planteartar, av desse 14 naturengplanter og 15 seterplanter. Dette er relativt høge tal. Interessante artar var bakkesøte (få ind.), gulmjelt, marinøkkel (1 ind.), norsk malurt og snøsøte (få ind.). Det vart ikkje funne beitemarkssopp.

Råd om framtidig bruk: Dersom det er ønskjeleg å berga Reppdalen som kulturlandskap med tilhøyrande artsinventar, bør beitetrykket bli mykje hardare. Som nemnt ovafor kan det da dreia seg om opptil 60-70 storfe/hest.

Grøvvassdraget, oppsummering

Dei største biologiske verdiane som er knytt til beiting i Grøvvassdraget, ligg i Grøvudalen. Vidare finst interessante og artsrike område i Geitådalen, Grødalen, Lindalen og Reppdalen. Aksdal (1994) presenterer eit kart som utelet Geitådalen og Reppdalen, og som teiknar streken over Grøvudalen rett innafor Nysetertjønna. Dette er ikkje noko endeleg avgrensing av verdifulle område. Dersom Grødalen og Lindalen skal vera med, er det heilt naturleg at heile Grøvudalen, Geitådalen og Reppdalen også er med. I Reppdalen har likevel beitetrykket i lang tid vore så dårleg at attgroinga har redusert både beiteverdien og kanskje også dei biologiske verdiane knytt til beitinga. *Etter å ha besøkt ein del seterområde i stroka rundt Dovre meiner vi å kunne sannsynleggjera gjennom samanlikningar av floraen at Grøvudalen har eit av dei mest artsrike beitelandskapene i denne delen av landet.* Talet på planteartar funne i Grøvudalen over ca. 800 meters høgd er rundt 330. Minst ein tredel av desse artane har fordel av det opne landskapet som er forma av beiting og annan kulturpåverknad i dalen. Vi har funne vel 180 planteartar i dei undersøkte seterområda. Det er funne ca. 30 naturengplanter og 39 seterplanter i dalen slik vi har definert desse begrepa. Mange av desse er sterkt knytt til godt beita, ugjødsla grasmark.

Bakkesøte, småsøte og sandfiol er eksempel på uvanlege/sjeldne beiteavhengige planter som i Grøvudalen har sine største og viktigaste bestandar i heile Møre og Romsdal.

Tabell 18. Samanlikning av talet på planteartar mellom seterområde i øvre Sunndal, Oppdal, Dalsida i Lesja og Grimsdalen i Dovre. Tala gjeld det opne, kulturvåverka landskapet rundt setrane, og arealet kan vera noko ulikt. PL = talet på planteartar, NPL = talet på naturengplanter, SPL = talet på seterplanter, NPL+SPL er summen av dei to siste, dvs. eit slags mål på gjødslingsfølsame engplanter. Nokre av dei mest artsrike lokalitetane er uteheva med feite typar. Ikke alle setrane er like grundig undersøkte, og mange av tala kan derfor vera for låge. Kjelder: Gaarder & Jordal (1996b), Jordal & Gaarder (1995a, 1996b), denne undersøkinga.

Kommune	Lokalitetsnamn	PL	NPL	SPL	NPL+SPL
Sunndal	Grødalen: Gammelsetra N	43	10	5	15
Sunndal	Grødalen: Gammelsetra S	39	13	5	18
Sunndal	Grødalen: Hovensemsetra	31	8	3	11
Sunndal	Grødalen: Mælesetra	30	10	4	14
Sunndal	Grødalen: Vangan	32	12	6	18
Sunndal	Geitådalen: Falesetra	32	9	8	17
Sunndal	Geitådalen: Hafssættra	49	13	7	20
Sunndal	Grøvudalen: Bukta	99	14	22	36
Sunndal	Grøvudalen: Flysetra	105	16	26	42
Sunndal	Grøvudalen: Fægran	67	12	21	33
Sunndal	Grøvudalen: Gammelsetra	128	20	35	55
Sunndal	Grøvudalen: Hallen	50	12	10	22
Sunndal	Grøvudalen: Myrasættra	73	16	12	28
Sunndal	Grøvudalen: Nysetra	102	16	29	45
Sunndal	Grøvudalen: Storvollen	66	15	20	35
Sunndal	Grøvudalen: Styggmarkja	67	18	14	32
Sunndal	Lindalen: Gammelsetra	68	19	10	29
Sunndal	Reppdalensetra: Reppdalsetra	84	14	15	29
Dovre	Grimsdalen: Bjørngårdssetrane	97	22	26	48
Dovre	Grimsdalen: Medsetrane	62	19	12	31
Dovre	Grimsdalen: Tollevshaugen	71	17	18	35
Dovre	Grimsdalen: Verkensetrane	93	23	27	50
Lesja	Dalsida: Filling	57	21	9	30
Lesja	Dalsida: Nysætra	62	15	7	22
Lesja	Dalsida: Svartdalssætrin	75	20	12	32
Lesja	Dalsida: Sjongsætrin	66	19	14	33
Lesja	Gautsjøen: Grøvusætri	43	5	9	14
Lesja	Gautsjøen: Kvita	65	15	14	29
Lesja	Gautsjøen: Sørhella	47	13	3	16
Oppdal	Dindalen: Jamtsætersætra	53	8	8	16
Oppdal	Dindalen: Veggasætra	79	23	15	38
Oppdal	Unndalen: Grønøya	107	15	29	44
Oppdal	Unndalssætrin	129	15	31	46
Oppdal	Vinstrandalen: Bjørkåssætra	83	17	23	40
Oppdal	Vinstrandalen: Brustølen	104	23	19	42
Oppdal	Vinstrandalen: Ekkersætra	77	20	17	37
Oppdal	Vinstrandalen: Holsætra	69	17	16	33
Oppdal	Vinstrandalen: Oppistusætra	71	13	21	34
Oppdal	Vinstrandalen: Ryphusan	112	15	32	47
Oppdal	Vinstrandalen: Trøasætra	65	12	15	27
Oppdal	Åmotsdalen: Gottemsætra	54	19	8	27
Oppdal	Åmotsdalen: Hellaugsætra	62	13	16	29
Oppdal	Åmotsdalen: Slettet	53	15	4	19
Oppdal	Åmotsdalen: Stølgjerdesætra	68	14	12	26
Oppdal	Åmotsdalen: Stølhaugsætra	53	13	6	19
Oppdal	Åmotsdalen: Vammervollsætra	55	15	9	24

Av tabell 18 går det fram at fleire av setrane i Grøvudalen er svært artsrike samanlikna med andre seterlandskap rundt Dovre. Gammelsetra i Grøvudalen har saman med Unndalssætrin i Oppdal flest planteartar, og når det gjeld summen av naturengplanter og seterplanter har

Gammelsetra flest av alle. Det er grunn til å understreka at dette er beitetilpassa vegetasjon der mange artar er heilt avhengige av eit godt beitetrykk. Ein plan for forvaltning av dei biologiske verdiane i desse seterområda må difor ta stilling til kor vidt det er ønskjeleg å bevara denne vegetasjonen eller ikkje. Etter vårt syn er dei biologiske verdiane knytt til beitebruken svært store. Grøvudalen synest som nemnt å ha dei viktigaste bestandane i Møre og Romsdal av fleire beiteavhengige artar, og har fleire beitebetinga vegetasjonstypar som er regionalt sjeldne. Forvaltninga av Grøvuvassdraget bør derfor kombinera omsynet til høgfjellsøkosystemet inkludert jerven med omsynet til husdyrhaldet og den artsrike beitevegetasjonen. Opphøyr av beitet vil så langt vi kan sjå truleg ikkje tilføra nye artar, men vil sannsynlegvis minska bestandane til ca. 100 planteartar og eit ukjent tal soppartar. Fleire av desse, som dels er sjeldne, vil med stor sannsynlegheit forsvinna på lengre sikt ved opphøyr i beitinga. Vegetasjonstypane knytt til beitebruken vil forandra seg i retning meir busk- og skogdominert vegetasjon. Storfe og hest vil truleg til ein viss grad kunne erstatta sauene som beitedyr i dalbotnane, men ikkje i dalsidene. Ein måtte da ha eit større dyretal enn i dag, og det er uvisst kor realistisk dette er. Slik situasjonen er i dag er det vanskeleg å sjå korleis ein fullt ut kan erstatta sauene som vegetasjonsskjøttar og oppretthaldar av eit stort og verdifullt artsmangfald. I tillegg er sambeiting med fleire dyreslag positivt både med tanke på artsmangfaldet og reint agronomisk som større tilvekst på dyra og mindre snyltarar (Nedkvitne m. fl. 1995). *Dersom forvaltninga av området ikkje har som målsetting at problema for sauehaldet skal haldast på eit slik nivå at drifta kan halda fram og at yngre brukarar tør å ta over, kan konsekvensane bli avvikling av sauehaldet og negative konsekvensar for det biologiske mangfaldet.*

Surnadal

I Surnadal er tidlegare undersøkte lokalitetar på Nordmarka oppsøkt på nytt, noko som har gjeve eit betre grunnlag for vurdering av dei. Det er utarbeidd ein eigen rapport om Vaulen på oppdrag av Surnadal kommune (Jordal 1996). Vidare er to lokalitetar ved Kvanne og ein i Settemsdalen besøkt. Sauetalet i kommunen har auka frå 3750 i 1976 til 5500 i 1986 og minka til 4500 i 1995. Surnadal er dermed ein av dei store sauekommunane i fylket, noko som sannsynleggjer at det finst mange biologisk interessante kulturlandskapslokalitetar i utmark og seterområde, særleg i dei kalkrike områda. Vi skulle derfor gjerne ha bruka mykje meir tid på Surnadal og nabokommunen Rindal, som vi enda ikkje har besøkt. Dette blir ikkje mindre interessant av at Bernt Bøe driv med eit prosjekt med beskriving av kulturhistoria knytt til seterområda i deler av kommunen.

Melhus: Holten

Kategori: 2 - regional verdi

Områdeskildring, vegetasjon: Nøyaktig lokalisering: sjå kartref. i vedlegg 1. Her finst attgroande beitemark med høgt gras, sølvbunke og buskar. Deler av området er noko steinet, andre deler er overflatedyrka. Nedre deler har vore slått til dei siste åra.

Kommentarar til funn: Det vart funne 8 vanlege artar av beitemarkssopp (9 poeng). Det vart vidare funne 15 naturengplanter, mellom desse er det grunn til å nemna grov nattfiol. Det er tidlegare, ca. 1985, funne kvitkurle i eit nærliggjande område som no er under attgroatning på naboeigedomen (Ingvar Stenberg pers. medd. og foto). Låglandsforma av kvitkurle er truleg ein eigen art, som er særleg knytt til litt kalkrike, ugjødsla slåtteenger, og er svært sjeldan her i fylket i dag. Arten vart ikkje attfunnen på denne staden i 1995, men det er kjent frå undersøkingar i Trøndelag at kvitkurle kan overleva i fleire tiår med attgroatning (kjelde: Gunilla Olsson). Lokaliteten kan førebels settast i kategori 2.

Råd om framtidig bruk: Lokaliteten for kvitkurle burde vore slått på haustparten, om ikkje kvart år så t. d. tredjekvart år.

Melhus: Stenberg

Kategori: 2 - regional verdi

Områdeskildring, vegetasjon: Dette er i dag ein ugjødsbla hage ved eit bustadhus, men har tidlegare sannsynlegvis vore slåttemark. Hagen blir framleis slått. Marka er relativt frisk til fuktig.

Kommentarar til funn: Det vart funne 4 artar av beitemarkssopp (7 poeng). Ein av desse er den sårbare raudnande lutvokssopp (*Hygrocybe ingrata*). Det vart ikkje teke planteliste. Av plantefunn kan særleg nemnast grov nattfiol (*Platanthera chlorantha*). Lokaliteten er plassert i kategori 2 p. g. a. den sårbare vokssopp-arten og grov nattfiol.

Nordmarka: Tellesbøsetra

Kategori: 3 - lokal verdi

Områdeskildring, vegetasjon: Lokaliteten er tidlegare beskriven av Jordal & Gaarder (1993, 1995a). Det vart lagt ut ei 10###10 meters analyserute rett aust for seterhytta ved vegen. I ruta vart det funne 27 planteartar, av desse 10 naturengplanter. Dominerande planter var gulaks, tepperot og rylik.

Kommentarar til funn: Det er funne 36 planteartar, av desse 12 naturengplanter. Dei fleste artane var relativt vanlege. Det er vidare funne 8 beitemarkssopp (9 poeng), dei fleste av desse relativt vanlege. Det hensynskrevande arten gulfotvokssopp (*Hygrocybe flavipes*) er kjent frå tidlegare.

Nordmarka: Erkgarden

Kategori: 2/3 - regional/lokal verdi

Områdeskildring, vegetasjon: Lokaliteten er tidlegare beskriven av Jordal & Gaarder (1993, 1995a). Dette har vore ein gard med fast busetnad fram til omkring 1720. Noko seinare vart han selt og delt til mange partar for å bli brukt til seterhamn og markeng (Ansok 1977). Vollen er grasdominert og har eit brukbart beitetrykk. Det vart lagt ut ei 10###10 meters analyserute i solvendt helling på den vestlege delen av vollen. I ruta vart det funne 23 planteartar, av desse 8 naturengplanter. Dominerande planter var gulaks, kjertelaugnetrøst og smalkjempe. Det er ikkje ofte å treffa på så stor dekning av augnetrøst som her (15%).

Kommentarar til funn: Det vart funne 32 planteartar på vollen, av desse 9 vanlege naturengplanter. Det er vidare funne 13 beitemarkssopp (16 artspoeng). Det vart i 1995 ikkje funne fleire beitemarkssopp enn dei som er kjent frå før. Mellom desse er dei to hensynskrevande raudlisteartane gulfotvokssopp (*Hygrocybe flavipes*) og skjeljordtunge (*Geoglossum fallax*).

Råd om framtidig bruk: Det er ønskeleg at beitet held fram.

Nordmarka: Austergardssetra

Kategori: 1/2 - nasjonal/regional verdi

Områdeskildring, vegetasjon: Lokaliteten er tidlegare beskriven av Jordal & Gaarder (1993, 1995a). Dette var den siste utmarksgarden som vart avfolka på Nordmarka. Drifta varte frå først på 1600-talet til 1842 (Ansok 1977). Seinare har området vore bruka til setring og beite. No er beitetrykket for lågt, og området veks att med høgt gras og perikum.

Kommentarar til funn: Det er kjent 16 naturengartar og 4 seterartar, fleire av desse indikerer kalkrik grunn. Av beitemarkssopp er det hittil kjent 8 artar (19 artspoeng). Den direkte utryddingstruga sauenvokssoppen (*Hygrocybe ovina*) vart i 1995 attfunnen på same stad som i

1993, i eit artsrikt samfunn med 29 planteartar (10 naturengartar) i ei 1###1 m rute med soppen i sentrum. Sauevokssopp er berre kjent frå 5 lokalitetar i Norge etter 1980, av desse ligg tre her i fylket. Av andre beitemarkssopp som står på raudlista er det funne fiolett greinkøllesopp (*Clavaria zollingeri*) og gulfotvokssopp (*Hygrocybe flavipes*). Utvalet av artar tilseier kategori 2, men funnet av ein utryddingstruga art trekker i retning av kategori 1. I same retning trekker det inntrykket vi har, at dette må ha vore ein fin lokalitet for beitemarkssopp den tida han var i god hevd. Erfaring viser at slike artar kan kvila i lengre tid i jorda som mycel under ugunstige tilhøve, for seinare å dukka oppatt når tilhøva blir betre, t.d. auka beitetrykk.

Råd om framtidig bruk: Lokaliteten har for dårleg beitetrykk, dette medfører ein del høgt gras, opphoping av strø og ei gradvis endring av vegetasjonen i retning av høge gras og urter som sølvbunke og firkantperikum. Det hadde derfor vore ønskjeleg med eit hardare beitetrykk. Truleg ville det vore ein stor fordel å slå heile vollen ein gong med lett utstyr (motorslåmaskin) og raka bort graset, og seinare prøva å få dit fleire dyr, t. d. ungdyr eller fleire hestar i tillegg til sau. Dette vil motverka den attgroingstendensen ein ser i dag. Det er muleg vollen kunne ha vore inngjerda til dette formålet. Skjøtsel av veksestaden for sauevokssopp krev detaljert informasjon til alle impliserte, mellom anna for å hindra fysiske inngrep som t.d. vegbygging. Elles må ein halda nede buskar som tek til å koma opp på veksestaden og gjerne slå dei nærmeste kvadratmetra med ljå.

Nordmarka: Vaulen

Kategori: 2 - regional verdi

Områdeskildring, vegetasjon: Det er skrive ein eigen rapport om lokaliteten på oppdrag av Surnadal kommune, som m. a. omhandlar brukshistoria (Jordal 1996). Setervollen er prega av attgroing med firkantperikum, som hadde ein dominans i feltskiktet på 50-90 % over store deler av vollen. Vestre del av setervollen vart i 1995 og 1996 slått med ljå av Surnadal Bygdeungdomslag og Surnadal Bondelag, og graset vart raka vekk. Dette er eit godt eksempel på vellukka, dugnadsbasert skjøtselsslått som truleg har god effekt for å motverka attgroing og halda oppe det kulturbetinga mangfaldet. Perikumen har alt minka i mengde, og opplegget synest dermed å vera vellukka.

Kommentarar til funn: Det er kjent 63 planteartar frå setervollen, av desse 18 naturengplanter og 2 seterplanter. Det kan nemnast aurikkelsvæve, grov nattfiol, hårvæve, kjertelaugnentrøst, prestekrage, sumpmaure og fjelltimotei. Det er vidare kjent 8 beitemarkssopp (13 artspoeng). Av desse er det særleg grunn til å nemna den sårbare arten limvokssopp (*Hygrocybe glutinipes*), som i Norge berre er kjent frå 5 lokalitetar totalt. Den hensynskrevande arten gulfotvokssopp (*Hygrocybe flavipes*) er også funnen her. 1995 og 1996 var dårlege soppesongar, og vollen kan truleg ha ein god del fleire artar enn det som til no er kjent. Ut frå kunnskapen om lokaliteten til no er han plassert i kategori 2.

Råd om framtidig bruk: Det vil ha god effekt mot den omseggripande firkantperikumen å slå vollen og raka vekk graset, slik som i 1995 og 1996. Jordal (1996) drøftar dette og andre mulege tiltak.

Solli, Settemsdalen

Kategori: 2/3 - regional/lokal verdi

Områdeskildring, vegetasjon: Dette er ein større beitebakke omkransa av skog om lag 240-280 meter over havet. Lokaliteten har ikkje vore slått dei siste 30-40 åra, men har vore beita av ungdyr og hest. Dei siste 15 åra har det berre vore beita med sau vår og haust, og av og til i periodar på sommaren av sauer som har kome ned (kjelde: John Heitmann). Vegetasjonen er dels sølvbunkeeng, dels noko magrare naturengvegetasjon med finnskjegg, gulaks, engkvein,

geitsvingel, blåkoll, tepperot og myrfiol som mest dominante artar. Elles finst fuktenger med stjernestorr, slåttestorr, flekkmarihand, myrmaure og knappsviv, flekker med blåbærlyng, innslag av fukthei med bjønnkam, røsslyng, blokkebær og smørtelg, og spreidde buskar og tre (bjørk, einer, furu, hegg, rogn).

Kommentarar til funn: Det vart funne 56 planteartar, av desse 15 naturengplanter. Mellom desse var harerug, knegras, kornstorr, hårvæve og smalkjempe. Av beitemarkssopp vart det berre funne gulfovokssopp (*Hygrocybe flavipes*) som er hensynskrevande. Tilhøva for beitemarkssopp vart bedømt som gode, og det kan vera aktuelt å oppsøkja lokaliteten ein annan gong.

Råd om framtidig bruk: Det er ønskjeleg at lokaliteten blir halden i hevd med beiting også i framtida.

Sykylven

Sykylven var ein av dei ti kommunane der det vart gjort supplerande undersøkingar på oppdrag av Miljøvernnavdelinga i 1995. Dei fleste lokalitetar som er foreslått av kommunen er oppsøkt eller eliminert som aktuelle for biologiske undersøkingar ut frå opplysningar som er gjeve på registreringsskjema. Den utan samanlikning mest spesielle og verdifulle lokaliteten er Reiten på Drotninghaug. Nysetra ved Nysetervatnet er berre nemnt i lokalitetsoversikter, sidan vi fann lite interessant her (kategori 4, truleg liten verdi). Ut over dei lokalitetane som er besøkt er det fleire område i kommunen som kunne vera aktuelle å undersøkja. Mellom anna synest Sykylven ifølgje lokalkjente personar å ha nokre intakte lokalitetar for den sjeldne beitemarksplanten solblom (kjelde: Nils Drabløs). Sauetalet i Sykylven har auka frå rundt 2000 i 1976 til rundt 3000 dei siste åra. Dette er dermed ein av dei større sauekommunane i fylket, som truleg har fleire interessante beiteområde enn dei vi har besøkt til no.

Dravlausstølen

Kategori: 3 - lokal verdi

Områdeskildring, vegetasjon: Setrane ligg på ei lita høgd aust for Sætrevatnet. Det finst mange hytter som dels er gjerdar inn. Vollen verka noko gjødselpåverka, med magrare parti i kantområda. Marka var kalkfattig og dels frisk, dels fuktig, og det var innslag av kystplanter i vegetasjonen. Det går sauer i området.

Kommentarar til funn: Det vart funne 10 naturengplanter, mellom desse heiblåfør, hårvæve og kystmaure. Det vart vidare funne berre to artar av beitemarkssopp (3 poeng), den eine var mørkskjela vokssopp (*Hygrocybe turunda*), som er vanlegast i seterområda i høgare strok. Funn og vegetasjonstilhøve tilseier kategori 3.

Furesetra

Kategori: 2 - regional verdi

Områdeskildring, vegetasjon: Setrane ligg ved vegen gjennom Fasteindalen, litt nord for Nysætervatnet. Vollen er flat, er kalkfattig og har både fuktige og tørre parti. Området vart beita av storfe. Det var ein del sølvbunke, og relativt svakt beita.

Kommentarar til funn: Det vart funne 7 naturengplanter, alle vanlege artar. Det vart vidare funne berre to artar av beitemarkssopp (5 poeng), men den eine av desse var den sårbare arten fiolett greinkøllesopp, som er kjent frå 10 lokalitetar i Norge etter 1980. Trass i det sparsame artsutvalet, ønskjer vi å plassera lokaliteten i kategori 2 p. g. a. den sårbare fingersoppen. Fiolett

greinkøllesopp har i fleire tilfelle stått att på setervollar i attgroing, der det elles er funne få soppstar.

Råd om framtidig bruk: Lokaliteten bør framleis beitast som før.

Årsetsetra

Kategori: 2 - regional verdi

Områdeskildring, vegetasjon: Årsetsetra ligg noko sør for gardane i Ramstaddalen, der Årsetelva kjem ned i dalbotnen. Setra har berre murar der husa sto. Vollen er gjødselpåverka, og er no dominert av sølvbunke og ein del kvitkløver. I kantområda er tilhøva magrare og med ein del naturengplanter. Nokre beitebakkar ovafor vegen nokre hundre meter sør for Årsetsetra (ved elva Forsegrova) veks att med einer, bjørk, or og planta gran, men blir framleis beita av storfe, og har mykje av artsinventaret att frå tidlegare.

Kommentarar til funn: Ved opplisting av soppfunn er lokaliteten delt i to, i og med at området kalla "sør for Årsetsetra" er behandla som ein eigen lokalitet. Det er laga felles karplanteliste. Det vart funne 41 planteartar i området, av desse 16 naturengplanter og 2 seterplanter. Mellom desse var aurikkelsvæve og fjellaugnetrøst, i fukteng og sig fanst gulsildre, jáblom og kornstorr. Kystpreget blir understreka av artar som heistorr, heisiv og revebjølle. Det vart vidare funne 10 artar av beitemarkssopp (15 poeng) for heile området, av dette 7 artar (12 poeng) rundt sjølve setra. Av desse kan nemnast dei hensynskrevande artane gulfotvokssopp (*Hygrocrybe flavipes*), skifervokssopp (*Hygrocrybe lacmus*) og musserongvokssopp (*Hygrocrybe fornicata*). Ut frå artsutvalet er lokaliteten under tvil plassert i kategori 2.

Råd om framtidig bruk: Lokaliteten bør beitast som før.

Grepstadstølen

Kategori: 2 - regional verdi

Områdeskildring, vegetasjon: Grepstadstølen ligg sør for Aurdal ved Aure. Det er ein nokså stor voll med mange hytter, men hyttene er lagt i utkanten av vollen. Deler av vollen er nokså attgrodd med einer, og det var nyleg rive ein del einer og hiva i haug for brenning. Marka er dels kalkfattig og for det meste frisk eller nokså tørr, men det fanst meir fuktige, kalkhaldige sig.

Kommentarar til funn: Det vart funne 35 planteartar på vollen, av desse 17 naturengplanter og 1 seterart. Mellom desse plantene var aurikkelsvæve, gulsildre, gulstorr, heiblåfjør, hårvæve, loppestorr, kystmaure og særbusstorr. Det vart vidare funne 12 artar av beitemarkssopp (19 poeng). Det er grunn til å nemna den sårbare raudnande lutvokssopp (*Hygrocrybe ingrata*) og den hensynskrevande gulbrun narrevokssopp (*Camarophyllopsis schulzeri*). Artsutvalet var godt, og plasserer lokaliteten i kategori 2.

Råd om framtidig bruk: Det er ønskjeleg at beitinga held fram, og rydding av einer er positivt når han tek over slik som på deler av vollen.

Eidemsstølen

Kategori: 3 - lokal verdi

Områdeskildring, vegetasjon: Setrane ligg i Sunndalen ved Aure, mellom setervegen og elva. Det er fleire hytter i området. I beitebakkane står noko einer. Marka verka kalkfattig ut frå vegetasjonen, og det var både halvtørre og litt fuktigare parti.

Kommentarar til funn: Det vart funne 37 planteartar, herav 14 naturengplanter og 3 seterplanter. Mellom desse var aurikkelsvæve, kornstorr, kystmaure og trefingerurt. Det vart vidare funne 6 meir eller mindre vanlege artar av beitemarkssopp (8 poeng). Førebels har vi under tvil plassert lokaliteten i kategori 3.

Drotninghaug: Reiten

Kategori: 1 - nasjonal verdi

Områdeskildring: Staden er omtala av Beyer & Jordal (1996). Reiten vart rydda og bebygd på 1860-talet, og bebudd til 1936. Siste brukaren var bestefar til noverande eigar, og hadde 4-5 kyr, sauер og hest på berre 9 dekar. For å få dette til, henta dei mykje før ved slått og lauving i utmarka. Etter fråflyttinga er bruket slått kontinuerleg og litt gjødsla, dei siste 20-25 åra av noverande eigar som ikkje har gjødsla. Slåtten foregår med motorslåmaskin, men ovafor husa med langorv til 1994, dei to siste åra med motorljå. Tunet er spesielt med samanbygd hus og fjøs av dels svært gammalt opphav, og er registrert av kulturvernstyresmaktene. Kjelde: Leiv Drotninghaug.

Vegetasjon: Lokaliteten er prega av eit tjukt og dels mjukt mosetepp som er sjeldan å finna i dag, og som truleg kan tilskrivast driftsforma, med slått utan beiting og tunge maskiner. I dette tjukke moseteppet er det ein ganske glissen vegetasjon med eit magert preg. Uglydsbla slåttemark har vorte eit svært sjeldan kulturlandskapselement som ein bør prioritera høgt å ta vare på. Sjå Jordal & Gaarder (1995a).

Kommentarar til funn: Vi fann 43 planteartar, av desse 13 naturengplanter, og vidare 6 beitemarkssopp. Av planter kan nemnast heiblåfjør og hårvæve, men av særleg interesse er førekommst av solblom (kjelde: Leiv Drotninghaug), som i Sykkylven synest å ha ein god del intakte lokalitetar (kjelde: Nils Drablos). Det er vidare grunn til å nemna visse trekk som klart har med slåtten å gjera, som god førekommst av blåknapp, ein art som tåler slått fordi han har ein låg bladrosett, og ei låg feltskiktdekning. Det mest spesielle, som gjev denne lokaliteten høg biologisk verdi, var funnet i 1995 av sumpjordtunge (*Geoglossum uliginosum*), ein art som berre har 4 kjente lokalitetar i Norge, 1-2 attverande intakte lokalitetar i Sverige av totalt 9 kjente, elles berre kjent frå Storbritannia. Slåtteenger som ikkje blir beita er ofte mindre rike på karplanter enn dei som blir beita litt i tillegg (Ekstam m. fl. 1988).

Råd om framtidig bruk: Lite gjødsepåverka slåttemark som ikkje blir beita og utsett for jordpakking er i dag ein svært sjeldan kulturmarkstype. I tillegg finst fleire sjeldne funn på artsnivå. Blomsterenga på Reiten er noko folk som fer etter vegen legg merke til, og stoppar for å sjå på. I tillegg har ein her eit ideelt område for forskning på vegetasjon i denne typen eng. Skjøtselen bør derfor halda fram som før. Bruken av motorljå er ikkje heldig for blomsterplanter, sidan det slit i rota, og favoriserer gras og einskilde andre artar med sterkt rotssystem. Skarp redskap er best for å bevare artsmangfaldet. Eventuell beiting i tillegg kan gjera lokaliteten meir artsrik fordi det lagar sår i moseteppet så planter lettare kan spira, og det vil truleg ikkje ha negative effektar på soppfloraen. Det vil likevel fjerna høvet til å studera uglydsbla slåtteeng som ikkje er beita. Søknad om tilskott til slåtten vart avslått i 1996. Vi vil rá til at slikt tilskott blir gjeve.

Myrdalassetra

Kategori: 3 - lokal verdi

Områdeskildring, vegetasjon: Setrane ligg på ein haug ved riksvegen sørafor svingen øvst i Velledalen. Det er nokre hytter i utkantane av vollen. Marka verka kalkfattig, stort sett frisk til nokså tørr. Beitetrykket var dårleg, og vollen var prega av høgt gras, m. a. sølvbunke. Deler av området verka gjødsla, men meir magre parti fanst i kantområda.

Kommentarar til funn: Det vart funne 36 planteartar på vollen, av desse var berre 6 naturengplanter, alle vanlege artar. Det vart vidare funne 6 artar av beitemarkssopp (7 poeng). Av desse kan nemnast mørkskjela vokssopp (*Hygrocybe turunda*), som er ein art som oftast dukkar opp på setervollar. Artsutval og vegetasjon tilseier at lokaliteten kjem i kategori 3.

Tingvoll

I tillegg til lokalitetane nedanfor, er museet i Tingvoll-lia besøkt fleire gonger. Når det gjeld denne lokaliteten viser vi til Jordal & Sivertsen (1992) og Jordal & Gaarder (1993, 1995a), men kan nemna at Tingvoll museumslag har teke opp ljåslåtten på tidlegare slåttemark, og at denne slåttemarka no viser seg å vera svært så interessant med funn av stortveblad og den sjeldne og sårbare fingersoppen *Clavulinopsis cineroides*. Slåtten på denne lokaliteten er det derfor svært viktig å fortsetta med. Tingvoll er framleis ikkje godt undersøkt.

Bergem: Hamran

Kategori: 2 - regional verdi

Områdeskildring, vegetasjon: Bruket har hatt dyr til 1940, og seinare har det vore meir tilfeldig beiting av kjøtfe og hest. Her var ubebodd frå krigen til 1968, og bebodd frå 1968 til 1991. Innmarka har vore slått utan opphold i desse åra. Det er brukt litt kunstgjødsel på 1960- og 1970-talet, men ikkje etter 1985. De siste åra er det brukt litt husdyrgjødsel, og skjelsand i 1996 (kjelde: Irene Bergheim). Vegetasjonen er for det meste urterik friskeng med gulaks m.m., ein del smalkjempe og hanekam. Det finst lokale parti med fukteng med knappsv. Det er lite strø på grunn av slåtten, men eit tjukt moseteppje mange stader, og i kantonene er det ein del storbjørnemose.

Kommentarar til funn: Det vart funne 14 artar av beitemarkssopp (23 poeng). Mellom desse er ein sårbar art: limvokssopp (*Hygrocybe glutinipes*). Denne arten er berre kjent frå 5-6 stader i heile landet. Vidare vart det funne musserongvokssopp (*Hygrocybe fornicata*) og eit medteke eksemplar av gulfotvokssopp/skifervokssopp (*Hygrocybe flavipes/lacmus*), begge desse er hensynskrevande. Beitemarkssoppene vaks spreidd over heile lokaliteten. Det er ikkje teke planteliste, men det er observert fleire interessante artar som grov nattfiol og storblåfjør.

Råd om framtidig bruk: Som intakt, artsrik og lite gjødselpåverka slåtteeng i god hevd er denne lokaliteten svært verdifull. Vi har førebels plassert han i kategori 2, men vi ønskjer å undersøkja staden nærmare. Grunneigarane har tidlegare søkt tilskott til slått og fått avslag. Det er sterkt ønskjeleg at her blir slått også for ettertida, og at det ikkje blir tilført vesentlege mengder gjødsel.

Koksvik

Kategori: 3 - lokal verdi

Områdeskildring, vegetasjon: Det undersøkte beitet ligg opp mot skogen ved Koksvik i Tingvollvågen. Det er gammal sommarfjøsmark (kjelde: Anders Koksvik), og mykje av det er prega av gjødsling, det er også dyrka litt. Området heller mot nordvest og er kalkfattig. Dei nordlegaste delene er steinet og rik på naturengplanter. Vegetasjonen har spreidde tre og mager friskeng med finnskjegg, knegras, gulaks og tepperot. Dessutan er det noko fukteng med dels torvmosar og myrartar.

Kommentarar til funn: Det vart funne 12 artar av beitemarkssopp (15 poeng), dei fleste relativt vanlege artar. Minst vanleg var funnet av svartlodnetunge (*Trichoglossum hirsutum*) og den hensynskrevande glasblå raudskivesopp (*Entoloma caeruleopolitum*). Det er ikkje teke planteliste.

Tingvoll gard: Saltkjelen

Kategori: 1/2 - nasjonal/regional verdi

Områdeskildring, vegetasjon: Sjå Jordal & Gaarder (1995a, 1995b). Lokaliteten ligg på Tingvoll gard, som blir driven økologisk av NORSØK (Norsk senter for økologisk jordbruk). Den mest interessante lokaliteten er lite gjødselpåverka kantområde i eit tidlegare gjødsela beite

som framleis blir beita av storfe og sau frå Tingvoll gard. Lokaliteten er eit eksempel på ein "hot spot" - mange artar trengt saman på eit lite område.

Kommentarar til funn: Det er funne 31 planteartar i beitet, av desse 15 naturengartar. Det vart vidare funne 6 nye artar av beitemarkssopp, slik at det no er kjent heile 40 beitemarkssopp frå eit ganske lite område (61 poeng). Berre 2 lokalitetar i fylket har meir enn dette, og dei fleste har eit betydeleg større areal. Ein av dei nye var den sjeldne vrangjordtunge (*Geoglossum atropurpureum*), som er 2. funn i fylket.

Råd om framtidig bruk: Det er viktig at området framleis blir beita, at oppslag av skog blir halde unna, og at det som tidlegare er lite gjødselpåverka blir bruka slik framleis. Det er halde informasjonsmøte for dei som driv garden, og eit fagseminar for tilsette ved NORSØK med ekskursjon til lokaliteten.

Tustna

Tustna var ein av dei ti kommunane der det vart gjort supplerande undersøkingar på oppdrag av Miljøvernavdelinga i 1995. Dei fleste lokalitetar som er foreslått av kommunen er oppsøkt eller eliminert som aktuelle for biologiske undersøkingar ut frå opplysningars som er gjeve på registreringsskjema. Det er eit inntrykk at det er lite att av biologisk interessante beite- eller slåttemarker som ikkje er i attgroing. Ei av forklaringane på dette kan vera at sauetalet er lågt i kommunen, med berre 250-260 vinterfôra dyr dei siste åra.

Leirvåg

Kategori: 2 - regional verdi

Områdeskildring, vegetasjon: Sjå Jordal & Gaarder (1993). Rett over vågen for ferjeleiet ligg Leirvåg med ein del udyrka beite langs stranda ved dyrkamarka, og beita strandberg sørover frå gardane. Beita skal vera gjødsla, men dei grunnlendte beita sørover på strandberga verkar i alle høve ikkje mykje gjødsla. Området blir beita av storfe. Marka er kalkfattig.

Kommentarar til funn: Det er funne 42 planteartar, av desse 11 vanlege naturengplanter. Kystpreget blir understreka av planteartar som heisiv og kystbergknapp. Det er funne 7 beitemarkssopp (15 poeng). I 1995 vart det ikkje funne nye beitemarkssopp, men den sårbarerarten gul slimvokssopp (*Hygrocybe vitellina*) vart attfunnen i mosematter på grunnlendte, beita strandberg. Denne arten er i Norge berre kjent frå 6 lokalitetar, alle her i fylket. Lokaliteten er derfor plassert i kategori 2.

Råd om framtidig bruk: Det er ønskjeleg at bruken held fram som før, og hovudformålet er å ta vare på den sårbare vokssopp-arten som veks på dei beita strandberga.

Ulstein

Dimnasund

Kategori: 2 - regional verdi

Områdeskildring, vegetasjon: Dette er eit beite opp mot ein haug ved Dimnasund der det i 1995 gjekk hestar (kartref. i vedlegg 1). Det finst steingjerde og noko einer. Bakkane hadde eit relativt tørt jordsmonn med artar som hårvæve, lækjeveronika, kattefot og knegras.

Kommentarar til funn: Det vart funne 41 planteartar, av desse 16 naturengplanter. Kystpreget vert understreka av artar som fagerperikum, heiblåfjør, heistorr, jordnøtt, kusymre, kystgrisøyre og purpurlyng. Det vart funne 5 beitemarkssopp (13 poeng). Den mest spesielle av desse var den sårbare raud honningvokssopp (*Hygrocybe splendidissima*). Lokaliteten er sett i kategori 2 på

grunn av utvalet av planteartar, som både telte mange naturengplanter og mange kystplanter, og på grunn av den sårbare vokssopp-arten.

Råd om framtidig bruk: Det er ønskjeleg at lokaliteten blir bruka til beite også i åra som kjem, og at ein unngår fysiske inngrep og gjødsling.

Vanylven

Vanylven var ein av dei ti kommunane der det vart gjort supplerande undersøkingar på oppdrag av Miljøvernnavdelinga i 1995. Dei fleste lokalitetar som er foreslått av kommunen er oppsøkt eller eliminert som aktuelle for biologiske undersøkingar ut frå opplysningars som er gjeve på registreringsskjema. Kommunen er likevel därleg undersøkt. Som ein av dei store sauekommunane i fylket med godt over 4000 vinterfôra dyr dei siste åra, hadde det vore ønskjeleg at kommunen vart betre undersøkt. Det finst elles ein god del geit (vel 600 i 1995) som også skaper eit biologisk interessant landskap.

Bøstranda i Syltefjorden

Kategori: 2 - regional verdi

Områdeskildring, vegetasjon: Bøstranda har mange brattlendte bruk med beitemarker ovafor, i ei langstrakt li i eit kystnært fjordlandskap. Den undersøkte garden (tidl. driven av Sivert Sæteren, ny eigar Jens Kviabakk bur ikkje på staden) har ikkje brukt kunstgjødsel i beita ovafor garden. Desse beita er nokså steinrike, men steingjerde og røyser viser at det også har vore rydda bort ein del stein. Det er spreidd med buskar og treklynger i beitet. Nabobitet i sør er planta til med gran. Dei siste par tiåra har bruken her berre vore beiting med sau (kjelde: landbrukskontoret og tidl. grunneigar). Det vart lagt ut ei 10##10 meters analyserute. I ruta vart det funne 37 planteartar, av desse 14 naturengplanter og 1 seterplante. Dominerande planter var einer i busksjiktet, vidare svært mykje kystmaure (35%), ut over dette mest finnskjegg og tepperot. Det var mykje mose i botnen (80%), og strø fanst praktisk tala ikkje. Dette tyder på eit godt beitetrykk.

Kommentarar til funn: Det vart funne 46 planteartar, av desse var det 15 naturengartar. Heisiv, kystgrisøyre, jordnøtt og store mengder kystmaure understrekar kystpreget. Det vart vidare funne 12 artar av beitemarkssopp (21 poeng). Her er det særleg grunn til å nemna store mengder av den sjeldne raud honningvokssopp (*Hygrocybe splendidissima*), som synest å vera knytt til magre naturbeitemarker på kysten som har vore i langvarig bruk. Denne arten står som sårbar på den norske raudlista. Artsrikdomen av naturengplanter og kystplanter, og den sårbare vokssopp-arten tilseier kategori 2.

Råd om framtidig bruk: Bruken til sauebeite bør halda fram som før, beita bør ikkje gjødslast, og beitetrykket bør vera på same nivå som i dag. Ein bør vurdera å rydda litt skog og kratt.

Eidså

Kategori: 3 - lokal verdi

Områdeskildring, vegetasjon: I den austvendte lifoten ved Eidså ligg langstreckte beite som framleis blir bruka til hest og kyr. Beita blir noko gjødsla av brukaren på Årstad, men det finst og ein del magre parti og kantområde som truleg ikkje er så mykje gjødsla. Beita er noko brattlendte, og har innslag av skog i mosaikk med beitemark. Det er og noko einer. Marka er kalkfattig og varierer frå tørr til fuktige sig.

Kommentarar til funn: Det vart funne 37 planteartar, av desse 12 naturengartar. Heisiv, kystgrisøyre, jordnøtt og store mengder kystmaure understrekar kystpreget. Det vart vidare funne

10 meir eller mindre vanlege artar av beitemarkssopp (10 poeng). Lokaliteten er plassert i kategori 3.

Syvde: Landsverk i Nordalen

Kategori: 2 - regional verdi

Områdeskildring, vegetasjon: Dalføret er ganske smalt og bratt. Austsida av dalen har hatt stort beitetrykk av geit, på Landsverk også av sau haust og vår. Det er ikkje beitt av storfe på 30 år (kjelder: landbrukskontoret, grunneigar). Den vest vendte dalsida er grasrik og prega av tidlegare tilførsel av stein frå ras. Ovafor dei grasrike beita ligg fleire felt med daud einer, urer, hamrar og skog. Dette er ein av dei få stadene vi har sett store mengder daud einer som følgje av geitebeiting.

Kommentarar til funn: Det vart funne 34 planteartar, av desse 14 naturengartar. Heisiv, kystgrisøyre og kystmaure understrekar kystpreget. Det vart vidare funne 2 artar av beitemarkssopp (9 poeng). Den eine av desse var den sårbare raud honningvokssopp (*Hygrocybe splendidissima*). Lokaliteten er plassert i kategori 2 på grunn av at det er eit typisk og middels artsrikt geitebeite, og p.g.a. den sårbare vokssopp-arten.

Råd om framtidig bruk: Det brattlendte, opne landskapet og det mangfaldet geita her opprettheldt, er eit verdifullt element i fylket vårt som det ikkje er så svært mykje av. Det er derfor ønskjeleg med framhald i geitehaldet på staden.

Åheim: Holmen

Kategori: 3 - lokal verdi

Områdeskildring, vegetasjon: Holmen er ein gard som ligg ved elva nedafor Gusbalsvatnet, eit par kilometer frå Åheim sentrum. Det er eit gammalt kulturlandskap som framleis blir slått, og det finst steingjerde, hagemark og styva selje. Marka er stort sett dyrka, men det finst noko kantområde som både er udyrka og truleg ikkje er så mykje gjødsela. Den gamle allsidige beitebruken med storfe, hest og sau har halde fram til for 4-5 år sidan, deretter har det berre vore beitt med litt sau (kjelde: landbrukskontoret).

Kommentarar til funn: Det vart funne 39 planteartar, av desse 10 naturengartar. Heisiv, storfrytle og kystmaure understrekar kystpreget. Det vart vidare berre funne 2 vanlege artar av beitemarkssopp (2 poeng). Lokaliteten er plassert i kategori 3.

Råd om framtidig bruk: Det er ønskjeleg med fortsatt beiting.

Ørskog

Ørskog var ein av dei ti kommunane der det vart gjort supplerande undersøkingar på oppdrag av Miljøvernnavdelinga i 1995. Dei fleste lokalitetar som er foreslått av kommunen er oppsøkt eller eliminert som aktuelle for biologiske undersøkingar ut frå opplysningars som er gjeve på registreringsskjema. Sauetalet i Ørskog ligg rundt 600 vinterfôra dyr. Grytalisetra, Kvanndalssetra og Sjøholtsetra vil i samband med rullering av kommuneplanen bli foreslått som kulturlandskapsområde (kjelde: jordbruksjef T. Klokkehaug).

Grytalisetra

Kategori: 3 - lokal verdi

Områdeskildring, vegetasjon: Setrane ligg i svakt skrånande terreng under Grytalia og Blåfjellet på Vagsvikfjellet. Eit område rundt setra er skoglaust, med ein del myrlendt terreng. Lenger unna er terrenget skogdekt, og skogen går opp til 6-700 m. På vollen er det ein del einer,

og marka er beita av hest, sau og storfe. Det meste er udyrka. Vegetasjonen var artsfattig, kalkfattig og med eit visst kystpreg.

Kommentarar til funn: Det vart funne berre 18 planteartar, av desse 7 naturengartar. Heisiv, kystgrisøyre og kystmaure understrekar kystpreget. Det vart ikkje funne beitemarkssopp. Lokalitetten er plassert i kategori 3.

Råd om framtidig bruk: Det er ønskjeleg med fortsatt beiting.

Kvanndalssetra

Kategori: 3 - lokal verdi

Områdeskildring, vegetasjon: Setrane ligg i ei austvendt helling i Kvanndalen på Ørskogfjellet. Seterområdet er skoglaust med ein del myr og fjellhei, medan skogen i området rundt kan gå opp i 500 m. Det er berre små parti med tørr fastmark. Elles er det ein god del intermediær bakkemyr med mellom anna breiull.

Kommentarar til funn: Det vart funne 31 planteartar, av desse 7 naturengartar. I fukteng og intermediær bakkemyr fanst meir krevande planter som breiull, gulsildre, kornstorr og bjønnbrodd. Det vart vidare berre funne 2 artar av beitemarkssopp (2 poeng). Lokalitetten er plassert i kategori 3.

Råd om framtidig bruk: Det er ønskjeleg med fortsatt beiting.

Sjøholtsetrane

Kategori: 3/2 - lokal/regional verdi

Områdeskildring, vegetasjon: Dette er eit ganske stort, ope seterområde i ei vestvendt helling nær Akslevollvatnet. Det er bygd ein god del hytter. Bakkane er dels ganske fuktige med myrlendt mark, dels med ein god del einerbakkar og høgt gras. Området har dårleg beitetrykk og er prega av attgroing. Marka er kalkfattig og er truleg ikkje mykje gjødsla i nyare tid.

Kommentarar til funn: Det vart funne 32 planteartar, av desse 15 vanlege naturengartar. Heiblåfjør, heisiv og kystmyrklegg understrekar kystpreget. Det vart vidare berre funne 1 vanleg beitemarkssopp. På grunn av talet på naturengplanter er lokalitetten vurdert til å vera på grensa til regional verdi.

Råd om framtidig bruk: Det er ønskjeleg med eit sterkare beitetrykk.

Sollisetra

Kategori: 3 - lokal verdi

Områdeskildring, vegetasjon: Setrane ligg i ei sørhelling på Vagsvikfjellet. Eit område rundt setra er nokså skoglaust, med ein del myrlendt terreng. Lenger unna er terrenget skogdekt, og skogen går opp til 5-600 m. Ein del av vollen er dyrka. Vegetasjonen var kalkfattig og med eit visst kystpreg.

Kommentarar til funn: Det vart funne 33 planteartar, av desse 15 naturengartar. Heiblåfjør, heisiv og heistorr understrekar kystpreget. Det vart vidare berre funne 1 beitemarkssopp. Lokalitetten er plassert i kategori 3.

Råd om framtidig bruk: Det er ønskjeleg med fortsatt beiting.

Svartløken

Kategori: 3 - lokal verdi

Områdeskildring, vegetasjon: Setrane ligg ved Løkelva som renn frå Nysætervatnet på Ørskogfjellet til Svartløkvatnet. Det er mest kalkfattig fastmark som er beita av storfe og sau. Beitetrykket er bra.

Kommentarar til funn: Det vart funne 26 planteartar, av desse 8 naturengartar. Kystmaure var den mest utprega kystplanta. Det vart vidare funne 4 artar av beitemarkssopp. Lokaliteten er plassert i kategori 3.

Råd om framtidig bruk: Det er ønskjeleg med fortsatt beiting.

Vagsvika, elveutløpet

Kategori: 4 - truleg liten verdi

Områdeskildring, vegetasjon: Dette er eit lite beiteområde på ei elvaslette der Vagsvikselva renn ut i sjøen. Det er beita av ku og verka lite gjødsla. Det blir no planlagt campinganlegg i området aust for småbåthamna.

Kommentarar til funn: Artsutvalet av planter var trivielt, og det vart ikkje teke fullstendig planteliste. Det vart berre funne 1 beitemarkssopp. Lokaliteten er plassert i kategori 3.

Ørsta

Kommunen er ikkje besøkt av oss i 1995-96, men vi tek med omtale av førekomst av den utryddingstruga åkerrikса i kommunen i 1995. Ørsta er ein av dei kommunane vi har undersøkt dårlegast i heile fylket. Samtidig er det ein kommune med mykje sau (vel 4000) og den største geitekommunen i fylket (ca. 1900 i 1995). Vi kunne derfor tenkt oss å bruka mykje meir tid her.


Åkerrikse i Bondalen i 1995

I 1995 vart det høyrt ropande åkerrikse i ei graseng i Bondalen frå ca. 15. juni til først i august. Enga vart slått etappevis, og fuglen/fuglane held seg i området heile sommaren. Åkerrikса er ein direkte utryddingstruga art, og krev derfor særskilt merksemd. Vaktelen er også ein sjeldan gjest i kulturlandskapet. Her i fylket var det i 1995 berre 7 kommunar som hadde den ære å husa lokalitetar for denne sjeldne arten, som er meir eller mindre forsvunnen i heile Europa etter dei store omleggingane i jordbruksdriften i dette hundreåret. Aktuelle åkerrikselokalitetar bør t. d. sikrast mot tekniske inngrep, og eng i aktiv jordbruksdrift bør absolutt ikkje slåast før ein er sikker på at ungane har forlate staden, som regel i august. Eit samarbeid mellom Norsk Ornitologisk Forening, Norges Bondelag og miljøvernstyresmaktene prøver å få til ei erstatningsordning for bønder som får denne eksklusive gjesten på markene sine. I 1996 fekk to bønder i Hordaland kompensasjon for utsett slått frå Landbruksavdelinga hos fylkesmannen.

Ålesund

Ålesund var ein av dei ti kommunane der det vart gjort supplerande undersøkingar på oppdrag av Miljøvernnavdelinga i 1995. Dei fleste lokalitetar som er foreslått av kommunen er oppsøkt eller eliminert som aktuelle for biologiske undersøkingar ut frå opplysningane som er gjeve på registreringsskjema. Det synest å vera relativt lite att av tradisjonell natureng og naturbeitemark i kommunen. Det meste av det vi har sett, har anten vore gjødsla eller under attgroing. Dette kan m. a. sjåast i samanheng med at sauetalet i kommunen er lågt. Frå 300-400 på 1970- og -80-talet er talet på vinterfôra dyr no nede i rundt 200.

Bilete - Søre Sunnmøre





Øyst: Landsverk / Vanylven, eit middels artsriskt geite- og sauheite i bra hevd.
Næst: Fingersoppen *Clavulinopsis fusiformis* vart i 1996 funnen for første gong i Norge, på Riste i Sande.

Øyst: Frå undersøkingane på Riste, truleg den øya i fylket som minner mest om Favøyane. Øya er svært artsrisk og av dei mes verdifulle kystlokaltene i fylket.
Næst: På Riste i Sande fann vi heile 23 vokssoppar. Sauvevokssoppen på bildet (*Hygrocybe ovina*) er ein god indikator på gammel, artsrisk beitemark.

Bilete - Søre Sunnmøre



Bilete - Sunnmøre, Aure



Øvre: Bonen mellom Dalsbygda og Herdalen i Norddal kommune er ein gammel plass med svært artsrik beitemark.
Nedre: Hufset i Aure er ein veglaust snåbruak på kysten med store kulturelle og biologiske verdiar. Det blir arbeidd med ein forvalningsplan for bruket. Her finst innvokssopp (*Hygrocybe canescens*), ein art med berre 7 publiserte funn i Europa.

Øvre: Yste-Skotet i Stordal er ein eldgammel hyllegard som blir slått og skjøta av sifringa Yste-Skoter. Frukthagen bak steingjerder på bildet var svært urtsrik, m. a. gjorde vi her 2. funn i Norge av halmgut køllesopp (*Clavaria straminea*).
Nedre: Fjerning av einer kan vera nadsynt for å mørverka utgrønng og betra beitet. Grepstadstolen, Sykkylven.

Bilete - Sandøy



Øyst: Gras- og urterik, gammel beitemark på Easteinen, Sandøy. I bakgrunnen t. v. Sandøy, t. h. bak Ona. Easteinen vart beita for siste gong i 1995 og gir no att. Nordst: Kvaløyja, ein gammel beiteholme vest for Sandøy og nord for Finnøy. Holmen er relativt artisk og interessant, men vart truleg beita for siste gong i 1996. Kvaløyja og Easteinen har hatt eit bra beitetrykk til no. Sæterøya har hatt dårleg beitetrykk i det siste, medan Uksnøyja har hatt eit beitetopphold med attergang.

Øyst: På Sæterøya i Sandøy var det busemad fra 1864-1976. Før og etter den tid har øya vore beite for gardar på Sandøya. Øya er artisk og verdfull, men vart truleg beita for siste gang i 1996. Ei losying kan vera å setta ut utegangarsau her. Nedst: Uksnøyja på vestsida av Harøyja har hatt kjent busemad frå 1206 til 1958. Det er sett ut utegangarsau for å prøva å gje grågåsa eit alternativ til dyrka mark på Harøyja. Sauene vil truleg bevare dei artiske landskapet.

Bilete - Aukra, Averøy



Øyst: Røryrika på nordvestsida av Gossen, Aukra kommune. Eit ganske artsrisk område med lyng- og grashet og strandenger, godt beteirykke av ammekyr.
Nedst: Aukraholmen i Aukra, ein gammel belieholme der det siste åra har gått nokre geiter. Dårlig beteirykke og atgrøing med einer og høgt gras.

Øyst: Lij-Lauvøya i Averøy, i framgrunnen atgrøande sohbunkeng bak t. v. ein udryka knaus der den utryddingsruga slimjordunge (*Geoglossum difforme*) veks, eit av tre norske funn. Siste beitesesong med sau var 1995, øya gjor no att.
Nedst: Artiske, sauebeta strandberg, lyng- og grashet på Sør-Ramsøya, Averøy.

Bilete - Gjemnes



Øvst: Gammelsetra på Silsøfjellet i Gjemnes, eit typisk seterlandskap i midtre og ytre fjordsrok, relativt arsfratig, men med ein brukbar beiterykk.
Nedst: Stokkåsen, ein gammel, middels arsrik buplass på Silsøfjellet i Gjemnes.

Øvst: Duålia, Gjemnes, ein middels arsrik setervoll i sørke attgrøing.
Nedst: Oppslag av platanlønn og gråor på plassen Jutulen i Gjemnes, ein middels arsrik stad bela av hest. Platanlønn er eit innført treslag i sterkt eksplasjons i fylket.

Bilete - Surnadal, Halsa



Øvst: Rest av aristrik slåting med m. a. mykje storblåfør i Hamna, Advik i Halsa.
Enga har ein periode vore beita, men planer finst om å ta opp att slatten.
Nedst: Gammelsera i Engdalen, Halsa, er ein setervoll i svak utgroing, med eit vanleg
og typisk artsurval for distriktet.

Øvst: Rest av aristrik slåting med m. a. mykje storblåfør i Hamna, Advik i Halsa.
Enga har ein periode vore beita, men planer finst om å ta opp att slatten.
Nedst: Gammelsera i Engdalen, Halsa, er ein setervoll i svak utgroing, med eit vanleg
og typisk artsurval for distriktet.

Bilete - Grøvuvassdraget, Sunndal



Øyst: Tuffene av Nysætra i Grøvudalen (Sunndal) med Nysæterjøma og Gammelsætra i bakgrunnen. Grøvudalen er den mest artsrike setervollen i Møre og Romsdal. Her finst mellom anna dei viktigaste bestandane i folket av beiteahengige artar som bakkeseie og sandfiol. Beiterykker er bra, men antrengsteikn finst.
Nedst: Gammelsætra i Lindalen, Sunndal. Sætra blir bruka til turisthytte og er innigjerdad. Setervollen blir framleis betta av sau, er artsrik og har bra beiterykk.
Øvre: Falesætra i Geitådalen, Sunndal. Setervollen er relativt artsrik og blir framleis betta av sau og ungdyr. Beiterykker er framleis bra.
Nedst: Reppdalsætra i Reppdalen, Sunndal. Sætra er til nedfalls, og setervollen veks sakte att på grunn av lågt beiteutrykk. Reppdalen blir mest bruka til beite for hingstar og verar.

Aune, Bøgda 1998

Bilete - artar



Over: Solblom (*Arnica montana*) i gammal slåtteeng ved Brumstad, Sykkylven i 1978. Lokaliteten er i utgangen og arten held på å forsvinne, berre bladrosatar vart sett i 1996. Solblom var tidlegare ikke vanlig nord til Fræna, men er no sjeldan. Foto: Nils Drablos. Over midten: Sumpjordtunge (*Geoglossum uliginosum*), utryddingstruga art med 4 norske lokaliteter; Dronninghaug, Sykkylven 1995.

Øvst t. h.: Vranglodnetunge (*Trichoglossum walteri*),⁵ norske fram etter 1980. Nedre i Fylling i Skodje 1995. Nedre t. v.: Raud ameklubbe, parasitt på sommarflugpupper i grasmark, Risør i Sande 1996.

Nedst t. h.: Skarlagenvokssopp (*Hygrocybe punicea*), relativt vanlig art på kysten, men truleg god indikator på gamle, verdifulle beitemarker. Aure, Husefest 1996.

DISKUSJON

Status for undersøkingane

I perioden 1992-1995 har vi besøkt 307 lokalitetar rundt om i fylket. Det første året vart det ikkje gjort systematiske registreringar av planter og vegetasjon. Det er registrert vegetasjon og plantelister på 201 lokalitetar og sopp på 270 lokalitetar. Tabellen nedanfor viser kor mange lokalitetar som er besøkt i kvar kommune på desse åra. Nokre av dei har vi dårleg datagrunnlag for.

Tabell 19. Talet på undersøkte lokalitetar 1992-1996 communevis og vurdering av kor godt undersøkt dei ulike kommunane i fylket er. Dekn.=vurdering av dekningsgrad: A - tilfredsstillande dekt, B - middels godt dekt, C - dårleg/mangelfullt dekt, D - ikkje/omtrent ikkje undersøkt.

Kommune	Tal lok.	Dekn.	Kommune	Tal lok.	Dekn.	Kommune	Tal lok.	Dekn.
Aukra	13	B	Midsund	2	C	Sunndal	47	B
Aure	1	D	Molde	6	B	Surnadal	12	B
Averøy	7	B	Nesset	16	C	Sykylven	10	B/C
Eide	5	B	Norddal	9	B/C	Tingvoll	12	B
Frei	1	B	Rauma	14	C	Tustna	3	B
Fræna	4	B/C	Rindal	0	D	Ulstein	4	B/C
Giske	3	B/C	Sande	10	B	Vanylven	6	C
Gjemnes	23	A/B	Sandøy	5	B	Vestnes	1	D
Halsa	6	C	Skodje	3	B/C	Volda	4	C/D
Haram	8	C	Smøla	34	B	Ørskog	6	B/C
Hareid	1	B/C	Stordal	6	B	Ørsta	5	C/D
Herøy	11	B	Stranda	6	C	Ålesund	0	B
Kristiansund	0	A	Sula	3	B	Sum	307	

Ingen kommunar er systematisk gjennomgått. Rindal kommune er ikkje besøkt. Denne kommunen har truleg ein del interessante lokalitetar både i seterlandskapet og i bygdene. I nokre kommunar kan ein truleg ikkje venta å finna så mykje meir av verdifullt kulturlandskap, t. d. Kristiansund. I lite undersøkte kommunar med mykje småfehald kan ein truleg venta å finna mange interessante lokalitetar, t. d. Aure, Rauma, Stranda, Vanylven, Vestnes, Volda og Ørsta. I andre kommunar der litt fleire lokalitetar er besøkt, står også mykje att, t.d. Halsa, Herøy, Nesset, Norddal, Sande, Stranda og Surnadal.

Tabellen nedanfor viser korleis dei undersøkte lokalitetane fordeler seg frå havnivå og opp i fjellet.

Tabell 20. Fordeling på høgdelag av 307 lokalitetar undersøkt 1992-1996.

Høgd, m o.h.	0-100	100-200	200-300	300-400	400-500	500-600	600-700	700-800	800-900	900-1000
Tal lokalitetar	169	21	38	27	13	10	0	13	11	5

Som ein ser, er fleirtalet av lokalitetane i låglandet. Dette har i stor grad å gjera med fordelinga av kulturlandskapet i fylket, særleg dei trelause utmarksbeita på kysten, og spreidde lokalitetar ved gardane, som også ofte ligg under 100 m o. h. Området 200-500 m o. h. er dominert av seterlandskapet i ytre og midtre fjordstrok. I området 500-700 meter over havet er det truleg små areal kulturlandskap i fylket. Her er eit mindre tal lokalitetar besøkt. Lokalitetar over 700 m o. h. er for det meste setrar i indre deler av Sunndal og Rauma, dessutan Gravdalen i Nesset.

Tabellen nedanfor viser korleis dei undersøkte lokalitetane fordeler seg på vegetasjonsregionar (Dahl m. fl. 1986, sjå metodekapitlet).

Tabell 21. Fordeling på vegetasjonsregionar av 307 lokalitetar undersøkt 1992-1996.

Vegetasjonsregion	Tal lokalitetar
KL = kystlågland	106
KA = kystfjell	1
BN = boreonemoral region (edellauvskogssone)	10
SB = sørboreal region (sørleg barskogssone)	75
MB = mellomboreal region (midtre barskogssone)	35
MN = mellom/nordboreal region (Sunnmøre)	26
NB = nordboreal region (fjellskog)	51
LA = lågalpin region (lågfjellet)	3

Også her ser ein tydeleg kystlandskapet sin dominans. Dei få lokalitetane i boreonemoral region har å gjera med at denne regionen har små areal i fylket vårt, mest i solvendte fjordlier under 200 m o. h. Fylket vårt har, i motsetning til t. d. Oppdal kommune, få setrar og avgrensa areal med tydeleg beiteprega vegetasjon over skoggrensa, derfor har vi berre undersøkt tre lokalitetar i snaufjellet. Det er heilt klart av interesse å undersøkja større del av seterlandskapet her i fylket.

Tabellen nedanfor viser korleis dei undersøkte lokalitetane fordeler seg på vegetasjonsseksjonar, d.v.s. kyst-innland-gradienten (Moen & Odland 1993, sjå metodekapitlet).

Tabell 22. Fordelinga på vegetasjonsseksjonar av 307 lokalitetar undersøkt 1992-1996.

Vegetasjonsseksjon	Tal
O3 - sterkt oseanisk seksjon (seksjonen finst i ei stripe på kysten, breiast på Sunnmøre)	121
O2 - oseanisk seksjon (seksjonen dekkjer store område i ytre og midtre fjordstok)	140
O1 - svakt oseanisk sekjon (dekkjer ei relativt smal stripe i indre fjordstrok og dalføra innafor)	16
OC - overgangsseksjon (til kontinental seksjon) (indre Sunndal og Rauma)	30

Tabell 22 viser at dei fleste lokalitetane ligg i kystklima, og at få ligg i dei områda som har meir innlandsklima. Dette samsvarar med fordelinga av kulturlandskapet i fylket.

Tabellen nedanfor viser korleis dei undersøkte lokalitetane fordeler seg på landskapsregionar, slik dei er beskrevne av NIJOS (1993, sjå metodekapitlet).


Tabell 23. Fordeling på landskapsregionar av 307 lokalitetar undersøkt 1992-1996.

Landskapsregion	Tal lokalitetar
14 Sør-Norges fjellskog	28
15 Sør-Norges lågfjellsregion	1
20 Vestlandets kystbygder	39
21 Vestlandets ytre fjordbygder	14
22 Vestlandets midtre fjordbygder	65
23 Indre Vestlandsbygder	20
25 Trøndelags og Nordmøres kystbygder	68
26 Fjordbygder i Møre og Trøndelag	58
28 Dal- og fjellbygder i Sør-Trøndelag	14

Tabell 23 viser at vi har fått eit visst utval av lokalitetar frå alle dei landskapsregionane som bygdene og kulturlandskapet i fylket vårt er delt inn i.

Verdsetting

Sidan vi legg ein del vekt på talet på beitemarkssopp og naturengplanter på lokalitetane, kan det avslutningsvis vera på sin plass å sjå nærmere på korleis materialet fordeler seg. På figur 5 nedanfor er talet på artar av naturengplanter plotta mot talet på beitemarkssopp på same lokalitet. Kvar lokalitet er dermed representert med ein prikk på figuren. Dette er gjort mellom anna for å visa fordelen av å sjå desse to parametrane i samanheng.



Figur 5. Talet på artar av naturengplanter plotta mot talet på artar av beitemarkssopp på 134 lokalitetar i Møre og Romsdal. Lokalitetar i område 1 kan bli sterkt undervurderte om ein berre legg vekt på karplanter og vegetasjon i verdsettinga. Lokalitetar i område 2 kan bli undervurderte om ein berre legg vekt på beitemarkssopp.


Figur 5 viser tydeleg at ein kan undervurdera lokalitetar sterkt om ein berre ser på ei organismegruppe. Lokalitetane i område 1 på figuren er alle verdifulle område for beitemarkssopp, men har ein relativt artsattig karplanteflora, og dei er også lite interessante med omsyn på vegetasjonen. Desse lokalitetane vil derfor bli undervurdert om ein ikkje har undersøkt soppfloraen. Dei lokalitetane det gjeld, har alle eit basefattig jordsmonn. Lokalitetane i område 2 på figuren blir tilfredsstillande verdsett basert på karplantefloraen, men soppfloraen gir også her viktig informasjon. Lokalitetane i område 2 ville derimot bli undervurdert om ein berre undersøkte soppfloraen. Dei lokalitetane dette gjeld har stort sett basert jordsmonn, og fleire er i attgroing. Dette understrekar behovet for å vurdera lokalitetar i kulturlandskapet meir tverrfagleg enn det som har vore vanleg til no.

Elles ser det ut til at beitemarkssoppene er viktigast som indikatorar i låglandet. Tabell 24 på neste side viser talet på artar fordelt etter høgdebete.

Tabell 24. Talet på artar av beitemarkssopp i Møre og Romsdal 1992-96 etter høgd over havet.

Høgd, m o.h.	0-100	100-200	200-300	300-400	400-500	500-600	600-700	700-800	>800
Tal artar	95	45	55	40	33	18	0	31	30

Tabell 24 tyder på eit avtakande tal artar beitemarkssopp etter høgd over havet. For å sjå nærmare på korleis talet på beitemarkssopp og naturengplanter endrar seg saman med høgd over havet, har vi framstilt forholdet mellom dei i ulik høgd over havet på figur 6 nedanfor.



Figur 6. Forholdet mellom talet på artar av beitemarkssopp og talet på artar av naturengplanter på 170 lokalitetar etter høgd over havet. 134 av lokalitetane ligg i Møre og Romsdal og 36 i nabofylka Sogn og Fjordane, Oppland og Sør-Trøndelag.

Figur 6 viser at forholdet mellom talet på artar av beitemarkssopp og naturengplanter går ned med høgd over havet. Dette betyr at med vanleg feltinnsats (1-2 besøk pr lokalitet) går artstalet av beitemarkssopp raskare ned med høgd over havet enn artstalet av naturengplanter. Dette tyder sagt på ein annan måte at beitemarkssoppene er mest viktig for verdsetting av lokalitetar i låglandet. Det er likevel nokre artar av beitemarkssopp som synest å ha tyngdepunkt i høgareliggende seterområde (Jordal & Gaarder 1996b). Derfor bør funn av beitemarkssopp telja med i positiv lei også i høgareliggende strok, men poengsystemet vårt for beitemarkssopp er mest høveleg å bruka i lågareliggende strok.

Prioriterte lokalitetar

Tabellen nedanfor listar opp alle lokalitetar som ut frå resultata til no er plasserte i kategori 1 eller 1/2 (nasjonal eller nasjonal til regional verdi).

Tabell 25. Prioriterte lokalitetar i Møre og Romsdal etter biologiske registreringar 1992-96. Berre lokalitetar i kategori 1 og 1/2 (nasjonal eller nasjonal til regional verdi) er tekne med i oversikta. Høgre kolonne viser om lokalitetane er med eller ikkje i dei to rapportane som Fylkesmannen har gjeve ut i samband med den nasjonale registreringa.

Kommune	Lokalitet	Kategori denne rapporten	Med hos Aksdal (1994) el. Beyer & Jordal (1996)
Aure	Husfest	1	Nei
Averøy	Litj-Lauvøya	1/2	Ja
Fræna	Skutholmen	1	Ja
Giske	Alnes	1	Ja
Gjemnes	Gagnat & Sogna	1/2	Ja
Halsa	Aakvik: Hamna	1/2	Nei
Hareid	Kvitnes	1/2	Ja
Herøy	Mulevika	1	Ja
Norddal	Herdalssetrane	1	Ja
Norddal	Botnen	1	Ja
Sande	Riste	1	Ja (men ikkje undersøkt før no)
Sande	Sandshamn-Hornet	1	Ja
Sandøy	Seterøya	1/2	Nei
Sandøy	Uksnøya	1/2	Nei
Skodje	Fylling	1	Ja
Smøla	Haverøya	1/2	Ja (men ikkje undersøkt før no)
Smøla	Jøa NV for gardane	1	Ja (men ikkje undersøkt før no)
Smøla	Kuli	1	Ja
Stordal	Ytste-Skotet	1	Nei
Sunndal	Grøvudalen: Bukta, Nysetra, Flysetra, Storvollen, Fægran	1/2	utafor avgrensa område
Sunndal	Grøvudalen: Gammelsetra	1	utafor avgrensa område
Sunndal	Jordalsvøttu, Jordalsørå	1	Ja
Surnadal	Austergardssetra	1/2	Ja
Syklyven	Drotninghaug: Reiten	1	Ja
Tingvoll	Tingvoll gard: Saltkjelen	1/2	Nei

Fleire av lokalitetane ovafor ligg som små isolerte øyar i eit ellers artsfattig kulturlandskap, og Vi har gjerne kalla dei "hot spots", noko som truleg passar best til kategorien "spesiallokalitet" i samband med den nasjonale registreringa. Så langt vi kan sjå i dag har det ikkje vore gjort store feilvurderingar her i fylket i samband med den nasjonale registreringa. Grensene for dei verdifulle områda i Grøvuvassdraget må justerast. Lokalitetar som det kan vera grunn for Fylkesmannen å vurdera å ta inn i oversikta over prioriterte kulturlandskap i fylket er markerte med "Nei" i tabellen. At Husfest i Aure og Ytste-Skotet i Stordal ikkje har vore med på oversiktene til no, viser vel helst at det er fleire instansar som arbeider med kulturlandskap, og at det ikkje er lett for nokon å ha full oversikt over ting som foregår.

Skjøtsel

Litteratur

Etterkvart som kunnskapen frå dei nasjonale registreringane skal settast ut i praksis, blir det behov for informasjon om korleis ein best kan ta vare på dei områda som er registrerte og prioriterte. Det vil føra for langt å ta dette temaet opp i full breidde her. Vi vil derfor visa til tilgjengeleg litteratur. I Sverige er det gjort ein del undersøkingar som mellom anna er oppsummerte i boka "Restaurering av ängs- och hagmarker" (Johansson & Hedin 1991). Her er informasjon om metodar ved rydding, slått, brenning og beiting. Nedkvitne m. fl. (1995) har skrive ei bok som heiter "Beitedyr i kulturlandskap", ei oppsummering av eit forskningsprosjekt om ulike sider ved beiting med husdyr, og litt om beite av ville hjortedyr. Ein mangel ved boka er at ho gjev lite kunnskap om samspelet mellom beitedyra og det biologiske mangfaldet. Ei viktig bok som framleis ikkje er tilgjengeleg i skrivande stund, er ei vegleiing i skjøtsel av kulturlandskap redigert av Ann Norderhaug ved Høgskulen i Sogn og Fjordane. Denne vil truleg fylla eit stort behov, og vera tilpassa norske tilhøve.

Slått

Slått berre for å motverka attgroing og ta vare på biologisk verdifullt kulturlandskap er ikkje så vanleg i fylket vårt. Den naturlege funksjonen slåtten har er å skaffa vinterfôr til husdyra. Det beste vil vera om ein kan kombinera desse funksjonane, men det er no eingong slik at artsrike naturenger har vorte sjeldne fordi dei er mindre produktive enn gjødsla og jordarbeidd mark, og har dermed gått ut av bruk. Urterike slåtteenger i god hevd finst få stader i fylket, som vist i tabell 26. Dette er ein så sjeldan naturtype at desse lokalitetane bør prioriterast høgt (jfr.

Norderhaug 1988). Det er viktig med kvass redskap, som tohjula slåmaskin eller ljå. På ujamn mark er ljå den einaste høvelege redskapen. Svenskane kallar slikt terreng for "hackslåttmark". Utstyr med senn eller annan ukvass redskap vil slita i rota, og mange urter med svak rot blir rivne opp. Vi vil derfor frårå bruk av motorljå. Det som best overlever slik slått er graset og einskilde urter med kraftig rot. Det er vidare svært viktig at graset blir fjerna, og da helst innan ei veke etter slåtten. Elles vil næringsstoff bli vaska ut, og det blir eit lag med daudgras som endrar tilhøva i grasmarka. Slått høver godt til dugnad, seterdag, kulturdagar og liknande. Surnadal bygdeungdomslag har t. d. lykkast godt med sosial og triveleg slåttardag på Vaulen.

*Tabell 26. Artsrike naturenger som blir slått, eller der slått er planlagt i Møre og Romsdal, utveld noko på skjønn.
* her finst planar om å ta opp att slåtten*

Kommune	Lokalitet	Kommentar
Fraena	Skutholmen	Brukaren slår
Halsa	Aakvik: Hamna*	Brukaren har planar om å slå
Smøla	Skjølberg* (kalkeng)	Innsmøla skole har planar om å slå (har fått tilskott til ljåkjøp)
Sunndal	Jordalsøra	Brukaren slår
Surnadal	Nordmarka: Vaulen	Surnadal Bygdeungdomslag har slått i 1995 og 1996, no med tilskott frå kommunen
Sykylven	Drotninghaug: Reiten	Grunneigaren slår
Tingvoll	Tingvoll-lia	Tingvoll museumslag slår (ljåslåttkurs)
Tingvoll	Bergem: Hamran	Grunneigaren slår

Erfaring med beiting med ulike dyreslag.

Eit spørsmål som vi ofte får er korleis ein kan utnytta beiting av ulike husdyrslag til å motverka attgroing. Dette er eit dårleg undersøkt tema i Norge. Vi vil visa til Nedkvitne m. fl. (1995), og

skjøtselsboka som er under førebuing (Norderhaug m. fl. under arbeid). Vi vil her berre ta med nokre spreidde kommentarar.

Våre erfaringar med utegangarsau i kystlandskapet er positive, m. a. har dei bevart eit artsrikt landskap på Haverøya i Smøla som er ein av stadene i fylket mest lengst bruk av denne rasen (16 år). Føresetnaden er for det første eit dyretal som er tilpassa arealet, ofte 8-10 dekar pr. vinterdyr over lengre tid. Vidare kan sauene få problem dersom attgroinga er komen for langt, da må ein vurdera andre tiltak i tillegg, som manuell krattrydding og sviing. Utegangarsauen beiter mest på mager mark.

Storfe vil i kyststroka og fjordstroka ofte forårsaka trakkskader på frisk og fuktig mark. På fast og relativt tørr mark i lite gjødsla beite vil ein kunne bevara eit stort artsmangfald ved storfebeiting, og orkidéar har større sjanse til å overleva enn ved beiting av sau og hest (t. d. Elvegarden i Smøla).

Hestar vil om dei får tid beita vegetasjonen nokså kort. Dette vil ofte bidra til eit godt mosedekke og gode tilhøve for beitemarkssopp, men er ikkje like heldig for diverse urter. Særleg synes islandshestar å vera nøy same dyr som høver godt til restaurering av t. d. attgroande engsamfunn.

Geiter er flinke til å halda nede buskar og kratt, og er det einaste husdyrslaget som kan motverka attgroing med einer. For å hindra attgroing hadde det vore ein fordel med meir geit, men ein støyter her på to problem: gjerding og avsetning for produkta.

Generelt gjeld det at kontuerleg hardt beitetrykk gjennom sesongen er uheldig for eit stort tal planteartar. Men ved for langt opphold mellom beiteperiodane, t. d. berre vår- og haustbeiting av sau, vil graset bli for gammalt til at dyra likar det, og mykje blir vraka og trakka ned. På slike lokalitetar vil ein slått på ettersommaren og fjerning av graset verka positivt, og det kan vera tilstrekkeleg å gjera dette med nokre års mellomrom, t. d. kvart 3. år.

Nedafor tek vi med ei svensk oversikt over korleis storfe og sau beiter på ein del ulike buskar, tre, urter og gras som kan vera vanlege i ein attgroingsprosess.

Tabell 27. Beitepåverknad av storfe og sau på visse buskar, tre, urter og gras, erfart under svenske tilhøve. Kjelde: Johansson & Hedin (1991).

0 = arten blir ikkje beita, 1 = arten blir lite beita, 2 = arten blir beita, 3 = arten blir mykje beita

art	storfe	sau	art	storfe	sau
alm	2	2	lønn	2	2
ask	3	2	mjødurt	0	2
bjørk	1	2	nype	1	2
bjørnebær	1	2	osp	1	3
bringebær	1	2	pors	0	0
einer	0	1	rogner	2	3
einstape	0	0	selje	3	3
furu	0	0	skogstorkenebb	2	1
gran	1	0	smyle	3	1
gråor	1	1	sommareik	2	2
hassel	2	2	stornesle	1	1
hundegras	3	2	strandrøyr	3	2
hundekjeks	2	2	svartor	1	1
kveke	3	1	sølvbunke	2	1
lyssiv	1	0	trollhegg	0	1

Erfaringar med brenning

Brenning med visse mellomrom, t. d. 5-7 år, har vore vanleg i kystlynghei på Vestlandet. Dette skapar fornying av røsslyngen og gjev meir gras og urter i ein periode. Somme stader her i fylket har brenning ingen tradisjon, t. d. på Runde i Herøy (kjelde: A. O .Folkestad, I. Pareliussen) og Riste i Sande (kjelde: J. Korsnes). Her har det i lang tid vore eit såpass beitetrykk at vegetasjonen har vore kontinuerleg grasprega (kystgrashei). I tillegg finst mange stader eit jordsmonn som er sårbart overfor brenning. I så fall er ein avhengig av tele for å unngå skader og erosjon, men deler av ytterkysten har sjeldan eller aldri tele. På det meste av kysten har brenning vore brukt tidlegare, men er gått ut av bruk dei siste tiåra. Nokre få stader på Ytre Søre Sunnmøre, Sandøy, Aukra og Smøla har vi likevel sett lyngområde som er brent nyleg. Ei viktig erfaring er at brenning eller sviing ikkje må utførast utan at arbeidet er leia av kyndige folk. Vi har sett eksempel på feil utført brenning der jordsmonnet har fått stor skade. Vi har også sett eksempel på erosjon i hellande terreng. Vidare er brenning til stor skade for havørn som på den aktuelle tida om våren gjerne er i ferd med å innleia hekking. Brenning bør derfor ikkje skje i nærleiken av hekkestader for havørn. Verknaden på plantelivet er undersøkt i ulike prosjekt m. a. ved Universitetet i Bergen. Vi vil her berre peika på nokre erfaringar med beitemarkssopp. Dersom jordsmonnet er rimeleg intakt etter brenning, har vi funne ein del artar av vokssopp. Seig vokssopp (*Hygrocybe laeta*) synest fleire stader å få ei masseoppblomstring i åra etter brenning. Vidare har vi funne liten mønjevokssopp (*Hygrocybe miniata*), honningvokssopp (*Hygrocybe reidii*) og nokre til i forholdsvis nyleg brente område. Alle desse er relativt vanlege artar. Ein viktig føresetnad er altså at jordsmonnet ikkje er nemnande skadd.

Organisasjonar som engasjerer seg i skjøtsel

I Møre og Romsdal finst fleire organisasjonar og institusjonar som engasjerer seg i skjøtsel av biologisk verdifullt kulturlandskap, gjerne i tillegg til vedlikehald av bygningar m. m. Nedanfor finst eksempel på slike organisasjonar og kva verksemde dei driv med.

Organisasjon

Ristes Venner

Storfjordens venner

Tingvoll Museumslag

Surnadal Bygdeungdomslag

Grøvus venner

Sunndal seterdriftslag

Norges Bondelag

Norsk bonde- og småbrukarlag

Verksemde

bevaring av kulturlandskapet på Riste i Sande

bevaring av kulturlandskap særleg på hyllegardane i Storfjorden

restaurering og bevaring av kulturlandskapet ved bygdamuseet i Tingvoll-lia

slått på Vaulen, Nordmarka

bevaring av kulturlandskapet hovudsakeleg i Grøvudalen seterdrift på gammelt vis i Grøvudalen, seterkurs inkl. beiteøkologi

studie- og informasjonsarbeid


studie- og informasjonsarbeid

